

Terje Bjelle

**Oljeutvikling,
økonomisk endring
og lokal politikk.**

Om Sogn og Fjordane sitt møte med oljeverksemda

Magistergradsavhandling i sosiologi

Institutt for sosiologi

Universitetet i Oslo

Vår 1994

INNHALD

Forord	4
1. TEMA OG PROBLEMSTILLINGAR	6
1.1 Interessefeltet	6
1.2 Økonomisk endring og lokal politikk	9
Sentrum og periferi	9
Økonomi og politikk	12
Økonomisk endring og lokal politikk	14
Lokale styresmakter i dobbeltrolle	15
Nokre utviklingstrekk ved dei lokale politiske institusjonane	16
1.3 Analyseramme	19
Økonomisk struktur	21
Politisk struktur	21
1.4 Problemstillingar	22
1.5 Metode og datagrunnlag	24
1.6 Gangen i avhandlinga	27
2. OLJEVERKSEMDA	28
2.1 Utviklinga på sokkelen	28
2.2 Oljeaktivitetane	33
Primæraktivitetar	34
Sekundære aktivitetar	35
2.3 Oljeverksemda og sentrale styresmakter	36
2.4 Norsk næringsliv og oljeverksemda	41
2.5 Oppsummering	44
3. SOGN OG FJORDANE	46
3.1 Geografi og busetnad	46
3.2 Næringsliv og levekår	47
3.3 Administrativ organisering	49
3.4 Politiske kjenneteikn	50
3.5 Oppsummering	52
4. FASE 1 1972-77: PÅ SIDELINA	54
4.1 Eksterne faktorar	55
4.2 Lokal aktivitet	56
Det fylkeskommunale oljeutvalet	56
Næringslivet	59
Lokale haldningar	59
4.3 Etablering av byggestad for betongplattformer	61
4.4 Rauma kommune	65
Den lokale avgjerdsprosessen	65
Anleggs-boom og vonbrot	66
4.5 Luster kommune	68
4.6 Oppsummering	69
Sogn og Fjordane på sidelina	69
Lokale styresmakter	70

5. FASE II 1978-81: FOTEN INNAFOR	73
5.1 Eksterne faktorar	74
Utviklinga på sokkelen	74
Svikt i eksisterande næringsgrunnlag	74
5.2 Fordeling av oljeaktivitetane på politisk dagsorden	76
Lokalisering av oljeaktivitetar sør for 62°N	78
Leveransar av varer og tenester	79
Nye krav til oljeselskapa	81
5.3 Lokal aktivitet	81
Det fylkeskommunale oljeutvalet	82
Samling om Flora	83
Strategiar og ambisjonar	85
5.4 Flora som forsyningsbase	89
Omfanget av baseverksemda	91
Strid om baselokalisinga i Flora	92
Etablering av Fjord Base på Botnaneset	95
5.5 Næringslivet og oljeutviklinga	97
5.6 Statoil og Sogn og Fjordane	100
5.7 Lutelandet og Statfjordgassen	105
Organisering av avgjerdsprosessen	106
Den lokale handsaminga	108
5.8 Oppsummering	111
6. FASE III 1982-88: PÅ VEG TIL OLJEALDEREN	114
6.1 Eksterne faktorar	115
Utviklinga på sokkelen	115
Fleire felt i driftsfasen	116
Regjeringsskifte	117
6.2 Lokal aktivitet	118
Det fylkeskommunale oljeengasjementet	119
Strategiar og ambisjonar	120
6.3 Strid om basemønsteret	122
6.4 Utbygginga av Fjord Base	125
6.5 Næringslivet og oljeutviklinga	130
6.6 Snorre	133
6.7 Oppsummering	143
7. OPPSUMMERING OG KONKLUSJONAR	144
7.1 Sogn og Fjordane sitt møte med oljeverksemda	144
7.2 Lokale og regionale styresmakter i oljesakene	146
Kvifor kom fylket med?	146
Interesser og rolledefinisjon	147
Relasjonane til sentrale styresmakter	149
Relasjonane til oljeselskap og utbyggingsinteresser	151
Relasjonane til lokalt næringsliv	152
7.3 Lokalpolitiske verknader av oljeutviklinga	153
Notar	155
Vedlegg	158
Oversyn over datakjelder	158
Oversyn over figurar	159
Referansar	160

FORORD

Mi interesse for Sogn og Fjordane sitt møte med oljeverksemda går attende til midt på 1970-talet. Med utgangspunkt i "Oljemeldinga" frå 1973 (St.meld. nr 25, 1973-74), som fokuserte dei breiare samfunnsmessige verknadene av omdanninga av Norge til oljenasjon, var eg med å utarbeida ei analyse av dei langsiktige verknadene av oljeutviklinga for sysselsetting og næringsstruktur i Sogn og Fjordane (Bjelland og Bjelle, 1975).

I 1977-78 arbeidde eg som fylkesplanleggjar i Sogn og Fjordane og med arbeidsplass ved plan- og utbyggingsavdelinga i fylkeskommunen, fekk eg innsyn i den fylkeskommunale aktiviteten i oljesakene. Hovudinntrykka derfrå var at oljeverksemda baud på nye utfordringar og at fylket hadde store problem med å markera seg innafor denne nye ekspanderande delen av norsk økonomi. Eg merka meg og eit relativt omfattande engasjement på den administrative sida i fylkeskommunen og at oljesakene kravde nye typar initiativ og kompetanse. Den gode tilgangen på data dette opphaldet gav speglar seg att i avhandlinga.

Kring 1980 var eg tilknytta eit forskingsprosjekt ved Sogn og Fjordane distriktshøgskule om oljeutviklinga og vilkåra for lokal politikk (Bjelle, 1982 og Bjelle og Naustdalslid, 1986). Innafor ramma av problemstillingar om samanhengane mellom samfunnsmessige endringar og vilkåra for lokal politikk, gjorde eg empiriske studiar av utkantområde sitt møte med oljeverksemda. Eg fekk i denne perioden såpass oversyn over oljesakene i Sogn og Fjordane at det var klart at ei framstilling av fylket sitt møte med oljeutviklinga måtte gjerast ved å ta tak i einskildsaker. Ein del av det empiriske materialet som dette arbeidet byggjer på vart innsamla denne perioden.

I åra som følgde hadde eg ikkje høve til å arbeida vidare med oljesakene. Men som busett i fylket følgde eg med i det som skjedde. Eg observerte at fylket gjennom 80-talet framleis syntest å ha store problem med å bli deltakar på oljesektoren, men forsøka på å nå fram var ikkje mindre omfattande. Etter kvart vart det også resultat av arbeidet, mest markert med opninga av ein forsyningsbase i Flora i 1985 og spørsmålet om lokalisering av driftsorganisasjonen og basefunksjonane for Snorre-feltet som i 1988 enda opp med eit vedtak om delt utbygging mellom Stavanger og Flora. Desse hendingane viste at Sogn og Fjordane trass i dårlege føresetnader hadde oppnådd noko på oljesektoren. Då eg fekk høve til å ta opp att arbeidet, sette eg meg føre å gi ei mest mogeleg samla framstilling fram til vedtaket om Snorre-utbygginga i 1988. Eg ynskte å finna ut kvifor og korleis fylket likevel hadde oppnådd ein plass på oljekartet. Politisk tilpassing og lokalpolitiske verknader skulle vera hovudemna.

Eg vil takka rettleiarane mine, Lise Kjølørød og Oddbjørn Bukve for råd og støtte. Særleg skal Lise ha stor takk som aldri gav meg opp. Jon Naustdalslid og Karl Georg Høyer har også gitt meg gode råd i arbeidet.

Avhandlinga er primært vorte til i høgskule- og forskingsmiljøet i Sogndal. Både Sogn og Fjordane distriktshøgskule og Vestlandsforskning har lagt tilhøva til rette for å gjennomføra arbeidet. Sogn og Fjordane fylkeskommune har gitt meg tilgang

til avgjerande materiale. Medarbeidarar både i fylkeskommunen og Flora har stilt velvillig opp. Det same gjeld representantar for næringsliv og andre kommunar.

Arbeidet med avhandlinga har pågått over lang tid og med mange opphald. Utan hjelp og støtte frå Eivind, Sondre og Gerd Marit hadde det ikkje gått.

Sogndal 17. mars 1994

Terje Bjelle

1

TEMA OG PROBLEMSTILLINGAR

1.1 INTERESSEFELTET

I løpet av dei 20 åra som er gått sidan den første oljeproduksjonen kom i gang på Ekofisk-feltet, er Norge blitt ein oljenasjon. På desse få åra er den nasjonale økonomien blitt fullstendig avhengig av oljeinntektene. Samstundes har verksemda på kontinentalsokkelen med tilknyttta aktivitetar på land medført at styresmakter og bedrifter i ei rekkje område av landet er blitt direkte konfrontert med dei krava det nye tyngdepunktet i norsk økonomi stiller.

Omforminga av Norge til oljenasjon har ført med seg krav om endring og tilpassing både på det økonomiske og politiske området. I første rekkje på nasjonalt nivå for sentrale styresmakter og nasjonale storkonsern. Etter kvart har også styresmakter og næringsliv i distrikta, som har freista etablera seg innafor den nye ekspanderande sektoren av norsk økonomi, møtt desse krava.

Utviklinga på kontinentalsokkelen var frå første stund dominert av dei multinasjonale oljeselskapa. Bransjen er kjenneteikna med store, vertikalt integrerte konsern som driv verksemda si i ei rekkje land. Dei jaktar jorda rundt etter petroleumsressursar og har meir enn hundre års røynsle med å utnyttta stordriftsfordelar. Når dei kjem til eit nytt område er dei i utgangspunktet sjølvhjelpne. Dei er i stand til både å leita etter, produsera, foredla og marknadsføra petroleumsressursane på eiga hand. Verksemda er basert på spesialisert kunnskap, avansert teknologi og stor kapitalinnsats (Hanisch og Nerheim, 1992). I det norske samfunnet representerte oljenæringa etter kvart ein maktkonsentrasjon som medførde at interesser, tenkjemåtar og arbeidsformer fekk gjennomslag på mange område (Olsen, 1989).


Hanisch og Nerheim (1992) har sett på det norske samfunnet sitt møte med oljeverksemda¹ Dei er særleg opptekne av korleis styresmakter og næringsliv på nasjonalt plan møtte utviklinga på kontinentalsokkelen og kva som kravdest for at det norske samfunnet skulle få del i verksemda, i form av inntekter for nasjonen, tileigning av teknologi, kunnskap og organisasjon for å ta hand om verksemda.

Mitt ærend i dette arbeidet er eit stykke på veg det same. Men mi interesse er oljeutviklinga i eit norsk utkantområde. Sogn og Fjordane ligg tett opp til dei rikaste petroleumsfeltene på kontinentalsokkelen. Samstundes er det eit fylke som har mange av dei typiske kjenneteikna ved norske utkantområde. Det vil seia at korkje busetjingsmønster, næringsliv, politiske eller kulturelle tradisjonar i utgangspunktet synest å samsvara med dimensjonar, organisasjon og kultur i den internasjonalt orienterte oljeverksemda. Det er eit utkantområde sitt møte med oljeutviklinga som er tema for avhandlinga.

Sogn og Fjordane er eit spesielt fylke i oljesamanheng. Etter kvart som verksemda på kontinentalsokkelen har bevega seg nordover, har særleg områda

på kysten i ulik grad blitt trekt med i verksemda i form av basetenester og leveransar frå næringslivet. Eit uttrykk for dette er sysselsettinga i oljeaktivitetane.

FIG 1.1 SYSSELSETTINGSUTVIKLING I OLJEVERKSEMMA I 4 FYLKE²



Kjelde: Arbeidsdirektoratet, 1988.

Figur 1.1 viser store forskjellar i sysselsettinga mellom dei fire fylka. Sjølv om ein tek omsyn til at folketalet i Hordaland og Rogaland er vesentleg større enn i Vest-Agder og Sogn og Fjordane er skilnadene påfallande. For Vest-Agder sin del må det understrekast at dette fylket alt i utgangspunktet kom i bakleksa, særleg med omsyn til dei primære oljeaktivitetane. Dette fordi Stavanger alt på 1960-talet etablerte seg som sentrum for den landbaserte verksemda i den sørlege delen av Nordsjøen. Sidan har aktiviteten på sokkelen bevega seg nordover.

Men i jamføringa mellom dei fire fylka er det Sogn og Fjordane som skil seg ut. Trass i at fylket har dei rikaste petroleumsfeltene på norsk kontinentalsokkel så og seia like utanfor stovedøra, har fylket ein svært liten del av sysselsettinga i oljeaktivitetane. Berre 278, eller 0,4% av dei totalt 64.285 sysselsette i oljeaktivitetane i 1986 var tilsette ved bedrifter heimehøyrande i Sogn og Fjordane (Ibid.). Med det var Sogn og Fjordane på line med dei sør-norske innlandsfylka og Nord-Norge når det gjeld oljesysselsetting. Ut frå lokalisering i forhold til verksemda på sokkelen er såleis Sogn og Fjordane eit spesielt fylke i

oljesamanheng. Eg har som eit utgangspunkt påstått at noko av det spesielle ligg i karakterskilnader mellom oljeaktivitetane og fylket.

Føremålet med dette arbeidet er i utgangspunktet breitt. Eg er for det første interessert i oljeverksemda som ein økonomisk endringsfaktor. Kva mulegheiter har eit utkantfylke til å bli deltakar i verksemda og kva type deltaking er mogeleg? Kva slag haldningar har næringsliv og andre aktørar i fylket til verksemda på kontinentalsokkelen?

Det er eit faktum at oljeverksemda har gitt heller små verknader i fylket i form av arbeidsplassar og leveransar frå næringslivet. Likevel har oljesakene vore mange og i periodar medført stor aktivitet, særleg frå regionale og lokale styresmakter. På andre halvdel av 1980-talet skjedde det også ei utvikling i Flora, småbyen på kysten av fylket, som peika i retning av meir omfattande deltaking i oljeverksemda.

Inntrykket av at styresmakter på fylkes- og kommunenivå har vore sentrale aktørar i oljesakene i fylket, gjer at eg er særleg interessert i lokale styresmakter og lokal politikk i samband med oljeutviklinga. Eg er interessert i korleis dei reagerer i møtet med oljeutviklinga, korleis dei definerer interesser, kva strategiar dei legg opp til og kva oppgåver dei tek på seg. Dette inkluderer relasjonar til sentrale styresmakter og andre aktørar på oljesektoren.

Eg skal utdjupa problemstillingane nedanfor, men først presisera at arbeidet ikkje er avgrensa til ei organisasjonssosiologisk analyse av beslutningsprosessar i oljesakene. Siktemålet er ei brei analyse av korleis samfunnsmessige endringsprosessar initiert frå storsamfunnet har verknader i eit utkantområde. Som sosiolog er eg oppteken av at ei analyse av samfunnsmessig endring må implisera analyse av sosiale aktørar (organisasjonar eller individ) som har ulike haldningar og interesser og som samhandlar i bestemte situasjonar og omgivnader. Mitt mål er dermed å kartleggja dei vilkåra som bestemte fenomen opptrer under og å identifisera aktørar og handlingar.

Oljeverksemda er den uavhengige variabelen i analysa. Utviklinga blir sett på som ei drivkraft i ein økonomisk endrings- eller moderniseringsprosess som har konsekvensar for næringsliv, styresmakter og politikk på lokalplanet. Einingane for analysa er dermed å finna i Sogn og Fjordane. Mine eigne kunnskapar om saka gjer at interessa i utgangspunktet er retta mot lokale styresmakter.

Ramma for arbeidet er Sogn og Fjordane sitt møte med oljeverksemda. Målsetjinga mi er i utgangspunktet å dekkja dei viktigaste hendingane frå oljesakene vart aktuelle i fylket tidleg på 1970-talet til ut på andre halvdel av 1980-talet då det såg ut til at fylket hadde lagt eit grunnlag for å delta i verksemda. Som det vil gå fram, er både talet på saker og aktørar mange.

Det har dermed vore naudsynt både å velja utgangspunkt når det gjeld aktørar og å prioritera i sakene. På aktørsida er utgangspunktet fylkesnivået, og spesielt det fylkeskommunale oljeutvalet. På sakssida har eg som nemnt ambisjonar om å få med det viktigaste i heile denne perioden, men det er ikkje grunnlag for å hevda at historia er uttømmmande dekkja. Retningsgjevande har vore å få med saker som er relevante for mine problemstillingar.

I arbeidet har eg nytta meg av mange ulike kjelder. Datainnsamlinga har gått over eit langt tidsrom. Eg kjem nærare attende til dette under avsnittet om metode og datagrunnlag og det følgjer eit oversyn i vedlegg 1. Dei viktigaste kjeldene er ein systematisk gjennomgang av møtebøker og tilgjengelege saksdokument for det fylkeskommunale oljeutvalet for perioden 1972-88. For delar av perioden gjeld det også gjennomgang av møtebok for nærings- og ressursutvalet i fylkeskommunen. I dei einskilde sakene har eg også nytta meg av referat frå fylkesutval og fylkesting og frå kommunestyre og formannskap, særleg Flora kommune. På næringslivssida har eg nytta meg av årsmeldingar og anna tilgjengeleg materiale frå aktuelle bedrifter.

Eg har også gjennomført ei rekkje intervju med sentrale aktørar i oljesakene i fylket og nøkkelinformantar har lese gjennom delar av framstillinga. Ut over dette er grunnlaget supplert med systematisk gjennomgang av aktuelle lokalaviser og sjølvstøtt offentlege utgreiingar, stortingsmeldingar og litteratur om oljeutviklinga på nasjonalt plan.

Før eg går vidare med å presisera problemstillingar for arbeidet skal eg skissera eit perspektiv på forholdet mellom økonomisk endring og lokal politikk.

1.2 ØKONOMISK ENDRING OG LOKAL POLITIKK

Interessa i dette arbeidet er samfunnsmessige endringar som følgje av oljeverksemda. Utgangspunktet mitt er at oljeutviklinga er ein økonomisk endringsprosess initiert frå storsamfunnet som har økonomiske og politiske verknader i eit utkantområde. Ei slik analyse krev eit perspektiv på samfunnsmessig endring langs ein territoriell dimensjon og det reiser spørsmålet om forholdet mellom økonomi og politikk. I det følgjande skal eg i korte trekk presentera nokre oppfatningar og skissera eit perspektiv som dannar bakgrunn for den empiriske analysen.

Sentrum og periferi

Analyse av samfunnsmessig endring og utvikling er eit hovudtema i den klassiske sosiologien. Dei sentrale bidraga frå både Tønnies, Durkheim, Marx og Weber omhandlar alle omforminga av samfunn, særleg dikotomien tradisjonelle og moderne samfunnstypar.

Teoriar om sentrum og periferi har vorte populære omgrep så vel i akademisk samanheng som i daglegtale. Bruken av omgrepa er svært vid og ulik og det er viktig å presisera at det ikkje eksisterer ein sentrum/periferi-modell eller teori, men mange tilnærmingar og perspektiv med same merkelapp. Det er heller ikkje slik at omgrepa berre vert nytta til å karakterisera forhold mellom geografiske einingar, som er mi interesse i dette arbeidet. Mellom anna vert sentrum/periferi-dimensjonen nytta i granskingar av sosial status (Langholm, 1971).

Ulike variantar av det som blir kalla "moderniseringsteori" har stått sentralt i samfunnsvitskapleg tenking kring forholdet mellom sentrum og periferi. I dei første ti-åra etter 1945 relaterte teoriane i mange tilfelle til skilnadene mellom rike og fattige land og fokuserte spørsmål om kva som fremjar økonomisk vekst. Dei ulike variantane av moderniseringsteori har som felles kjenneteikn at dei er målretta teoriar for samfunnsmessig endring som refererer til den forma for samfunnsmessig organisering som ein finn i sentrum; det vil seia i dei økonomisk høgt utvikla landa i den vestlege verda (Hulme and Turner, 1990).

I vid forstand er moderniseringsteori oppteken av omforminga frå tradisjonelle til moderne samfunn. Den tidlege etterkrigssosiologien var mellom anna oppteken av at ei endring frå tradisjonelle til moderne samfunn føreset ei tilsvarande endring av verdiar. Tanken var at ei økonomisk utvikling med aukande produksjon og evne til å skapa overskot, er avhengig av ei institusjonell og kulturell ramme som tilsvarar den ein finn i dei økonomisk utvikla landa. Det at eit land eller område blir liggjande etter i utvikling kan skuldast at dei ikkje kommuniserer godt nok med sentrum, at eliten set seg imot eller ikkje kjenner til nye idear (Shils, 1961). Talcott Parsons la eit grunnlag for sosiologisk analyse av tradisjonelle og moderne samfunn med sine "mønstervariablar" (Parsons, 1951). Mønstervariablane representerer alternative verdiorienteringar som kan nyttast til å karakterisera ulike samfunnstypar. Innafor det som blir kalla den strukturfunksjonalistiske tradisjonen i sosiologien vart det utført ei rekkje analysar på dette grunnlaget, også langs ein territoriell dimensjon (m.a. Hoselitz, 1960).

Den klassiske moderniseringsteorien møtte etter kvart motstand og vart ikkje minst underminert av utviklinga i den tredje verda. Kritikken retta seg særleg mot at teoriane representerte ei ukritisk overføring av økonomiske vekstmodellar som var basert på dei utvikla landa sine eigne økonomiske og sosiale føresetnader (Eisenstadt, 1970).

Mykje dei same innvendingane vart reist mot norsk distriktpolitikk. Mellom andre meinte Ottar Brox (1966) at norsk distriktpolitikk var tufta på den same grunnforståinga av underutvikling og den same utviklingsstrategien som teoriane om forholdet mellom rike og fattige land. Distriktsproblema vart oppfatta einsidig. Den samfunnsmessige organiseringa i utkantane vart definert som problemet. For å få til vekst og utvikling måtte utkantane bli meir lik sentrum. Utgangspunktet for tiltak i distrikta var ikkje utkantane sine eigne premisser. Målet var å erstatta dei med nye strukturar (Naustdalslid, 1974).

Sentrum/periferi-modellar med eksplisitt romleg tilknytning har vorte mykje nytta i analysar av geografisk ulikheit, aller mest på internasjonale forhold. Her kan det trekkjast eit skilje mellom "statiske" og "dynamiske" modellar (Naustdalslid, 1983A). I modellar av statiske strukturar er ein ikkje oppteken av relasjonane mellom sentrum og periferi, men av å finna indikatorar eller variablar som skil einingane. På det grunnlaget kan det lagast indeksar til å rangera land eller kommunar på ein sentrum-periferi skala. Det kan vera økonomiske, kulturelle eller som Rokkan og Valen (1964) politiske variablar.

Dynamiske modellar av sentrum og periferi fokuserer derimot på relasjonane mellom sentrum og periferi og på ubalanse i systemet. Her kan det skiljast mellom i alle fall to hovudretningar; avhengigheitsteori og vekstsenter-teori, sjølv

om den siste kan seiast å vera basert meir på eit funksjonelt enn eit territorielt perspektiv på relasjonane. (Naustdalslid, 1983A).

På mange måtar har vekstsenter-teoriar basis i det eg framafor kalla moderniseringsteori. Vekstsenter-teoriar har som praktisk føremål å stimulera vekst og utvikling i tilbakeliggjande område ved etablering av sentra i periferien. Tanken er at periferien berre kan utvikla seg ved å bli kopla nærare til sentrum. Vekst og innovasjon vert sett på som bølge-liknande bevegelser. Vekstsenter-teorien er slik sett bevisst etablering av sentrum/periferi-relasjonar. Medan den praktiske konsekvensen av avhengigheitsteoriar er at relasjonane til sentrum må brytast ned for å få til utvikling i periferien, så er det stikk motsette tilfelle for vekstsenter-teoriar. Her representerer etablering av sentrum/periferi-relasjonar ei form for økonomisk optimisme.

Avhengigheitsteori er modellar av sentrum og periferi basert på teoriar om imperialisme, dominans og avhengigheit. (Frank, 1971; Galtung, 1971). Dei har primært utgangspunkt i internasjonale forhold og er opptekne av at eigenskapar ved relasjonane gir ulike verknader i sentrum og periferi. Ubalanse, ulikt byteforhold eller dominans er kjerna i forklaringa på ulik utvikling. Dei perifere einingane er meir eller mindre avhengige satellittar dominert av sentrum sine verdiar og standardar og kjem systematisk dårleg ut av forholdet til sentrum. Det klassiske dømet på slike ulike byteforhold er utveksling av råvarer og ferdigvarer mellom dei fattige og rike landa. Relasjonen er eit slags null-sum-spel som gir vekst og utvikling i sentrum og underutvikling og fattigdom i periferien. Eit viktig element i etablering og vedlikehald av det ulike byteforholdet er at sentrum etablerer "bruhovud" eller agentar i periferien som formidlar sentrum sine verdiar og syter for å halda oppe dei asymmetriske relasjonane. Dette perspektivet har også vore nytta i studiar av forhold innan vårt land, m.a. Veggeland (1976), Naustdalslid (1977).

Variantane av sentrum/periferi-modellar er mange fleire enn dei eg i korte trekk har skissert her. Sjølv om modellane inneber ei rekkje måle- og definisjonsproblem og sjølv om empirisk utprøving i mange tilfelle synest å mangla, meiner eg sjølv perspektivet er nyttig både som allmenn bakgrunn og som utgangspunkt for empiriske undersøkingar. Mitt føremål er såleis ikkje å testa ein type sentrum/periferi-teori eller å "bekjenna" meg til eit perspektiv.

Strand (1985) gir eit bilete av sentrum/periferi-mønster i det norske samfunnet med ubalanse mellom sentrale og perifere område både i økonomisk, politisk, forvaltningsmessig og kulturell samanheng. Mønsteret er ikkje eintydig og på fleire område går tendensen like mykje i retning av at ubalansen vert mindre. På nokre område som i fordelinga av type økonomisk aktivitet mellom regionar, er skilnadene klare. På andre område synest ubalansen å bli motverka av offentlege tiltak. I ei gransking av det norske samfunnet vil eg i utgangspunktet venta at utslaga av ubalansen mellom sentrum og periferi er mild og udramatisk jamført med tilhøva i andre delar av verda. I tillegg vil mekanismene som produserer ulikskap vera meir skjulte og kompliserte enn dei direkte dominans og utbyttingsrelasjonane som avhengigheitsteoriar omhandlar. Det kan gjelda verknader av innføring av ny teknologi og kopling til internasjonale system som ein har lite informasjon om eller kontroll over.

For å illustrera perspektivet vil samfunn av vår type ha utprega periferi-eigenskapar dersom det har geografisk avsides lokalisering med dyre og vanskelege kommunikasjonar, næringsliv med mykje råvareproduksjon, enkle arbeidsprosessar og få strategiske funksjonar som gir kompetanseoppbygging. Det vil vidare vera typisk at periferien må akseptera sentrum sitt språk og generelt symbol og forståingsformer. Politisk vil ein venta at periferien er svakt representert og dårleg i stand til å hevda interessene sine i sentrale vedtaksorgan. For periferien vil relasjonane til sentrum opplevast slik at ein heile tida må gå i motbakke (Ibid.).

Dynamiske perspektiv på ubalanse synest dermed å vera mest relevante for studiar av våre samfunn. Spørsmåla blir kva som skapar endring eller dynamikk i sentrum/periferi-mønsteret. For meg blir det relevant å spørja korleis dei økonomiske og politiske endringane som følgjer med oljeutviklinga verkar i eit område som i utgangspunktet har mange av dei nemnde periferi-eigenskapane.

Økonomi og politikk

Eit hovudtema i publikasjonane frå den norske "maktutredningen" er den stadig nærare samankoplinga av økonomi og politikk. Her vert det argumentert for at økonomi og politikk må analyserast i samanheng. Bakgrunnen for det er at det Hernes (1978) kallar den klassiske liberalistiske syntesen av politisk-økonomisk teori ikkje lenger fungerer.

I følge den liberale læra skulle samfunnet vera delt i to sfærar, ein politisk og ein økonomisk. Politikken, eller staten, er eit resultat av ein "samfunnskontrakt". På eit bestemt trinn i utviklinga overgir folket av eigeninteresse den individuelle suvereniteten sin til ein overlokal politisk autoritet. Kontrakten om staten avskaffar urtilstanden med alle sin kamp mot alle (Østerud, 1978). I den liberalistiske læra skulle staten si oppgåve vera å handheva lover, sikra individuell tryggleik og ikkje minst syta for at det økonomiske systemet, marknaden, kunne fungera. Dette var "nattvektarstaten" som i forhold til det økonomiske livet spelte ei tilbaketrekt rolle.

I vårt samfunn er korkje forestillingane om ein perfekt marknad eller staten som nøytral og uavhengig i forhold til det økonomiske systemet relevant. Både økonomi og politikk som perfekt fungerande og uavhengige sfærar er blitt "perverterte" (Hernes, 1978). Det karakteristiske er ei samankopling av økonomi og politikk som meir enn noko anna gir seg uttrykk i ei statsmakt som regulerer og er involvert på så og seia alle samfunnsområde.

Bakgrunnen for denne utviklinga er mellom anna å finna i dei tilbakevendande krisene i kapitalismen i 1920-30-åra. Konkurransen og stordriftsfordelar hadde medført konsentrasjon og monopolisering. Det synta seg at marknaden kunne stabilisera seg utan full ressursutnytting, mellom anna med stor arbeidsløyse. Krava om statsinngrep auka frå vanlege folk, politikarar og ikkje minst næringslivet (Berrefjord og Hernes 1978).

"Statsorganisert kapitalisme" (Naustdalslid 1980) er ei anna nemning på det nye hopehavet mellom stat og økonomi som etter kvart vaks fram. Den viktigaste innsikta dette representerer er at kapitalismen overlaten til seg sjølv ikkje kan halda oppe den balansen som den klassiske liberalistiske teorien postulerte. Det var ikkje berre det at ein uregulert marknad medførde ulikskap, han resulterte også i usikkerheit, ustabilitet og ineffektivitet for næringslivet sjølv. Forklaringa på dei økonomiske krisene var ikkje å finna i tilfeldige ytre faktorar, men i kapitalismens eigne indre motsetnader. Løysinga, som mellom andre Keynes tilrådde, var at statsmakta intervenerte på sjølve marknaden og opptådde som ein slags regulerande "felleskapitalist" for å halda balanse i systemet. Dei problema det økonomiske systemet sjølv hadde vikla seg inn i, er såleis ein viktig bakgrunn for framveksten av den aktive statsmakta.

Utvikling av offentleg planlegging på alle område er eitt stikkord for utviklinga av statsmakta i etterkrigstida (Østerud 1979). Gjennom planlegging og offentleg styring på alle nivå har staten påteke seg oppgåver for å førebyggja økonomiske kriser og leggja tilhøva til rette for økonomisk utvikling og omforming av det norske samfunnet, ikkje minst slik at nasjonen utviklar seg i takt med dei landa me samhandlar med.

Den aktive, inngripande staten er blitt ein føresetnad for vekst og balanse i det økonomiske systemet. Det offentlege syter for infrastruktur og støtte til næringslivet for å oppnå økonomisk vekst. På reproduksjonssida er det offentlege ansvarleg for utdanning, helse- og sosialstell m.m. Nye problemstillinga i samfunnet vert møtt med offentleg institusjonsbygging; t.d. Miljøvern-departementet og Statens forurensningstilsyn for å møte dei aukande miljø- og ressursproblema eller dei mange institusjonane på oljesektoren for å møte verksemda på kontinentalsokkelen. Staten grip også inn på sjølve marknaden for å realisera målsetjingar om full sysselsetting, økonomisk vekst, fred i arbeidslivet, moderat prisauke, sosial tryggleik osv.

Det seier seg sjølv at staten eller det offentlege med dette spelar ei mykje meir sentral rolle i forhold til økonomi og samfunn enn tidlegare. Langt fleire avgjerder vert treffe av staten og ein større del av avgjerdene skjer gjennom forhandlingar.

I publikasjonane frå "Maktutredningen" (m.a. Berrefjord og Hernes, 1978), er det eit sentralt poeng at utviklinga av den aktive statsmakta skjer i eit vekselspel mellom økonomi og politikk. Det er ikkje slik at det politiske systemet åleine har bidrege til denne utviklinga. Tvert om er det like ofte bedrifter og ulike interesseorganisasjonar som vender seg til styresmaktene med krav om offentlege inngrep og støtte. Næringslivet sitt behov for å påverka det offentlege er blitt omfattande og dette behovet fører i sin tur til nye oppgåver for styresmaktene. Stadig fleire avgjerder skjer gjennom forhandlingar, der særleg sentrale styresmakter og nasjonale storkonsern framstår som viktige aktørar, og stadig fleire konflikhtar utspelar seg på det politiske planet.

Samanflettinga av den offentlege og private sfæren i samfunnet resulterer i ein "forhandlingsøkonomi" (Hernes, 1978) med "gråsoner" som korkje tilhøyrer marknaden eller det politisk-administrative systemet, men der offentlege styresmakter så og seia alltid er sentrale aktørar (Veggeland, 1982). Dette

systemet av ulike arenaer for politisk samhandling har også fått merkelappen "korporativ pluralisme" (Rokkan, 1966). I internasjonal målestokk er Norge rekna for å ha eit politisk system med sterke korporative trekk (Olsen, 1989).

Utviklinga på kontinentalsokkelen, med dei spesielle utfordringane som følgde med dei internasjonale oljeselskapa som dominerande aktørar, har ført med seg ei spesielt omfattande aktivisering av den sentrale statsmakta. Det er bygd ei rekkje nye institusjonar for styring, fordeling og kontroll, det er innført eit særskilt lovverk og det er etablert eit eige statsoljeselskap som inneber at staten også er blitt aktiv deltakar i sjølve oljenæringa.

Desse forholda inneber at sentrale styresmakter på oljesektoren er meir enn vanleg viktige for næringsliv og andre interesser. Dette blir forsterka av den dominerande posisjonen oljesektoren etter kvart har fått i norsk økonomi. Leveransar og deltaking i oljeverksemda har vorte levegrunnlag for stadig fleire.

Ein må såleis gå ut frå at oljeutviklinga har ført med seg ei utbygginga av det korporative systemet og at grensene mellom økonomi og politikk i oljesektoren er spesielt uklare. I svært mange samanhengar blir dei viktige avgjerdene i oljesektoren fatta av sentrale styresmakter i forhandlingar med næringsliv og andre interesser. Næringsliv og ulike interesser deltek også i utgreiingsarbeid og i utforminga av den offentlege politikken. Det er avgjerande å vera deltakar i slike forhandlingar. Ei sjølvstendig analyse av desse forholda fell utanfor ramma for dette arbeidet, men det er naudsynleg å ha med eit oversyn over dei viktigaste trekkka. I kapittel 2 skal eg difor gi eit oversyn over dei viktigaste styrings- og tilpassingstiltaka i forhold til oljeverksemda både hjå sentrale styresmakter og i det nasjonale næringslivet. Det skal eg gjera fordi dette er ein del av dei premissane dei lokale aktørane må forholde seg til i deira møte med oljesakene.

Her skal eg i første omgang slutta meg til perspektiva frå "Maktutredningen" som tilseier at økonomi og politikk må studerast i eit vekselspel der den gjensidige påverknaden endrar rammevilkår og handlingsbetingelsar.

Økonomisk endring og lokal politikk

I økonomisk organisering har Norge tradisjonelt vore eit desentralisert samfunn. Spreidd busetjingsmønster og lokaltilpassa næringsliv med små økonomiske einingar har kjenneteikna det norske samfunnet. I internasjonal målestokk kan dette framleis seiast å vera tilfelle, men grunnleggjande trekk er endra. Dei dominerande sosio-økonomiske endringane i perioden etter krigen er aukande integrasjon i internasjonal økonomi, konsentrasjon i næringslivet og sterk sentralisering av busetjingsmønsteret.

I denne perioden har utkantane i det norske samfunnet gjennomgått ei kontinuerleg omforming i samsvar med dei dominerande sentrale utviklings-trekka. På same vis som Norge har tilpassa seg den internasjonale utviklinga, har sentrum og periferi i det norske samfunnet vorte meir like. Dei regionale skilnadene i t.d. næringsstruktur og offentleg tenesteyting er blitt mindre, sjølv

om det i eit nasjonalt standardiseringsperspektiv framleis er skilnader og ubalanse.

Utviklinga har utan tvil innebore at også utkantane i det norske samfunnet i stor grad har fått del i den moderne velferdsstaten og dei vinningane denne representerer. Som eg var inne på framafor er det ikkje klare tendensar til at skilnadene mellom sentrum og utkant i det norske samfunnet er blitt større dei seinare ti-åra (Strand, 1985).

Men utviklinga har medført at lokal økonomi og framtida for lokalsamfunna i mykje større grad er blitt avhengig av eksterne forhold. Framtida for arbeidsplassar i Sogn og Fjordane er i dag avhengig av utviklinga på internasjonale marknader for aluminium og stål, av statleg jordbrukspolitik, statlege overføringar til undervisning, helsestell og næringsliv og ikkje minst nasjonal tilpassing til overnasjonale samarbeidsorgan. Med verksemda på kontinentalsokkelen fekk også utviklinga på internasjonale marknader for petroleum og nasjonale politiske og økonomiske tilpassingstiltak til den nye næringa betydning for lokal utvikling.

I omforminga eller moderniseringa av det norske samfunnet har det offentlege spela ei sentral rolle. I eigenskap av iverksettar av offentleg politikk har utviklinga også medført nye oppgåver og stilt nye krav til lokale styresmakter. Moderniseringa med utjamning av regionale skilnader, har hatt som føresetnad eit godt utbygd nett av lokale iverksettingsorgan for den offentlege politikken.

Denne utviklinga har medført ei rekkje nye oppgåver for regionale og lokale styresmakter som eit stykke på veg kan jamførast med dei eg framafor skisserte for den sentrale statsmakta (Hernes og Selvik, 1978). Ein type oppgåver er å gjera lokale interesser gjeldande på sentrale arenaer. Samfunnsutviklinga har bidrege til ei "avlokalisering" av lokalpolitikken (Naustdalslid, 1988). Årsaka til det er at løysinga på lokale problem ofte ligg langt utanfor lokalsamfunnet. I oljesektoren vil dette i høgste grad vera tilfelle.

Ein annan type oppgåver ligg i eit sterkare engasjement i den lokale næringsutviklinga og dermed nærare band til lokalt næringsliv. Det utviklar seg korporative strukturar også på dei lokale nivåa. Dette følgjer dels av at lokale og regionale styresmakter får hand om offentlege verkemiddel som er viktige for næringslivet. Dels følgjer det av at dei lokale nivåa er med å påverka dei sentrale avgjerdene som handsamingsledd i samsvar med lovverk m.m. Det siste gjer lokale styresmakter interessante som alliansepartnar også for nasjonale næringslivsinteresser som søker støtte til å påverka avgjerder i si interesse.

Lokale styresmakter i dobbeltrolle.

Dei politiske institusjonane på kommune- og fylkesnivå er i utgangspunktet både forvaltningsorgan og politiske institusjonar. På den eine sida har dei eit forvaltningsaspekt. Dei har til oppgåve å iverksetja politikk som er utforma på sentralt hald. Hovudkomiteen for reformer i statsforvaltninga formulerte fylkes-

kommunane og kommunane sin avhengige plass i forhold til den sentrale statsmakta slik:

"Det er vanlig å betegne kommunalforvaltningen som en avleddet statsforvaltning. Fylkeskommunenes og kommunenes selvstyre er ikke grunnlovsfestet; Stortinget fastlegger til enhver tid ved alminnelig lov hvilket omfang det kommunale selvstyre skal ha, og hvorledes fylkeskommunene og kommunene skal utøve sin myndighet. Slik må det også være for at det skal kunne gjennomføres en nasjonal politikk. De enkelte kommunale enheter må treffe sine avgjørelser innenfor rammen av den vedtatte nasjonale politikk." (NOU 1974:53, s. 17-18).

Samstundes er det like klart at dei lokale politiske institusjonane er noko meir enn reine forvaltningsorgan. Til samanlikning med lokale statsorgan, "dekonsentrert statsforvaltning", har kommunar og fylkeskommunar folkevalde organ; dei er også politiske institusjonar.

Eit uttrykk for dette sjølvstyreaspektet ved lokal politikk er at lokale styresmakter formelt sett har stor fridom. Det eksisterer ikkje noko direkte underordningsforhold til sentrale styresmakter og inngrep i disposisjonane deira kan berre gjerast med tilvising til lovverket. I prinsippet har lokale styresmakter høve til å ta opp alle saker som ikkje ved lov er tillagt andre organ eller som det er sett forbod mot å ta opp. Det er eit slags "kardemommeprinsipp" som først og fremst gjeld for lokale styresmakter: "Og for øvrig kan de gjøre som de vil" (Kjellberg 1980, s.11).

I sjølvstyreaspektet ligg lokale styresmakter sine oppgåver med å ta seg av saker av felles interesse for innbyggjarane og å representera desse i forhold til omgivnaden, særleg sentrale styresmakter. Det er i dette spenningsfeltet mellom det å vera lokal interessehevdar og det å fungera som lekk i utøvinga av ein nasjonal politikk at lokale styresmakter har oppgåvene sine.

Nokre utviklingstrekk ved dei lokale politiske institusjonane.

Dei lokale institusjonane si rolle i samfunnsstyringa har endra seg gjennom åra. Endringane har gått i bølger, men gjennomgåande har aktiviteten auka (Steen 1968, Danielsen 1987). Likevel er det i perioden etter 1945 at kommunane verkeleg har vorte sentrale element i samfunnsutviklinga. Endringane desse ti-åra har hatt slikt omfang at det blir tala om eit "kommunalt hamskifte" (Kjellberg og Hansen, 1979).

I denne perioden har ein stadig større del av verksemda i samfunnet vorte kanalisert gjennom det offentlege. I slutten av 1930-åra utgjorde dei samla offentlege inntektene mindre enn 20% av BNP. I midten av 1980-åra var den tilsvarande andelen om lag 50% (Naustdalslid, 1988).

Ser ein på korleis den utvida offentlege verksemda fordelar seg, viser det seg at kommunesektoren (kommunar og fylkeskommunar) har vakse klart sterkare enn den statlege sektoren. Såleis har dei kommunale nettoutgiftene auka mykje meir

enn dei statlege (Kjellberg, 1980). Sameleis har sysselsettingsveksten i kommunesektoren vore langt sterkare enn i staten (NOU 1982:3). Med andre ord har ein aukande del av den offentlege politikken blitt kanalisert gjennom dei lokale nivåa.

Grunnlaget for ekspansjonen i kommunesektoren er auka statlege overføringar. På 1980-talet blei om lag 40% av kommunane sine utgifter finansiert med statlege overføringar. Kommunane er blitt viktige ledd i velferdsstaten med oppgåve å iverksetja statleg utjamningspolitikk på ein effektiv måte. Baldersheim (1987) karakteriserer kommunane sin rolle i etterkrigstida som "statstenarar". Dei er i stor grad blitt serviceproduserande organisasjonar.

Slik sett er det ikkje oppgåvene knytta til sjølvstyreaspektet, forstått som utøving av lokalt sjølvstyre og intern fordeling av gode, som har gitt grunnlaget for aktivitetsauken. Først og fremst er det oppgåvene knytta til forvaltningsaspektet, som lokale ledd i utøvinga av ein nasjonal politikk. Dette har gitt grunnlag for å framstilla forholdet mellom sentrale og lokale styresmakter primært som "partnarar" for gjennomføring av felles mål (Strand, 1978). Aktivitetsauke av dette slaget har gitt større pengeoverføringar men også større grad av regelbinding og standardisering i utøvinga av den lokale aktiviteten. Det er slik sett blitt mindre rom for lokale variasjonar.

Etter kvart har kommunane fått utvikla ein organisasjon og arbeidsmåtar som samsvarar med desse krava. Sentrale kjenneteikn ved utviklinga av kommune-forvaltninga er større administrativ kapasitet og konsentrasjon av det politiske ansvaret. På den politiske sida kan sanering av nemndstrukturen og innføring av hovudutval seiast å vera uttrykk for nedprioritering av deltakaraspektet til fordel for fastare overordna styring i lokalpolitikken. Spesielt i større kommunar har ein fått ei klar eliteutvikling i den lokalpolitiske leiinga.

På den administrative sida har kommunane blitt utbygde med nye faggrupper og profesjonar på ei rekkje område. Dette har gitt eit klarare skilje mellom politikarar og administrasjon. Administrasjonen har fått ei eigentyngde, særskilt uttrykt i rådmannsrolla.

Når ein vurderer utviklingstrekk ved det lokale styringsverket i dette perspektivet, er det likevel utbygginga av fylkeskommunen til sjølvstendig politisk, administrativt og økonomisk nivå i 1970-åra som framstår som den viktigaste endringa. I organisering og arbeidsmåte liknar fylkeskommunen mykje på kommunane, men ein kan stilla spørsmål om fylket i større grad er eit sterkt forvaltningsorgan enn arena for utøving av politisk sjølvstyre. Fylkeskommunens administrative kapasitet, med rådmannsinstitusjonen som eit klart tyngdepunkt i den fylkeskommunale verksemda, talar for det. På 1970- og 80-talet var det fylkesnivået som stod for den relativt sterkaste ekspansjonen i tal tilsette innan offentlig forvaltning. Oppbygginga av fylkeskommunen førde med seg ein stab av moderne ekspertise som tenkjer styring og fordeling på eit nytt territorielt nivå.

Mangelen på politiske tradisjonar på fylkesnivået forsterkar inntrykket av fylkeskommunen som primært byråkratisk og administrativt apparat. Dei sterke ideologiske sjølvstyre- oppfatningane som er knytt til kommunane gjeld ikkje i same grad fylkeskommunen. Mange stader er fylket ikkje noko naturleg

territoriell referanseining korkje i økonomisk, politisk eller kulturell samanheng. Dette kjem til uttrykk i generelt lægre interesse for fylkespolitikk både hjå folk flest, mellom anna gjennom valdeltaking, og i dei politiske partia.

Ein kan såleis stilla spørsmål om fylkeskommunen er eit styringsnivå som i utgangspunktet manglar politisk fundament. Dette blir ikkje mindre viktig når sentrale styresmakter i mange samanhengar synest å oppfatta fylkesnivået som eit meir relevant forvaltningsnivå enn kommunane. I mange spørsmål om planlegging, økonomiske utbyggingsspørsmål og moderne offentleg tenesteyting dei seinare åra er det fordeling på fylkesnivå som har stått i fokus. Ein må kunna venta at fleire interesser dermed bryr seg om fylkesnivået og får fylket som territoriell referanseining. Ikkje mist i eit fylke som primært består av små einingar både i økonomisk og politisk-administrativ samanheng vert dette viktig.

Noko av det som har sett sterkast preg på både kommune og fylkeskommune siste ti-åra er stadig meir omfattande oppgåver innan planlegging og næringspolitikk. Begge desse to offentlege tiltaksområda har utspring frå sentralt hald. Dei siktar begge mot å utjamna regionale skilnader og uttrykkjer direkte behovet for modernisering og omforming langs den territoriale dimensjonen i samfunnet.

Utbygginga av eit nasjonalt planleggingsystem frå midten av 1960-talet har gitt lokale styresmakter langt meir sentrale oppgåver som samordnar av lokal og regional utvikling. Det har også bringa samordningsoppgåvene meir i sentrum av den kommunale og fylkeskommunale organisasjonen.

Innan nærings- og utbyggingspolitikk har både fylkeskommunar og kommunar etter kvart lært seg å spela meir sentrale roller. Fylkeskommunen har sidan 1960-talet vore det sentrale fordelingsnivået for dei statlege verkemidla i distriktpolitikken. Etter kvart har det også vorte bygd opp samarbeidsorgan og tenesteytande funksjonar for ulike næringsinteresser på fylkesnivå, også for industrinæringa (INKO-tenesta, STI). Gjennom lovverket, mellom anna etableringslova (Lov av 20. feb. Nr. 5. 1976) og petroleumslova (Lov av 22. mars Nr. 11. 1985) har særleg fylkeskommunen fått oppgåver som gjer dei til viktig samhandlingspartner for næringslivet og andre interesser. Fylkeskommunen har bygd opp eit administrativt apparat og ein politisk struktur tilpassa desse oppgåvene.

Berrefjord og Hernes (1978) er opptekne av at dette inneber ei samankopling av territoriale og funksjonelle interesser som kan medføra konfliktrar mellom fylke og sentralt nivå. Bedrifter og interesseorganisasjonar kan velja når det er mest tenleg å gå via regionale og lokale styresmakter til sentrale og omvendt. Sentrale styresmakter kan på denne måten koma i ein spelsituasjon. Regionale og lokale interesser kan på si side få nye mulegheiter til å realisera interessene sine.

Kommunane sitt forhold til næringsutvikling på 1960- og 70-talet var prega av ein "akkvisisjonsstrategi" (Bukve, 1988). Dei satsa først og fremst på å vera attraktive nok for nyetablering av bedrifter utanfrå eller for lokalisering av ekspanderande offentleg tenesteyting. Slik verksemd gjorde kanskje ikkje lokale styresmakter til sentrale aktørar i aktiv næringsutbygging, men det gav andre nyttige røynsler i perspektivet lokale styresmakter som aktørar i moderne

økonomiske endringsprosessar. Først og fremst innebar denne perioden ein prøve i å utøva moderne lokalpolitisk "utanrikspolitikk". Den kommunale eliten lærde seg lobbyverksemd i lokaliseringsspørsmål, tevling med andre kommunar, korleis ein nyttar ut offentlege tilskotsordningar og kor viktig det er å tilpassa lokale tilhøve til nye, moderne verksemd sine krav. Med andre ord lærde lokale styresmakter å tevla om ny verksemd på nye, eksternt fastsette premisser. Dei lokale strategiane i utbyggingspolitikken var tilpassa eit samfunn med økonomisk vekst og ein regionalpolitikk som fokuserte omfordeling.

På 1980-talet skjedde det langt på veg ei nyorientering i den lokale utbyggingspolitikken. Tiltaksarbeid vart eit stikkord for lokale styresmakter sitt engasjement (From og Stava, 1984). Dette engasjementet plasserte kommunane i ei ny rolle som utviklingsaktør i næringspolitikken. Det kopla lokale styresmakter nærare til næringslivet og det gav kommunane større kompetanse i næringspolitiske spørsmål.

Ein må kunna venta at desse røynslene etter kvart har gitt lokale styresmakter grunnlag for å ta seg av oppgåver knytta til moderne økonomiske endringsprosessar. I slike samanhengar er dei lokale nivåa avhengige av kapasitet og kompetanse til å spela ei rolle både i forhold til lokalt næringsliv og ulike aktørar på sentrale arenaer.

For begge dei lokale styringsnivåa er kontakt med sentrale styresmakter viktig. I følge Strand (1985) er det relativt store skilnader mellom kommunane når det gjeld å nå fram til sentralt nivå. Av dei kommunane som rapporterer lite kontakt eller vanskar med å oppnå kontakt er dei små perifere kommunane i klart fleirtal, mange av dei er lokalisert i Nord-Norge og Sogn og Fjordane.

Eg avsluttar denne drøftinga av lokal politikk og lokale styresmakter sine oppgåver i økonomiske endringsprosessar her. Føremålet har vore å gi eit perspektiv på lokale og regionale styresmakter sine oppgåver i økonomiske endringsprosessar som kan danna grunnlag for ei nærare spesifisering av problemstillingane.

1.3 ANALYSERAMME


Føremålet med arbeidet er som sagt ei brei analyse av korleis samfunnsmessige endringsprosessar initiert frå storsamfunnet har verknader i eit utkantområde.

Oppgåva blir for det første å undersøka kva som har skjedd i fylket i samband med oljeutviklinga. Eg vil identifisera ulike aktørar og kva rolle dei spelar. Aktørar kan vera organisasjonar og enkeltpersonar. Med startpunkt i ei oppfatning om at det er på det politiske planet Sogn og Fjordane har oppnådd noko i oljesamheng, er det rimeleg å ta utgangspunkt i lokale styresmakter på fylkes- og kommunenivå sitt engasjement i oljesakene. Ut over desse er einingane i analysa aktørar i næringslivet i fylket og andre interesser som måtte markera seg i oljesakene.

Men ei analyse av politiske utviklingstrekk i eit utkantområde som blir konfrontert med og gradvis integrert i ein nasjonal økonomisk endringsprosess kan ikkje utelukka dei sentrale aktørane i desse prosessane. Oljeverksemda på kontinentalsokkelen er ein aktivitet med internasjonale oljeselskap, nasjonale storbedrifter og sentrale styresmakter som hovudaktørar. Sjølv om føremålet med dette arbeidet ikkje er ei eigentleg gransking av desse aktørane, kan dei ikkje utelukkast frå analysa.

Føremålet er såleis ei relasjonell analyse mellom aktørar som i utgangspunktet er ulike. Det er også aktørar som har ulike interesser og styrkeforholdet mellom dei er opplagt forskjellig. Eg er oppteken av kva som skjer i dette møtet, men eg er berre oppteken av konsekvensane for den eine parten; dvs. lokalplanet. Følgjande modell antydar perspektivet og i grove trekk dei viktigaste einingane i analysa:

FIG. 1.2 ANALYSERAMME



Den enkle modellen freistar få fram at oljeutviklinga har betydning både for forholdet mellom økonomi og politikk i det norske samfunnet og for forholdet mellom sentrum og periferi.

Ramma for analysa kan dermed strukturast slik:

Økonomisk struktur

På dette nivået er merkemda retta mot dei samfunnsmessige, eller økonomiske endringane som oljeutviklinga representerer. Med bakgrunn i eit sentrum/periferi-perspektiv må eg sjå på karakteristika ved både oljeaktivitetane og fylket. Fylket sine økonomiske føresetnader for å delta er relevante. Dei viktigaste einingane i denne delen av analysa vil vera det lokale næringslivet og generelt korleis den sosio-økonomiske strukturen i periferien tek seg ut i møtet med oljeutviklinga.

Omfang og type aktivitet som fylket blir deltakar i er av interesse. Innafor rammene av eit sentrum-periferi perspektiv vil analysa dreia seg om kva fylket og dei lokale aktørane oppnår i møtet med oljeselskap, nasjonale storkonsern og styresmakter som er dei sentrale aktørane på oljesektoren.

På den sentrale økonomiske arenaen er hovudaktørane oljeselskapa og store nasjonale verksemder som engasjerer seg i oljeutbygginga. Motsetningar og konkurranseforhold mellom dei, som det er mange døme på, er ikkje emnet i dette arbeidet. Dei er berre interessante i forhold til dei lokale aktørane sine forsøk på å etablera seg i oljeverksemda, som forklaringsvariabel for dei lokale aktørane sine handlingsvilkår.

Politisk struktur

I denne delen av analysa er lokale og regionale styresmakter dei viktigaste einingane. I nokre samanhengar vil dei opptre samla, i andre er det tale om motsetningsforhold innafor periferien. I nokre samanhengar vil politikk og forvaltning framstå som sjølvstendige einingar for analyse.

I utgangspunktet er eg oppteken av korleis lokale styresmakter definerer oppgåvene sine i spenningsfeltet mellom det å vera lokale utøvarar av ein nasjonal politikk og det å hevda lokale interesser i oljesakene. Lokale og regionale styresmakter sine relasjonar både til lokalt næringsliv og til dei sentrale aktørane er av interesse.

Relasjonane mellom einingane i den politiske strukturen er generelt av interesse. Med utgangspunkt i dei store dimensjonane som kjenneteiknar oljeaktivitetane, er forholdet mellom fylkeskommune og kommunar i samband med oljeutviklinga interessant.

Det vil også vera tale om relasjonar mellom ulike delar av periferien i samband med oljeutviklinga. I oljesamheng vil det til dømes vera tale om konkurranseforhold mellom territorielle einingar, gjerne i form av lokale eller regionale alliansar av styresmakter og næringsliv.

Relasjonane til sentrale styresmakter innbyr til å spørja om det offentlege avgjerdsapparatet reflekterer ein økonomisk struktur i oljeverksemda med sentrum-periferi kjenneteikn, eller om det er med å bryta ned slike mønster og kompensera for verknadene av det. Her vil det vera eit spørsmål i kva grad dei

lokale aktørane når fram i sentrale vedtaksorgan med interessene sine og kva som påverkar slike vilkår.

På sentralt nivå er aktørane på den politiske sida sentrale styresmakter og ei rekkje institusjonar som er etablerte for å ta seg av styring og kontroll med verksemda på kontinentalsokkelen. Det er heller ikkje i oljesamanheng rett å framstilla sentrale styresmakter som ei einskapleg eining slik figuren gir inntrykk av. Tvert om vil ein i mange samanhengar sjå at ulike delar av statsapparatet står for forskjellige haldningar og interesser. Slike motsetningsforhold vil bli kommenterte, men ikkje gjort til gjenstand for sjølvstendig analyse.

I analysa er det naudsynt å gå inn på desse sentrale aktørane og kva som skjer på sentralt nivå i oljesakene fordi det er dette som dannar rammene for den lokale aktiviteten og det er verksemd på dette planet dei lokale aktørane må forholde seg til. Sameleis må analysa omhandla andre eksterne faktorar som har betydning for dei lokale aktørane, mellom anna utviklinga på kontinentalsokkelen med nye felt og område i leite-, utbygging- og driftsfase, økonomiske konjunkturedringar m.m.

1.4 PROBLEMSTILLINGAR

Problemstillingane for arbeidet kan no knytast til tre hovudtema i avhandlinga:

a) Sogn og Fjordane sitt møte med oljeverksemda.

Det er eit sjølvstendig føremål med arbeidet er å beskriva fylket sitt møte med oljeutviklinga innafor det avgrensa tidsrommet. Gjennom framstillinga vil eg vera oppteken av dei økonomiske endringane og utfordringane deltaking i oljeaktivitetane representerer. I kva grad blir fylket deltakar og kva slag problem og krav til tilpassing møter ein i denne samanhengen? Kva slag forhold påverkar vilkåra for å delta? Kan oljeutviklinga seiest å forsterka eller redusera fylket sin posisjon som periferi? Næringslivet og andre økonomiske interesser i fylket sine haldningar til oljeutviklinga er interessante.

b) Lokale styresmakter i oljesakene.

Eg har i utgangspunktet eit inntrykk av at Sogn og Fjordane sin plass i oljeverksemda først og fremst er eit resultat av engasjement frå regionale og lokale styresmakter. Ei heilt sentral oppgåve blir å undersøka om det er slik og eventuelt forklara kvifor og korleis lokale styresmakter har kunna spela ei slik rolle.

Hjå regionale og lokale styresmakter vil eg sjå på formulering av mål og interesser i oljesakene. Eg vil sjå på organiseringa av det oljeretta arbeidet i fylket, på strategiar i oljesakene og korleis dei definerer eigne oppgåver og ambisjonar.

Med dette som utgangspunkt vil eg i samsvar med modellen som vart introdusert framafor studera lokale styresmakter i fylket sitt forhold til dei aktuelle aktørane i samband med oljeutviklinga; sentrale styremakter, oljeselskap og lokalt næringsliv.

For det første gjeld dette relasjonane til sentrale styresmakter. Maktar fylket sine representantar å gjera lokale interesser gjeldande? Greier dei å tileigna seg spelereglar på dei oljepolitiske arenaene? Oppstår det konflikthar? Kva betyr eit sterkt statleg engasjement i oljesektoren i denne samanhengen? Inneber det betre vilkår for lokale styresmakter i eit utkantområde til å realisera sine interesser?

Oljeselskap og andre utbyggingsinteresser må også opptre som politiske aktørar for vinna fram med sine interesser i dei sentrale vedtaksorgana. Dette gir i utgangspunktet dei lokale og regionale interessene mulegheiter til å koma i forhandlingsposisjon. Maktar dei å nytta ut slike handlingsmulegheiter? Kva betyr det i denne samanhengen at det er etablert norske oljeselskap, også eit statseigd, som etter kvart dominerer verksemda på norsk sokkel?

For det tredje er eg oppteken av forholdet til lokalt næringsliv i samband med oljeutviklinga. Kva kjenneteiknar desse relasjonane i samband med oljeutviklinga?

c) Lokalpolitiske verknader av oljeverksemda.

I tillegg til lokale styresmakter si rolle i oljesakene er eg også interessert i å studera verknader av oljeverksemda for lokal politikk. Denne problemstillinga inneber at eg ikkje berre er interessert i kva slag utfordringar og oppgåver oljeverksemda inneber for lokale styresmakter, men også korleis oljeutviklinga påverkar innhaldet i lokalpolitikken og dei lokalpolitiske institusjonane sin måte å fungera på.

Tilnærminga inneber eit perspektiv som rettar årsakspila frå samfunnsendringar mot det politiske systemet. Spørsmålet blir korleis dei samfunnsmessige endringane som følgjer med oljeutviklinga har politiske systemkonsekvensar på lokalt nivå.

Her vil for det første forholdet mellom fylkeskommune og kommunar stå sentralt. Er det teikn til at fylkeskommunen framstår som eit meir interessant styringsnivå i oljesakene enn kommunane?

Oljeverksemda er ein type økonomisk aktivitet med store dimensjonar, høgt tempo, nye aktørar og arenaer og premissar for verksemda som ligg langt utanfor lokale styresmakter si rekkevidde. Det tilseier at dei vanlege lokalpolitiske arbeidsmåtane neppe er eigna til å møte desse utfordringane. Eg er interessert i kva dette får å seia for korleis dei lokale politiske institusjonane fungerer? Korleis blir avgjerdene tekne? I kva grad påverkar det forholdet mellom politikk og forvaltning? Kva har det å seia for deltakaraspektet ved lokal politikk?

1.5 METODE OG DATAGRUNNLAG

Val av metode er avhengig av korleis problemstillingane er forma. Mine problemstillingar har primært eksplorerande formål. Dei er delvis tematisk forma og er eit stykke på veg beskrivelsar av kva eg ynskjer å belysa i arbeidet.

Presisjonsnivået i problemstillingane har samanheng med kva som finst av tilgjengeleg kunnskap på området. Dei seinare åra er det publisert fleire arbeid om oljeutviklinga på nasjonalt nivå. Men med unnatak for ei sak i Sogn og Fjordane frå første halvdel av 1970-talet (Ramsdal, 1977) og ei sak frå nabofylket Møre og Romsdal som eg også kjem til å ta opp (Heggen, 1980), er det ikkje gjort granskingar av oljesakene i dette geografiske området. I andre delar av landet er det gjort granskingar av etableringssaker og lokale styresmakter sitt møte med oljeaktivitetane, men stort sett innafor eit organisasjonsteoretisk perspektiv. Med andre ord er dei tilgjengelege kunnskapane på feltet avgrensa. Det tilseier åleine opne, oppdagande problemstillingar for analysa.

For det andre har eg ambisjonar om å dekkja eit svært vidt saksfelt over ein relativt lang periode. Sjølv om eg alt har gjort det klart at fylket først og fremst utmerkar seg med lita deltaking i oljeverksemda, veit eg også at fylket si oljesoge består av ei rekkje forsøk på deltaking eller saker der mange aktørar har vore involverte. Eg kjenner også til at det har vore ei utvikling i fylket sitt oljeengasjement. Føremålet mitt er slik sett ei dynamisk analyse. Eg er interessert i å avdekka utvikling over tid. Desse forholda tilseier også at problemstillingane ikkje bør lukkast for mykje.

Samstundes er det altså tale om ei intensiv analyse. Analysa er klart avgrensa i tid og rom. Eg er interessert i mange opplysningar om få einingar. Målet er ei "heilskapsforståing" av møtet med oljeverksemda. Korleis kan det gjerast?

Det gir seg ingen eintydig metode for å gjennomføra ei slik analyse. I utgangspunktet er det ganske klart at tradisjonelle kvantitative metodar berre kan bidra med svært avgrensa data som er relevant for problemstillingane. Målbare storleikar på fylket si deltaking som tal sysselsette i oljeverksemda, bedriftene i fylket sine leveransar til verksemda på sokkelen m.m. skal sjølv sagt presenterast. Men slike storleikar gir på ingen måte svar på spørsmåla om til dømes lokale styresmakter og næringsliv sine handlingar eller handlingsvilkår i desse sakene eller lokalpolitiske verknader av oljeengasjementet. Det vil dermed vera naturleg å søka i andre datakjelder og å nytta teknikkar med meir kvalitativt preg for å få fram relevante data.

Oljeutviklinga i Sogn og Fjordane kan framstillast som ei rekkje saker. Saksstudiar som metode har ingen høg status innafor dei fleste samfunnsvitskapane, med unnatak for sosialantropologi. I dei fleste innføringsbøker i samfunnsvitskapleg metode er saksstudiar knapt omtala som formell metode. Vanlege oppfatningar om saksstudiar er lågt presisjonsnivå, manglande objektivitet, store problem med generalisering m.m.

Robert K. Yin (Yin, 1984) handsamar saksstudiar som formell metode. I følge Yin er ei saksstudie "an empirical inquiry that:

* investigate a contemporary phenomenon within its real-life context; when

* the boundaries between phenomenon and context are not clearly evident; and in which

* multiple sources of evidence are used" (Ibid. s. 23).

Yin meiner saks-studiar er særleg veileigna når korleis- og kvifor-spørsmål blir stilt om samtidige hendingar som forskaren ikkje kan påverka. Saksstudiar kan gjerne omfatta meir enn ei sak, dei kan vera journalistiske i forma og det er ingenting i vegen for å basera seg på kvantitative data. Eg skal gi ei kort framstilling av min framgangsmåte med utgangspunkt i nokre av Yin sine krav til ei saksstudie.

I ei saks-studie gjeld dei same krava til eit godt forskingsopplegg som elles. Dette omfattar krava til problemstillingar, teoriar som gir retning til analysa, ei klar avgrensing av einingar for analysa, geografisk område og tidsperiode. Eg meiner i hovudsak at mitt opplegg for analysa tilfredsstillar desse krava.

Det er ei vanleg oppfatning at det ikkje går an å generalisera resultata frå ei saksstudie. Denne innvendinga stiller saks-studiar implisitt opp mot surveys der eit utval i utgangspunktet reflekterer eit større univers. I følgje Yin treffer ikkje denne kritikken fordi spørjegranskingar baserer seg på statistisk generalisering, medan saksstudiar - til liks med eksperiment - kviler på analytisk generalisering (Ibid. s. 39). Feilen som ofte blir gjort er at ein leitar etter representative saker. Dei finst ikkje, same kor mange ein tek føre seg. I staden må ein prøva å generalisera til teorien, på same måte som ein generaliserer frå eksperimentelle resultat til teori. Men det er ingen automatikk i slik generalisering. Vanlegvis må teorien testast ved å gjenta funna i andre saksstudiar. Dette er sjølvsagt viktig for kva slag konklusjonar eg kan trekka av mi granskinga.

Yin meiner krava til forskaren sine ferdigheiter og røymsler er større i saksstudiar enn ved bruk av andre metodar. Dette kjem mellom anna av at datainnsamlinga ikkje kan rutiniseras og dermed overlatast til andre som t.d. i spørjegranskingar. Behovet for kontinuerleg interaksjon mellom teori og data føreset at forskaren er flink til å stilla spørsmål, lytta og tolka. Han må ha eit fast grep om emnet utan å vera for sterkt prega av eigne oppfatningar. Vidare må han vera tilpassingsdyktig og sikker nok på seg sjølv til å kunna gripa nye situasjonar og problemstillingar som dukkar opp. Eg skal nøya meg med å understreka at dette er problemstillingar og krav som eg sjølv har følt i arbeidet.

Når det gjeld datainnsamlinga framhevar Yin at dei beste saks-studia baserer seg på fleire data-kjelder. Her er det også eit poeng at saksstudiar gir betre vilkår for å nytta seg av ulike datakjelder. Samstundes stiller bruk av fleire datakjelder større krav til forskaren. Fleire datakjelder sikrar også validiteten i granskinga. Det gir fleire typar mål på same fenomen.

I vedlegg 1 er det eit oversyn over datakjeldene mine. Desse omfattar gjennomgang av møteprotokollar og sakspapir i fylkeskommune og kommunar. Det omfattar også gjennomgang av offentlege utgreiingsarbeid, stortingsmeldingar og anna materiale kring utviklinga av oljeverksemda i Norge. Vidare omfattar det gjennomgang av lokale og regionale aviser over eit lengre tidsrom og til sist intervju med nøkkelpersonar innan politikk, forvaltning og næringsliv i fylket. Intervjua har stort sett hatt ein open karakter der eg har stilt spørsmål

både om fakta og meiningar. Nøkkelintervju er elles ofte heilt avgjerande i saksstudiar, jamfør til dømes intervjuet med "Doc" i Street Corner Society (Whyte, 1955). Faren med dei er at ein kan bli for sterkt påverka. Her er behovet for kritisk innstilling og for bruk av andre kjelder som motvekt svært viktig.

På eit tidspunkt var det eit problem kva lokalpolitisk nivå eg skulle nytta som utgangspunkt for datainnsamlinga. Valet fall på fylkeskommunen. Det er fleire grunnar til det. Den første og viktigaste er at fylkeskommunen sitt oljeutval er det einaste organet i fylket som har synt tilnærma kontinuerleg merksemd mot oljeaktivitetane. Oljesakene i fylket går tilbake til 1972 og er kjenneteikna med at ei rekkje kommunar i periodar har vore engasjert i sakene. Med ambisjonar om å dekkja heile perioden fram til 1988, ville arbeidsmengda blitt kolossal om eg skulle gå systematisk gjennom alt relevant materiale på kommunenivå. Ei anna viktig grunngeving for å velja fylkesnivået som utgangspunkt var dei gode inntaka eg personleg hadde.

Valet av fylkeskommunen inneber ikkje at eg ikkje har ambisjonar om å seia noko om kommunane i oljesakene. Dette er forsøkt dekkja opp med intervju med nøkkelpersonar, med gjennomgang av lokalaviser og med meir avgrensa studiar av kommunalt materiale. Men desse avgrensingane i fokuseringa gjer sjølvstøtt at grunnlaget for å trekkja konklusjonar om det kommunale engasjementet er veikare.

Yin føreset at det blir etablert ein database for saksstudien der dokument og rapportar vert samla. Her må det skiljast mellom dei eigentlege data og forskaren sine rapportar. Vidare må sjølvstøttet for datainnsamlinga dokumenterast. Dette er viktig for spørsmålet om reliabilitet i granskinga; dvs. om granskinga kan repeterast med same resultat. Kravet gjeld vel og merka den same saka om igjen med bruk av same metodar, ikkje ei anna sak.

Når ein kjem til utforminga og presentasjon av rapporten har eg valt å presentera det empiriske stoffet kronologisk i tidsfasar. Innafor kvar fase presenterer eg rammeføresetnader for det som skjer i Sogn og Fjordane. Eg ser på utviklinga i sjølvstøtte verksemda på sokkelen, på relevant tilhøve i nasjonal og internasjonal økonomi og på statleg oljepolitikk. Deretter presenterer eg den lokale aktiviteten og hendingar i perioden. Her er utgangspunktet det fylkeskommunale oljeutvalet, men eg følgjer trådane derfrå til kommunar, bedrifter m.m. Til sist går eg nærare inn på det eg oppfattar som dei viktigaste sakene i perioden.

For å sikra validitet i granskinga tilrår Yin at nøkkelinformantar får høve til å lesa gjennom kritiske delar av rapporten. Denne teknikken har eg gjort meg nytte av (sjå vedlegg 1) og kan berre understreka at det var til god hjelp. Det inneber ikkje at informantane var einige i alt som var skriva, men etter gjennomgangen var det semje om fakta i sakene.

1.6 GANGEN I AVHANDLINGA

I kapittel 2 gir eg ei skisse av oljeverksemda. Dette inkluderer utviklinga på sokkelen og kjenneteikn ved dei sentrale aktørane i analysa, oljeselskapa, sentrale styresmakter og nasjonalt næringsliv sitt engasjement i verksemda.

I kapittel 3 gir eg ei kort skisse av det empiriske studieområdet Sogn og Fjordane. Her legg eg vekt på karakteristiske trekk ved fylket som kan ha betydning i samband med oljeutviklinga.

I kapittel 4, 5, og 6 blir den empiriske delen av arbeidet presentert. Kvart kapittel dekkjer det eg har kalla ein "fase" i oljeutviklinga.

I avslutningskapitlet (7) stiller eg dei empiriske funna opp mot problemstillingane som er reist i dette innleiingskapitlet.

2 OLJEVERKSEMMA.

For å forstå det som skjer lokalt, er det naudsynleg å ha eit oversyn over oljeutviklinga på nasjonalt nivå. I dette kapitlet skal eg i korte trekk sjå på nokre viktige sider ved utviklinga av oljeverksemda i Norge. Føremålet er å gje bakgrunnsstoff og karakteristika ved oljeverksemda som har betydning for Sogn og Fjordane sitt møte med oljeaktivitetane, spesielt for lokale interesser sine mulegheiter for å realisera sine interesser i oljesektoren.

Eg skal for det første gje eit kort oversyn over korleis oljeverksemda har utvikla seg og kvar dette har skjedd. Dette omfattar både utviklinga på sokkelen og dei viktigaste etableringane på land.

For det andre skal eg sjå på kjenneteikn ved oljeaktivitetane. Kva type aktivitetar er det tale om og kva særmerkjer dei sentrale aktørane i verksemda? Her vil eg særleg vera oppteken av trekk ved aktivitetar og aktørar som har betydning for lokaliseringsmønsteret.

Med bakgrunn i problemformuleringane innleiingsvis, skal eg også gi ei framstilling av korleis sentrale styresmakter og det nasjonale næringslivet møtte oljeutviklinga.

2.1 UTVIKLINGA PÅ SOKKELEN

Då det amerikanske oljeselskapet Phillips Petroleum i 1962 vende seg til norske styresmakter med føremål å undersøka mulegheitene for petroleumsførekomstar i Nordsjøen, markerte det ein slags start på oljeverksemda i Norge. Norge var det siste av landa kring Nordsjø-bassenget som vart oppsøkt av dei multinasjonale oljeselskapa etter at Esso og Shell hadde gjort store gassfunn utanfor Groningen i Nederland i 1959 og dermed leia selskapa til Nordsjøen (Hanisch og Nerheim, 1992).

Norske styresmakter reagerte med å proklamera statleg suverenitet over norsk del av kontinentalsokkelen og det vart innleia forhandlingar med Storbritannia og Danmark om deling av sokkelen etter midtlineprinsippet (Kgl. res. av 31.5.1963). I 1965 var partane einige og norsk sokkel sør for 62°N (ved Stadt) vart delt i 36 felt a 12 blokker. Dei første oljeselskapa fekk høve til å starta seismiske undersøkingar i 1963 og dei første blokkene vart utdelte i 1965. Sommaren 1966 vart det første holet bora på norsk sokkel og resultatet var ein turr brønn (Olje- og energidepartementet, 1988).

Dei store oljeselskapa, som følgjer kvarandre frå kontinent til kontinent i kampen om kontroll over petroleumsressursane, kom raskt til Norge etter det vesle selskapet Phillips og dei etablerte seg på kort tid i Oslo og Stavanger. På denne

tida var Stavanger-området i eit økonomisk daud-vatn og kommunen med ordførar Arne Rettedal i spissen såg mulegheiter for å få i gang ny aktivitet i samband med verksemda på sokkelen. Alt i 1965-66 etablerte Phillips og Esso kontor i Stavanger. I løpet av 1966 var dei to første norske forsyningsselskapa, NORSEA og NORSCO etablert i Stavanger-området for å yta service til leiteaktivitetane. I kjølvatnet følgde stadig nye oljerelaterte bedrifter (Egeland, 1984).

I 1968 vart det første petroleumsfeltet på norsk sokkel oppdaga (Cod), men det var Phillips sitt funn av Ekofisk-feltet i 1969 som endra situasjonen. Til då var det usikkert kor vidt det var petroleumsressursar av betydning på norsk sokkel og engasjementet og kunnskapen i det norske samfunnet kring verksemda var svært avgrensa. I løpet av 1970 var det klart at Ekofisk var eit område med svære olje- og gassressursar. Det var det første store oljefunnet i Nordsjøen. Årsproduksjonen av olje frå Ekofisk ville åleine bli dobbelt så stor som det norske forbruket. Norge ville bli oljeeksportør. Den nye kunnskapen og dei nye perspektiva var eit sjokk for store delar av det norske samfunnet. Verksemda på kontinentalsokkelen kom med eitt i fokus hjå politikarar, media m.m. (Hanisch og Nerheim, 1992).

Sjølve Ekofisk-feltet kom i produksjon i 1971 og i løpet av 3-4 år vart produksjonen frå tilsaman sju felt i dette området kopla til Ekofisk-senteret. Dermed var det etablert produksjon frå det første og sørlegaste området i Nordsjøen (Olje- og energidepartementet, 1988).

Ekofisk betydde oppbygginga av Stavanger til Norges oljehovudstad. Det vart klart at oljen kom til å prega byen i alle fall i fleire ti-år. Ei rekkje nye oljeselskap og relaterte bedrifter etablerte seg. I 1973 vann Stavanger, stadig med ordførar Rettedal i spissen, lokaliseringsstriden først og fremst med Bergen og Trondheim om etableringa av dei to statlege hovudinstitusjonane på petroleums-sektoren; Oljedirektoratet og Statoil (Egeland, 1984). I tillegg vart Stavanger sentrum for produksjon av det nye store produktet frå norske entreprenørar, betongkonstruksjonar til bruk i Nordsjøen. Etter at Ekofisk-tanken var ferdig i 1972, slo dei største norske entreprenørselskapa seg saman i Norwegian Contractors og starta produksjon av Condeep-tankar i Hinnavågen (Stangeland, 1977).

Ekofisk-feltet medførde starten på ein ny norsk oljepolitikk med større vekt på korleis det norske samfunnet kunne gjera seg nytte av verksemda utover det å henta inntekter i rolla som grunneigar (Hanisch og Nerheim, 1992). Ei sak som symboliserte dette var spørsmålet om ilandføring av olje eller gass til Norge. Med heimel i kontinentalsokkellova frå 1963 vart det 8.12.72 gitt ein kongeleg resolusjon der det mellom anna heitte: "Utvunnet petroleum skal ilandføres i Norge med mindre kongen samtykker i et annet ilandføringssted." Men konklusjonen på vurderinga av ilandføring av Ekofisk-gassen til Lista vart negativ. Årsakene til det var dels at det ikkje var utvikla tilfredsstillande teknologi for å kryssa norske-renna med ei røyrløydning, dels at ein ikkje kunne nytta ut dei store gassmengdene som ei full ilandføring ville innebera. (Leivestad 1986.)

Etter at oljen dei første åra vart bøyelasta til skip på feltet, var det i 1975 ferdig ei oljerørleidning i Norpipe-systemet frå Ekofisk til Teeside i England. Turrassleidninga i Norpipe-systemet frå Ekofisk til Emden i Vest-Tyskland vart teken i bruk i 1977 (Olje- og energidep., 1988).

Det neste utbyggingsområdet var Frigg, eit gassfelt på grensa mellom norsk og britisk del av sokkelen. Frigg vart oppdaga i 1971 og er i avstand nærare Bergen enn Stavanger. Men også Frigg vart operert frå Stavanger og bidrog til å styrka byen sin posisjon i oljeaktivitetane. Produksjonen frå Frigg kom i gang i 1977 og installasjonane der tok seg etter kvart også av gassen frå naboblokkene Nord-Øst Frigg og Odin som kom i produksjon på 80-talet (Ibid.).

Heller ikkje Frigg innebar ilandføring av petroleum til Norge. Mulegheitene for ilandføring til Nord-Rogaland vart inngåande drøfta, men konklusjonane vart mykje dei same som i spørsmålet om gassen frå Ekofisk. Frigg-gassen blei transportert i ei ny rørleidning til St. Fergus i Skottland (St.meld. nr. 77, 1973-74).

På vegen mot nord vart Statfjordfeltet, rett vest for Sognefjorden, det neste utbyggingsområdet. Sjølv Statfjord-feltet, også dette på delingslina mellom Norge og Storbritannia, vart påvist i 1974 og viste seg å vera det hittil største oljefeltet i Nordsjøen. Sjølv om Statfjord vart operert frå Stavanger, innebar det også Bergens-området sitt inntog i oljeverksemda. Coast Center Base (CCB) på Sotra vart etablert i 1973-74 og fekk forsyningsoppgåver til Statfjord og andre felt i leitefasen nær Bergen.

I løpet av første halvdel av 1970-talet var det klart at Nordsjøen var det desidert mest lovande petroleumsområdet i verda sidan dei første store funna i Midt-Austen. Trass i dei ekstreme fysiske forholda og tilsvarande teknologiske utfordringar og kostnadsnivå, stod dei store utanlandske oljeselskapa i kø for å delta i verksemda (Hanisch og Nerheim, 1992). Ein medverkande årsak til det var at OPEC i løpet av hausten 1973 sytte for at prisen på råolje vart fire-dobla.

Statfjord vart Norges største industriprosjekt til då (Ibid.). Oljeproduksjonen frå feltet kom i gang i 1979 og vart lasta til skip på feltet. Men Statfjord innebar også gjennombrøt i spørsmålet om ilandføring til Norge. Konklusjonen på utgreiingane om ilandføring av olje frå feltet var at det ville vera teknisk mogeleg å kryssa norskerenna med ei rørleidning frå Statfjord til Sotra utan at det vart realisert (St.meld. nr. 58, 1979-80). Seinare medførde Statfjordfeltet likevel den første ilandføringa av petroleum til Norge. Gassrørleidninga i Statpipe-systemet til Kårstø i Nord-Rogaland vart opna i 1985. For turrassen vart det også lagt ei rørleidning vidare frå Kårstø til Ekofisk og inn på Norpipe-systemet til Emden. På Kårstø vart det bygd anlegg for utskiljing av våtgassen og fraksjonering til ulike kommersielle produkt som blir frakta vidare med skip.

På 1980-talet vart leiteaktiviteten utvida og verksemda på norsk sokkel var på eit jamt høgare nivå enn ti-året før. Det vart oppdaga og sett i produksjon fleire felt. Sør på sokkelen galdt dette mellom andre Valhall, Ula og Heimdal som på ulike vis vart kopla til transportsystema til kontinentet og Storbritannia. Men dei største funna gjorde ein i den nordlege delen av Nordsjøen. Det viktigaste var det oljedominerte Gullfaks-feltet som kom i produksjon i 1986. Gullfaks var Statoil

sitt første sjølvstendige utbyggings- og driftsprosjekt og det innebar oppbygginga av Bergen til oljeby nummer to med etableringa av driftsorganisasjonen for Gullfaks. Gullfaks medførde også at Sogn og Fjordane kom med i oljeverksemda. Fjord Base i Flora vart opna i 1985 og fekk forsyningsoppgåver til dette feltet

På slutten av 1980-talet var fleire felt i den nordlege delen av Nordsjøen klare for utbygging og etter kvart produksjon. Det viktigaste i min samanheng er Snorre. I mai 1988 vedtok Stortinget utbygging av dette feltet, som ligg rett vest for Flora. Framstillinga av denne saka avsluttar også mi gransking av Sogn og Fjordane sitt møte med oljeverksemda.


Dei viktigaste felta som elles peika seg ut på det tidspunktet var Oseberg med Norsk Hydro som operatør, som kom i produksjon på slutten av 1988. Oljen frå dette feltet vert ilandført i ei ny rørleidning til Sture nord for Bergen. Oseberg har også medført ein ny forsyningsbase på Mongstad. Troll, som er det desidert største gassfeltet så langt, blir utbygd i fleire fasar og er venta i produksjon frå 1996. For transport av gassen frå dette feltet og Sleipner lenger sør på sokkelen, blir det bygd eit nytt system, Zeepipe. Dette inneber ei rørleidning frå Troll, like utanfor munninga av Sognefjorden, til Zeebrugge i Belgia. Troll inneber også eit nytt landbasert behandlingsanlegg for gass i Øygarden i Nordhordland (Olje- og energidep., 1992).

Ut over 1980-talet vart aktiviteten på sokkelen gradvis flytta nordover. For områda nord for 62°N vart Kristiansund og Harstad utpeika som hovudbasar for oljeverksemda på slutten av 1970-talet. (St.meld. nr. 46, 1979-80.) Det vart opna for leiteboring i desse områda i 1979. Dei første blokkene vart utdelte året etter og i 1981 vart det påvist petroleumsforekomstar. Aktiviteten har så langt vore konsentrert om eit område utanfor Midt-Norge, frå Haltenbanken i sør til Træna-banken i nord, og på Tromsø-flaket; dvs. sokkelen mellom Tromsø og Hammerfest. Leiteaktiviteten har ført med seg forsyningsbasar i Kristiansund, Sandnessjøen, Harstad og Hammerfest (Olje- og energidep., 1988).

Som det første nord for 62°N vart det sett i gang produksjon frå Draugen i 1993. Det medfører etablering av eit "oljemiljø" i Kristiansund med driftsorganisasjon og forsyningsbase. Nabofeltet Heidrun er venta i produksjon midt på 90-talet og Stortinget har vedteke ilandføring av gass frå feltet til Tjeldbergodden på Nordmøre. Sokkelen utanfor Nord-Norge vart opna for leiteboring i 1989 (Olje- og energidep., 1992).

Dette er i grove trekk utviklinga på norsk sokkel inkludert dei viktigaste landbaserte etableringane ved utgangen av 1980-talet. Verksemda har sjølvsagt ført med seg aktivitet på land langt fleire stader enn dei eg har nemnt her. Viktigast er kanskje verknadene i Oslo-regionen der det har vakse fram eit nasjonalt kompetansmiljø innan ingeniør- og konsulenttenester. Av store industrietableringar er det grunn til å trekka fram oppbygginga av raffineriet på Mongstad på 70-talet med utviding på slutten av 80-talet og utbygging av den petro-kjemiske industrien i Bamble. Andre stader som Verdalen, Åndalsnes og Stord har i periodar vore sterkt prega av intensive, anleggsprege byggeprosjekt for verksemda på sokkelen.

FIG. 2.1:
VIKTIGE PETROLEUMSFELT, TRANSPORTSYSTEM OG
FORSYNINGSBASAR SØR FOR 62°N.



Kilde: Olje- og energidepartementet, 1992.


I 1988 var 17 felt i produksjon på norsk sokkel. Total petroleumsproduksjon dette året var vel 80 millionar tonn oljeekvivalentar (mtoe), fordelt med ca. 50 mtoe olje og 30 mtoe gass. (Olje- og energidepartementet 1989). Det vil seia at Norge stod for ca 2% av oljeproduksjonen i verda og var nummer 12 av dei største oljeproduiserande landa. Norge leverte ca. 15% av gassforbruket i Europa. (St.meld. nr. 46, 1986-87.) Ca 90% av oljen og all gass vart eksportert, hovudsakleg til Vest-Europa og Nord-Amerika.

På byrjinga av 90-talet gjekk det mot produksjonsslutt for nokre av dei første felta i Ekofisk- og Friggområdet. Ei aktuell problemstilling var då at gassreservane er mykje større enn oljereservane. Norske gassreservar er store nok for produksjon på dagens nivå i minst 100 år framover, medan oljeproduksjonen vil avta alt før år 2000 med dei felta ein hadde oversikt over.

2.2 OLJEAKTIVITETANE

Syssettinga i oljeaktivitetane auka til over 60.000 på andre halvdel av 1980-talet. Det utgjorde ca. 3% av den samla arbeidsstyrken i landet. Rogaland (ca 30.000), Hordaland (12-14.000) og Oslo/Akershus (7-9.000) hadde flest registrert i verksemda.

FIG. 2.2 SYSSELSETJING I OLJEAKTIVITETANE



Kjelde: Arbeidsdirektoratet, 1988.

Det er vanleg å dela oljeaktivitetane i "primæraktivitetar"; dvs. sjølve verksemda på sokkelen med tenesteytande funksjonar på land og "sekundæraktivitetar" som omfattar bygging, drift og vedlikehald av forsyningsskip, sokkelinstallasjonar, ilandførings- og foredlingsanlegg (Olje- og energidep., 1988).

I oljeverksemda er det vidare tale om ulike typar aktivitetar knytta til ulike fasar. Fasane kan delast i fire; ein leitefase, ein utbyggingsfase, ein produksjonsfase og, fordi petroleum er ein lagerressurs, heilt sikkert også ein nedbyggingsfase. Eg skal sjå litt nærare på oljeaktivitetane ut frå den nemnde delinga i primære og sekundære aktivitetar. Føremålet er å finna fram til kjenneteikn som har betydning for det landbaserte lokaliseringsmønsteret deira.

Primæraktivitetar

Dei primære oljeaktivitetane omfattar undersøking, boring, produksjon, basetenester, transport, catering og administrasjon. (Ibid.) Sidan 1980 har nær halvdel av sysselsettinga i oljeverksemda vore knytt til desse aktivitetane, dels på sokkelinstallasjonane og dels på land. Bedriftene som er involverte er, ved sida av det statlege Oljedirektoratet, oljeselskap, baseselskap, oljeservicebedrifter og ingeniør- og konsulentbedrifter. (Arbeidsdirektoratet 1988.)

Den klart viktigaste gruppa ved sida av Oljedirektoratet er oljeselskap med operatøransvar³. Det er desse selskapa som er oppdragsgivar for andre selskap som er involverte i primæraktivitetane.

Eit oljeselskap med operatøransvar på norsk sokkel har først og fremst behov for ein basisorganisasjon i Norge. Det viktigaste lokaliseringskriteriet er å vera i "oljemiljøet"; dvs. der dei andre oljeselskapa og dei offentlege institusjonane på området er, særleg Oljedirektoratet. I dette miljøet vil også dei tilknytt servicebedriftene etablere seg fordi dei har behov for å vera i nærleiken av oppdragsgivaren. Oljeselskapa sine basisorganisasjonar er strategisk viktige og kompetansetunge delar av oljeverksemda. For meir enn halvparten av dei tilsette krevst det høgre utdanning. Dermed er det også eit kriterium ved lokalisering at det er tilstrekkeleg arbeidskraft i området med slike kvalifikasjonar. Andre kriterium det blir lagt vekt på er gode kommunikasjonar og breitt tilbod av vare- og tenesteproduksjon. (Ibid.)

I leitefasen vil operatørselskapet normalt ha ein stab på mindre enn 100 tilsette. I utbyggings- og driftsfasen aukar dette vesentleg. Særleg i utbyggingsfasen vil den samla sysselsettinga vera høg, men for oljeselskapet sin del kan det variera sterkt avhengig av kva slags organisasjonsmodell som blir valt. Her er det ofte vanleg å setja bort store oppdrag til ingeniør- og konsulentbedrifter, spesielt i samband med konstruksjon av installasjonane som skal plasserast på sokkelen. I driftsfasen vil oljeselskapet sjølv byggja opp ein driftsorganisasjon. For eit middels stort felt vil det dreia seg om 300-500 tilsette på land og noko fleire på sokkelinstallasjonane. Tendensen utover 1980-talet gjekk i retning av "slankare" driftsorganisasjonar spesielt etter oljeprisfallet i 1986. Nærleik til forsyningsbase og det aktuelle feltet betyr noko meir i driftsfasen enn i utbyggingsfasen, men er ikkje avgjerande. (St.meld. nr. 79, 1984-85.)

I tillegg til desse tunge, sentrale organisasjonane er det behov for basar som kan forsyna og yta service til verksemda på sokkelen. Innafor baseomgrepet kjem i tillegg til dei tradisjonelle forsyningsbasane også helikopterbasar (ofte lokalisert på same stad) og oljevernbasar. (Ibid.) Også for ein forsyningsbase er oljeselskap med operatøransvar den viktigaste gruppa. Når dei har bestemt seg for å nytta ein bestemt base for forsyning av eit felt, vil oljeserviceselskapa koma etter og det vil vera mogleg for lokalt næringsliv å oppnå leveransar til aktivitetane.

Ved lokalisering av baseverksemd betyr nærleik til det aktuelle feltet mykje, særleg i driftsfasen. Elles vert det lagt vekt på gode hamnetilhøve, mulegheiter for å leiga kontor, lager og uteområde og at det er verkstadbedrifter i nærleiken som kan ta på seg enklare service- og vedlikehaldsoppdrag. Flyplass med helikopterterminal er også viktig. (NOU 1980:39.) Ein forsyningsbase som berre er tilknytta felt i leitefasen vil ha varierende og beskjeden sysselsetting. Særleg i driftsfasen vil verknadene vera større og meir langsiktige.

Generelt kan ein dermed seia at i dei primære oljeaktivitetane er det vesentleg tale om relativt tung lokalisering til få stader.

Sekundære aktivitetar

Dei sekundære oljeaktivitetane omfattar bygging og vedlikehald av plattformer og forsyningsskip og bygging og drift av foredlings- og ilandføringsanlegg (Olje- og energidep., 1988). I utbyggingsfasen er det desse aktivitetane som står for størstedelen av sysselsettinga.

Medan dei primære aktivitetane for ein stor del har medført etablering av nye typar bedrifter i Norge, har sekundæraktivitetane i stor grad vore ein betydeleg ny marknad for det etablerte næringslivet, særleg industri og anlegg. For verkstadindustri og entreprenørgrupper som har makta omstilling og tilpassing til den nye verksemda sine krav, har leveransar til oljeaktivitetane bydd på nye store oppdrag. I tillegg har dei store byggeoppgåvene medført etablering av eit nytt nasjonalt kompetansemiljø innan ingeniør- og konsulenttenester.

Investeringane i verksemda på sokkelen indikerer betydninga for norsk næringsliv. Frå 1977 til 1982 var investeringane i faste installasjonar i felt og røyrsystem 15 mrd. 1987-kroner årleg. Utover på 1980-talet var investeringane kring 25 mrd. pr. år. I tillegg kjem kostnadene med leiteverksemd, drift og vedlikehald. Dei totale kostnadene og investeringane i oljeverksemda var såleis ca. 40 mrd. kr. i 1986. (St.meld. nr. 46, 1986-87.) Den norske nettodelen⁴ av leveransane auka i løpet av 1970-åra til over 50%. Sidan 1983 har andelen vore ca. 60%. Det vil seia at norsk næringsliv leverte varer og tenester til verksemda på sokkelen for nærare 25 mrd. kr. i 1986.

Også for bedrifter som vil levera varer og tenester til dei sekundære aktivitetane er det operatørselskapa som er oppdragsgivar. Men for desse leverandørane er ikkje fysisk nærleik til oppdragsgivar like avgjerande. Derimot blir leverandørbedriftene stilte framfor andre krav og utfordringar.

For det første er dei fleste utbyggingsoppgåvene på norsk sokkel kompliserte oppdrag med svært store dimensjonar som skal utførast i høgt tempo. For det andre er det tale om ein internasjonal marknad; dvs. at norske bedrifter tevlar med eit stort utval av utanlandske leverandørar. Nokre av desse følgjer dei internasjonale selskapa i jakte på petroleumsressursane og kjenner krav og miljø.

Det forholdet at oppdraga er prega av dei internasjonale selskapa sin måte å driva handel på, vil for dei fleste norske bedrifter innebera nye og uvande krav berre for å koma i tilbudsposisjon. Omfattande salsinnsats og tilpassing til "oljemiljøet" på ei rekkje område vil høyra med. Ei side ved dette vil vera kravet om å dokumentera kompetanse. Leveransar til sokkelen stiller mellom anna svært strenge krav til kvalitetskontroll.

Mange fleire moment kunne nemnast. Poenget er at leveransar til oljeverksemda krev omstilling, tilpassing og ikkje minst full innsats og konsentrasjon om leveransane. For dei fleste bedrifter må ein tru at det vil dukka opp motforestillingar mot å satsa fullt og heilt på ein marknad som er kjenneteikna med så mange usikre moment. Særleg dei første åra var det knytt stor uvissle til omfanget av ressursane på norsk sokkel. Uansett fase er verksemda alltid prega av ei rekkje eksterne og ukontrollerbare forhold, som oljeprisar, internasjonale tilhøve, nasjonal oljepolitikk m.m.

Etter kvart som fleire felt på norsk sokkel kom i drift, vart problemstillingane noko annaleis. På andre halvdel av 1980-talet var drifts- og vedlikehalds-marknaden blitt betydeleg. Oppdrag i slik verksemd er meir samanliknbar med det som går føre seg i samfunnet elles. Med det vart offshore-marknaden lettare tilgjengeleg for større delar av næringslivet.

Dei problemstillingane eg har vore inne på gjeld både for entreprenørbedrifter, verkstadindustri og ingeniør- og konsulentbedrifter som er dei viktigaste gruppene innan dei sekundære oljeaktivitetane. Dei første åra av verksemda på sokkelen vart store delar av oppdraga utført i utlandet. Etter kvart vart det bygd opp norske bedrifter som kunne tevla om oppdraga, også i samband med utbyggingsfasen. Den store auken i norsk andel av leveransane vitnar om det.

2.3 OLJEVERKSEMDA OG SENTRALE STYRESMAKTER

Med verksemda på sokkelen og dei multinasjonale oljeselskapa sitt inntog, vart det norske samfunnet direkte konfrontert med ein av dei høgst utvikla og mest monopoliserte delane av internasjonal økonomi. Oljeutviklinga måtte medføra endringar og behov for tilpassing på ei rekkje område i samfunnet. I eit samfunn der det offentlege spelar ei aktiv, regulerande rolle, måtte oljeutviklinga også medføra nye oppgåver for statsmakta.

Som eg viste framafor, var den norske staten raskt ute med å sikra nasjonal råderett over norsk del av kontinentalsokkelen. Då oljeselskapet Phillips vende seg til norske styresmakter i 1962, søkte dei om einerett til leiting og eventuell utvinning av petroleumsressursar på norsk sokkel. Selskapet kunne visa til at

den danske staten alt hadde gitt skipsreiar A.P. Møller ein liknande einerett for dansk sokkel. På det tidspunktet var det få som trudde det kunne finnast petroleumskjelder på norsk område i Nordsjøen og det var ikkje sjølvstøtt å avslå søknaden frå Phillips. I ettertid framstår avslaget som kanskje ei av dei viktigaste oljepolitiske avgjøerdene norske styresmakter har teke. (Naustdalslid, 1975.)

I staden for å overlata rettane til Phillips, etablerte staten seg raskt som "eigar" eller forvaltar av eventuelle petroleumsforekomstar på norsk sokkel. Med utgangspunkt i kontinentalsokkelova (Lov av 21. juni 1963 "Om utforskning etter og utnytteles av underjordiske naturforekomster") vart det utforma kongelege resolusjonar som regulerte verksemda på sokkelen. Den viktigaste var i første omgang resolusjonen 8.12.1965. Det vart etablert eit system for tildeling av blokker som m.a. fastsette konsesjonshavarane sine rettar og plikter i forhold til staten. Det vart også slått fast at leiteboring på norsk sokkel skulle føregå frå forsyningsbasar i Norge (Hanisch og Nerheim, 1992). På få år vart det såleis etablert nasjonal råderett og eit system som regulerte verksemda på sokkelen.

Oljespørsmåla blei frå starten tekne hand om av ei gruppe embetsmenn i Utanriksdepartementet leia av Jens Evensen.⁵ "Kontinentalsokkelutvalget" vart skipa i 1963 og "Oljerådet" i 1965. Så langt det gjeld utforminga av eit juridisk og økonomisk regelverk for den nye verksemda, synest dei aller fleste å meina at det norske embetsverket gjorde ein god jobb på Norges vegne desse første åra (Ibid).

Men det var utelukkande dei juridiske, tekniske og økonomiske sidene ved verksemda på sokkelen som engasjerte styresmaktene desse åra. Etter at det sentrale regelverket var utforma i 1965 og det var oppnådd semje med nabostatane om deling av sokkelen, vart det ikkje lagt opp til nokon debatt om korleis ein skulle forholde seg dersom det vart funne petroleum på sokkelen. Naustdalslid (1975) meiner oljesakene aldri vart gjort til gjenstand for eigentleg politisk debatt. Såleis vart spørsmålet om ressursane under sokkelen skulle utvinnast aldri eit politisk spørsmål. Det var berre tale om korleis dette skulle gjerast. Egeland (1984) meiner at styresmaktene ikkje såg grunn til å forhasta seg i oljespørsmåla. Norsk økonomi var god og eventuelle ressursar under sokkelen ville ikkje reisa sin veg.

Hanisch og Nerheim (1992) legg vekt på at norske styresmakter i påfallande stor grad overlet initiativet til dei utanlandske oljeselskapa. I rolla som rådgjevarar for det norske embetsverket, var det langt på veg dei utanlandske oljeselskapa som stod for utforminga av norsk oljepolitikk desse åra. Embetsverket si haldning syntest å vera at oljeleiting først og fremst var kostbar gambling. Det var viktig å leggja til rette for at dei internasjonale oljeselskapa sytte for utforskning av norsk sokkel før dei eventuelt mista interessa. Finansdepartementet meinte så seint som i 1969 at oljeverksemda neppe ville få eit omfang som gjorde at ho burde tilleggjast særleg økonomisk betydning (Olsen, 1989). Av same årsaker vart norsk næringsliv rådd til å visa varsemd med å satsa dei første åra. For dei utanlandske oljeselskapa var det overraskande. Dei rekna med at det ville vera ein fordel å finna norske samarbeidspartnarar, slik dei var vand med frå britisk side.

Det tok tid før tanken om at det kunne finnast store rikdomar under havbotnen i Nordsjøen modnast i det norske samfunnet. På 1960-talet var informasjonsnivået og interessa for oljesakene låg. Det var relativt få interesser og deltakarar som var involvert. Dei som stelte med oljesakene måtte kjempa for å vekka interesse både i Storting og Regjering (Olsen, 1989. Hanisch og Nerheim, 1992).

Situasjonen endra seg med funnet av Ekofisk-feltet i 1969-70. Då det var klart at Norge ville bli oljenasjon, auka interessa og talet på deltakarar sterkt og styresmaktene engasjerte seg på ei rekkje område. Ekofisk-funnet innebar at norske styresmakter kom i ein vesentleg betre forhandlingsposisjon til dei utanlandske oljeselskapa. Kravet om ein norsk oljepolitikk uavhengig av dei utanlandske oljeselskapa kom i fokus.

Stortinget formulerte sine "10 bod" som signaliserte sterke krav om nasjonal styring og kontroll med verksemda på sokkelen (Innstilling S. nr. 294, 1970-71). Hovudmålsetjinga vart etter kvart "fornorsking" av verksemda og generelt å tilføra arbeidsplassar, kompetanse og ny næringsaktivitet til landet. Som oljepolitisk talsmann for Arbeidarpartiet fremja Ingvald Ulveseth krav om ilandføring av olje og gass til Norge og skiping av eit norsk oljeselskap med statleg aksjemajoritet i trontaledebatten hausten 1970 (Hanisch og Nerheim, 1992).

Talet på nye statlege petroleumsrelaterte utval auka sterkt. Dei fleste konsentrerte seg om behovet for eit styring- og forvaltningsapparat i oljesakene og om å sikra staten sine økonomiske interesser i verksemda. (Leivestad, 1986.) Eit såkalla "organisasjonsutval" la fram si innstilling i 1971 og foreslo ei tredeling av den statlege organisasjonen i oljesektoren; ein sentralstyringsfunksjon, ein forvaltningsfunksjon og ein forretningsfunksjon (St.meld. nr. 73, 1983-84). Formålet var eit så klart skilje som mogeleg mellom politikk, forvaltning og forretning i oljesektoren.⁶

Forvaltningsfunksjonen vart ivareteken med skipinga av Oljedirektoratet i 1972, noko som representerte overgangen frå ein mellombels til ein permanent oljeadministrasjon. Direktoratet fekk hovudsakleg kontrolloppgåver med verksemda på sokkelen, men skulle også fungera som rådgjevar i forhold til departementet.

Skipinga av Statoil, også i 1972, skulle ivareta dei forretningsmessige funksjonane. Samstundes skulle selskapet vera eit statleg styringsinstrument innafrå verksemda. Fleirtalet i Stortinget ville at Statoil skulle vera det viktigaste instrumentet for nasjonal styring og kontroll med ressursane på sokkelen. I tillegg skulle selskapet vera ein slags koordinator for statens og næringslivet sine interesser og ein motor i etableringa av eit integrert norsk oljemiljø (Hanisch og Nerheim, 1992).

Statoil har vore eit heitt politisk tema og reist ei rekkje styringsspørsmål. Mellom anna har Stortinget sin kontroll med Statoil og forholdet til Oljedirektoratet vore politisk konfliktfylte tema mange gonger. Her er det ikkje høve til å gå inn på alle styringsspørsmåla vedrørende Statoil, men eg skal trekka fram nokre sider ved selskapet som eg oppfattar som viktige i min samanheng.

Skipinga av Statoil var eit direkte og sterkt uttrykk for den aktive staten i oljesektoren. Selskapet vart skipa ut frå dei same politiske synspunkta som låg i botnen for "Oljemeldinga", som eg kjem attende til nedanfor. Statoil symboliserte særleg Arbeidarpartiet sine målsetjingar om nasjonal styring og kontroll og fornersking av verksemda i kontrast til dei internasjonale oljeselskapa sin dominans.

Her må ein ta med at Statoil vart til i eit internasjonalt klima der nasjonalstatane, med OPEC i spissen, spela ei meir sjølvstendig rolle og forlanga større del av utbyttet frå oljeutvinninga enn tidlegare. Både i Libya, Iran og andre stader representerte byrjinga av 1970-talet eit skilje i forholdet mellom produsentlanda og dei internasjonale oljeselskapa (Yergin, 1991). Statoil gjorde eit stykke på veg denne nasjonale sjølvhevinga til ein del av sin eigen identitet (Statoil, 1974) og vaks, trass i politisk usemje, fram som eit symbol på ei sterkare markering av dei nasjonale interessene i oljesektoren. Selskapet rekrutterte flinke norske fagfolk på dei fleste område og dokumenterte i løpet av få år at det var mogeleg å bli nasjonalt sjølvhjelpen på oljesektoren. I dette perspektivet er Statoil eit klart symbol på den aktive staten i oljesektoren. Konfrontasjonen med dei internasjonale oljeselskapa medførde såleis ei aktivering av den nasjonale statsmakta.

Ei anna side ved Statoil er at staten med dette etablerte seg som aktiv deltakar i den operative delen av oljeverksemda, som økonomisk entreprenør innafor ein sektor som var prega av dei multinasjonale oljeselskapa. Statoil er ikkje noko stort oljeselskap i global målestokk, men etter norske forhold vart selskapet i løpet av få år ein koloss. Særleg Gullfaks-funnet bidrog til sterk vekst for selskapet og på 1980-talet vart Statoil dominerande på norsk sokkel. Frå 1985 vart selskapet tildelt minst 50% i alle utvinningsløyve.⁷ Mange har stilt spørsmål ved om staten med Statoil har vorte fanga i ein kapitalistisk logikk og fått samanfallande interesser med dei store oljeselskapa (Olsen, 1989).

Eit tredje moment eg skal trekka fram er Statoil sine oppgåver med å trekka norsk næringsliv sterkare inn i oljeverksemda. Dette er ikkje formulert i Statoil sine vedtekter, men det har aldri vore tvil om at det er eit viktig arbeidsområde for selskapet. (St.meld nr. 30, 1973-74 og St.meld. nr. 53, 1979-80.)

Det siste leddet i den statlege organisasjonen galdt dei sentrale styringsfunksjonane. Eit oljekontor i Industridepartementet hadde hatt oppgåvene sidan midt på 60-talet og ekspanderte sterkt kring 1970. Det vart etablert ei eiga olje- og bergverksavdeling i departementet og denne danna grunnlaget då det nye Olje- og energidepartementet vart skipa i 1978.⁸ Dermed var den statlege organisasjonen for styring og engasjement i oljesektoren etablert.

Etter kvart som verksemda på sokkelen utvikla seg, reagerte sentrale styresmakter med eit breiare engasjement i oljesakene. Den nye regjeringa i 1973 utgått av Arbeidarpartiet markerte ei ny og meir aktiv haldning frå den politiske leiinga. "Oljemeldinga" frå 1973 (St.meld. nr. 25, 1973-74) drøfta ei rekkje samfunnsmessige verknader av oljeutviklinga. Meldinga vart utforma med utgangspunkt i at Norge ville bli ein oljeekporterande nasjon av betydeleg omfang. Oljelanda sin historie hadde vist at store petroleumsinntekter ikkje utan vidare medfører velstand og fordelar for det store fleirtalet. Oljen hadde i mange

tilfelle medført nye makt- og avhengighetsforhold, sosial ulikskap, kostnadspress og inflasjon og store endringer i tradisjonell næringsverksemd og busetjingsmønster.

"Oljemeldinga" må også forståast på bakgrunn av den nyss avslutta EF-striden. Meldinga bringa andre sider og verdiar inn i debatten om kva omforminga av Norge til oljenasjon ville innebera. Mellom anna galdt det spørsmål som verknadene av oljeinntektene for eksisterande næringsliv og busetjingsmønster, miljø og sikkerheit og oljeutviklinga sine følgjer for utkantane, særleg Nord-Norge.

I debatten åtvare særleg den politiske venstresida, inkludert Arbeidarpartiet, mot økonomisk konsentrasjon som følgje av oljeutviklinga og at einskildmenneske og lokalsamfunn skulle bli underlagt marknadsmekanismer og sterke private interesser. Svaret på utfordringane var først og fremst nasjonal styring og kontroll og fornsking av aktivitetane. For at ressursane skulle koma heile samfunnet til gode, kravdest det ei aktiv statsmakt. Sjølv om det ikkje var politisk semje om alle sider av desse synspunkta, markerer oljemeldinga starten på eit breiare engasjement i oljesakene som også omfatta følgjene for utkantane i det norske samfunnet.

Problemstillingane og den breie, til dels ideologiske debatten som vart reist i "Oljemeldinga" i 1973 endra seg frå slutten av 1970-talet. Ut over 1980-talet vart oljesektoren i større grad ein del av det norske samfunnet. Oljen vart mindre eventyrleg og meir kvardagsleg (Olsen, 1989). Den spesielle interessa for oljesakene vart mindre. Oljesakene vart integrerte i det politisk-administrative systemet. Norsk økonomi var blitt avhengig av oljesektoren og det vart meir akseptert at verksemda måtte handsamast på forretningsmessige premisser for å oppnå jamn aktivitet. Avhengigheita vart klart demonstrert med oljeprisfallet i 1986. Frå 1985 til 1986 vart petroleumssektoren sin andel av dei samla offentlege inntektene redusert frå 19% til 7%. Eksportinntektene gjekk ned med 30 milliardar kroner (St. meld. nr. 46, 1986-87).

Etter kvart fekk også den regionale fordelinga av den landbaserte oljeutbygginga eksplisitt merksemd. Innføringa av etableringslova, først ei mellombels i 1973 og sidan den permanente (Lov nr 5 av 20. feb. 1976) var eit uttrykk for at oljeverksemda sitt lokaliseringmønster på landjorda også kom på dagsorden hjå sentrale styresmakter.

Kommunal- og arbeidsdepartementet kom inn i oljesakene i samband med lovverket omkring arbeidsmiljø, sikkerheit og beredskap som vart utforma midt på 70-talet og fekk auka merksemd etter Bravo-ulukka i 1977. Etableringslova gav departementet ei rolle i den landbaserte oljeutbygginga. Lova bringa Distriktenes Utbyggingsfond inn i sakshandsaminga og fylkeskommunane fekk også status som sakshandsamingsorgan etter lova. I tillegg fekk berørte kommunar og andre lokale interesser rett til å uttala seg i etableringssakene. Etableringslova gav lokale interesser aksess til sentrale styresmakter i oljesakene og vart eit inntak til å påverka den landbaserte oljeutbygginga.

Sidan slutten av 70-talet har det vore ei aukande merksemd om den regionale fordelinga av oljeaktivitetane, både dei primære og sekundære. Frå sentralt hald

er det gjennomført utgreiingsarbeid og tiltak for å gi mindre verksemdar vilkår for å koma med i leveransane. Dette må vurderast i samanheng med ekspansjonen i den landbaserte oljeutbygginga og oljesektoren sin generelt større betydning i det norske samfunnet. På den eine sida auka krava frå styremakter og næringsliv i nye område om å delta i aktivitetane. På den andre sida gjorde oljesektoren sin dominerande posisjon i norsk økonomi at større delar av det norske samfunnet, også næringslivet i distrikta, måtte tilpassa seg dei problemstillingane oljeverksemda representerte. I 1980-åra måtte større delar av norsk næringsliv læra seg å leva med ein dominerande oljesektor og å vera meir direkte konfrontert med internasjonale marknader sine krav. Det var omstilling, konsentrasjon og internasjonalisering som var stikkorda for norsk næringsliv på 80-talet. I denne utviklinga har oljeverksemda vore ei drivkraft og sentrale styresmakter var opptekne av at større delar av det norske samfunnet kunne tilpassa seg krava.

Det er andre tilhøve enn dei eg har nemnt som har vore viktige i sentrale styresmakter sitt oljeengasjement. Men med føremålet avgrensa til å danna bakgrunn for Sogn og Fjordane sitt møte med oljeverksemda, skulle framstillinga dekkja dei vesentlegaste utviklingstrekk.

2.4 NORSK NÆRINGS LIV OG OLJEVERKSEMDA

Sidan 1960-talet har oljeaktivitetane gradvis vorte "fornorska". Det er eit gjennomgåande trekk at norsk næringsliv si deltaking i verksemda har hatt som føresetnad ei aktiv statsmakt for å koma inn i aktivitetane.

På 1960-talet var verksemda på norsk sokkel fullstendig dominert av dei store utanlandske oljeselskapa. Desse selskapa vart dei viktigaste premissleverandørane for korleis aktivitetane skulle drivast både med omsyn til teknologi og organisasjon. Dei kom også i ein heilt sentral posisjon i forhold til norske styresmakter i utforming av regelverk og utgreiing av oljespørsmål generelt dei første åra.

Det er her tale om store, integrerte selskap som driv verksemda si i mange land og selskapa er engasjert i alle delar av petroleumsverksemda. Selskapa er langt på veg sjølvforsynte når dei etablerer seg i eit nytt område, vand som dei er med å dra verda rundt i jakta på petroleumsressursar. Ved sida av at dei sjølve har kontroll med teknologi og kapital, følgjer det etter dei ei rekkje spesialfirma og serviceselskap. Når selskapa etablerer seg i eit nytt område, er det heile "pakkøløysingar" som følgjer med der også underkontraktørane er inkludert. Selskapa innbyr i utgangspunktet ikkje til omfattande lokal deltaking, heller ikkje på nasjonalt nivå.

Då selskapa i tur og orden kom til Nordsjøen tidleg på 1960-talet etter det store gassfunnet utanfor Nederland, vona dei på å oppdaga ein ny persisk golf i eit politisk stabilt område nær store og raskt veksande energimarknader. Ut over 1960-talet inntok desse selskapa Norge og vart møtt med få krav frå styresmaktene om å involvera norsk næringsliv i verksemda. Styresmaktene var

opptekne av å sikra nasjonale eigarinteresser på sokkelen og å syta for at dei utanlandske selskapa gjennomførde ei utforsking av norsk sokkel. Selskapa bidrog truleg til denne haldninga med å understreka kor kostbart og usikkert engasjement i leitinga i Nordsjøen ville vera for norske verksemdar. I tillegg fekk norske styresmakter til tider inntrykk av at selskapa kunne koma til å trekka seg (Hanisch og Nerheim, 1992).

Det medførde at verksemda på norsk sokkel heilt fram til omfanget av Ekofisk-funnet vart kjent i 1970 var fullstendig dominert av dei utanlandske selskapa. Med få unnatak, som bygging av borefartøy, var norsk næringsliv sine leveransar av varer og tenester svært avgrensa og dei fekk heller ikkje hjelp og stimulans til å inngå samarbeid med dei utanlandske selskapa med sikte på kunnskapsoverføring. Norske arbeidstakarar vart i eit visst omfang rekrutterte i verksemda, men for det meste til dei tyngste og dårlegast betalte jobbane. All spesiell kompetanse og det alle meste av leveransane kom frå utanlandske firma.

Norsk Hydro var misnøgd med situasjonen på 1960-talet og tok fleire initiativ i forhold til styresmaktene med sikte på å skipa eit eige norsk oljeselskap med statleg deltaking. Deira vurdering var at eit statleg engasjement ville vera avgjerande i forhandlingane med dei utanlandske oljeselskapa. Hanisch og Nerheim (1992) meiner at både Norsk Hydro og andre delar av norsk næringsliv som var interessert i å etablere eit norsk oljemiljø kom skeivt ut grunna styresmaktene si passive haldning på 1960-talet. Både Norsk Hydro sin avtale med franske selskap (Petronord-avtalen) og Noco sin avtale med amerikanske interesser (Amoco-gruppen) vart dårlegare enn dei burde ha vore og stilte dei norske interessene i ein avhengig og hemma posisjon då verksemda skaut fart på 1970-talet.

Ekofisk-funnet i 1970 endra situasjonen. Det var ikkje lenger argument for å vera varsam med å engasjera seg i oljeverksemda korkje for styresmakter eller næringsliv. Ekofisk innleia opptakten til ein kraftig og rask fornorsking av verksemda på norsk sokkel, både i form av etablering av heilnorske selskap, ved fornorsking av dei utanlandske oljeselskapa med tilsetjing av norsk personell og ikkje minst i form av vesentleg større leveransar frå norsk næringsliv.

I etableringa og posisjoneringa av dei norske oljeselskapa spela styresmaktene ei sentral rolle. Det var politisk strid om korleis det skulle føregå, spesielt i kva grad det skulle skje i form av statseigde selskap, men det var semje om å byggja opp egne norske oljeselskap med støtte frå staten. I Borten-regjeringa sitt aksjeoppkjøp med sikte på nasjonalisering av Norsk Hydro i 1970, låg det planar om at dette selskapet skulle spela ei sentral rolle i det nasjonale engasjementet i verksemda på sokkelen (Ibid.). Etableringa av Saga Petroleum i 1972, som var det største samarbeidstiltaket i norsk industri til då (Olsen, 1989), blei til etter at norske styresmakter hadde pressa norsk næringsliv til å samla seg i ei gruppe. Etableringa av Statoil var eit reint politisk foretak som eg har vore inne på framafor.

Også dei internasjonale oljeselskapa gjennomgjekk ei "fornorsking" ut over 1970-talet. Dei tilpassa seg langt på veg politikken med sterkare vekt på nasjonal deltakinga i aktivitetane. Det gav utslag mellom anna i at dei deltok i utdanning

av norske fagfolk og med bevisst overføring av teknologi og kunnskap til norske bedrifter, spesielt Statoil.

Ut over 1970-talet vart norsk næringsliv i stadig aukande grad trekt med i leveransane til verksemda og det skjedd kompetanseoppbygging i brei skala. Utdannings- og forskingsinstitusjonar vart orienterte mot oljesektoren. Norsk andel av leveransane til verksemda auka radikalt. I første omgang var leveransane avgrensa til ein relativt smal del av næringslivet med vekt på bygging av forsyningskip, borefartøy og plattformer i betong. Med lågkonjunkturen siste halvdel av ti-året auka interessa, spesielt innan verkstadindustrien som mista mykje av dei tradisjonelle marknadene sine (NOU 1980:1). Alt i 1975 var norsk nettodel av leveransane 28%. På slutten av 1970-talet var andelen mellom 50 og 60% og på det nivået låg det utover 1980-talet (Olje- og energidepartementet, 1992). Det vil seia at 80-90% av bruttokontraktane gjekk til norske verksemdar.

Norsk næringsliv si auka deltaking har skjedd i nært samarbeid med styresmaktene. Etter Ekofisk-funnet og endå meir utover 1970-talet vart det frå styresmaktene si side gjort ei rekkje tiltak for å stimulera norsk næringsliv sitt engasjement i oljeverksemda. "Fornorsking" av oljeaktivitetane på alle plan og auka norsk andel av leveransar av varer og tenester til verksemda på sokkelen var sentrale politiske målsettingar. Alt i 1972 vart det vedteke ein regel om at tevleføre norske leverandørar skulle ha reelle mulegheiter til å oppnå leveransar til oljeaktivitetane (§54 i kongeleg resolusjon 8.12.1972).

Med skipinga av Olje- og energidepartementet byrja ein meir systematisk kontroll med oppfølging av regelverket. Det vart etablert særskilde rapporteringsordningar, m.a. for leveransar over 1 million kroner. I samband med 4. konsesjonsrunde (1979) vart det også formulert tilleggskriteriar for tildeling av blokker. Det vart lagt vekt på i kva grad oljeselskapa hadde gjort bruk av norske varer og tenester og selskapa vart oppfordra til å inngå industri- og teknologi-samarbeid med norske bedrifter og forskingsmiljø (St.meld. nr. 53, 1979-80).

Statoil sin sterkare posisjon i verksemda på sokkelen var ein annan reiskap. Selskapet hadde som nemnt til formål å bidra til auka norsk del av leveransane. I samband med Statoil si årlege rapporteringsplikt til Stortinget (§10 i Statoil sine vedtekter), gav Olje- og energidepartementet i aukande grad signal om korleis selskapet burde forholde seg i leveransespørsmåla (Skymoen 1986). På 1980-talet vart desse tiltaka styrka og formaliserte i den nye petroleumslova.

Ut på 1980-talet oppnådde norsk næringsliv i nokon grad også innpass på utanlandske offshore-marknader. Også det skjedd i nært samarbeid med sentrale styresmakter mellom anna med samarbeid med energi- og industristyresmakter i andre land (Olje- og energidepartementet, 1992).

I stor grad har såleis norsk næringsliv si deltaking i oljeverksemda hatt som føresetnad ei aktiv statsmakt. Samstundes er det viktig å få fram at den aktive staten på oljesektoren først og fremst har hatt betydning for dei nasjonale storforetaka.

Ein gjennomgang av Arbeidsdirektoratet sin oljesysselsettingsstatistikk på bedriftsnivå viser at dei fem norske storkonserna Norsk Hydro, Akergruppen, Elkem-Spigerverket, Statoil og Kværner Industrier stod for 35% av den samla sysselsettinga i oljeaktivitetane i 1980; dvs. 13.197 av totalt 37.557 arbeidsplassar (Arbeidsdirektoratet, 1981). Av dei største norske industri- og bergverksbedriftene i 1979 hadde desse fem i rekkjefølgje rang nummer 1, 2, 3, 4, 9. (Bergersen, 1980).⁹ Med unntak for Statoil var konserna hovudsakleg engasjert i sekundære oljeaktivitetar; dvs. leveransar av varer og tenester til verksemda på sokkelen. Innafor desse aktivitetane stod dei fem konserna for om lag 2/3 av sysselsettinga.

2.5 OPPSUMMERING

Aktiviteten på sokkelen flytta seg i perioden nordover. Medan verksemda på 1970-talet i hovudsak gjekk føre seg så langt sør i Nordsjøen at Sogn og Fjordane var ein geografisk utkant, så var det på 1980-talet like utanfor kysten av fylket at dei rikaste petroleumsfelta vart funne og den største utbyggingsaktiviteten fann stad.

Ved sida av det sentrale styresmakter er oljeselskap med operatøransvar dei viktigaste aktørane innan oljeaktivitetane. Det er desse selskapa som er oppdragsgjevar og dermed avgjer lokaliseringa til andre selskap som er involvert i primæraktivitetane. Dei er også oppdragsgjevar for verksemdar som vil levera varer og tenester til dei sekundære aktivitetane. Lokaliseringsmønsteret til operatørselskapa er dermed svært viktig for den regionale fordelinga av oljeaktivitetane.

Det er dei multinasjonale oljeselskapa som har dominert verksemda og levert premissane for korleis aktivitetane skulle drivast på norsk kontinentalsokkel. Det er deira krav og kultur styresmakter og næringsliv i Norge har hatt å halda seg til. Etter kvart vart det etablert norske oljeselskap, statlege og private, som utover 1980-talet spela ei stadig meir sentral rolle i verksemda.

Oljeselskapa sine krav synest i utgangspunktet å gi eit konsentrert utbyggingsmønster så langt det gjeld dei primære aktivitetane. Deira krav tilseier at dei kompetansetunge delane av aktivitetane bør lokaliserast til større byområde med godt utbygde tenester og næringsliv. Mindre stader med gunstig geografisk plassering vil ut frå desse krava ha mulegheiter i samband med baseverksemd.

For bedrifter som vil satsa på leveransar, særleg i utbyggingsfasen, stiller sameleis oljeverksemda spesielle krav. Problema ligg i dimensjonar, teknologi, konkurranse og usikkerheit. I driftsfasen, som vart viktigare på 1980-talet, synest mulegheitene større også for mindre verksemdar.

I utgangspunktet tilseier såleis den økonomiske organiseringa av oljeaktivitetane eit klart sentrum/periferi-mønster i den regionale fordelinga av aktivitetane. Utkantprega område og mindre bedrifter vil i utgangspunktet ha vanskar med å etablere seg innafor verksemda.

Oljeutviklinga har medført aktivisering og utbygging av statsmakta på ei rekkje område. Dette gjeld i form av nye institusjonar for styring og kontroll med verksemda og med at staten etablerte seg som aktiv entreprenør innafor oljesektoren med store økonomiske interesser og eit eige oljeselskap som på 1980-talet dominerte aktiviteten på norsk sokkel. Dette har medført at sentrale styresmakter har ein heilt sentral posisjon i forhold til oljeselskapa og andre utbyggingsinteresser. I svært mange samanhengar blir avgjerdene i oljesakene tekne av sentrale styresmakter.

Også det nasjonale næringslivet si deltaking i oljeaktivitetane har langt på veg hatt som føresetnad ei aktiv statsmakt på oljesektoren. Dette har særleg medført nære band med dei nasjonale storforetaka som har fått ein dominerande posisjon i oljeaktivitetane.

Frå slutten av 1970-talet viste sentrale styresmakter også aukande merksemd for fordelinga av den landbaserte oljeutbygginga. Det galdt norsk næringsliv, også i distrikta, sine leveransar av varer og tenester og det galdt dei landbaserte etableringane innan dei primære oljeaktivitetane.

For meg er det av særleg interesse å undersøka i kva grad den aktive statsmakta og dei sentrale styringstiltaka gir lokale og regionale interesser betre handlingsvilkår i oljesakene. Spørsmålet er altså om dei politiske styringstiltaka motverkar det som synest å vera eit klart sentrum/periferi-mønster i oljeverksemda som økonomisk aktivitet.

3

SOGN OG FJORDANE

I dette kapitlet skal eg gi ei kortfatta skisse av studieområdet Sogn og Fjordane. Føremålet er ei framstilling av eigenskapar ved fylket som kan ha betydning for møtet med oljeverksemda.

3.1 GEOGRAFI OG BUSETNAD


Sogn og Fjordane er det vestlegaste fylket i Norge. Det strekkjer seg frå Norskehavet inn til Jotunheimen og er kjenneteikna ved lang kystline, lange aust-vestgåande fjordar, lange og tronge dalføre og mykje fjell. Topografien har gjort sambandet både innan og ut av fylket dyrt og vanskeleg. Heilt fram til våre dagar har kommunikasjonane vore dårleg utbygde. Framleis er det bygder heilt utan veg-eller ferjesamband. Dette gjer at fylket har vore oppdelt og til dels isolert.

I areal er det eit stort fylke, men berre 6% av totalarealet ligg under 150 meter over havflata. I 1990 budde det vel 106.000 menneske i fylket (SSB, 1992). Med det er Sogn og Fjordane det tunnast folkesette fylket i landet med unnatak for Finnmark. Midt på 1800-talet var 6% av folkemengda i landet busett i Sogn og Fjordane. Etter den tid og spesielt i vårt århundre har andelen vore minkande. I 1990 hadde fylket 2,5% av folketalet i landet. I heile etterkrigstida har Sogn og Fjordane hatt klart lågare folkeauke enn landsgjennomsnittet. Fram til 1970 var det eit utprega fråflyttingsfylke med folketalsutvikling på line med Nord-Norge. Etter ein positiv periode på 1970-talet, har netto flyttebalanse igjen vore negativ. (Sogn og Fjordane fylkeskommune 1992.)

Sogn og Fjordane har låg urbaniseringsgrad. Ikkje i noko anna fylke bur så stor del av befolkninga utanfor det Statistisk sentralbyrå definerer som tettbygde strok (SSB, 1992). I 1970 budde berre 34% av befolkninga i fylket i tettbygde strok. På same tidspunkt var andelen for landet 66%. Dei siste 20 åra har busetnadsmønsteret vorte meir konsentrert også i Sogn og Fjordane. I 1990 var tettstadandelen auka til 44% (Ibid.). Men jamført med landsmedelen på vel 70%, er den spreidde busetnaden framleis eit karakteristisk trekk ved fylket.

Det tradisjonelt spreidde busetjingsmønsteret i fylket er under press. Store delar av kysten, men også delar av fjordbygdene og dei tradisjonelle industristadene i fylket har ved inngangen til 1990-talet ei klart negativ utvikling. I fylkesplanen vert 12 av 26 kommunar klassifiserte som "uttynningssamfunn"; det vil seia at dei har sterk nedgang i folketalet, stort underskot på kvinner i yngre aldersgrupper og langt fleire eldre enn landsmedelen. Det karakteristiske trekket ved utviklinga i fylket er at folketalet vert halde oppe på fylkesnivå med hjelp av vekst i nokre få regionale sentra, spesielt Førde, Flora, Sogndal og Eid (Sogn og Fjordane fylkeskommune, 1992).

FIG. 3.1 KART OVER SOGN OG FJORDANE



I tillegg til tunn og spreidd busetnad, er det eit slåande trekk at fylket manglar eit sterkt sentrum, eit økonomisk, administrativt og kulturelt tyngdepunkt. Florø fekk bystatus i 1860, men vart aldri noko sentrum for fylket. I uminnelege tider er det Bergen som har vore byen for folket i Sogn og Fjordane. I 1990 var det 6 tettstader i fylket med meir enn 2.000 innbyggjarar. Florø var størst med ca. 7.000 (SSB, 1992).

3.2 NÆRINGS LIV OG LEVEKÅR

Berebjelken for det spreidde busetnadsmønsteret er primærnæringane si sterke stilling i fylket. Jamført med landsmedelen er sysselsettinga i landbruket om lag tre gonger større i Sogn og Fjordane.

Tabell 3.1: Næringsstruktur 1990. Sogn og Fjordane og Norge.

	SOGN OG FJORDANE			NORGE		
	1970	1980	1990	1970	1980	1990
PRIMÆRNÆRINGAR	37	20	15	11	8	6
SEKUNDÆRNÆRINGAR	29	32	30	38	29	24
TERTIÆRNÆRINGAR	34	48	55	51	62	70

Kjelde: Statistisk sentralbyrå, 1991 og 1992.

Tabellen viser for det første at primærnæringane står for ein relativt mykje større del av sysselsettinga og dei tenesteytande næringane for ein tilsvarande mindre del enn for landet under eitt. For det andre viser tabellen kor dramatisk næringsstrukturen har endra seg dei siste 20 åra. I Sogn og Fjordane er primærnæringane sin del av sysselsettinga meir enn halvert i perioden. Dei tenesteytande næringane har auka tilsvarande. Fylket er i ferd med å nærma seg landsgjennomsnittet, men framleis er næringsstrukturen "umoderne". Når det gjeld jordbruket, er det i tillegg eit karakteristisk trekk at bruka er små og uproduktive i nasjonal og endå meir i europeisk målestokk.

Industrinæringa sin del av sysselsettinga i fylket har dei seinare åra vore på line med landsgjennomsnittet. Men også denne næringa har sine særmerke. Den tyngste delen av industrien er råvareproduserande "hjørnesteinsverksemdar" som er lokalisert til nokre få einsidige industrisamfunn. Desse har det til felles at dei er kontrollert av nasjonale eller internasjonale storkonsern der dei strategiske og kompetansetunge funksjonane er lokalisert utanfor fylket. I tillegg har verkstadindustrien stått sterkt i delar av fylket, særleg på 1970-talet. Det galdt spesielt Ankerløkken-konsernet sine bedrifter i Sunnfjord som også er aktør i oljesakene. Fisketilverkingindustrien på den nordlege delen av kysten, med sentrum i Måløy, er internasjonalt orientert og har representert ein spesiell industrikultur i fylket. Generelt har industrien i Nordfjord hatt eit meir "sunnmørsk" preg enn i resten av fylket. Ut over dette har industrinæringa vore prega av relativt små verksemdar som i stor grad har vore orientert mot lokale marknader.

Lenge var næringsutvikling i fylket synonymt med industrireising. Dei seinare åra har merksemda i aukande grad vendt seg mot dei tenesteytande næringane, spesielt å leggja til rette for verksemdar som har behov for høgre utdanningskompetanse og som tilbyr arbeidsplassar for kvinner (Sogn og Fjordane fylkeskommune, 1992). På fylkeskommunalt nivå blir det definert som eit hovudproblem at fylket ikkje har følgd med endringane i den nasjonale næringsstrukturen. Fylket oppnår ikkje sin del av den nasjonale kunnskapsproduksjonen. Tvert om har mangelen på slike arbeidsplassar tappa fylket for kunnskap og kompetanse. Samansettinga av arbeidsmarknaden i fylket illustrerer dette. Medan fylket ligg over landsmedelen når det gjeld personar som har si

høgste utdanning på vidaregåande skules nivå, så er andelen som har utdanning på universitets- og høgskulenivå klart under landsgjennomsnittet (SSB, 1993).

Med unnatak for primærnæringane har næringslivet i Sogn og Fjordane vore svakt organisert. Dette er eit fenomen som gjeld heile landet (Berrefjord og Hernes, 1978). Men truleg er den svake organiseringa innan industri og tenesteytande næringar meir markert i eit fylke som Sogn og Fjordane. Dette har å gjera med at fylket generelt har få sterke institusjonar, t.d. innan vitenskap, informasjonsverksemd, finans og andre moderne kunnskapsnæringar. Som nemnt er dei store industriverksemdene i fylket i stor grad kontrollerte av konsern som har hovudsete utanfor fylket. Det gjer at dei ikkje identifiserer seg så sterkt med fylket. Den første fylkesomfattande samanslutninga for industrinæringa kom i 1977. Institusjonsbygging for industri og tenesteytande næringar har i det vesentlege skjedd på 1980-talet og då med offentlege aktørar som dei viktigaste pådrivarane.

Langt fram mot våre dagar er det ein "småbrukarøkonomi" som har prega fylket. Det har også medført at skilnadene mellom folk er relativt små. Det er relativt få svært rike og svært fattige i fylket. Denne forma for økonomisk organisering, med eit sterkt innslag av primærnæringar, har også gjort at fylket samla sett har vore mindre påverka av økonomiske svingingar.

I inntektsnivå og forbruk ligg fylket under landsgjennomsnittet. Men i mange andre samanhengar rangerer Sogn og Fjordane høgt med omsyn til ulike mål på velferd og livskvalitet. Det gjeld slikt som levealder, forbruk av sosiale stønadsordningar, antal skilsmisser, omfang av kriminalitet, arbeidsløyse, omsetnad av rusgifter og roande medikament m.m. Biletet må nyanserast med at det i einkilde samanhengar truleg føregår eksport av problem til meir urbane strok, i andre at det ganske sikkert eksisterer "mørketal". Likevel har dette vore karakteristiske trekk ved fylket og er det framleis, men også her går det føre seg endringar som peikar i retning av at fylket blir meir likt landet elles. (Sogn og Fjordane fylkeskommune, 1992).

3.3 ADMINISTRATIV ORGANISERING

I sogetida var det noverande Sogn og Fjordane delt i Sygnafylke (Sogn) og Firdafylke (Sunnfjord og Nordfjord). I unionstida med Danmark vart Sygnafylke og Firdafylke etter kvart eit amt, Nordre Bergenhus Amt, under Bergenhus Len. Dette skjedde primært som resultat av ynskjemåla til framståande embetsmenn og privatpersonar. (Engesæter og Thue, 1988.) Lensherren heldt til i Bergen. Fogderigrensene varierte noko, men i hovudsak var det ei tredeling av fylket; Sogn, Sunnfjord og Nordfjord. I 1919 vart namnet Nordre Bergenhus Amt endra til Sogn og Fjordane. Topografien og dei vanskelege kommunikasjonane, saman med Bergen som det klare økonomiske og administrative tyngdepunktet for distriktet, gjorde at sambandet mellom dei ulike delane av fylket ikkje var særleg sterkt. I historisk perspektiv er Sogn og Fjordane såleis ei ung eining. Fylkesidentiteten har ikkje særleg djupe røter.

I dag er fylket delt i 26 kommunar. I folketal er dei små, gjennomsnittleg 4.000 innbuarar. Flora er størst med 10.000. Dei små, langt på veg jamstore kommunane, er eit kjenneteikn ved fylket. Det er sjeldan opplagt kvar ei verksemd skal lokalisrast. Lokaliseringsstridar er velkjent i Sogn og Fjordane.

Fylkesmannen og den fylkeskommunale administrasjonen er lokalisert til den vesle kommunen Leikanger i Indre Sogn. Slik har det vore i alle år sidan skipinga av Nordre Bergenhus Amt i den grad amtmannen ikkje heller ynskte å bu i Bergen. Også dette er resultat av embetsmenn sine private bustad-ynskje. Geografisk sett er Leikanger nærast ein utkant i fylket. Flytting av fylkesadministrasjonen til det geografiske sentrum Førde har vore ei klassisk stridssak i den fylkeskommunale verksemda sidan 1930-åra. Ikkje minst etter at fylkeskommunen dei par siste ti-åra har satsa på å byggja opp Førde til eit økonomisk og tenesteytande sentrum i fylket har dette vore aktuelt.

3.4 POLITISKE KJENNETEIKN

Eit markert politisk trekk ved Sogn og Fjordane er den territorielle egaliteten. Den tunne busetnaden, dei jamstore kommunane og fråværet av eit sjølvskrive sentrum gjer at alle delar av fylket har eit ord med i laget når noko skal avgjerast. Dermed er det også slik at det sjeldan er opplagt kvar ny verksemd skal lokalisrast. Fylket har lange tradisjonar i interne lokaliseringsstridar.

Tradisjonelt har dei politiske institusjonane i fylket vore orienterte mot det lokale. Arbeidsmåtene har like eins vore prega av det. Evne og vilje til å tilpassa seg sentrale krav om endring og modernisering har vore meir varierende. I viktige saker har dei politiske organa i fylket vore på kollisjonskurs med omverda sine krav.

Såleis har den politiske motstanden mot sentralisering truleg vore sterkare i dette fylket enn dei fleste andre stader. Eit døme på det finn ein ved innføring av direkte val til fylkesting. Som det einaste i landet vedtok fylkestinget ei fråsegn som gjekk imot denne reforma. Grunngevinga var at dei små kommunane og utkantane ville få svekka sine mulegheit for representasjon. (Engesæter og Thue, 1988)

I ei rekkje andre samanhengar har politikarane markert sterk uvilje mot sentralisering og bidrege til eit svært desentralisert utbyggingsmønster. Det gjeld t.d. i utbygginga av vidaregåande skular, kommunikasjonar og ikkje minst innan helsestellet. Sogn og Fjordane er det einaste fylket der alle kommunane har eigen sjukeheim. Det er fire flyplassar og fire sjukehus i fylket.

Striden om den somatiske sjukehusstrukturen er eit anna døme på motstanden mot sentralisering. Regjeringa Bratteli freista i 1971 å pressa gjennom eit meir sentralisert sjukehusmønster i fylket med bygging av eit nytt sentralsjukehus i Førde og nedlegging av tre av dei fire eksisterande lokalsjukehusa. Fylkestingsfleirtalet ville byggja vidare på dei fire lokalsjukehusa og godtok aldri regjeringa sitt vedtak. Stortingsvalet i 1973 enda katastrofalt for dei partia som hadde støtta

regjeringa. I 1975 fekk fylket godkjent ein helseplan som i tillegg til dei fire eksisterande lokalsjukehusa medførde bygging av sentralsjukehus. (Sveen, 1979.)

I Sogn og Fjordane er det mange døme på at lokalpolitikarane har bidrege til å halda oppe ein desentralisert struktur i strid med det dominerande sentrale utviklingsmønsteret. Kvifor er det slik? Engesæter og Thue (1988) meiner at dette kan forklarast med dei særeigne trekka ved fylket. Den vanskelege topografien, den tunne busetnaden og mangelen på eit sentrum har gjort at det sjeldan har vore nok med ein skule, eit sjukehus osv. når moderne velferdstenester skal byggjast. Det har vore naudsynt med meir kostbare utbyggingar for å oppnå tenester på line med landet elles.

Dei dyre løysingane har medført territorielle konflikhtar som ein ofte ikkje har makta å løysa lokalt. Dei har ofte vorte skyvd oppover til staten. Dei siste åra har fylkeskommunen vorte ein arena for å utkjempa slike konflikhtar. Mellom anna har sjukehusstrukturen vore ei kontinuerleg kjelde til problem og konflikhtar i fylkeskommunen sidan skipinga i 1976.

Kravet om regional likskap og rettferd er eit særmerke ved all politisk argumentasjon i Sogn og Fjordane. Det gjeld i konflikhtar innan fylket og det gjeld når fylket skal fremja sine krav i forhold til sentrale styresmakter. Tidlegare fylkesmann Hans Seip uttrykte den klassiske argumentasjonen slik i Fjordabladet 1935:

"Fylket hev til no - naar ein undantek dei nordlegaste fylka - vore det mest avstengde og kommunikasjonsfattige fylket i landet, og ein ventar at statsmaktene no vil syna rettferd mot oss" (Sitert etter Engesæter og Thue, 1988).

Dette, å framstilla seg som klient eller støtteberettiga, gjerne på line med Nord-Norge, er ein vanleg måte å presentera fylket når ein vender seg til sentrale styresmakter. I ein del samanhengar kan framstillingsmåten likna det Hernes (1985) kallar "badekarstrategien". Omgrepet refererer til eit norsk sjukehus sin strategi for å oppnå mediemerksemd. Sjukehuset inviterte pressa til eit forelda baderom og viste fram eit forfallent badekar for å demonstrera kor ille det stod til. "Det påstås at dette har gitt millioner i uttelling fra statskassen. Og det hevdes at dette badekaret er det siste hospitalet vil skifte ut av gammelt inventar, fordi det er så effektivt i budsjettsammenheng. Jo elendigere badekar, desto større bevilgning." (Hernes, 1985, s. 166).

Det er ikkje mi meining å påstå at fylket utan grunn krev særordningar. Det er det truleg dekning for i mange samanhengar av årsaker som eg har vore inne på framafor. Men det kan vera grunn til å stilla spørsmål om dei lokale representantane har tilpassa argumentasjonen til nye kriteriar. I tevlinga om ny moderne næringsverksemd er det neppe slik at ein alltid kjem lengst med å framstilla seg som klient med behov for særordningar. Dessutan plasserer Sogn og Fjordane seg, som eg var inne på framafor, i mange samanhengar i gunstigaste enden av ulike statistikkar som tek sikte på å seia noko om velferd og levekår.

Likevel står krava om regional rettferd og likefordeling og behovet for særhandsaming ofte sentralt i fylket sin argumentasjon andsynes sentrale

styresmakter. I tillegg til at fylket har hatt reelle grunnar til det, kan ein også sjå det som eit uttrykk for at lokale styresmakter har røynsle med at det gir god utteljing frå statskassa. Norsk politikk har tradisjonelt gitt godt rom for dei regionale interessene og har på mange vis understreka den regionale fordelinga av gode.

Framveksten av den nye fylkeskommunen har også hatt verknader i Sogn og Fjordane. I tillegg til at lokale konflikter i aukande grad utspelar seg på dette nivået, har fylket som styrings- og fordelingsnivå fått større merksemd. Det er bygd fylkesdekkande institusjonar på fleire område og det vert i stadig fleire samanhengar fokusert på utviklinga på høgare nivå enn det kommunane representerer. Det gjeld mellom anna i arbeidet med å halda oppe busetjingsmønsteret der satsing på regionar og regionsentra er blitt den sentrale strategien (Sogn og Fjordane fylkeskommune, 1992). Fokuseringa på høgare geografiske nivå gir grunnlag for å tolka utviklinga annaleis enn tidlegare. Ei negativ utvikling i mange kommunar har vanskar med å oppnå merksemd så lenge utviklinga på fylkesnivået er tilfredsstillande.

3.5 OPPSUMMERING

I forhold til dei kjenneteikna ved oljeverksemda som vart skisserte i forrige kapittel, er det nærliggjande å rekna med at Sogn og Fjordane vil ha dårlege føresetnader for å delta i oljeaktivitetane. På mange måtar har fylket kjenneteikn som står i sterk kontrast til dei krava deltaking i oljesektoren synest å stilla.

Sogn og Fjordane har mange av dei tradisjonelle eigenskapane ved perifere samfunn. Det spreidde busetjingsmønsteret, mangelen på eit økonomisk, kulturelt og administrativt sentrum i fylket og den "umoderne" næringsstrukturen med særleg svake innslag av moderne kunnskapsbasert verksemd understrekar dette. Det same gjer den råvaredominerte industriproduksjonen som gir fylket mange enkle arbeidsprosessar og få strategiske funksjonar.

Ei rekkje andre kjenneteikn utfyller biletet. Det gjeld mellom anna dei vanskelege kommunikasjonane og Bergen sin tradisjonelt sterke stilling som økonomisk, handelsmessig og kulturelt sentrum for fylket. Alle båtutene i fylket har såleis i alle år hatt start og endepunkt i Bergen. Mediebiletet i fylket er også spesielt. Fylket har ni lokalaviser som alle dekkjer ein avgrensa del av fylket. Når det gjeld andre moderne informasjonsbedrifter er fylket dårleg utrusta, med unnatak for statsbedrifta NRK. Posisjonen som det sterkaste nynorsk-fylket i landet kan utleggjast på same måte.

I utgangspunktet er det vanskeleg å få auga på bedrifter som ein kan rekna med vil fungera som "lokomotiv" som kan trekkja fylket med i leveransar til aktivitetane på kontinentalsokkelen. Den omfattande satsinga og dei mange usikre momenta som er knytta til det å koma inn på oljemarknaden, tilseier i utgangspunktet at det vil vera heller få bedrifter i fylket som kan spela ei slik rolle. Det svakt organiserte næringslivet, saman med det forholdet at dei største

bedriftene har sine strategiske funksjonar lokalisert utanfor fylket understrekar dette.

Dei politiske særtrekka ved fylket peikar heller ikkje mot eit sterkt og målretta oljeengasjement. Den territorielle likevekta i fylket må ein i utgangspunktet rekna med vil vera eit problem i oljesamanheng, der det for Sogn og Fjordane sin del i høgda vil vera tale om å satsa på ein stad så langt det gjeld dei primære oljeaktivitetane.

Sameleis talar den tradisjonelle motviljen mot sentralisering for at dei politiske styresmaktene i fylket neppe utan vidare vil framstå som dei mest tilpassingsdyktige i oljesamanheng. Det same gjeld dei politiske arbeidsmåtane som tradisjonelt har vore lokalorienterte. I utoverretta politisk verksemd har hovudtyngda av argumentasjonen vore kjenneteikna av krav om regional rettferd og å framstilla seg som støtteberettiga. Det er eit spørsmål kor langt ein når med ein slik strategi i oljesakene.

Men som eg har forsøkt å få fram så skjer det endringar i fylket. Fylket er inne i ein "moderniseringsprosess" der utviklinga på stadig fleire område nærmar seg landsmedelen. I desse prosessane synest utviklinga på fylkesnivået å stå meir sentralt enn kommunenivået.

4

FASE I. 1972-77. PÅ SIDELINA

Grunnlaget for å byrja framstillinga i 1972 er ikkje at Sogn og Fjordane vart involvert i verksemda på kontinentalsokkelen dette året. Det skjedde seinare. Men i 1972 kom dei første organisatoriske tiltaka som viste at det var forventningar til slik aktivitet i fylket og at førebuingsarbeidet burde ta til.

Grunnlaget for å karakterisera desse åra som ein "fase" kan synast veikt nok. Som det går fram av kapittel 2 var dette på mange måtar gjennombrotsperioden for oljeverksemda på nasjonalt plan. Ei rekkje store petroleumsfunn vart avdekka i Nordsjøen, det vart klart at Norge ville bli ein oljenasjon og det skjedde kompetansebygging og fornorsking av verksemda på ei rekkje område. Delar av norsk næringsliv var på veg inn i oljealderen.

Men det er likevel grunn til å streka under at dette framleis er ein tidleg fase av oljeutviklinga i det norske samfunnet. Omstillinga til oljeretta verksemd var hektisk nok hjå sentrale styresmakter, delar av næringslivet og i einskilde område, særleg Stavanger og Oslo. Men det galdt på langt nær heile det norske samfunnet.

For Sogn og Fjordane sin del var dette primært ein førebuande fase til deltaking i oljeverksemda. Næringslivet i fylket var så og seia heilt utanfor verksemda når det galdt leveransar. Einskilde kommunar på kysten fekk den første kontakten med leiteverksemda på sokkelen ved besøk av forsyningskip og nysgjerrigheita vart etter kvart stimulert av leitefartøy som ikkje var lengre unna enn at ein kunne skimta dei frå land. I tillegg var det aktivitet på politisk og administrativt hald i fylke og kommunar.

Eg skal vera oppteken av desse førebuande tiltaka og haldningar til oljeutviklinga både hjå styresmakter på fylkes- og kommunenivå og i næringslivet i Sogn og Fjordane. Men først og fremst skal eg retta merksemda mot ein type oljerelaterte saker som meir enn noko anna kjenneteiknar desse åra. Det er lokale styresmakter, først og fremst på kommunenivå, som møtte ulike oljerelaterte utbyggingsinteresser i den hektiske "olje-boomen" midt på 1970-talet.

Av lokalavisene går det fram at i kommunar som Flora, Gloppen, Luster og Lærdal kom spørsmålet om oljerelaterte etableringar brått og hektisk på dagsorden. Lokale styresmakter hadde stort sett valet mellom å svara ja eller nei til anleggsverksemd eller industrietableringar dei hadde svært avgrensa informasjon om. Det einaste dei visste sikkert var at dersom dei sa nei, stod det alltid andre utkantkommunar klar til å ta imot verksemda.

To av sakene representerer Sogn og Fjordane sitt første møte med oljeaktivitetane. Den tredje er henta frå nabofylket i nord, Møre og Romsdal. Framstillinga av "oljeeventyret" i Rauma eignar seg godt til å illustrera forholdet mellom kommunar og utbyggingsinteressene på denne tida. Dessutan er den

framstillinga ei fullføring av saka om byggestad for betongplattformer i Sogn og Fjordane.

4.1 EKSTERNE FAKTORAR

Som nemnt er dette ein tidleg fase av oljeutviklinga, også i landsmålestokk. Aktivitetane på kontinentalsokkelen gjekk primært føre seg lenger sør med utgangspunkt i Stavanger, som alt hadde etablert seg som Norges oljeby. På sokkelen utanfor Hordaland og Sogn og Fjordane var det avdekka rike petroleumsforekomstar, særleg i Statfjord-området. Men med unnatak for Statfjordfeltet, der utbygginga kom i gang midt på 70-talet, var det berre leiteverksemd på denne delen av sokkelen. Kunnskapane om ressursgrunnlag og kva verksemda på sokkelen innebar eller ville utvikla seg til vart vesentleg større på første halvdel av 70-talet, men trass alt avgrensa. Særleg var avgrensinga større når ein kom utanfor dei sentrale oljemiljøa.

Men verksemda var på veg nordover. Den første blokktildelinga i området mellom 61 og 62°N (utanfor Sogn og Fjordane) skjedde i 1973 (Statfjord-feltet) og alt året etter var det klart at dette var det største påviste oljefeltet i Nordsjøen så langt. Sjølv Statfjord-blokkene vart forsynte og seinare utbygde frå Bergensområdet.

Som følgje av dei politiske ynskja om eit moderat utvinningstempo i norsk oljeaktivitet, trekte det ut med nye blokktildelingar i 3. tildelingsrunde (1974-78). Fram til 1977 vart det berre tildelt to blokker utanfor Sogn og Fjordane (i den nordlege delen ved Måløy) i tillegg til nokre nye blokker i Statfjord-området. Men forventningane til verksemda var vekt også i dette fylket.

Når det gjeld den landbaserte oljeutbygginga, viste innføringa av den mellombels etableringslova i 1973, som vart gjort permanent i 1977, at sentrale styresmakter etter kvart også var opptekne av desse spørsmåla. Dei svære etableringane i samband med verksemda på sokkelen gjorde dette naudsynleg. Etableringslova politiserte dei store etableringssakene og opna også for at lokale og regionale interesser kunne gjera seg gjeldande i avgjerdene. Lova omfatta alle landbaserte utbyggingstiltak som "i hovudsak tek sikte på forsyningsteneste eller anna tenesteyting beinveges til leiting eller utvinning m.m. av petroleum eller til å administrera slik verksemd." (Ibid.). I samband med innføring av lova vart det skipa eit "Lokaliseringsutvalg" samansett av representantar frå næringsliv og styresmakter og med Distriktenes Utbyggingsfond som sekretariat. Fylkeskommunane fekk viktige oppgåver i forvaltninga av lova med delegasjon av oppgåver frå "Lokaliseringsutvalget". Men generelt er det ikkje grunnlag for å hevda at sentrale styresmakter var særskilt opptekne av den geografiske fordelinga av den landbaserte oljeutbygginga desse åra.

Generelt var første halvdel av 1970-talet ein periode med stram arbeidsmarknad og generell høgkonjunktur i norsk økonomi. Den voldsomme ekspansjonen i oljesektoren, stimulert av stadig nye petroleumsfunn på norsk sokkel og sterkt aukande råoljeprisar, forsterka dette. I tillegg rådde det sterke og dels urealistiske forventningar om kor raskt oljeutbygginga ville skje. Den internasjonale konjunkturedgangen som sette inn etter OPEC-sjokket i 1973-74 fekk ikkje særlege verknader før seinare på 70-talet, med unnatak for skipsfart og

tradisjonell skipsbygging. Mange stader kompenserte verkstadindustrien dette med å tilpassa seg oljeutviklinga.

4.2. LOKAL AKTIVITET

I Sogn og Fjordane fekk oljespørsmåla stor merksemd i åra 1973-75. Ei rekkje kommunar vart på ein eller annan måte involverte i verksemda med at det kom på tale med oljerelatert aktivitet. Då var forventningane til stades om at fylket ville få ein plass i verksemda relativt raskt. Etter at dei ulike sakene som då var framme alle vart avslutta utan resultat for fylket, sakk engasjementet til eit lågmål i 1976-77.

Det fylkeskommunale oljeutvalet.

Organisatorisk gav forventningane til oljeverksemda seg først uttrykk på den politiske sida med skiping av Sogn og Fjordane oljeutval i 1972. På det tidspunktet var det alt skipa oljeråd i dei to kystkommunane Flora og Vågsøy og det vart etablert eit samarbeidsråd for dei to oljeaktuelle kommunane. (Møte i det fylkeskommunale oljeutvalet 25.11.72.)

Det fylkeskommunale oljeutvalet var på ulike vis engasjerte i alle dei oljerelaterte sakene som var framme i perioden, men det er ikkje grunnlag for å hevda at fylkesnivået spela rolla som den dominerande lokale aktøren.

Det er først grunn til å presentera dei sentrale personane i oljeutvalet, fordi me vil møta desse igjen gjennom storparten av framstillinga. Først og fremst gjeld dette formannen Ingvald Ulveseth. Han vart vald til formann då utvalet vart skipa i 1972 og har hatt dette vervet i alle åra denne framstillinga dekkjer.

Ulveseth starta den rikspolitiske karriera si då han var statssekretær i Kommunal- og arbeidsdepartementet i 1964-65. I 1965 vart han vald til stortingsrepresentant for Arbeidarpartiet frå Hordaland. I 1971 vart han utnemnd til fylkesmann i Sogn og Fjordane. Han fungerte nokre månader i stillinga som fylkesmann etter at han gjekk av som stortingsrepresentant i 1973. Men i Bratteli-regjeringa, som vart skipa same året, vart Ulveseth industriminister og han var i den stillinga fram på nyåret 1976. Då var han attende som fylkesmann i Sogn og Fjordane og det embetet hadde han gjennom heile 1970- og 80-talet.

I den perioden me ser på her var såleis Ulveseth først og fremst ein framstående rikspolitikar med eit særleg sterkt engasjement i oljesakene på nasjonalt plan. Som det framgår i kapittel 2, var det desse åra den nasjonale oljepolitikken vart utforma med etableringa av Statoil, Oljedirektoratet m.v. Ulveseth var oljepolitisk talsmann for Arbeidarpartiet kring 1970 og stod sentralt i politikk-utforminga. Som industriminister var han ein av dei fremste representantane for den nye og aktive olje- og industripolitikken som Bratteli-regjeringa representerte (Hanisch

og Nerheim, 1992). "Oljemeldinga" frå 1973 (St. meld. nr. 25, 1973-74) vart også lagt fram i Ulveseth si statsrådstid. Ulveseth stod også i fremste rekkje for å sikra Statoil sterke rettar i tildelinga av nye blokker i tredje konsesjonsrunde, mellom anna Statfjord-blokkene (Hanisch og Nerheim, 1992).

I tillegg til dette hadde Ulveseth ei lang rekkje verv som gav han solid grunnlag for arbeid med økonomisk modernisering og utbygging i distrikta. Ulveseth var formann i "Vestlandskomiteen" på 60-talet og han var formann i "Skipsbyggingsutvalget" som i perioden 1976-78 vurderte den kritiske framtida for skipsbyggings-industrien. Frå 1976 var han m.a. styremedlem i Industrifondet og Utviklingsfondet. I Distriktenes Utbyggingsfond hadde han verv heilt frå byrjinga på 1960-talet og han var formann i styret for fondet frå 1978 til 1985 (Nordberg, 1985). Ulveseth var sterkt involvert i ei rekkje saker som galdt distriktsutbygging og industrireising i utkantane, mellom anna etableringa på Mongstad.

Som industriminister var Ulveseth rekna som ein viljesterk politikar med sterk personlegdom og solid posisjon i regjeringa (Gøthe, 1988). I Sogn og Fjordane representerte han i utgangspunktet ein unik ressurs i oljesamanheng. Til dette fylket å vera, hadde han uvanlege føresetnader for å hevda fylket sine interesser i forhold dei mange og ukjende problemstillingar, aktørar og arenaer på oljesektoren.

I det fylkeskommunale oljeutvalet er det også grunn til å trekkja fram Anders Andersen som frå skipinga i 1972 fylte oppgåva som sekretær for utvalet ved sida av stillinga si som fylkesingeniør. Andersen var sekretær for utvalet i alle åra fram til han blei tilsett i stilling som fylkeskommunal oljekonsulent i 1982. I tillegg til sin faglege bakgrunn, hadde Andersen god kjennskap til amerikansk språk og kultur, noko som kom vel med i handsaminga av oljesakene. I heile denne perioden markerte oljeutvalet seg mellom anna fordi det hadde ein svært aktiv sekretær. Dei politisk valde medlemene i utvalet markerte seg gjennomgåande lite.

Då fylkesutvalet oppnemnde oljeutvalet 4.2.72 (sak 14/72) fekk utvalet følgjande mandat:

"Oljeutvalet får som oppgåve å halda seg ajour med kartlegging av oljefunn i sjøen utanfor Sogn og Fjordane. Utvalet skal vurdere kva for stader i fylket som høver til utrustningsbasar og ilandføring av olje og skal i samarbeid med dei lokale utval som er (eller blir) nedsette og liknande utval i nabofylka, søkje å koordinere interessene slik at fylket blir best mogeleg tent."

Oljeutvalet si merksemd var i utgangspunktet retta mot mulegheitene for ringverknader i kystkommunane av verksemda på sokkelen utanfor fylket. Etablering av forsyningsbase og mogeleg industrireising ved ilandføring av olje eller gass var det som primært opptok utvalet. I desse sakene vart det nedlagt mykje arbeid. Det er nærliggjande å sjå dette i samanheng med utviklinga i Hordaland som mandatet indikerte. Forsyningsbasen på Sotra ved Bergen, Coast Center Base (CCB), vart etablert i 1973 og utbygginga av raffineriet på Mongstad var i gang. Sogn og Fjordane ynskte tilsvarande verksemd og rekna med at mulegheitene ville by seg når verksemda kom lengre nord.

I spørsmålet om lokalisering av slik verksemd låg det til rette for ein konkurransesituasjon mellom kystkommunane i fylket. Flora og Vågsøy var dei to sentrale kommunane på kysten og dei som vart rekna som mest aktuelle også i oljesamanheng. Men oljeutvalet i fylket freista unngå ein lokaliseringsstrid. I 1972 sende utvalet brev til 10 kommunar som dei definerte som "kystkommunar" og orienterte om mulegheitene for oljeverksemd. (Ref. frå møte i oljeutvalet 25.11.72.)

Også på fylkesnivå var det konkurranse om oljeaktivitetane. I 1973 hadde oljeutvalet i Sogn og Fjordane fellesmøte både med oljeutvala i Møre og Romsdal og Hordaland. Møre og Romsdal ynskte samarbeid med Sogn og Fjordane for å få støtte til kravet om boring nord for 62°N. I Møre og Romsdal arbeidde ein for at prøveboringa skulle følgja kysten nordover, og ikkje starta utanfor Nord-Norge, slik Regjeringa gjekk inn for.

Sjølv om ein allianse med Møre og Romsdal kanskje kunne ha auka Vågsøy sine sjansar som forsyningsbase, valde oljeutvalet i Sogn og Fjordane å orientera seg sørover. Det var i desse områda aktiviteten var i gang og mulegheitene størst for ny verksemd. Dessutan kan det sjå ut til at ein frykta at Sogn og Fjordane ville bli forbigassert dersom det alt då vart opna for aktivitet nord for 62°N. Fylket såg seg etter alt å døma tent med at grensa for verksemda inntil vidare gjekk ved Stadt.

I alle høve vende Sogn og Fjordane nasa sørover og det utvikla seg etter kvart eit samarbeid med Hordaland, uttrykt m.a. i ein felles plattformkonferanse i Bergen i november 1973. Utgangspunktet var den aukande interessa for norske betongplattformer. Samarbeidet resulterte også i ei perspektivanalyse for utviklinga av oljeaktivitetane i dei to fylka. (Utviklingsselskapet for næringsliv på Vestlandet, 1975.) Men samarbeidet med Hordaland var ikkje problemfritt. Hordaland var som vanleg "storebror" i forhold til Sogn og Fjordane og etableringa av CCB-basen i 1973 skapte frykt for at Sogn og Fjordane kunne bli forbigått.

Oljeutvalet i fylkeskommunen tok også initiativ i forhold til kystkommunane i fylket og utvalet utarbeidde eit industriregister for fylket med føremål å marknadsføra næringslivet mot oljemarknaden. Av utvalet sine årsmeldingar 1973 og 1974 går det fram at arbeidet med oljesakene alt på det tidspunktet var så omfattande at spørsmålet om ein eigen oljekonsulent vart drøfta.

Men fylket sitt første viktige møte med oljealderen kom likevel overraskande. Det skjedde vinteren/våren 1973 då det blei kjent at store entreprenørselskap oppsøkte kommunar i Sogn og Fjordane og andre vestlandsfylke på leit etter høvelege byggestader for betongplattformer. For lokale styresmakter i Sogn og Fjordane kom dette heilt uventa. Sekretæren i oljeutvalet uttrykte det slik på ein konferanse i Bergen i november 1973:

"For eitt år sida var det ingen av oss som hadde tenkt seg denne situasjonen vi no er inne i med utsikter til plattformverft fleire plasser oppover kysten. Plattformhysteriet, om eg kan bruke eit slikt uttrykk, tok for oss til sommaren i år.... Slikt hastverk med å førebu eit storprosjekt er mest ukjent her i landet." (Sitert etter Ramsdal, 1977, s. 51.)

I denne saka, som me kjem attende til nedanfor, er hovudaktørane entreprenørselskap og primærkommunar. I ettertid er det dette møtet som meir enn noko anna står igjen når ein skal freista karakterisera denne første fasen av Sogn og Fjordane sitt møte med oljeverksemda.

Næringslivet

I Sogn og Fjordane var det ikkje særskilde problem i det eksisterande næringsgrunnlaget som var utgangspunkt for interessa for oljeaktivitetane, bortsett frå at utkantane i fylket generelt hadde behov for fleire bein å stå på. I dei fleste kommunane i fylket var arbeidsmarknaden stram og storparten av næringslivet, mellom anna den mekaniske industrien hadde gode tider.

Såleis fann den største skipsbyggingsverksemda i fylket, Ankerløkken Verft Florø, i 1971 grunnlag for å etablera ei ny verksemd i det statleg utpeika vekstsenteret Førde, 70 km aust for Florø. Utpeikinga skjedde mot sterke protestar frå Flora kommune. Kystbyen Florø, Norges minste by og den einaste i Sogn og Fjordane, oppfatta oppbygginga av Førde som ein trussel på mange område. Ankerløkken, som sidan "sildeeventyret" tok slutt på enden av 1950-talet var vand med å vera i posisjon som hjørnesteinsbedrifta i Flora og utan vesentlege konkurrentar innan verkstadindustri i nærområda, var truleg også skeptiske til kva oppbygginga av Førde kunne innebera i form av konkurrerande verksemdar. Særleg galdt det etter at det hadde vore på tale med etablering av industri i regi av Akergruppen i Førde.¹⁰ Men høgkonjunkturen såg ut til å gjera alle dystre spådommar til skamme. Midt på 1970-talet hadde Ankerløkken nærare 1000 tilsette i dei to rivaliserande Sunnfjord-kommunane med Florø-avdelinga som den største.

Leiteverksemda utanfor fylket førde med seg spreidde leveransar av vanlege handelsvarer i Florø og Måløy, litt lengre nord på kysten. Det gjorde at næringslivet på desse stadene fekk noko kontakt med det som gjekk føre seg på sokkelen utanfor fylket. Oljeselskapet Saga har såleis henta forsyningar frå Florø meir eller mindre kontinuerleg sidan 1975.

Verkstadindustrien hadde sporadiske oppdrag i samband med bygging av forsyningsbåtar, utan at ein makta å få fotfeste i verksemda. I 1977 var det såleis ingen bedrifter heimehøyrande i Sogn og Fjordane som hadde registrert sysselsetting i oljeaktivitetane. Dette i kontrast til nabofylka Hordaland og Møre og Romsdal med høvesvis 4302 og 599 sysselsette (Arbeidsdirektoratet, 1981).

Lokale haldningar.

Vurdert med utgangspunkt i årsmeldingane frå det fylkeskommunale oljeutvalet endra forventningane til oljeaktivitetar i fylket seg dramatisk i perioden. I 1972-74 var forventningane generelt positive. (Oljeutvalet sine årsmeldingar 1972-74.) Som nemnt galdt dette i første omgang mulegheitene for forsyningstenester og anna i kystkommunane. I 1973 kom saka om byggestad for betongplattformer i sentrum og året etter vart det knyttta forventningar til

Akergruppen/ÅSV sine planar om oljerelatert industri i Indre Sogn. Kjennskapen til oljerikdomane på Statfjordfeltet og utdeling av nye blokker like utanfor Måløy i november 1974 heldt optimismen oppe også dette året.

I den nemnde perspektivanalyse for utviklinga av oljeaktivitetane i Hordaland og Sogn og Fjordane for perioden 1974-1990 utarbeidd på oppdrag av oljeutvala i dei to fylka (Utviklingssselskapet for næringsliv på Vestlandet, 1975), vart det rekna med 2000 arbeidsplassar i oljeaktivitetane i Sogn og Fjordane og 6800 i Hordaland i 1980. I ettertid er det sjølv sagt interessant å sjå kor vanskeleg det er å seia noko om framtida. Dei reelle tala i 1980, med atterhald om at Arbeidsdirektoratet registrerer personane i det fylket der arbeidsgjevaren er registrert, var 18 i Sogn og Fjordane og 4346 i Hordaland. (Arbeidsdirektoratet, 1987.) Men anslaga frå utgreiarane er også talande for dei forventningane som var knytta til oljeaktivitetane på denne tida.

Men alt i oljeutvalet si årsmelding frå 1975, og endå sterkare dei to påfølgjande åra, var optimismen snudd til pessimisme. Årsakene til det var at verksemda på sokkelen utvikla seg seinare enn forventa. Alle dei prosjekt det var knytt forventningar til var blitt uaktuelle. Det galdt først og fremst spørsmåla om plattformbygging og industrietableringar. Undersøkingar på havbotnen viste dessutan at ei eventuell ilandføring frå Statfjord-feltet ville gå lenger sør. Det vart også klart at forsøka frå interesser i Flora på å etablera ein forsyningsbase ikkje kom til å lukkast med det omfanget verksemda på sokkelen då hadde. Når det galdt "Måløy-blokkene" var forventningane framleis til stades, men ein innsåg at eventuelle ringverknader i fylket låg langt fram i tid. Eit meir realistisk bilete av verknadene av verksemda på sokkelen var i ferd med å breia seg.

Om næringslivet i fylket sine mulegheiter heiter det i oljeutvalet si årsmelding frå 1976: "Så langt ein no kan sjå er det ingen voner for næringslivet i fylket om å få oppdrag med bakgrunn i oljeaktiviteten." (Sogn og Fjordane fylkeskommune, 1977, s. 762.) Motgangen gav utslag i aktiviteten til det fylkeskommunale oljeutvalet. Korkje i 1976 eller 1977 møttest utvalet.

At Sogn og Fjordane såg ut til å falla heilt utanfor oljeaktivitetane blei av mange oppfatta som svært urimeleg og kom til uttrykk i fleire samanhengar. I fylkestingsforhandlingane 1976 gav representanten Lillestøl frå Vågsøy uttrykk for rådande oppfatningar:

"Det er vel ikkje svært mange stader langs Vestlands-kysten at vi har hatt oljeverksemd så nær innpå livet som nettopp i det distriktet som eg representerer og er frå. Der vi - hos dei som budde lagleg til - med det blotte auge kunne sjå boreplattformene frå stove-glaset heime. Sannsynlegvis det næraste feltet på kontinentalsokkelen.(...) Til no er det ingen økonomisk eller næringsmessig stimulans tilflytt fylket vårt, snarare tvert imot så har fiskarane våre fått øydelagt reiskapen sin med derpå fylgjande reparasjonsutlegg og fangsttap." (Sogn og Fjordane fylkeskommune, 1976, s. 1105.)

I det følgjande skal eg gå nærare inn i tre saker frå denne perioden som alle handlar om møtet mellom kommunar og utbyggingsinteresser.

4.3 ETABLERING AV BYGGESTAD FOR BETONGPLATTFORMER

Saka om etablering av byggestad for betongplattformer i Sogn og Fjordane og deretter framstillinga av plattformbygginga i Rauma gjev innblikk i møtet mellom oljeinteressene og lokale styresmakter i desse åra. Sakene er prega av hastverk og konkurranse mellom utkantkommunar som prøvde å få del i oljeverksemda. Mellom anna fordi både fylkesnivået og sentrale styresmakter spelte heller tilbaketrekte roller i desse spørsmåla, stod kommunane i ein veik strategisk posisjon i forhold til utbyggjarane.

Bygging av produksjonsplattformer i betong var eit område der framtidsutsiktene for norsk industri vart vurderte som særleg positive på byrjinga av 1970-talet. På dei store djupa i Nordsjøen ville ikkje stålkonstruksjonar kunna tevla med betong. Ved sida av naturlege fordelar som god tilgang på byggestader med djupt vatn og nærheit til utbyggingsfelt, låg norske entreprenørar langt framme i den teknologiske utviklinga når det gjaldt betongkonstruksjonar. (St. meld. 30, 1973-74) Det vart difor rekna med auka etterspurnad etter betongplattformer og at norsk industri skulle ha gode føresetnader for å tevla om oppdraga.


Fram til 1973 hadde slik plattformbygging berre gått føre seg i Stavanger, der den første betongplattforma til Ekofisk-feltet vart bygd i 1971-72. Grunna dei mange store etableringane og den stramme arbeidsmarknaden i Stavanger-området var det ynskjeleg å spreia denne verksemda til andre område.

Vinteren/våren 1973 vart det kjent i kommunane på Vestlandet at store entreprenørfirma var på jakt etter etableringsstader som eigna seg for bygging av betongplattformer. Aktiviteten hang saman med tilbudsarbeidet for ei plattform til britisk side av Frigg-feltet. Fylke og kommunar sette i gang arbeid for å trekkja til seg denne aktiviteten. Industrifattige kommunar med fråflyttingsproblem såg ei mulegheit til å snu utviklinga. For i denne samanhengen var det spørsmål etter ressursar som mange kommunar, også mindre utkantkommunar, kunne tilby.

Krava som vart stilt til etableringsstadene var slike som billeg og lett tilgjengeleg areal, rikeleg med sand, brukbare kommunikasjonar, djupvasskai eller mulegheit for å byggja slik, nok elektrisk kraft og tilgang på arbeidskraft med moderat lønsnivå (Oljeutvalet i Sogn og Fjordane, 1973).

Spørsmålet om etablering av byggestad var ei sak som involverte lokale styresmakter i ei lang rekke kommunar på Vestlandet i 1973-74. Representantar for norske entreprenørfirma kom, ofte utan varsel og gjerne i privat fly, til kommunane, såg seg om etter høvelege byggestader og gjorde det klart for den kommunale eliten at det kunne bli tale om mange arbeidsplassar i løpet av kort tid dersom kommunen raskt gav tilbakemelding om positiv interesse for etablering. Samstundes gjorde dei det klart at andre kommunar stod i kø for å ta imot verksemda (Heggen 1980, Ramsdal 1977).

FIG. 4.1 AKTUELLE KOMMUNAR I ETABLERINGSSAKENE.



I Sogn og Fjordane utarbeidde det fylkeskommunale oljeutvalet i mars 1973 ei første registrering av mogelege byggestader. Sju kommunar vart trekt fram som aktuelle på regionalpolitisk grunnlag (Ramsdal, 1977).

Men i forhold til entreprenørane sin eigen registreringsaktivitet var dette for lite. I oktober/november 1973 sende difor oljeutvalet førespurnad til samtlege kommunar i fylket, med unntak for den einaste innlandskommunen Jølster, om dei ynskte slik verksemd, om dei hadde høveleg byggestad og diverse andre spørsmål m.a. om tilgang på arbeidskraft. På grunnlag av det som kom inn gjorde oljeutvalet eit utval og presenterte 18 aktuelle byggestader i 13 kommunar. Dette vart samla i eit hefte som vart distribuert til utbyggjarar og styresmakter og

forma som Sogn og Fjordane sitt tilbod når det galdt byggestader for betongplattformer (Oljeutvalet i Sogn og Fjordane, 1973).

No vart det aldri noko bygging av betongplattformer i Sogn og Fjordane. Som me kjem attende til nedanfor vart det i løpet av november 1973 klart at Rauma kommune i Møre og Romsdal vart den nye byggestaden. Eller rettare sagt: Entreprenørgruppa som hadde satsa på Rauma fekk kontrakten på den aktuelle plattform.

Men i Sogn og Fjordane heldt prosessen med utpeiking av byggestad fram, mellom anna fordi ein meinte det var aktuelt med fleire byggestader. Haldepunktet for det er det vanskeleg å oppdaga. I løpet av 1973 skjedde det likevel noko som endra føresetnadene for handsaminga av saka. Det var innføringa av mellombels lov om etableringskontroll som vart gjort gjeldande frå 14.12.73. Lova omfatta i praksis alle nyetableringar i samband med oljeverksemda og var eit direkte resultat av det aukande talet på store landbaserte prosjekt på denne sektoren (St.meld.nr. 25, 1973-74). Intensjonane i lova var at utbyggingsprosjekt i samband med oljeverksemda skulle inngå i ei samla vurdering av arbeidskraftressursar og naturressursar. Lova føresette at alle søknader først gjekk til Kommunal- og arbeidsdepartementet og deretter til fråsegn i kommune og fylke.

I løpet av vinteren/våren 1974 søkte tre entreprenørgrupper om etableringsløyve i samsvar med lova i fem kommunar i Sogn og Fjordane. Dette var Fjaler, Flora, Gloppen, Gulen og Vik. Helge Ramsdal (1977) har gitt ei detaljert framstilling av denne mangesidige og til dels kaotiske avgjerdsprosessen. Her er det ikkje høve til å gå detaljert inn i saka, men eg skal kort skissera dei einskilde aktørane sine haldningar.

Ut frå nøkterne regionalpolitiske vurderingar ville Gulen, Fjaler eller Flora måtte veljast som byggestad. Men fylkesutvalet, som i samsvar med etableringslova skulle gje den lokale tilrådinga, gjekk inn for Gloppen. Med utgangspunkt i intensjonane i etableringslova var det truleg det dårlegaste alternativet (Ibid.). Kommunen hadde ingen særskilde problem i næringsgrunnlag eller sysselsetting, men derimot det som vart rekna som ei harmonisk blanding av jordbruk, småindustri og tenesteytande næringar. Årsaka til fylkesutvalet sitt standpunkt er samansett.

Kommunane som var aktuelle lokaliseringsstader stod i ein open lokaliseringsstrid. Med unntak for Fjaler, hadde alle gjeve positiv fråsegn om at dei ynskte plattformverksemda velkomen. I tillegg stod ei rekkje andre kommunar klar til å ta imot aktiviteten. For entreprenørane var dette sjølvsagt ein svært gunstig situasjon. Britiske entreprenørar, som tevla på den same marknaden, hadde heilt andre problem å strid med. Dei topografiske tilhøva i Skottland tilsa at det like gjerne kunne byggjast plattformer der som på den norske vestlandskysten, men på britisk side vart entreprenørane møtt med omstendelege sentralstyrte vedtaksprosedyrar og sterk lokal motstand (Ibid.).

Etablerte næringslivsinteresser i Sogn og Fjordane såg planane om plattformverft først og fremst som ein truande konkurrent om arbeidskrafta. Giganten i næringslivet i Sunnfjord, Ankerløkken som var etablert med skipsverft og hadde

posisjon som hjørnesteinsbedrift både i Flora og Førde, arbeidde svært aktivt mot at byggestaden blei lokalisert til sitt interesseområde. I Flora gjekk både kommunen og dei tilsette ved verftet inn for etablering (Sunnmørsposten 13.3.74), men Ankerløkken ville ikkje ha plattformbygging korkje der eller i Fjaler. Dei gjekk i staden inn for Gloppen i Nordfjord (Sogn og Fjordane fylkeskommune, 1974, s.956).

Vestlandske Fartybyggjarlag, som var ein interesseorganisasjon for mindre skipsverft på Vestlandet, engasjerte seg på vegne av Smedvik Mekaniske Verksted på Nordfjordeid. Med den stramme arbeidsmarknaden i Nordfjord, ynskte dei ikkje plattformbygginga dit (Ramsdal, 1977). Akergruppen, som ut på vinteren 1974 lanserte planar om oljerelatert industri i Indre Sogn, engasjerte seg også i saka. Dei ynskte ikkje plattformbygginga til sitt område, men tilrådde Fjaler (Ibid.).

I denne situasjonen, med open strid mellom kommunar, entreprenørselskap og etablerte næringslivsinteresser, var fylkesutvalet si løysing på dilemmaet i første omgang å handsama sakene i den rekkjefølgja dei kom inn. Eeg-Henriksen sin søknad om Gloppen kom først og dermed gjekk fylkesutvalet inn for Gloppen i møte 7.3.74. Føresetnaden for vedtaket var at ein rekna med at det var høve til å fordela minst ein byggestad til seinare. Dette til tross for at Kommunal- og arbeidsdepartementet hadde gjeve klare signal om at det i høgda kunne bli tale om ein byggestad i fylket. Kommunal- og arbeidsdepartementet aksepterte ikkje fylkesutvalet si løysing på problemet og gav melding attende om at fylket måtte prioritera ein byggestad (Ibid.).

Også for faginstansen i saka, Utbyggingsavdelinga i fylket, vart saka vanskeleg. Utgangspunktet var ei positiv haldning til etablering av byggestad, men entreprenørane sin aktivitet bidrog til å trekkja stadig fleire kommunar inn i diskusjonen. Dette vanskeleggjorde saka. Men fylkesingeniøren, som var identisk med sekretæren i oljeutvalet, gav fleire gonger klart til kjenne at Gloppen i alle høve ikkje burde veljast (Sunnmørsposten 4.12.73).

Oljeutvalet i fylket synest også å ha vore lamma av striden. Utvalet tok ikkje standpunkt i saka før Kommunal- og arbeidsdepartementet hadde gitt dei nemnde reaksjonane på fylkesutvalet si første tilråding om Gloppen. Då gjekk oljeutvalet på distriktpolitisk grunnlag og i samsvar med Kommunal- og arbeidsdepartementet sine oppmodingar inn for etablering i Fjaler.

I møte 3.4.74 hadde fylkesutvalet saka oppe på nytt og heldt fast på Gloppen som den mest tenlege byggestaden, men i røynda var vedtaket ein invitt til departementet om å avgjera saka då det også heitte at ein heller ikkje hadde noko å merka til at Fjaler vart vald (Ramsdal, 1977).

Dei mange kryssande interessene og den opne tevlinga sette såleis fylkesnivået langt på veg ut av spel som styringsorgan i denne saka. Ramsdal (1977) meiner at avgjerda i fylkesutvalet også var prega av andre konfliktfylte saker på denne tida. Både striden om sjukehusutbygging og val av tverrsamband i fylket stod sentralt i den politiske debatten. Det kan synast som tilrådinga om Gloppen var eit forsøk på å unngå å aktivisera ein ny konflikt i fylket som kunne få

konsekvensar for utfallet i dei andre sakene. Saka om plattformbygging var med andre ord ikkje viktig nok.

4.4 RAUMA KOMMUNE

I 1973 var Rauma kommune i ein situasjon som var typisk for mange utkantkommunar som vona på ein plass i oljeverksemda. Kommunen hadde hatt negativ utvikling i sysselsetting og folketal i fleire år. Det eksisterande næringslivet hadde sterke innslag av tevlingsutsette småverksemdar, særleg innan tekstil og konfeksjon.

Den lokale avgjerdsprosessen. ¹¹

11. september 1973 kom to representantar for ingeniørfirmaet F. Selmer A/S uanmeldt til kommunesenteret Åndalsnes. Selmer var det leiande norske selskapet på bygging av betongplattformer. Dei tok kontakt med ordføraren og ei synfaring i kommunen, saman med teknisk sjef, enda med at gjestene sa seg interessert i eit område like ved sentrum, Øran Vest, som byggestad for betongplattformer (Intervju med A. Hanekamhaug).

Formannskapet vart informert om saka munnleg og utan protokollføring i møte 21. september. I møte 2. oktober fekk formannskapet ny orientering då også entreprenørfirmaet Thor Furuholmen A/S hadde vendt seg til kommunen i same ærend. Formannskapet stilte seg bak ordføraren sitt framlegg og gjekk inn for vidare forhandlingar med Selmer (Ibid.).

17. oktober la Selmer fram utkast til leigeavtale med kommunen om det aktuelle området. Dagen etter vart kommunestyret for første gong informert om saka. Orienteringa var munnleg og gjekk føre seg bak lukka dører. Det vart ikkje ført protokoll og representantane vart bedne om å halda saka hemmeleg (Ibid.).

20. oktober vart planane kjende gjennom eit oppslag i Sunnmørsposten. Saka var då etter alt å døma heilt ukjend blant folk i Rauma utanfor kommunestyret og formannskapet. Sunnmørsposten intervjuar direktør Selmer i F. Selmer A/S som sa at det var store sjansar for at Åndalsnes ville bli byggestad for betongplattformer. Han rekna med at det kom til å bli sysselsett 2-400 personar på anlegget og at produksjonen kom til å vara i mange år (Sunnmørsposten 20.10.73).

I tida som følgde utvikla det seg etter kvart ein debatt i lokalavisene om saka. I forhold til storleiken på prosjektet var ikkje debatten særleg omfattande, men innlegga var engasjerte nok. Ein hovudpåstand var at den kommunale saks- handsaminga var uansvarleg. Ein visste for lite om kva dette ville medføra for kommunen (Gjennomgang av Åndalsnes Avis og Sunnmørsposten).

Men saka gjekk vidare i høgt tempo. 23. oktober fekk formannskapet presentert avtaleutkastet frå Selmer. Utkastet vart godteke med få merknader. Desse vart drøfta i møte i Oslo mellom ordføraren og representantar for Selmer 29. oktober. 2. november vedtok formannskapet einstemmig å leggja fram ei tilråding om avtale for kommunestyret (Intervju med Hanekamhaug).

I denne perioden synest det klart at den lokale prosessen i sterk grad var prega av at ingenting var avgjort når det galdt kontrakten på den aktuelle plattform. Representantane for Selmer A/S understreka at ei rask og positiv avgjerd i kommunen ville styrka utbyggjaren og dermed kommunen sine sjansar i tevlinga med andre entreprenørar/lokaliseringsstader (Ibid.). I tillegg er det grunn til å rekna med at den mellombels lova om etableringskontroll, som var like om hjørna, også medverka til entreprenøren sitt hastverk.

Den 9. november kom meldinga frå Paris om at Norwegian Contractors fekk tilslaget på "Frigg Total", ein betongtank som skulle plasserast på engelsk side av Frigg-feltet og nyttast til å pumpa gass gjennom røyrleidningane til Skottland. Oppdragsgjevar var det multinasjonale oljeselskapet Total Oil Marine, Ltd. med hovudsete i England. (Sunnmørsposten 10.11.73.) Norwegian Contractors var ei samanslutning av dei tre store entreprenørselskapa F. Selmer A/S, Thor Furuholmen A/S og A/S Høyer-Ellefsen. I verksemda på Åndalsnes samarbeidde Norwegian Contractors med trondheims-firmaet Jernbetong A/S. Etter dette tok utbyggjaren det som sjølv sagt at det ville bli plattformbygging på Åndalsnes, utan at saka hadde vore handsama i kommunestyret. 10. november sa informasjonssjefen i Selmer til Åndalsnes Avis at dei første arbeidarane ville vera på Åndalsnes i løpet av ei veke og at oppmålingsarbeida kunne ta til veke deretter.

Først 15. november vart avtaleutkastet lagt på bordet for kommunestyret til avgjerd. Tidlegare same dagen hadde ordføraren saman med etatsjefane i kommunen og representantar for entreprenørane utarbeidd ein ganske omfattande tilleggsavtale mellom kommunen og Norwegian Contractors. Her heitte det mellom anna at det skulle nedsetjast eit eige utval til å fatta naudsynlege vedtak som ikkje kunne venta på formell sakshandsaming (Heggen, 1980).

Kommunestyret vedtok samrøystes avtalen med Norwegian Contractors seinare same dagen. Fleire av representantane var i tvil om kva dei gjekk inn på og meinte informasjonane til kommunestyret hadde vore for dårlege. (Sunnmørsposten 17.11.73.) Dermed var den formelle handsaminga i dei kommunale organa over. Det var gått 6 veker sidan den første munnlege og hemmeleg-stempla orienteringa i formannskapet. Det var semje om at dette var ei av dei største sakene kommunen nokon gong hadde handsama.

Anleggs-boom og vonbrot.

Då kommunestyret sa ja til anlegget rekna ein med at det kom til å bli sysselsett opp til 400 personar og at det var tale om ei relativt permanent verksemd. Fråsegnar frå dei som burde kjenna til saka tydde på det. Direktør Selmer sa til Sunnmørsposten 20. oktober at anlegget ville sysselsetja 2-400 personar. I

Sunnmørsposten 27.10 uttala industriminister Ulveseth seg særst positivt om prosjektet. I følgje same avis for 10.11. var ordførar Ramstad ikkje lenger i tvil om at Rauma gjekk ei ljós framtid i møte. Han sa at aktiviteten i alle fall ville vara minst 10 år og at interessentane stod i kø for å få industriareal i Rauma.

Realitetane vart annleis. Verksemda varde 3 1/2 år. På det meste var det sysselsett 12-1400 personar ved anlegget, med eit gjennomsnitt på ca. 700. Meir enn 3000 personar hadde eit tilsettingsforhold ved verksemda (Heggen, 1980). Samla vart det bygd to plattformer på Åndalsnes, begge til britisk side av Nordsjøen. Marknaden utvikla seg ikkje i samsvar med forventningane. Ved utgangen av 1977 var 5 personar sysselsette med oppryddingsarbeid på anlegget.

Då det i 1975-76 gjekk opp for styresmaktene i Rauma at "oljeeventyret" kunne bli svært kortvarig, vart det sett i gang aktivitet for å pressa sentrale styresmakter til å sikra aktiviteten. Frå Norwegian Contractors vart det hevda at den låge utvinningstakten i Nordsjøen var årsaka til at det ikkje såg ut til å bli meir plattformbygging på Åndalsnes. Berre auka utvinningstempo og dermed behov for fleire plattformer kunne redde arbeidsplassane. Delegasjonar frå kommunen og arbeidarane ved anlegget drog til Oslo og stilte krav om m.a. rask utbygging av Statfjord- og Heimdalfeltet og at det straks vart sett i gang prøveboring nord for 62° N (Gjennomgang av Åndalsnes Avis). Men plattformbygginga på Åndalsnes var slutt.

Seinare opplevde Rauma kommune nye vonbrot i samband med anlegget. Norwegian Contractors inngjekk i 1973 ein 10-års leigeavtale med kommunen om byggeområdet. Kontrakten gjekk m.a. ut på at anleggsområdet i opparbeidd stand skulle gå vederlagsfritt attende til kommunen når Norwegian Contractors ikkje lenger var interessert i det eller når kontraktperioden var ute. Kommunen hadde dermed i alle fall i utsikt å få hand om eit stort og verdifullt industriområde.

Vinteren 1979, då anleggsområdet låg brakk, viste dette seg å by på større problem enn ein hadde rekna med. Norwegian Contractors hadde då levert tilbod på ei mindre plattform til Ekofisk-feltet og det vart kjent at dei tok sikte på å byggja plattformen i Stavanger. Norwegian Contractors sine planar vekte sterke reaksjonar i heile Møre og Romsdal. Stavanger var landets største pressområde og Rauma kommune sleit med store problem etter den hektiske anleggsperioden, mellom anna var det på dette tidspunktet 9% arbeidsløysa i kommunen. (Sunnmørsposten 13.1.79.)

Rauma opplevde at ingen av dei tidlegare oljeentreprenørane viste interesse for kommunen. Jernbetong, Norwegian Contractors sin samarbeidspartner på Åndalsnes, hadde levert tilbod på den same plattformen, men heller ikkje dei ynskte seg Åndalsnes som byggestad. I staden søkte dei, og fekk, konsesjon for bygging i Hommelvik ved Trondheim (Ibid.). Sjølv om konsesjonen galdt ei mindre plattform, vart det med dette gitt konsesjon for plattformbygging på ein ny stad i ein periode då marknaden ikkje gav rom for aktivitet på den eksisterande byggestaden i Åndalsnes. I følgje Sunnmørsposten 13.1.79 forsvarte Kommunal- og arbeidsdepartementet den nye konsesjonstildelinga med at det var betre å gje Jernbetong konsesjon i Hommelvik når dei likevel ikkje ville nytta Åndalsnes. Dersom Jernbetong ikkje fekk konsesjon, ville kontrakten heilt sikkert gå til pressområdet Stavanger. Men sjølve kontraktstildelinga ville ikkje

Regjeringa blanda seg bort i. Det skulle avgjerast av oppdragsgjevaren, altså oljeselskapa.

Seinare kom det fram opplysningar som kan vera med å forklara Jernbetong sin uvilje mot å nytta Åndalsnes som byggestad. I kontrakten frå 1973 hadde Norwegian Contractors sett nærare vilkår for avståing av området før kontraktperioden var over. Vilkåra var m.a. at dersom Norwegian Contractors gav frå seg området skulle dei ha konsesjon for plattformbygging ein annan stad i Norge og dei skulle ha dekning for meirutgifter i samband med flytting. Dette var vilkår som kommunen rimelegvis ikkje kunne innfri. Vidare viste det seg å vera eit vilkår for avståing at området ikkje måtte leigast bort eller seljast til liknande verksemd som Norwegian Contractors dreiv med. Dette kunne tolkast slik at det på industriområdet vanskeleg kunne etablerast anleggsverksemd som var retta mot aktiviteten i Nordsjøen (Romsdal Budstikke 20.2.79).

Den uavklara situasjonen varde ved i fleire år. Ut på 1980-talet vaks det fram ein del industriaktivitet på det tidlegare anleggsområdet på Øran Vest, periodevis også med engasjement mot oljeverksemda.

4.5 LUSTER KOMMUNE

I samband med utbygging av Leirdøla-vassdraget kravde Luster som vertskommune varige arbeidsplassar som kompensasjon for kraftmengdene som dermed blei ført ut av kommunen. I stortingsproposisjonen om utbygginga var det formuleringar som vart oppfatta slik at staten lova å innfri krava (Jmf. St. prp. nr. 133, 1973-74, Innst. S. nr. 388, 1973-74 og St. prp. nr. 90, 1973-74).

Våren 1974 såg dette ut til å gå i orden. Luster Industrier A/S vart etablert med Akergruppen (75%) og ÅSV (25%) som eigarar. Verksemda skulle produsera utstyr til boreplattformer og skipsindustrien. Direktør Melien i ÅSV uttalte til Sunnmørsposten 9.3.74 at verftet skulle stå ferdig i 1975. Verksemda skulle sysselsetja 100 personar i startfasen og arbeidsstokken skulle aukast til 300. I kommunen som hadde stridd med fråflyttingsproblem i fleire år, var gleda og optimismen rimelegvis stor. Det var sendt ut spørjeskjema til utflytte lustringar med spørsmål om dei kunne tenkja seg å flytta tilbake til heimkommunen. Det er døme på at so skjeddde og at prosessen gjekk så langt at folk vart tilsette i stillingar ved verksemda.

Byrjinga av 1970-talet var prega av stor optimisme når det galdt framtidsutsiktene for norsk økonomi. Spesielt hadde den mekaniske industrien sterk vekst, og utsiktene til oljeverksemd på kontinentalsokkelen skjerpa appetitten ytterlegare. Men for Akergruppen sine industriplanar i Indre Sogn var også konjunktursvingingar i den internasjonale tankskipsmarknaden medverkande. Krigen i MidtAusten i 1973 og den påfølgjande olje-boikotten frå OPEC-landa med sterk auke i råoljeprisen medførde krakk i den internasjonale skipsfarten. Skipsreiar Reksten kunne av desse årsakene ikkje ta imot fire supertankarar som var kontraherte frå Akergruppen. Dette medførde ei

omlegging av produksjonen i Akergruppen frå skip til olje og planane om industrireisning i Indre Sogn var ein lekk i omstillinga (Ramsdal, 1977).

I tillegg til Luster lanserte Akergruppen også planar om oljerelatert verkstadindustri i nabokommunen Lærdal. Lærdal Industrier A/S vart skipa. Her skulle det etablerast sveiseverkstad som filial til verksemda i Luster. Også i dette tilfellet var bakgrunnen kraftutbygging. Sveiseverkstaden skulle tilby alternative arbeidsplassar når utbygginga av Lærdalsvassdraget gjekk mot slutten. Verksemda i Lærdal skulle i startfasen ha 50-100 arbeidsplassar. (Sunnmørsposten 9.3.74.)

I januar 1975 kom meldinga om at Akergruppen hadde utsett planane om nyetableringar i Indre Sogn. Samstundes vart det kjent at konsernet kom til å redusera aktivitet og planar fleire andre stader i landet. Det var utviklinga på den internasjonale tankmarknaden, kansellering av skipskontraktar og seinare takt enn konsernet forventa i utbygginga på kontinentalsokkelen som var årsakene. (Sunnmørsposten 24.1.75.)

For Luster kommune vart det innleiinga til ei lang rekkje med utgreiingsarbeid, lovnader og planar om industrietableringar. I 1981 vart det etablert ei mekanisk verksemd som produserer røyr for oljeverksemda. Utover 1980-talet var Luster Mekaniske Industrier ei av få verksemdar i Sogn og Fjordane som oppnådde leveransar til verksemda på sokkelen. Men arbeidsgrunnlaget var heile tida usikkert.

4.6 OPPSUMMERING

Sogn og Fjordane på sidelina

Sogn og Fjordane var i denne perioden heilt på sidelina i forhold til oljeverksemda. Den beskrivelsen av den nasjonale oljeutviklinga desse åra som blei gitt i kapittel 2 er ikkje dekkjande for dette fylket.

Så langt det gjeld dei primære oljeaktivitetane er ikkje det oppsiktsvekkande. Det aller meste av verksemda gjekk føre seg lenger sør på sokkelen med Stavanger som lokaliseringsstad for det meste av dei landbaserte aktivitetane. Alle oljeselskap var etablerte i Stavanger. På sokkelen utanfor fylket gjekk det føre seg leiteverksemd, men ikkje meir omfattande enn at CCB-basen på Sotra tok seg av det vesentlege av forsyningsoppgåvene nord for Stavanger si rekkevidde. Faktisk hadde basen på Sotra problem med å skaffa tilstrekkeleg driftsgrunnlag. Så langt det gjeld dei primære oljeaktivitetane var det såleis ikkje grunnlag for at Sogn og Fjordane skulle vera særleg engasjert i verksemda.

Det stiller seg annaleis med omsyn til leveransane frå næringslivet. Sjølv om leveransane var dominert av eit utval nasjonale storkonsern, så skjedde det oljeretta omstilling i delar av næringslivet over store delar av landet. Såleis var

begge nabofylka på Vestlandet, også Møre og Romsdal i nord, engasjert i leveransar til oljeaktivitetane.

I Sogn og Fjordane viste næringslivet med få unntak ingen interesse for verksemda på sokkelen. Det kan synast som næringslivet i fylket ikkje rekna med at dei hadde mulegheiter på oljemarknaden. Dessutan var det økonomisk gode tider gjennom mesteparten av perioden for m.a. verkstadindustrien. Ankerløkken sine verksemdar levde såleis godt på skipsbyggingsoppdrag. Det var få gode grunnar til å satsa på ein så krevjande og usikker marknad som utanskjersverksemda.

Likevel er næringslivet si manglande deltaking alt i denne fasen påfallande. I 1977 var Sogn og Fjordane ved sida av Finnmark det einaste fylket utan registrert sysselsetting i oljeaktivitetane. Næringslivet markerte seg faktisk sterkast i forhold til oljeverksemda då dei prøvde å hindra at det vart etablert byggestad for betongplattformer innan eige geografisk interesseområde.

Dei optimistiske forventningane i norske utkantane dei aller første åra må i ettertid karakteriserast som urealistiske. Men dei kan forståast ut frå dei mange ukjende faktorane i den nye verksemda. Tidleg på 70-talet var det sterke tendensar til Klondyke-stemning i tilknytning til oljeaktivitetane. I Sogn og Fjordane vart det skjerp av entreprenørgruppene og storkonserna som interesserte seg for småkommunane. Boreriggjar og forsyningskip innan synsvidde frå kysten av fylket bidrog også. Det tok nokre år før ein innsåg at verksemda ikkje ville koma av seg sjølv.

I denne fasen er det ingen teikn til at oljeaktivitetane tilpassa seg distrikta sine føresetnader. I dette perspektivet var det oljeaktivitet i reindyrka, umodifisert variant som rådde med dei multinasjonale oljeselskapa som premissleverandørar. Tilpassinga skjedde på nasjonalt plan med nye oppgåver for sentrale styresmakter og dei største bedriftene i landet. Det skjedde relativt lite elles, med unntak for dei distrikta som fekk tilfeldig anleggsprega verksemd eller der næringslivet makta å koma med i leveransane.

På slutten av perioden breidde det seg oppfatningar om at fylket kunne falla heilt utanfor oljeaktivitetane. Ville "oljetorget" passera fylket utan at ein kom med?

Lokale styresmakter

Lokale styresmakter i utkantane var nærast utan mulegheiter til å koma i inngrep med oljesakene denne perioden. Oppgåvene var avgrensa til å reagera på utspel og initiativ frå oljeselskap og andre utbyggingsinteresser.

Men åra gav også ein del lærdom om kva verksemda innebar. Store dimensjonar, raske omskiiftingar, hastverk i avgjerdsprosessane og konkurranse om fordeling av få og store einingar stod att som sentrale kjenneteikn. Dessutan innsåg ein at premissane for avgjerdene låg langt utanfor lokale styresmakter sitt mandatområde. Internasjonale økonomiske marknader og sentrale politiske

vedtakssentra var dei viktige arenaene. Det ville bli vanskeleg for interesser i utkantane å gjera seg gjeldande i desse samanhengane.

Fylkeskommunen og dei mest aktuelle kommunane på kysten fekk raskt organisert oljesakene i eigne utval. Det fylkeskommunale oljeutvalet fekk frå starten ein formann med heilt spesielle føresetnader for å hevda fylket sine interesser. Men dei åra me ser på her, var Ulveseth primært aktør på sentrale politiske arenaer.

Det er eit karakteristisk trekk ved denne fasen at kommunane heller enn fylkeskommunen stod i sentrum i oljesakene. Fylkeskommunen vart aktivisert i dei fleste sakene, men utan å framstå som sterk interessehevdar i forhold til dei sentrale aktørane på oljesektoren. Både fylkeskommunen og kommunane arbeidde først og fremst med å leggja til rette for den verksemda som kunne koma til fylket. Uttalte målsettingsdebattar eller strategiar i forhold til oljeaktivitetane er det vanskeleg å finna. Eit unntak er valet fylkeskommunen i Sogn og Fjordane gjorde om å orientera seg i eit samarbeid sørover med Hordaland heller enn å ta imot invitasjonen frå Møre og Romsdal om å arbeida for å trekkja verksemda på sokkelen nordover så raskt som mogeleg.

Sentrale styresmakter er heller lite synlege i dei sakene eg har sett på. I forhold til gjennomgangen av det statlege engasjementet på oljesektoren i kapittel 2 er ikkje det så overraskande. Først godt ut på 70-talet vart merksemda retta mot den regionale fordelinga av den landbaserte oljeutbygginga. Innføringa av etableringslova må vurderast som ei vedgåing av at oljeutbygginga også på land hadde slike dimensjonar og verknader at sakene ikkje kunne overlatast til eit fritt spel der utbyggingsinteressene hadde alle fordelar. Begge plattformsakene fortel om det.

I den grad sentrale styresmakter er inne i biletet, er det fylkeskommunen som er det lokale fordelingsnivået. Sjølv utforminga av etableringslova understreka det. At fylkeskommunen ikkje makta å spela noko viktig rolle i den situasjonen som oppstod, må først og fremst forklarast ut frå kjenneteikn ved det politiske landskapet i Sogn og Fjordane. Fylkeskommunen let seg lett setja ut av spel i ein situasjon der lokale interesser stod mot ein annan. Ei forklaring på det er vel også at oljesakene ikkje vart definerte som viktige nok i fylket på denne tida.

I forhold til dei sentrale utbyggingsinteressene på oljesektoren hadde lokale styresmakter lite å stilla opp. Det mest slåande trekket er dei mange utkantkommunane som ukritisk baud seg fram for entreprenørselskapa og dermed kom i eit konkurranseforhold til andre kommunar. Dei tevla seg imellom i eit null-sum spel. Dette var ein situasjon som selskapa kunne nytta til sin fordel og det stilte lokale styresmakter i ein veik forhandlingsposisjon. Situasjonen kan eit stykke på veg jamførast med kraftutbyggingssaker og kan på same måte karakteriserast som forholdet mellom ein gjengangar og ein eingangar (Selvik og Hernes, 1977).

Og jamført med kraftutbyggingskommunar kom dei plattformaktuelle kommunane i ein endå veikare posisjon. For det første er dei landbaserte oljeaktivitetane relativt lite stadbundne. For det andre var det svært mange kommunar som kunne tilby dei godene utbyggjaren etterspurde. Som me såg

presenterte det fylkeskommunale oljeutvalet i Sogn og Fjordane eit utval på 18 stader i fylket som eigna seg for bygging av betongplattformer.

Kommunane som møtte oljeverksemda i den tidlege fasen mangla informasjon og kunnskap om aktiviteten. Kor lenge verksemda ville vara, endringar i nasjonal oljepolitikk og internasjonale konjunkturutsikter var spørsmål som lokale styresmakter ikkje hadde tilstrekkeleg innsyn i og i alle høve ikkje kunne påverka. Det dei visste var at dei ynskte nye arbeidsplassar og at mange kommunar i same situasjonen også gjerne ville vera med i oljeverksemda. Denne situasjonen var utbyggings- interessene sjølvstakt klar over og dei visste å utnytta han til sin fordel. Av framstillinga framafor ser me det klaraste dømet på Åndalsnes. Utbyggjaren, Norwegian Contractors, utnytta den store interessa hjå mange kommunar for å bli lokaliseringsstad for plattformbygging til å oppnå ei rask og positiv avgjerd i kommunen med minimal lokal debatt og lokale krav. Heile den kommunale avgjerdsprossen om den svære utbyggingssaka i Rauma bar preg av det.

Helge Ramsdal (1977) viser at mykje av det same var tilfellet i den lokale avgjerdsprossen om byggestad for betongplattform i Gloppen i Sogn og Fjordane. Det aktuelle entreprenørselskapet Eeg-Henriksen trua med å etablera seg andre stader dersom vilkåra deira ikkje vart oppfylte.

Etableringssakene gir innblikk i ein politisk prosess der tempoet ikkje er tilpassa dei lokalpolitiske arbeidsmåtane. Alt måtte skje raskt. Tidspress, frykt for å missa mulegheitene til nye arbeidsplassar og behov for å kunna reagera på initiativ utanfrå førde med seg at berre få personar i leiinga for kommunane kunne involverast i sakene. På Åndalsnes gav dette seg utslag i manglande informasjon og noko som blei oppfatta som tvilsam sakshandsaming. Det er neppe grunn til å vurdera dette som utslag av maktsjuke hjå den lokale politiske og administrative eliten. Oljeutviklinga og for så vidt andre typar saker som styresmaktene må forholde seg til stiller krav om nye arbeidsmåtar og medfører maktkonsentrasjon også i kommunar og fylkeskommunar.

Ein annan verknad er at lokal politikk vert meir utoverretta. Dette følgjer naturleg av at den lokale utviklinga blir meir avhengig av tilhøve som ligg langt utanfor kommunane sine grenser. Tilfellet Åndalsnes er eit døme på slik utvikling. Då det blei klart for lokale styresmakter at plattformbyggingssaktiviteten kunne bli svært kortvarig, låg mulegheitene til å påverka den lokale utviklinga i å venda seg utover. Auka vekt på "utanrikspolitikken" var Rauma si einaste mulegheit i den situasjonen. Behovet for kontakt med sentrale vedtakssentra vart mykje større.

I slike situasjonar står lokale styresmakter i fare for å spela rolla som stråmenn for utbyggingsinteressene. Di meir avhengig lokalsamfunnet eller kommunen er blitt av utbyggingsinteressene, di større er mulegheitene for å koma i ein slik posisjon. Tilfellet Åndalsnes illustrerer også dette. Representantar for lokale styresmakter og arbeidarane på anlegget drog til Oslo og kravde auka tempo i oljeutvinninga på kontinentalsokkelen.

5

FASE II 1978-81. FOTEN INNAFOR

Kring 1980 hadde aktiviteten på sokkelen drege seg nordover. Områda utanfor Hordaland og Sogn og Fjordane var i ferd med å bli blant dei viktigaste aktivitetsområda, symbolisert med produksjonsstart på Statfjord-feltet i 1979. I kapittel 2 la eg vekt på at sentrale styresmakter, særleg på bakgrunn av den internasjonale lågkonjunkturen og behovet for omstilling i næringslivet, frå slutten av 1970-talet viste auka merksemd mot å trekkja større delar av det norske samfunnet, både geografisk og næringsmessig med i oljeverksemda. Dette skjedde mellom anna med auka vektlegging på fornorsking av leveransane, dels via Statoil, som var i ferd med å etablere seg som det viktigaste oljeselskapet på norsk sokkel, og dels med at det blei stilt krav til utanlandske oljeselskap om samarbeid med norske verksemdar for at dei skulle oppnå konsesjonar. Det skjedde også i form av ei rekkje utgreiingar og tilrådingar om korleis styresmakter og næringsliv også i utkantane burde handla for å oppnå ein plass i verksemda. Eg vil vera oppteken av kva verknader dette hadde i Sogn og Fjordane.

I forrige kapittel skildra eg korleis svært optimistiske forventningar til oljeverksemda i 1972-74 snudde til pessimisme og lita interesse i 1976-77. Ved inngangen til den perioden eg her ser på var framleis forventningane til oljeverksemda i fylket på eit lågmål. Ein rapport frå Industriøkonomisk institutt utarbeidd på oppdrag frå Sogn og Fjordane fylkeskommune frårådde såleis næringspolitisk engasjement i oljeverksemda. Sjansane for at slike tiltak skulle lukkast var små grunna svakt utvikla næringsliv i fylket og på grunn av skarp tevling frå drifts- og basemiljøa som var under oppbygging i Hordaland og Møre og Romsdal. I rapporten heiter det mellom anna at det er "lite realistisk å regne med at en base blir lokalisert til Sogn og Fjordane". (Eskedal, 1978, s.23.)

Men kring 1980 endra biletet seg, sjølv om dei konkrete verknadene av verksemda målt i sysselsetting eller leveransar frå næringslivet i fylket også desse åra var heilt minimale. Ei rekkje faktorar bidrog likevel til å bringa Sogn og Fjordane ut av det oljepolitiske daudvatnet. Dette innebar for det første nokre konkrete gjennombrot og haldepunkt for vidare arbeid med oljesakene. For det andre skjedde det ein del viktige avklaringar i fylket sitt oljeengasjement. Samla gjer dette at eg har kalla desse åra kring 1980 for ein "fase" i fylket sitt møte med oljeverksemda.

Kva var det som skjedde desse åra? Kvifor endra situasjonen seg? Eg skal vera på leit etter forklaringar både i eksterne faktorar og ved å sjå på det som skjedde i fylket. Utkikspunktet vil primært vera det fylkeskommunale oljeutvalet, men eg vil også gå nærare inn i lokalt materiale. Mi vurdering er at åra kring 1980 var viktige både i forhold til mine problemstillingar og med omsyn til å gi retning for fylket sitt engasjement i oljeverksemda.

5.1 EKSTERNE FAKTORAR

I løpet av perioden skjedde det endringar i fleire eksterne forhold som gav betre vilkår for oljeengasjement i fylket.

Utviklinga på sokkelen.

Eit viktig forhold var at aktiviteten på kontinentalsokkelen drog seg nordover slik at storparten av vestlandskysten vart aktuelt lokaliseringsområde for forsyningsaktivitetar. Primært galdt dette forsyningar til leiteverksemd. Utforskinga av dei utdelte blokkene i tredje konsesjonsrunde (1973-78) viste at Statfjordområdet var det rikaste området på norsk kontinentalsokkel så langt. Utbygginga av Statfjord med produksjon frå 1979 gav omfattande verksemd i Bergens-området.

I fjerde konsesjonsrunde (1979) vart det stort sett berre tildelt blokker i området 60-62°N; dvs. utanfor Hordaland og Sogn og Fjordane. Oljeselskapa sine forventningar om fleire funn var formidable. Dermed vart åra kring 1980 ein perioden med aktiv leiteboring på sokkelen utanfor fylket.

Og leiteaktivitetane gav resultat. Alt i september 1979 vart det kjent at Saga hadde gjort funn på blokk 34/4. Denne blokka ligg rett vest for Flora og fekk seinare namnet Snorre. Våren 1980 kom meldinga om det formidable gassfeltet Troll, sør-vest for munninga av Sognefjorden. I tillegg var det klart at blokk 34/10, med det talande namnet "Gullblokka", seinare endra til Gullfaks, var eit nytt stort oljefelt rett vest for Sognefjorden. Innan utgangen av den perioden eg ser på her var det klart at minst 2/3 av dei påviste petroleumsforekomstane på norsk sokkel var i området 60-62°N.

Forventningane til oljeverksemda blei styrka av den sterke prisauken på råolje desse åra. Perioden 1978-80 blir med rette karakterisert m.a. med det andre dramatiske hoppet i oljeprisane etter at Norge vart petroleumsleverandør (Noreng, 1987). Realprisen på råolje auka på kort tid frå \$17 til \$32 (1982-USD) pr. fat (St.meld.nr. 32, 1984-85). Dette senka sjølvsagt terskelen for kva som kunne reknast som drivverdige funn. Hjå oljeselskapa auka appetitten på blokkene i Nordsjøen og hjå lokale styresmakter steig forventningane.

For mange område på vestlandskysten, som langt på veg var bygde på tradisjonelle aktivitetar som skipsbygging og fiskeri, framstod oljeverksemda som ein moglege vekstimpuls, for ikkje å seia redningsbøye. I sentrale politiske krinsar i Sogn og Fjordane vart det rekna som fullstendig urimeleg dersom fylket ikkje fekk del i aktivitetane.

Svikt i eksisterande næringsgrunnlag.

I motsetning til første halvdel av 1970-talet var slutten av ti-året ein periode med konjunkturedgang og klare krisetendensar i internasjonal økonomi. Det vart

klart at den internasjonale tilbakegangen i økonomien midt på 70-talet var meir omfattande enn ein først trudde. Det kunne sjå ut som ein gjekk i møte ein periode med stagnasjon i internasjonal økonomi (Haarr, 1982).

Motkonjunkturpolitikken, med omfattande bruk av oljeinntekter på forskot, utsette problema nokre år. Då denne vart avvikla på slutten av ti-året, var det klart at konkurranseevna var sterkt svekka, særleg i konkurranseutsette bransjar. Norge stod framfor sterke omstillingar i næringslivet, med nedbygging av tradisjonell industri og skipsfart og ekspansjon i oljerelatert verksemd (Hanisch og Nerheim, 1992).

I Lied-utvalet si innstilling (NOU 1979:35) og i industrimeldinga frå 1980 (St.meld. nr. 54, 1980-81) vart dei nye problemstillingane handsama. I begge dokumenta dannar verknadene av den internasjonale lågkonjunkturen saman med oljeutviklinga bakgrunn for å skissera sterke behov for strukturendringar særleg i industrien. Det var konsentrasjon, omstilling og internasjonalisering som var stikkorda for utviklinga i næringslivet i 80-åra.

Medan store delar av norsk næringsliv si interesse for leveransar til oljeverksemda berre var moderat i dei økonomisk gode åra først på 1970-talet, vart slutten av ti-året ein hektisk periode der rask omstilling til oljeretta aktivitet stod på dagsorden mange fleire stader. Sentrale styresmakter spela ei viktig rolle i desse prosessane. Den internasjonale skipsfartskrisa, som følgde i kjølvatnet av oljekrisa i 1974, resulterte på norsk side m.a. i innstillingane frå "Skipsbyggingsutvalget". I utvalet si andre delinnstilling frå 1978 heitte det at ein måtte rekna med nedlegging av 40%, eller 6.000 av arbeidsplassane i skipsbyggingsindustrien i perioden 1978-80 (NOU 1978:4).

Ei av tilrådingane i innstillinga var at ein del skipsverft burde omstilla til oljerelatert produksjon (Ibid.). Ein periode såg det ut til at krakket i skipsbyggingsindustrien kunne koma svært fort. 1978 var rekna som eit kritisk år. Men ei rekkje statlege støtteordningar med utgangspunkt i utvalet sine innstillingar utsette problema ei tid. I ein periode då dei selektive støttetiltaka til industrien elles vart sterkt nedtrappa, vart det gitt omfattande likviditetslån og anna særskild støtte til skipsbyggingsindustrien (Haarr, 1982). For å skunda på omstilling til oljeaktivitet, vart norsk næringsliv sterkt prioritert i fordelinga av oppdrag til norsk sokkel. Mellom anna vart tilbodsdocumenta til Statfjord B-plattformen berre tildelt norske verksemd (St. meld. nr. 53, 1979-80).

Dei ulike tiltaka for å stimulera norsk industri til oljeretta produksjon gav resultat. Den norske nettodelen av dei samla leveransane til verksemda på sokkelen auka frå 28% i 1975 til 53% i 1979. I 1978 var nettodelen heile 62%. Det vil seia at 85-90% av bruttokontraktane gjekk til norske verksemd (ibid.).

I Sogn og Fjordane innebar desse forholda at situasjonen for delar av det eksisterande næringslivet på slutten av 1970-talet var ny. Medan den stramme arbeidsmarknaden i fylket nokre år tidlegare langt på veg var eit problem når ein skulle målbera krav om oljeaktivitet til fylket, vart det i slutten av 70-åra etter kvart rikeleg med argument i dystre framtidsutsikter for det eksisterande næringsgrunnlaget. På same viset viste dei vanskelegare forholda seg å auka interessa for oljeengasjement hjå næringslivet.

På vestlandskysten var det først og fremst problema i verkstadindustrien som skapte uro. I Sogn og Fjordane gav det seg utslag først og fremst hjå fylket sitt største skipsbyggings-verft, Ankerløkken Verft Florø. Mørke skyer seig inn over hjørnesteinsbedrifta i Flora i løpet av 1977 og året etter var einaste utvegen overgang til oljeretta produksjon


Dei dårlegare konjunkturane er såleis eit inntak til oljeaktivitetane i Sogn og Fjordane. Særleg problema ved Ankerløkken skulle etter kvart bli nær knytta til fylket sitt oljeengasjement.

5.2 FORDELING AV OLJEAKTIVITETANE PÅ POLITISK DAGSORDEN

Frå sentrale styresmakter hadde ynskjert om spreing av oljeaktivitetane vore uttrykt i fleire år, m.a. i St. meld. nr. 25 (1973-74). Men med den dominerande betydninga oljeverksemda etter kvart fekk for næringsliv og nasjonal økonomi i løpet av 1970-åra og med den sterke og konsentrerte veksten i arbeidsplassar i direkte tilknytning til oljeaktivitetane, vart det etter kvart viktig å få til ei spreing av verksemda.

Arbeidsdirektoratet sin statistikk for sysselsetting i oljeaktivitetane gav på slutten av 1970-talet klar beskjed om at verksemda var konsentrert til nokre få fylke. Figur 5.1 viser kor stor del av dei oljesysseletta som var tilsette ved verksemda i dei fem fylka Oslo, Akershus, Telemark, Rogaland og Hordaland.

FIG. 5.1 FEM FYLKE SIN ANDEL AV OLJESYSSELSETTINGA



Kjelde: Arbeidsdirektoratet, 1981.

Figur 5.1 viser at kring 80% av dei som hadde arbeidet sitt i oljeaktivitetane desse åra var tilsette ved verksemdar heimehøyrande i eitt av desse fem fylka. Også med omsyn til kva type verksemdar som var engasjert i oljeaktivitetane var biletet prega av konsentrasjon. I denne oppbyggingsfasen av verksemda på sokkelen var det dei største og sterkaste delane av næringslivet som dominerte leveransane til oljeverksemda.

Utgangspunktet for utgreiingsaktiviteten på slutten av 1970-talet var meldinga om verksemda til Distriktenes Utbyggingsfond i 1977 (St.meld. nr. 96 (1977-78)). Her heiter det m.a. at styresmaktene er innstilt på ei klart restriktiv haldning til vidare vekst i oljetilknytt aktivitet i Stavanger-området og at den vidare utbygginga må skyvast nordover. På bakgrunn av denne meldinga nedsette Distriktenes Utbyggingsfond på slutten av 1977 ei arbeidsgruppe som kartla lokaliseringsvilkåra for dei ulike oljeaktivitetane. (Distriktenes Utbyggingsfond, 1978.) Arbeidsgruppa konkluderte med at oljeselskapa sine sterke krav om å vera lokalisert i eit oljemiljø ikkje gav andre alternativ for den nye ekspansjonen enn Bergensområdet, sjølv om dette ut frå distriktpolitiske vurderingar ikkje var ynskjeleg. Styret for Distriktenes Utbyggingsfond sa seg samd i konklusjonane til arbeidsgruppa, men forsterka dei kritiske synspunkta på den sterke oppbygginga som det låg an til i Bergens-området (Vedtak i DU sitt fondsstyre 24.8.78, sak 631/78).

På dette grunnlaget formulerte Regjeringa nye og strengare retningsliner for praktisering av etableringslova (Pressemelding frå Kommunal- og arbeidsdepartementet 6.10.78). Samstundes nedsette Regjeringa ei interdepartemental arbeidsgruppe som m.a. skulle "utpeke og legge forholdene til rette for alternative etableringssteder utenfor Stavanger-regionen som kan gi oljetilknyttet virksomhet akseptable arbeidsmuligheter" (NOU 1980:39, s.5).

I 1980 vart det lagt fram to offentlege utgreiingar (NOU 1980:1 og NOU 1980:39) som begge fokuserte dei distriktpolitiske sidene ved oljeverksemda. I tillegg til den konkrete bakgrunnen for utgreiingane som vart skissert ovafor, må initiativa også vurderast som teikn på oljesektoren sin generelt større betydning for det norske samfunnet på dette tidspunktet. Omforminga av Norge til oljenasjon hadde nådd eit nivå der det ikkje lenger var tilstrekkeleg at oljeengasjementet var avgrensa til dei største industriselskapa og byområda. Større delar av det norske samfunnet måtte integrerast og tilpassast oljealderen (Jamfør Lied-utvalet si innstilling). For eitt av poenga eg ynskjer å få fram er det følgjande: Kring 1980 var det ikkje berre tale om norske utkantar som arbeidde for å oppnå ein plass i oljeverksemda. Det var også tale om medvitne forsøk frå sentralt hald for å få til ei jamnare geografisk fordeling av oljeaktivitetane. Med det er det ikkje sagt at alle delar av det sentrale styringsapparatet stod for ein slik politikk.

Sogn og Fjordane si særstilling blei understreka med at det som det einaste fylket vart omhandla i begge utgreiingane. I spørsmålet om lokalisering av oljetilknytt verksemd sør for 62°N (NOU 1980:39) var Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane dei aktuelle fylka. Rogaland og Hordaland var på slutten av 1970-talet dei to fylka som hadde størst sysselsetting i tilknytning til oljeaktivitetane. Sjølv om Sogn og Fjordane ligg lengst nord av dei tre, var det påfallande at fylket i det heile ikkje var kome med i verksemda. I utgreiinga om leveransar av varer og tenester til oljeverksemda (NOU 1980:1), var meininga

opprinneleg at denne berre skulle gjelda fylka nord for 62°N. Men avdi næringslivet i Sogn og Fjordane hadde minst like store problem med å gjera seg gjeldande i leveransane, kom fylket med her også.

Sjølv om det her er tale om to utgreiingsarbeid, skal eg via dei nærare merksemd avdi dei drøfta dei aktuelle problemstillingane for Sogn og Fjordane sin del ganske inngåande og fordi mange av tilrådingane vart viktige for det som seinare skjedde i fylket.

Lokalisering av oljeaktivitetar sør for 62°N.

NOU 1980:39 tok føre seg lokalisering av primære oljeaktivitetar, det vil seia dei fleste aktivitetane som kom inn under etableringslova. Utgreiinga drøfta desse aktivitetane sitt lokaliseringsmønster og peika ut oljeselskap med operatøransvar som den viktigaste gruppa. Det vart lagt avgjerande vekt på at desse selskapa sine spesielle lokaliseringkrav tilsa at det i Norge burde byggjast opp berre nokre få "oljemiljø" i dei største byregionane.

Dermed konkluderte NOU 1980:39 med Bergen som det nye ekspansjonsområdet for oljeaktivitetane sør for Stadt. For å imøtekoma lokale krav og å få til ei desentralisering av aktivitetane, heitte det at "visse driftsenheter som naturleg kan skilles ut fra oljeselskapets hovedadministrasjon bør legges til den basen som betjener det feltet hvor selskapet er engasjert" (Ibid.,s.35).

Haugesund/Karmøy og Flora vart utpeika som "avlastingsbasar" for høvesvis Stavanger og Bergen. Om Flora heitte det: "Det bør arbeides for en deling mellom Bergensområdet og Flora når det gjelder driftsoppgaver (Ibid. s.10).

For Flora sin del blei det peika på fleire faktorar som gjorde omfanget av framtidig oljeaktivitet usikkert. For det første var det eit spørsmål om kvar petroleums-forekomstane var og korleis arbeidsdelinga med Bergen ville fungera. For det andre vart det lagt vekt på at det måtte takast omsyn til at Kristiansund alt var utpeika som hovudbase for den komande aktiviteten utanfor Midt-Norge. Det vart difor åtvara mot ei omfattande utbygging av basetenester i Flora før det var påvist drivverdige funn nær byen: "En for sterk utbygging i en letefase av baseanlegg i Florø vil kunne gå på bekostning av den planlagte basen i Kristiansund" (Ibid. s. 40). Sogn og Fjordane fekk her stadfesta vurderinga frå den forrige fasen om at større aktivitet like nord for 62°N ville vera ei ulempe for fylket.

Og dette var hovudproblemet som oljeinteressene i Sogn og Fjordane stod framom i 1980. Kor mykje burde ein satsa i Flora på det usikre grunnlaget som var? NOU 1980:39 gav for so vidt svaret: "Med det omfanget baseaktiviteten får i letefasen vil det ikke være behov for spesielt tilretteleggingsarbeid i Florø i dag" (Ibid. s.16.).

Etter at NOU 1980:39 hadde vore til høyring drøfta Regjeringa 10.8.80 saka og trekte opp retningsliner for lokalisering av oljetilknyttta verksemd sør for 62°N. Om Flora heitte det: "Flora er et hensiktsmessig avlastningssted for Bergens-

området, med hensyn til basetjenester, serviceselskaper og visse driftsenheter i tilknytning til oljevirksomheten i nordre del av Nordsjøen" (Distriktenes Utbyggingsfond, 1982, s.4).

Flora sin førebels status i forsyningstenestene var dermed fastslått frå sentralt hald. For fylket sine representantar betydde det ein hadde oppnådd eit spinkelt inntak til vidare oljeengasjement.

Leveransar av varer og tenester.

I arbeidsgruppa bak utgreiinga om korleis omfanget av varer og tenester til oljeverksemda kunne aukast frå industrien i kystfylka frå Sogn og Fjordane og nordover (NOU 1980:1), var Sogn og Fjordane representert med fylkesrådmann. Det var også fylkeskommunane i dei impliserte områda med assistanse frå utvalde verksemdar som stod for utarbeiding av underlagsmateriale. I Sogn og Fjordane var dette Ankerløkken/Florø.

Formuleringane i utgreiinga er prega av at dei regionale interessene er representert og langt på veg har fått høve til å formulera problemstillingane sjølve. Såleis heiter det om Sogn og Fjordane at "dette fylket på mange måter faller mellom to stoler, mellom den pågående oljeaktiviteten på Sør-Vestlandet og den påtenkte virksomheten nord for 62°N. Selv om et av Nordsjøens viktigste aktivitetssentra ligger like utenfor stuedøra til Sogn og Fjordane har det hittil ikke funnet sted noen oljetilknyttede etableringer her og fylket sliter med store struktur og sysselsettingsproblemer" (Ibid.,s. 10-11).

Utgreiinga drøfta inngåande dei problema industrien i desse områda møter i forsøka på å oppnå leveransar til verksemda på sokkelen. Det galdt storleiken på ordrane, vanskaner med å koma i tilbodsposisjon og generelt problema med å gjera seg gjeldande innafor ein sektor som er solid forankra i amerikansk måte å driva handel. I utgreiinga vart dette møtet oppsummert slik:

"Poenget er imidlertid klart: Oljevirksomheten kjennetegnes særlig av størrelse og spesialisering mens distriktsindustrien ofte er preget av små enheter som er orientert mot tradisjonelle markeder. Det er denne karakterforskjellen som utgjør hovedproblemet når man skal vurdere hvordan leveransene fra Sogn og Fjordane og distriktene nord for 62°N skal kunne økes" (Ibid. s.49).

NOU 1980:1 er ei drøfting av denne karaktarskilnaden med ei rekkje framlegg til korleis skilnadene kan utjamnast, korleis dei to einingane kan passast i hop.

Framlegga til tilpassing på "kjøparsida" var avgrensa. Her var "oljemiljøet" sin teknologi, organisasjon og kultur langt på veg ein premis for utgreiarane. Hovudelementet var Statoil si rolle på sokkelen, men det vart understreka at også dette selskapet må byggja innkjøpspolitikken sin på vanlege konkurransemessige prinsipp.

Mulegheitene for oppdeling av dei store ordrane i samband med utbyggingsprosjekt vart drøfta, utan at arbeidsgruppa meinte at det dermed var mogeleg å trekkja større delar av industrien i desse fylka med i denne delen av oljeverksemda. I utgreiinga vart det såleis nemnd oppdeling av utbyggingsoppdrag for verkstadindustrien til modular ned mot ein verdi på 50-100 mill. kr. Som illustrasjon kan det nemnast at i 1979 var det berre 6 industriverksemdar i Sogn og Fjordane som hadde ei årsumstjing over 50 mill. kr. Av desse hadde to eit produksjonsspekter som gjorde dei aktuelle for leveransar til oljeverksemda. Det var Ankerløkken sine verksemdar i Flora og Førde. (Bergersen, 1980.)

NOU 1980:1 lanserte derimot ei rekkje framlegg med sikte på å tilpassa næringslivet i utkantane til oljeverksemda sine krav. Dels var det tale om tiltak frå bedriftene si side og dels medverking frå styresmaktene for å rusta nye område til å ta imot oljeaktivitet.

I næringslivet vart det primært fokusert på ulike former for samarbeid, frå lause kontaktar til full integrasjon, både lokalt og med nasjonale og internasjonale bedrifter. Poenget var at verksemdene i distrikta ikkje måtte bli ståande åleine når dei skulle inn på oljemarknaden. Utgreiinga understreka også behovet for omstrukturering i næringslivet:

"En kan imidlertid ikke på lang sikt ta dagens småindustristruktur for gitt. Den mindre industriens deltakelse vil forhåpentligvis innebære vekstimpulser som fører til utvikling av bedriftsenheter som er bedre tilpasset oljevirkens behov" (Ibid. s.34).

Arbeidsgruppa drøfta også innføring av særskilde preferanseordningar for næringslivet i dei aktuelle distrikta, med andre ord ei tilsvarande ordning som gjeld norsk næringsliv i forhold til internasjonale selskap (§54 i kgl. res. 8.12.72.) Men dette vart avvist fordi: "En slik løsning vil ikke føre til kostnadsbevissthet og den omstrukturering av næringslivet som er nødvendig for at industrien skal bli konkurransedyktig på dette felt" (Ibid. s. 49).

Derimot vart det gjort framlegg om særskilde verkemiddel som kunne gjera det mogeleg å framprioritera grunnlagsinvesteringar og utbyggingar i verksemdar og kommunar som blir aktuelle for oljerelatert aktivitet: "Sentrale myndigheter har et særlig ansvar for å prioritere infrastrukturinvesteringer på utpekte steder" (Ibid. s. 36-37).

Utgreiinga la stor vekt på at lokale og regionale styresmakter måtte spela ei aktiv rolle i desse prosessane. Arbeidsgruppa var varsam i formuleringane om forholdet mellom kommunar og fylkeskommunar og refererte til Nord-norsk oljeråd som hadde teke til orde for at "fylkeskommunene bør få en mer sentral rolle i planleggingen av oljevirkensheten enn hva tilfellet har vært til nå." (Ibid. s.44.) Utgreiinga gav likevel tydeleg til kjenne at det var fylkeskommunane som kunne spela ei rolle i oljesamanheng, mellom anna fordi fylkeskommunane alt forvalta ei rekkje verkemiddel i distriktsutbygginga. Fylkeskommunane vart oppfordra til å ta initiativ til industrisamarbeid og det blei gjort framlegg om å skipa stillingar som oljekonsulent på fylkesnivå (Ibid.).

Dei to utgreiingane frå 1980 demonstrerte såleis klart at desentralisering av oljeaktivitetane var ei vanskeleg oppgåve. Når Sogn og Fjordane og andre utkantprega område framstod som uhøvelege i oljesamanheng og vart stilt framfor krav om modernisering og tilpassing, var ikkje dette først og fremst på grunn av manglande "distriktspolitisk vilje" på sentralt hald. Tvert om må utgreiingane seiast å vera prega av sterk interesse for å få til ei jamnare geografisk fordeling av oljeaktivitetane.

Utgreiingane la primært vekt på tilpassing på lokalplanet, men i utgangspunktet mangla det brukbare aktørar som kunne fungera som pådrivar. Næringslivet i utkantområda mangla stort sett både føresetnader og interesse for oljeengasjement. Heller ikkje primærkommunane i slike område var noko stort aktivum åleine. Dei var for veike både politisk, økonomisk og administrativt. Dei brukbare aktørane ein dermed stod att med var fylkeskommunane i samarbeid med utvalde bedrifter og aktuelle primærkommunar. Det kan oppsummerast som hovudtilrådinga frå dei sentrale utgreiingsarbeida.

Nye krav til oljeselskapa.

Som eg viste i kapittel 2 markerte sentrale styresmakter seg sterkare i den landbaserte oljeutbygginga også på andre vis desse åra. Ved sida av Statoil sin sterkare posisjon og den meir systematiske oppfølginga av selskapet når det galdt fornorsking av leveransane, galdt det dei sterkare krava til utanlandske oljeselskap om å inngå samarbeid med norsk næringsliv. Det var i samband med utlysinga av blokker i fjerde konsesjonsrunde (1979) at desse krava vart forsterka. (St.meld. nr. 9, 1984-85.) Det var ikkje til å misforstå at inngangsbillett til norsk sokkel føresette industri- eller teknologisamarbeid med norske verksemdar eller forskingsmiljø. (St.meld. nr. 63, 1978-79.)

For oljeselskapa innebar det nye omsyn å ta i forhold til det norske samfunnet. Det synest som om både selskapa og næringslivet i byrjinga var usikre på kva styresmaktene var ute etter. Einskilde oljeselskap prøvde rett og slett å kjøpa seg "inngangsbillett" med kontantbidrag til industribedrifter (Helle, 1984). I andre tilfelle påtok utanlandske oljeselskap seg relativt store forpliktelsar i form av kunnskapsoverføring og anna til norske verksemdar.¹² For styresmakter og næringsliv i distrikta representerte dette eit nytt inntak til oljeaktivitetane.

5.3 LOKAL AKTIVITET

I takt med dei meir positive rammeføresetnadene auka engasjementet for å trekka Sogn og Fjordane med i oljeverksemda sterkt frå 1978. Hovudaktøren frå fylket si side var det fylkeskommunale oljeutvalet med den heimvende formannen Ingvald Ulveseth i spissen. Etter kvart viste også fylkeskommunen elles større aktivitet i oljesakene, og her er det å merka at det er den nye fylkeskommunen som er på arenaen.

Den andre hovudaktøren var Flora kommune som ved utgangen av ti-året var vorten fylket sin oljekommune. Eg kjem attende til samlinga om Flora som var avgjerande for den rolla fylkeskommunen kunne spela i oljesakene. Utover i perioden utvikla det seg eit nært samarbeid mellom desse to lokale hovudaktørane i oljesakene.

Det fylkeskommunale oljeutvalet.

Det er to forhold som først må trekkjast fram når eg skal sjå på det fylkeskommunale oljeutvalet sin aktivitet denne perioden. Det første gjeld dei organisatoriske endringane i lokalforvaltninga som resulterte i at fylkeskommunen stod fram i ny drakt som sjølvstendig politisk, administrativ og økonomisk eining frå 1976. Også i Sogn og Fjordane tok det sjølvstendig tid før den nye fylkeskommunen fann forma si. Men etter kvart merkast den nye eininga som eit styringsnivå med større ressursar og ambisjonar om å spela ei rolle også i næringsutbygginga, sjølv om den administrative kapasiteten til å ta seg av oljesakene ikkje auka i første omgang

Den andre faktoren som skal nemnast innleiingsvis er formannen i oljeutvalet, fylkesmann Ingvald Ulveseth, som var vend heim til stillinga si i fylket. Omorganiseringane i fylkeskommunen synest ikkje å ha innverka korkje på Ulveseth sin posisjon i fylket generelt eller på rolla hans i det fylkeskommunale engasjementet i oljesakene. Som fylkesmann vart han gang på gang attvald som formann i oljeutvalet og spela ei sentral rolle frå utvalet tok opp att arbeidet sitt i 1978.

Når det gjeld fylkesnivået og oljeutvalet sine mulegheiter for å påverka oljeutviklinga i fylket hadde personen Ulveseth avgjerande betydning:

"Fylkeskommunen generelt er ikkje så viktig, men oljeutvalet og Ulveseth er det" (Ordførar Hjertenes i intervju 06.04.81).

"Ulveseth er viktig og sentral for fylket i oljesakene og opptrer på eit meir korrekt plan enn kommunen gjer" (Disponent Billing, Ankerløkken Nye Verft, Florø i intervju 06.04.81).

Etter kvart synest det som om han nytta det omfattande kontaktnettet sitt til å fremja Sogn og Fjordane sine interesser i oljesakene. Og Ulveseth hadde framleis viktige verv på sentralt plan. Frå 1978 var han formann i styret for Distriktenes Utbyggingsfond. Som eg alt har nemnt spela fondet ei viktig rolle i utforminga av det sterkare statlege engasjementet i oljeaktivitetane. Ut over det hadde han sjølvstendig eit omfattande nett av kontaktar i ulike sentrale organ og bedrifter, ikkje minst til Statoil.

Arbeidsoppgåvene i oljeutvalet auka sterkt, særleg etter vedtaket om forsyningstenester frå Flora våren 1979. Dette medførde kontinuerlege drøftingar om arbeidskapasitet, oppgåveprioritering og mandat for utvalet. Fylkesingeniøren fylte framleis stillinga som sekretær for utvalet, men behovet for ei eiga stilling til å ta seg av oljesakene melde seg etter kvart med full tyngde, og vart stadig

teke opp i utvalet. I samband med fylkeskommunen si fråsegn til NOU 1980:1 vart det stilt krav om statleg stilling som oljekonsulent i fylket. (Fylkesutvalssak 95/80.) Dette vart ikkje innfridd, men i januar 1981 fekk fylkeskommunen gjennomslag for ein søknad til Kommunal- og arbeidsdepartementet om kr. 500.000,- til engasjement av slik stilling. Med det som utgangspunkt vedtok fylkestinget å skipa permanent stilling som oljekonsulent frå 1.1.82. (Fylkestingssak 20/81.) I løpet av perioden viste såleis fylkeskommunen større interesse for å prioritera ressursar til oljesakene.

Oljeutvalet sitt mandat og fridomsgrad i forhold til fylkeskommunen vart også drøfta. Sommaren 1980 vart det utarbeidd nytt mandat for utvalet og i samband med omorganisering av nemndstrukturen i fylkeskommunen, fekk oljeutvalet frå 1981 status som underutval for Nærings- og ressursutvalet. I det nye mandatet heitte det i §3:

"Utvalet skal ta initiativ og vurdere nye tiltak med tilknytning til oljeverksemda. Utvalet skal vidare gi råd til fylkeskommunen i spørsmål om oljeaktiviteten. Utvalet skal under dette arbeidet halde seg best mogeleg orientert om utbygginga i oljeindustrien og etablere vid kontaktflate med oljemiljøet" (Fylkestingssak 24/80)

I forhold til mandatet frå 1972, er det særleg to endringar å merka seg. For det første vart det lagt større vekt på dei handlings- eller initiativorienterte oppgåvene. For det andre var formuleringane om rådføring med dei lokale/kommunale interessene borte. Dette var i seg sjølv viktige signal for korleis fylkeskommunen definerte oljeutvalet og etter alt å døma si eiga rolle generelt i oljesakene. Gjennom heile perioden var oljeutvalet ved formann og sekretær eit svært aktivt underutval som, med grunnlag i stadig nærare kontakt med den administrative leiinga i fylkeskommunen, var i stand til å spela ei viktig rolle i oljeutviklinga i fylket.

Samling om Flora.

Ein avgjerande føresetnad for fylkeskommunen si rolle i oljesakene var samlinga om Flora som fylket sin oljekommune. I forrige kapittel freista eg få fram at det var eit uavklara spørsmål kva kommune på kysten det skulle satsast på i oljesamanheng. Flora og Vågsøy var dei mest aktuelle, men oljeutvalet unnlet å ta noko standpunkt. Men frå 1978 var ikkje dette lenger noko spørsmål. I alle referat frå oljeutvalet sine møte og ei rekkje andre initiativ frå fylkeskommunen er Flora fylket sin oljekommune.

Og konsentrasjonen om Flora medførde heller ikkje nemnande vanskar seinare. Hausten 1979 og vinteren 1980 vende kommunane Eid og Vågsøy seg til fylkesmannen med spørsmål om oljeverksemd. Vågsøy bad også om at det vart utplassert fylkeskommunal stilling som oljekonsulent til kommunen. (Brev frå ordføraren i Vågsøy til fylkesmannen 3.1.80.) Men desse framstøyta vart tekne hand om av oljeutvalet/fylkesmannen utan at det vart politisk strid om Flora sin posisjon.

Spørsmålet om Flora eller Vågsøy eller andre alternativ vart aldri noko politisk stridsspørsmål i fylket. Det valet skjedde ved ei "ikkje-avgjerd". Med dei tradisjonane Sogn og Fjordane har i lokaliseringsspørsmål, kan det synast oppsiktsvekkande. Den desentraliserte strukturen, fogderigrensene m.m. inneber at det svært sjeldan er sjølvstøtt kvar ny verksemd skal lokaliserast.

Kva var årsakene til samlinga om Flora? For det første er det freistande å sjå dette på bakgrunn av røyntene ein hadde frå nokre år tidlegare. Frå oljeutvalet vart det opplagt lagt opp til å unngå strid om spørsmålet, og det gjorde ein best ved ikkje å gjera det til noko politisk sak i det heile. For andre aktørar i fylket kan vonbrota frå den tidlege fasen ha resultert i pessimistiske eller negative haldningar til oljeverksemda. Dessutan kom initiativa om Flora på eit tidspunkt då forventningane til oljeverksemd i fylket var små. I tillegg var talet på aktørar og det allmenne informasjonsnivået i oljesakene framleis lågt.

I eit svarbrev til Vågsøy kommune om deira ynskje om oljeverksemd (brev frå oljeutvalet 2.11.79), vart det lagt vekt på flyplassen i Flora som argument for å konsentrera innsatsen der. I andre samanhengar vart det trekt fram at Flora hadde tenesteytande tilbod som sjukehus og at Vågsøy mangla tilstrekkeleg forsyning av ferskvatn.

Ei årsak som utvilsamt gjorde det naturleg å satsa på Flora var lokalisering i høve til verksemda på sokkelen. Det var i Statfjord-området dei rikaste oljeforekomstane var påviste og det var der mesteparten av aktiviteten utanfor fylket gjekk føre seg. Flora låg klart nærare dette feltet enn Vågsøy. Strategiske vurderingar i forhold til verksemda i Bergens-området tala også for Flora. Dersom Sogn og Fjordane ikkje satsa på ein stad med geografiske fortrinn i forhold til Statfjordområdet, ville heile dette området truleg bli forsynt frå CCB-basen på Sotra.

Men det avgjerande argumentet for Flora, og det som også gav solid legitimitet til fylkeskommunalt engasjement på vegne av denne kommunen, var utviklinga ved hjørnesteins-verksemda Ankerløkken Verft.

Dei dystre framtidsutsiktene for skipsbyggingsindustrien medførte at Ankerløkken på nyåret 1978 vende seg til Industridepartementet med spørsmål om offentleg støtte til oljeretta omstilling ved verftet i Flora. Utspelet vart drøfta i oljeutvalet sitt møte 16.2.78 (sak 4). På denne bakgrunn sende oljeutvalet brev til fylkesutvalet (datert ultimo februar 78) der ein bad fylkeskommunen stø opp om omstillingsforsøket. Om å satsa på Flora heiter det: "Utvalet har ved tidlegare høve peikt på at Florø-distriktet geografisk ligg godt plassert i høve til oljeaktiviteten i Nordsjøen."

Initiativet vart følgt opp med ei samrøystes fråsegn i fylkesutvalet i september 1978 (sak 265/78) om støtte til Ankerløkken. I vedtaket som vart sendt Industridepartementet, Olje- og energidepartementet og Distriktenes Utbyggingsfond heiter det også: "Vidare ser ein det som viktig at fylket kan kome med i baseverksemda. Her og er Florø den mest naturlege staden". (Brev dagsett 7.9.78.)

Av referata frå oljeutvalet sine møte etter dette går det fram at arbeidet i stor grad vart konsentrert om Ankerløkken og Flora, utan at det vart problematisert. I møte 1.9.78 (sak 4) heiter det om det vidare arbeidet i utvalet:

"I første omgang er det aktuelt å pressa fram ei avklaring for Ankerløkken Verft i Florø slik at verksemda kan få oppdrag i utbygging av Statfjordfeltet. Ein må vidare legge press på vedkomande styringsorgan for at Flora kan få oppgåver i forsyningstenesta og administrasjon innan oljesektoren."

I referat frå møte 22.11.78 (sak 2) går det fram at fylkesutvalet også hadde tilrådd utbygging av helikopterbase i Flora.

Strategiar og ambisjonar.

Oljeutvalet er eit uttrykk for at fylkeskommunen i Sogn og Fjordane tidleg institusjonaliserte merksemda mot oljesektoren. Men i den første fasen av fylket sitt møte med oljeaktivitetane var utvalet si merksemd langt på veg prega av løpande tilpassing til det som skjedde. I den fasen eg ser på her tok utvalet ei lang rekkje initiativ og vart også i større grad tvinga til å velja kva område dei ville satsa på.

Eit hovudspørsmål, der korkje oljeutvalet eller andre fylkeskommunale organ nokon gong synest å ha tvilt på svaret, var om Sogn og Fjordane burde gå offensivt ut og satsa på å vera attraktive nok til å trekkja oljeaktivitet til fylket. Alternativet ville vore å innsjå at ein ikkje makta eller ynskte å bli med i verksemda og heller stilla generelle krav om kompensasjon for å få del i godene fordi ein blei ståande utanfor. Det vil seia ein "grunneigar-strategi" lik den norske styresmakter praktiserte på 60-talet.

Særleg ein del kystkommunar i fylket, som innsåg at dei ikkje kom til å merka særleg til oljeverksemda bortsett frå ulemper for fiskeriinteressene, gjorde ved fleire høve framlegg om at fylket burde krevja ei avgift frå staten for den verksemda som gjekk føre seg på sokkelen utanfor fylket og som ein ikkje fekk del i; med andre ord ei ordning tilsvarande konsesjonsavgift i samband med kraftutbygging. Oljeutvalet drøfta mellom anna eit slikt framlegg i februar 1978. Seinare dukka slike framlegg opp igjen. I januar 1983 arrangerte kystkommunane i fylket eit møte i Selje der dei m.a. drøfta mulegheitene for å fremja krav om eit næringsfond for å bota på skader som særleg fiskeriinteressene vart påført som følgje av oljeaktivitetane. (Firdaposten 22.1.83.)

Det fylkeskommunale oljeutvalet avviste ved begge høva ein slik defensiv strategi. I 1978 formulerte dei seg slik: "Utvalet trur at denne form for argumentasjon ikkje vil føre fram andsynes sentralstyresmaktene" (Referat frå møte i oljeutvalet 16.2.78). Deira alternativ var klart at Sogn og Fjordane måtte tilpassa seg oljeverksemda sine krav og rustast til å tevla om oljeaktivitetane på verksemda sine premisser. Ei rekkje notat og drøftingar om slike "policy-spørsmål" i oljeutvalet viser dette.

Dei klaraste uttrykka for oljeutvalet sine problemoppfatningar og strategi for arbeidet finn ein i fylkeskommunen si fråsegn til NOU 1980:1 og til dels i fråsegna til NOU 1980:39; dvs. dei to utgreiingane eg gjekk relativt nøye inn på framafor.

I fråsegna til NOU 1980:1 stilte fylkesutvalet seg positiv både til problemoppfatningar og tilrådingar. Fylkesutvalet formulerte hovudproblemet i møtet med oljeaktivitetane slik:

"Oljeretta verksemd er den einaste åpenbare vekstimpuls for vårt fylke, særleg kyststroka. Nedtrapping i fiske- og fiskeindustri aktualiserer dette særleg sterkt. (...) Omstilling til ein så spesiell aktivitet som olje er særleg vanskeleg i eit så lite urbanisert fylke som vårt. Dei små folkekonsentrasjonane og den geografiske spreidninga av verksemdar rundt i fylket er ein negativ faktor" (Fylkesutvalet si fråsegn om NOU 1980:1, sak 95/80).

For å bøta på desse problema meinte fylkesutvalet at det var behov for særskilde økonomiske verkemiddel til å stø opp om bedrifter og å byggja ut infrastruktur i kommunar som peika seg ut i oljesamanheng. Fråsegna trekkjer særleg fram utbygging av industriområde og flyplass i Flora: "Dersom statleg bistand til finansiering skal skje gjennom ordinære samferdselsbudsjett, vil det gå mange år før ein kan starte utbygging" (Ibid.).

Fylkesutvalet vurderte Statoil-etablering i Flora som ein nøkkel til å trekkja fylket med i oljeverksemda og var generelt samd i at fylkeskommunen burde spela ei sentral rolle i oljesakene. Samstundes vart det åttvara mot for store forventningar på dette feltet. Føresetnaden for oljeaktivitet ville alltid vera aktiv innsats frå næringslivet si side, men dette var eit problem:

"I fylkeskommunen sitt tiltaksarbeid opplever ein stadig ein mangel på forståing i industrien om dei spesielle krav som vert stilt til leveransar til oljeindustrien" (...) "Vår røynsle til no er at private verksemdar, næringslivssamanslutningar o.l. ikkje er pågåande nok. Fylkeskommunen er vel eigna til å vera mellomledd her" (Ibid.).

Mangelen på brukbare aktørar som kunne ta initiativ og gjera Sogn og Fjordane gjeldande i oljesamanheng var eit problem som gjekk att i fylkeskommunen og særleg oljeutvalet sine strategivurderingar. Sekretæren i olje- utvalet gav uttrykk for rådande oppfatningar i eit notat dagsett 11.4.79:

"I motsetnad til andre oljemiljø (Stavanger, Bergen, Oslo, Trondheim) manglar vi store vertskommunar, vitskaplege institusjonar, finansieringsinstitusjonar, sterke næringsamanslutningar. Dette legg eit særleg ansvar på det offentlege, i praksis fylkesadministrasjonen, til å stimulere, initiere, organisere og koordinere relevante tiltak i startfasen (2-4 år)." (Mi understreking, TB)

Samstundes var ein klar over dei avgrensingane fylkeskommunen hadde som næringspolitisk aktør: "Fylkeskommunen har ingen styringsrett i forhold til næringslivet. Oljeaktiviteten er i denne samanheng i same kasus som

næringslivet elles." Fylkeskommunen sin strategi i forhold til næringslivet vart i fleire samanhengar formulert til å vera ein katalysatorfunksjon; dvs. til å formidla kontakt og å ta initiativ utan sjølv å vera direkte innblanda. (Sekretæren i oljeutvalet på seminar i Florø 2.-3. november 1979).

Forventningane til oljekommunen Flora vart uttrykt slik i eit nytt notat frå sekretæren i oljeutvalet, dagsett 14.8.79:

"Florø-samfunnet er lite rusta til å utnytta det potensialet som no er tydeleg, trass i god vilje. Dette gjeld både i den offentlege og den private sektor, og er slik ein kan venta i ein små-kommune som står framfor ein ny og dynamisk situasjon."

Desse sitata er meint å gje eit inntrykk av fylkeskommunen og særleg oljeutvalet, som stort sett ser ut til å ha fått gjennomslag for sine synspunkt i fylkesutvalet, sine problemoppfatningar og strategiske vurderingar i forhold til oljeverksemda. Kort oppsummert var oppfatninga at Sogn og Fjordane måtte gjera det som var mogeleg for å koma med i oljeverksemda. Men dei grunnleggjande føresetnadene for å trekkja verksemda til fylket var ikkje til stades. Korkje innafor næringslivet eller i primærkommunane fanst det aktørar som kunne få ein slik prosess i gang. I denne situasjonen måtte fylkeskommunen fylla eit tomrom og innstilla seg på å spela ei meir aktiv rolle enn ein var vand med. Dette var synspunkt som oljeutvalet ikkje var åleine om:

"I utkantområde som vil med i oljeaktivitetane må lokale styresmakter spela ei meir aktiv rolle enn i byområde. Næringslivet her har så lite å bidra med i ein slik prosess" (Intervju med rådmann Heir, Flora kommune 06.04.81).

For å makta dette måtte det finnast verkemiddel som gjorde det mogeleg å gjennomføra oljerelaterte prosjekt. Det eksisterande apparatet var for stivt og langsamt til å møte krava til omstilling og tilpassing på oljesektoren. Framprioritering av oljerelaterte tiltak ville dessutan medføra uhandterlege konflikstar i fylket.

Oljeutvalet sin hovudstrategi var klart å satsa på Flora som forsyningsbase og hjørnesteinsverksemda i kommunen, Ankerløkken Verft, som ein slags dørøpnar for etter kvart å trekkja større delar av næringslivet med i leveransar til aktivitetane på sokkelen. I tillegg vart ei Statoil-etablering i fylket vurdert som avgjerande for det vidare arbeidet.

Dei viktigaste oljesakene som var framme i Sogn og Fjordane i denne perioden, og i alle desse stod det fylkeskommunale oljeutvalet svært sentralt, var i samsvar med det som eg her har kalla hovudstrategien.

Men arbeidet i oljeutvalet var også prega av at ein no var inne på arbeidsfelt der ein mangla kapasitet og der mulegheitene var mange, ukjende og usikre. Eit utval av dei sakene det vart arbeidd med i perioden fortel at ein i stor grad famla og vona på napp ein eller annan stad: Ilandføring av gass til fylket, etablering av petro-kjemiske industrianlegg, omstilling, samarbeids- og marknadsføringstiltak for industrien i fylket, etablering av trenings- og tryggleikssenter og andre utdanningstilbod for oljeverksemda, kopling av oljeselskap og lokalt næringsliv med

tanke på samarbeidsprosjekt og ikkje minst ei rekkje spørsmål omkring opprusting av infrastruktur i Flora.

Hovudaktørane var formann og sekretær i det fylkeskommunale oljeutvalet og, etter valet hausten 1979, den nye høgre-ordføraren i Flora, Dagfinn Hjertenes. Det er grunn til å trekka fram at arbeidsmåtane ikkje lenger var det ein rekna som typiske for lokalpolitisk arbeid i Sogn og Fjordane. Utstrekt bruk av nasjonale og internasjonale konsulentfirma og offensive framstøyt mot internasjonale oljeselskap og sentrale styresmakter stod på dagsorden hjå dei lokale hovudaktørane.

Framstøytane var prega av ei blanding av tradisjonell argumentasjon på distriktpolitisk grunnlag framført av aktørar med veletablerte kontaktnett, og offensivt og nokså utradisjonelt entreprenørskap representert med ein ny type kommunepolitikarar og fylkesbyråkratar med utoverretta og ambisiøse tenkjemåte på eigen institusjon sine vegne.

I Flora symboliserte skiftet frå den gamle venstre-ordføraren Ludvik Botnen til den nye høgre-ordføraren Dagfinn Hjertenes overgangen til ei ny tid i kommunepolitikken. Etter krisa ved Ankerløkken, som avdekkja kor sårbar kommunen var, melde det seg behov for å sikra Flora-samfunnet nye bein å stå på og å markera kommunen på nye område. Den unge, utoverretta nye-ordføraren markerte denne overgangen og han såg raskt dei mulegheitene som låg i verksemda på kontinentalsokkelen. Entreprenøren Hjertenes i oljekommunen Flora utfylte leinga i det fylkeskommunale oljeutvalet på ein god måte.

Mange av arbeidsoppgåvene denne perioden dreia seg om å rusta Flora til oljeverksemda. Ei slik sak var arbeidet med utviding av Flora Lufthamn med helikopterbase. Dette vart i 1979 rekna som ein absolutt føresetnad for Flora sine mulegheiter som oljebase og det vart arbeidd fram eit opplegg for finansiering av prosjektet utanom samferdslebudsjettet. Fylkestinget slutta seg til dette i 1981 (Fylkestingssak 78/81). No blei ikkje utvidinga av flyplassen realisert, m.a. fordi nye flytypar reduserte behovet, men saka viste at Flora hadde fylkeskommunen i ryggen i arbeidet med å rusta seg til oljeverksemd. Oljeaktivitetane hadde gitt Flora ein meir privilegert posisjon i fylket som gjorde det lettare å få støtte til nye tiltak. Bygging av helikopterbase vart, som eg kjem attende til, realisert nokre år seinare.

I resten av dette kapitlet skal eg sjå nærare på nokre hovudsaker i perioden. Den første gjeld ulike sider ved samlinga om Flora og førebuingane til å etablere forsyningsbase i byen. Framstillinga fokuserer det som skjer i ein småby som brått står framfor ny økonomisk utvikling med vekt på forholdet mellom næringsliv, lokale og regionale styresmakter.

Den andre saka gjeld ulike forsøk frå fylkeskommunalt hald for å motivera næringslivet i fylket til oljeretta verksemd og å få til samarbeid retta mot oljeverksemda. Den tredje saka gjeld framstøytane mot statsoljeselskapet som enda med at fylket i løpet av 1981 fekk lovnad om etablering og bruk av basen i Flora til viktige forsyningsoppgåver for Gullfaks-feltet. Denne saka gjev eit innsyn i korleis samspelet mellom Statoil og lokale styresmakter fungerer.

Den fjerde saka er ikkje like typisk for denne perioden. Ho har ein del til felles med dei sakene eg var inne på i den første fasen. Det gjeld planarbeidet i samband med ilandføringa av gassen frå Statfjord-feltet. Her vart eit av fylket sine mest utprega utkantområde introdusert som aktuelt ilandføringsområde og lokaliseringsstad for petro-kjemisk industri. Små-kommunane i området fekk eit innblikk i kva møtet med oljeverksemda innebar, men ilandføring av gass eller petrokjemisk industri til fylket vart det ikkje noko av.

5.4 FLORA SOM FORSYNINGSBASE

På bakgrunn av gjennomgangen hittil er det ikkje overraskande at 1970-åra enda med at Sogn og Fjordane fekk ein plass på oljekartet. Det skjedde våren 1979 då det i samband med tildeling av blokker i fjerde konsesjonsrunde vart knytt som vilkår til to av konsesjonane at dei aktuelle selskapa (Gulf og Amoco) skulle nytta Flora som forsyningsbase i samband med leiteaktivitetane på blokkene 35/8 og 34/2. Dermed hadde Flora og fylket med hjelp av politisk vedtak fått den etterlengta plassen på oljekartet. Posisjonen var svært veik og usikker, men mulegheitene var no til stades.

Utpeikinga av Flora kom sjølvsgatt ikkje av seg sjølv. Flora kommune hadde sjølv etablert kontakt med ein del oljeselskap som såg mulegheitene i den gunstige plasseringa kommunen hadde i forhold til dei komande blokktildelingane. Utsiktene til nye funn utanfor fylket etter at Statfjordfeltet viste seg å vera den største petroleumskjelda så langt på norsk kontinentalsokkel auka interessa.

Men viktigare for gjennomslaget var truleg krisa ved kommunen si hjørnesteinsbedrift og den samlinga om Flora som oljekommune som vart etablert på slutten av 1970-talet.

I kjølvatnet av Skipsbyggings-utvalet sine innstillingar om behovet for omstilling til oljeaktivitet hjå norske skipsverft, proklamerte Ankerløkken-leinga i februar 1978 at verftet i Florø skulle satsa på denne marknaden. Frå konsernet si side vart det lagt vekt på Florø si sentrale plassering i forhold til Statfjordfeltet og at det moderne utstyret ved verftet og røyntslene med produksjon av roll on/roll off-skip og kjemikalietankarar gav eit godt utgangspunkt for offshore-oppdrag. Det må leggjast til at ordremangel og likviditetsproblem var sterkt medverkande årsaker til omstillingsforsøket. Det er heller ikkje tvil om at Ankerløkken vart pressa hardt av Ulveseth til å gå på eit omstillingsforsøk.¹³

Utover 1978 arbeidde alle gode krefter for å skaffa Ankerløkken ordrar til utanskjersaktiviteten. ANVF lanserte storstilte planar om samarbeid med amerikanske "offshore-gigantar" (McDermott) og fekk omfattande offentleg støtte til omstillingsarbeidet, men oljeoppdrag vart det lite av. Vinteren 1979 var hjørnesteinsbedrifta og Flora-samfunnet på kanten av stupet. I byrjinga av februar hadde 453 av 530 tilsette fått permisjonsvarsel (Sunnmørsposten 10.2.79).

Dermed slo verksemda retrett. Alle krefter vart sett inn i arbeidet med å skaffa Ankerløkken nye skipskontraktar og sommaren 1979 enda krisa med ei statleg

refinansiering av verftet og nye oppdrag på tradisjonell skipsbygging. For framtida la verftet opp til følgjande prioritetsplan med omsyn til produktområde: 1) Skipsbygging, 2) offshore-oppdrag og 3) industriproduksjon. (Årsmelding for Ankerløkken-konsernet 1979.) I røynda innebar dette at verftet var tilbake som skipsbyggingsverft, så lenge det varde.

I eit intervju i september 1979 beklaga direktør Torp ved Ankerløkken Nye Verft seg over styresmaktene sitt hastverk med å krevja omstilling til oljeverksemda. Dessutan sa Torp: "Innen oljebransjen er det dessverre et faktum at man lettere vinner frem både overfor oljeselskaper og myndigheter når man er stor" (Norges Industri, nr. 16/79).

Eg har hevda at Flora sin status som fylket sin oljekommune skjedde med ei slags politisk "ikkje-avgjerd" i Sogn og Fjordane. Spørsmålet stod aldri på dagsorden i fylkeskommunale organ, og det var frå fylkeskommunalt hald det sentrale vedtaket om konsesjonsvilkår knytt til Flora vart arbeidd fram. Det går fram av referat frå møte i oljeutvalet 31.01.79 då kravet om basetenester vart drøfta med statssekretæren i Olje- og energidepartementet. Det var etter dette møtet at Ulveseth, på vegne av fylket og Flora, retta krav til Olje- og energidepartementet om konsesjonsvilkår (Brev frå fylkesmannen til Olje- og energidepartementet 2.2.79).

I dette brevet var det først og fremst krise ved Ankerløkken som blei nytta som argument for kravet. Her gjer Ulveseth det også klart at det først er på dette tidspunktet at fylket verkeleg har fått tungtvegande grunnar til å delta i oljeverksemda: "Til denne tid har dette (arbeidet med å delta i oljeverksemda, mi tilføyning, TB) meir vore eit generelt ønskemål basert på geografisk lægje og andre naturlege føresetnader enn eit absolutt behov av omsyn til sysselsetjing og økonomi. No har situasjonen endra seg også her. Sviktande konjunkturar er i ferd med å skape krise i mekanisk industri" (Brev frå Ulveseth til Olje- og energidepartementet, 2.2.79).

Etter dette utvikla det seg eit nært samarbeid mellom det fylkeskommunale oljeutvalet og Flora kommune i oljesakene. Begge var opptekne av korleis ein kunne nytta inngangsbilletten til oljeverksemda. Det var klart at det grunnlaget ein hadde å arbeida på var svært spinkelt og usikkert, men det var no det måtte gjerast dersom fylket i det heile skulle få ein plass i oljeverksemda. Spørsmålet var både kva ein skulle satsa på og korleis det skulle gjerast.

Ankerløkken, som eg har framstilt som den siste delen i den tre-eininga som skulle bringa Sogn og Fjordane inn i oljealderen, følgde ikkje like godt opp. For oljeutvalet i fylkeskommunen vart røynslene med Ankerløkken, og for så vidt næringslivet generelt, eit vonbrot. Det viste seg kort sagt at Ankerløkken helst ville halda seg til skipsbygging så sant det var mogeleg. Forsøk på omstilling til oljeverksemd ser ein stort sett berre i kritiske periodar. For det fylkeskommunale oljeutvalet vart næringslivet si passive haldning til oljeverksemda etter kvart den største hovudpina.

Omfanget av baseverksemda.

I løpet av 1979 kom dei to tvangsetablerte oljeselskap Amoco og Gulf til Flora. I tillegg hadde Saga nytta Flora sidan 1975 på frivillig grunnlag for å henta forsyningar til leiteaktiviteten på blokk 34-4 (Snorre). Ankerløkken fekk ein del mindre produksjons- og vedlikehaldsoppdrag for oljeverksemda og fleire oljerelaterte selskap vende seg til Flora og fylkeskommunen. Med andre ord hadde vedtaket om Flora ein viss smitteeffekt.

Det synt seg raskt at Flora kunne tilfredsstilla dei krava oljeselskapa stilte i samband med dei aktuelle forsyningstenestene frå byen. Representantar for selskapa let vel over tilhøva.

"Flora tilfredsstiller dei krava vi stiller i dag. Det er ingen opplagte manglar eller svakheiter. Med større aktivitet må nye firma hit. Men dei kjem."
(Intervju med basesjef Ødven, Amoco Florø, 09.04.81.)

Men det må understrekast at det er svært avgrensa forsyningsaktivitetar det her er tale om. Leveransane var stort sett drivstoff, vatn, boreslam, sement, rør og daglegvarer. Oljeselskapa som kom til byen leigde kontor plass stort sett til ein person. I årsverk gav aktiviteten små verknader, ikkje meir enn 10 arbeidsplassar i 1980-81. Men aktiviteten gav ringverknader i form av leveransar for eksisterande næringsliv og forsyningsbåtar og riggar på hamna bar bod om at Flora var deltakar i verksemda på sokkelen.

Det var også oljeselskap som viste interesse for større etableringar i byen, men i slike tilfelle kom skepsisen tydelegare til kjenne. Det galdt mellom anna då oljeselskapet Gulf lufta tankar om å flytta selskapet sin administrasjon frå Bergen til Flora (20-30 tilsette). Mangel på amerikansk skule blei nemnd som ei årsak til at dette ikkje vart noko av. (Notat frå sekretæren i det fylkeskommunale oljeutvalet 14.8.79.) Oljeselskapet Phillips viste interesse for Flora i fleire samanhengar, men til Sunnmørsposten 17.9.79 sa viseadministrerande direktør John Jennings: "Den eneste betenkelighet jeg har er at en by på Florø's størrelse, til tross for alle positive lokaliseringfaktorer, kanskje vil ha vanskelig for å absorbere alle vekstvirkningene hvis det blir funnet olje og feltutbygging blir satt i gang."

Oljeselskapa sine motiv med å ta kontakt var i mange høve tydeleg inspirert av dei sentrale styresmaktene sin politikk med at samarbeid med norske interesser ville betala seg i samband med tildeling av konsesjonar på sokkelen. Fleire enn oljeselskapet Phillips vende seg til Flora kommune og fylkesmannen med formuleringar som desse: "- if Phillips is allocated blocks in the northern area south of 62 latitude, Florø would be very suitable for an exploration base." (Brev frå Phillips Petroleum Company til fylkesmannen, dagsett 6.11.79.) Invitasjonar til "hestehandling" i oljespørsmål var ikkje uvanleg og styresmaktene frå Sogn og Fjordane skulle bli vel vande med det i åra som kom.

I løpet av kort tid etablerte såleis Flora seg på oljekartet, som forsyningsbase for leiteaktivitetar. Våren 1980 kom NOU 1980:39 "Lokaliseringmønster for oljetilknyttet virksomhet sør for 62°N" som eg tidlegare har nemnd. Her vart

Flora kategorisert som "avlastings-base", ei nemning som på det tidspunktet vart oppfatta positivt, men som Sogn og Fjordane i lange tider etterpå nytta kreftene på å nedkjempa.

Strid om baselokalisinga i Flora.

Straks konsesjonsvilkåra til Flora var klare våren 1979 engasjert fylkeskommunens oljeutval konsulentfirmaet Petcon A/S i Stavanger til å greia ut føresetnader for basedrift. Konsulentfirmaet sin første rapport låg føre i juli 1979 (Petcon A/S, 1979) og gjorde det for det første klart at konsesjonsvilkåra åleine var eit spinkelt og usikkert arbeidsgrunnlag. I utgangspunktet måtte ein rekna med svært avgrensa oppgåver, men mulegheitene for vidare utvikling var til stades. Konsulentfirmaet rekna ikkje med utbygging av ein fullstendig, eller "integrert" base. Men med utgangspunkt i dei stadig sterkare politiske signala om desentralisering av oljeaktivitetane, rekna dei med at det kunna veksa fram framskotne "satelitt-basar" mellom anna i Flora som avlastning for dei store basane i Stavanger og Bergen.

Petcon-rapporten understreka at for dei ansvarlege i oljeselskapa var Flora i utgangspunktet ein liten, ukjend stad på kysten som rett nok låg lagleg til for ein del forsyningsaktivitetar, men som dei ville vera skeptiske til å gjera seg nytte av: "Noen selskap vil utvilsomt forsøke å unngå bruk av Florø (så lenge som en del riggledere aldri har bodd der, og ikke kjenner stedet)" (Ibid. s.16). Alt etter kva omfang forsyningstenestene frå Flora ville få, var det ei rekkje krav som måtte tilfredsstillast. Dette galdt alt frå utvida flyplass med helikopterterminal og generell opprusting av kommunal infrastruktur som nye bustadområde, til ulike tenesteytande tilbod frå engelsktalande prest til Vinmonopol.

For det lokale næringslivet var noko av det viktigaste å innarbeida ein forretningskultur som tilfredsstilte oljeselskapa sine krav; dvs. ei tenesteinnstilt haldning med tilgang på varer og tenester 24 timar i døgnet. Rask og ukomplisert tilgjenge til dei varer og tenester det var behov for var stikkorda i ein bransje der tid meir enn noko anna er pengar.

På to punkt gav rapporten utvetydige tilrådingar som gav retning for det vidare arbeidet med baseoppbygginga i Flora. For det første galdt det lokalising av baseaktivitetane, der konsulentfirmaet tilrådde bruk av den eksisterande hovudhamna, Fugleskjærskaien, inntil det var grunnlag for å byggja ut eit eige areal for baseaktivitetane.

For det andre vurderte utgreiinga, etter særskild oppfordring frå fylkeskommunens oljeutval, korleis baseaktivitetane skulle organiserast. På dette punktet var tilrådingane noko vaklande. I konklusjonen heiter det:

"Det som synes naturlig er at et eller helst to til tre slagkraftige lokale bedrifter danner ryggraden i baseselskapet, med aksjeposter på inntil 20-25%, og at mindre selskaper og/eller bedrifter som har naturlige bidrag å yte, utgjør resten av deltagerne. Under alle omstendigheter må det etableres en egen organisasjon som står for den daglige drift av basen."

For dei som las rapporten gav det seg sjølv at med det næringslivet ein hadde i Flora, måtte Ankerløykken Nye Verft, Florø (ANVF) bli ein del av denne ryggrada. Ikkje minst var det opplagt med den vekta Petcon-rapporten la på behovet for verkstad-tekniske tenester ved ein forsyningsbase. Forsyningsbåtar og boreriggjar m.m. måtte ha mulegheit til å gå til basen for enkle vedlikehald- og reparasjonsoppdrag. Sameleis var det behov for at basen kunne tilby slike tenester til plattformene som var i arbeid på sokkelen. Med ANVF var dette eit av dei områda der Flora hadde noko å tilby i basesamanheng. Men formuleringane i Petcon-rapporten vart etter alt å døma også kjelde til mykje strid i det lokale næringslivet i Flora. Uklare oppfatningar om kva eit eventuelt baseselskap skulle ta hand om og kva verknader eit slikt selskap ville ha for andre lokale næringsdrivande sine mulegheiter til å ta del i forsyningsaktivitetane prega det som skjedde i Flora den næraste tida.

Sjølv om hjørnesteinsbedrifta ANVF på dette tidspunktet var tilbake primært som skipsbyggingsverft, hadde dei ambisjonar om å vera i ein sentral posisjon i baseutviklinga i Flora. Dette var ikkje urimeleg. ANVF var den einaste lokale verksemda med eit produksjonsspekter og sopass tyngde at ho kunne tenkjast å fylla ei slik oppgåve. I tillegg gav det fylkeskommunale oljeutvalet klare uttrykk for forventningar til verksemda i oljesamanheng. Forhåpningane om at ANVF skulle fungera som dørøpnar til oljeverksemda for resten av industrien i fylket var enno til stades.

I juni 1979 søkte ANVF om løyve etter etableringslova for basedrift i den gamle fiskerihamna Gunnhildvågen i Florø, der det framleis var ein sildoljefabrikk med 40 tilsette i drift. Alt i løpet av juli månad gav Distriktenes Utbyggingsfond konsesjon for ANVF sine baseplanar (Firdaposten/Firda Folkeblad juni/juli 1979). Men to forhold gjorde at det aldri vart noko av baseaktivitetane i Gunnhildvågen og for så vidt heller ikkje av ANVF sitt engasjement i denne verksemda i det heile.

For det første oppfatta delar av det lokale næringslivet elles ANVF sine planar om basetenester som eit forsøk på å skaffa seg monopolstatus på området. Gjennom 1979-80 oppstod det ei rekkje ulike konstallasjonar i det lokale næringslivet som også ville ha ein posisjon i basetenestene. Kommunen, og også fylkeskommunen som mottok kopiar av korrespondansen mellom dei stridande partane, freista å sameina interessene, men utan å lukkast. Hausten 1980 kulminerte striden då ANVF i samarbeid med mellom andre eit av dei store baseselskapa i Stavanger, NORSEA, og med kommunen si godkjenning, skipa K/S Florø Offshore Base, der resten av det lokale næringslivet var tildelt 5% eigarandel gjennom eit A/S. Dette resulterte i open strid i lokalavisene (Firdaposten/Firda Folkeblad, november 1980).¹⁴

"Oljen kan det lokale næringslivet ta hand om dersom det ikkje blir for stort. Vi treng ikkje Florø Offshore Base. Florø Offshore Base er eit forsøk frå Ankerløykken på å skaffa seg monopolstatus. Oljeselskapa vil handla med den einskilde bedrift." (Intervju med disponent Bie, Florø Stål, 07.04.81.)

"Det lokale næringslivet er prega av mistenkeleggjering og smålegheiter. Dei er mest opptekne av at andre ikkje skal tena for mykje." (Intervju med disponent Billing, ANVF, 06.04.81.)

Den andre årsaka til at ANVF sitt baseengasjement ikkje vart noko av har med forholdet til Flora kommune å gjera. Kommunen var i utgangspunktet positiv til skiping av baseselskap med ANVF i ei sentral rolle, men dei ynskte ikkje ein ny monopolsituasjon. Forholdet mellom Ankerløkken og Flora er ei lang historie som først og fremst hadde innebore vekst og utvikling i kommunen. Men krisa i 1979 og den avhengigheita av verksemda som då kom til syne, hadde endra noko på det harmoniske forholdet.¹⁵

På nyåret 1980 vart kommunen sitt forhold til ANVF sitt baseengasjement dårlegare. Årsaka var først og fremst at ANVF, på tvers av tilrådingane i Petcon-rapporten, satsa på fiskerihamna Gunnhildvågen som baseområde. ANVF hadde inngått leigeavtale med Sildefiskernes Salgslag, som eigde sildoljefabrikken om leige av eit område like ved fabrikken. På tvers av fiskeri-interessene i Flora, hadde Sildefiskernes salgslag planar om å leggja ned sildoljefabrikken. Utsiktene til baseaktivitet og avtalen med ANVF gjorde at dei her kunne skapa inntekter på eigedommen. Sildefiskernes salgslag dreiv spekulasjon på kostnad av fiskarane sine interesser, vart det hevda i fleire avisinnlegg i Florø vinteren 1980 (Firdaposten/Firda Folkeblad, januar/februar 1980).

For Flora kommune var denne utviklinga ikkje akseptabel. For det første ynskte dei ikkje at oljeverksemda skulle føra til nedlegging av andre arbeidsplassar. For det andre vart det i løpet av 1980 klart at kommunen kom til å satsa på eit anna område, Botnaneset, som baseområde i Flora.

Saka om ANVF og Gunnhildvågen tilspissa seg kraftig utover 1980. 27. mars vedtok bedriftsforsamlinga i Sildefiskernes salgslag å leggja ned sildoljefabrikken frå 1.11.80. (Firdaposten 29.3.80.) 12. juli la ANVF fram planar om investeringar til 20. mill. kr. i Gunnhildvågen og gav beskjed om at dei forhandla med Sildefiskernes salgslag om kjøp av eigedomane. (Firdaposten 17.7.80.) Kommunen svarta med å innføra mellombels bygge- og deleforbod i området og 20. oktober vedtok bystyret å regulera Gunnhildvågen til fiskeriformål. (Firda Folkeblad 23.10.80.) ANVF fekk løyve til å driva mellombels baseaktivitet i Gunnhildvågen i 3 år til nytt baseområde var klart, men nytta seg ikkje av dette. Sildoljefabrikken vart nedlagd.

ANVF var ikkje ute av basediskusjonane i Flora etter dette, men måtte tilpassa seg kommunen sine premisser. I tillegg hadde dei også fått negative reaksjonar frå fylkeskommunens oljeutval som hadde spelt rolla som tilbaketrekt meklar i striden. I brev frå oljeutvalet til ANVF dagsett 23.01.80 vart det uttrykt skuffelse over ANVF sitt engasjement i oljeverksemda generelt og i basespørsmålet spesielt.

I løpet av 1980-81 fekk førebuingane til baseaktivitet i Flora ei ny utvikling med kommunen i rolla som organisator utan særleg medverknad frå det lokale næringslivet. Næringslivet heldt fram med leveransane sine til oljeselskapa på fritt grunnlag.

Etableringa av Fjord Base på Botnaneset

Til tross for frårådingane i NOU 1980:1 mot å gjera større investeringar for baseaktivitetar i Flora i første omgang, vart det starta eit langsiktig løp med dristig satsing for å skaffa Flora det som trengdest for å fungera som forsyningsbase. Med utgangspunkt i ein ny rapport frå Petcon A/S vart arbeidet med å byggja ut Botnaneset industriområde sett i verk med den nye ordføraren i Flora i spissen og med god støtte frå oljeutvalet og fylkesmannen. Føremålet med utbygging av Botnaneset var å skaffa Flora eit område som eigna seg for basedrift, men for å oppnå støtte frå Kommunal- og arbeidsdepartementet til prosjektet vart det presentert som generelt industriområde. Strategien vart introdusert av Ulveseth alt i oljeutvalet sitt møte 09.08.79.(Sak 2.) Det var også oljeutvalet i fylkeskommunen som hadde finansiert Petcon si utgreiing om Botnaneset og utvalet hadde sagt frå at dei meinte dette var beste lokaliseringa for basedrifta i kommunen. (Brev frå oljeutvalet til Flora kommune 22.1.80.)

Satsinga på å byggja ut Botnaneset tok til i ein periode då den kommunale økonomien i Flora var så dårleg som mogeleg. I 1979 hadde kommunen eit rekneskapsunderskot på 10 mill. kr., først og fremst som følge av krisa ved Ankerløkken. (Firdaposten 27.3.80) I tillegg var Flora i 1979 største utflyttingskommunen i fylket.

Arbeidet med å finansiera og etter kvart fullføra det kostnadskevjannde baseområdet var dristig satsing som frå fleire hald vart karakterisert som gambling. Argumenta som ordførar og fylkesmann nytta i arbeidet var først og fremst tradisjonelt distriktpolitiske med særleg vekt på fylket sin veike stilling i oljeaktivitetane. Som eg kjem attende til, fekk ein etter kvart gode argument i utsiktene til Statoil-etablering i Flora.

Våren 1981 var finansieringa av første byggesteg på Botnaneset i orden med store lån og tilskot frå Kommunal- og arbeidsdepartementet. "Mest eineståande i norsk kommunehistorie", sa rådmannen i Flora til avisa Firdaposten 16.05.81 om den offentlege innsatsen i utbygginga av Botnaneset. Kommunal- og arbeidsdepartementet hadde løyvd 70% i tilskot til grunnlagsinvesteringane på Baseområdet. Anleggsarbeidet tok til med det same. Samstundes vart det i regi av ordføraren i Flora og med god støtte frå fylkeskommunens oljeutval arbeidd for å skipa eit organisatorisk overbygg for anlegget på Botnaneset.

19.08.80 innbaud Flora kommune, på bakgrunn av vedtak i formannskapet (sak B 59/80), fylkeskommunen og to lokale bankar å bli medeigarar i det planlagde Botnaneset industriselskap. For fylkeskommunen sin del gjekk Nærings- og ressursutvalet inn for dette 11.10.80 (sak 50/80).

Første halvår 1981 var det klart at framtida for Botnaneset i første omgang var avhengig av at det blei fatta eit positivt vedtak i Stortinget om utbygging av blokk 34/10 (Gullfaks). Det går fram av notat frå sekretæren i fylkeskommunens oljeutval 20.02.81 og av oppslag i Firdaposten 17.03.81 etter at ordførar Hjertenes og fylkesmann Ulveseth hadde vore i forhandlingar med Kommunal- og arbeidsdepartementet om finansiering av baseutbygginga. Dersom utbyggingsvedtaket for 34/10 gjekk i orden, var det klart at Statoil ville nytta

Florø som forsyningsbase og medverka i finansieringa av Botnaneset industriselskap.

19.03.81 vart Botnaneset industriselskap skipa med dei nemnde deltakarane og i løpet av sommaren kom vedtaket om utbygging av blokk 34/10. Dermed var ein ny grunnstein lagt i arbeidet med å etablere forsyningsbase i Flora.

Det lokale næringslivet sine initiativ i arbeidet med å organisere baseverksemda i Flora ebba etter kvart ut. K/S Florø Offshore Base A/S hadde søkt om å overføre sin konsesjon for basedrift frå Gunnhildvågen til å gjelda den kommunale Fugleskjærskaiia inntil utbygginga av Botnaneset var klar. Dette var meir i samsvar med kommunen sine planar. Søknaden vart tilrådd av Nærings- og ressursutvalet 02.07.81 (sak 23/81), men Florø Offshore Base sette aldri planane ut i livet. I tillegg til dette søkte Florø Offshore Base også om å leiga heile arealet på Botnaneset når dette stod ferdig. Til Firdaposten 30.05.81 sa formannen i Botnaneset industriselskap, ordførar Hjertenes, at dette ikkje kom på tale. For tida forhandla Botnaneset industriselskap med m.a. Statoil om kor stort område dei ville leiga på baseområdet.

Hausten 1981 vart Florø Offshore Base oppløyst. I følgje Firdaposten 29.10.81 skjedde det fordi selskapet ikkje fekk einerett for baseverksemd på Botnaneset. Dermed var det lokale næringslivet si deltaking i organiseringa av baseaktivitetane i Flora over. I løpet av 2 1/2 år hadde mykje energi vore nytta på planar og strid utan at det hadde gjeve noko resultat i form av organisasjon for baseverksemda i regi av næringslivet.

Kommunen heldt i 1981 fram arbeidet med å trekkja oljeselskap og andre firma inn i eit forpliktande forhold til Botnaneset. Hausten 1981 var strategien for det vidare arbeidet klar. I møte i det fylkeskommunale oljeutvalet 15.09.81 (sak 13/81) heitte det at i det vidare arbeidet måtte Botnaneset industriselskap spela ei aktiv rolle. Etter kvart som Botnaneset vart utbygd og ein hadde eit driftsgrunnlag for basen, måtte ein inngå avtale med kompetente selskap for dei koordinerande funksjonane i basedrifta. Selskap med røynsle frå basedrift i Stavanger (Aker Norsco og Norsesea) vart etter kvart kopla inn i arbeidet.

Med dette var grunnen rydda for ei anna og meir ryddig organisering av baseverksemda i Flora. Initiativet var ført over frå lokalt næringsliv til kommunen i nært samarbeid med fylkeskommunen og etter kvart relatert til oljeselskap og andre utanbys selskap. På eit seinare tidspunkt skal me sjå at det lokale næringslivet igjen kjem inn i drifta av baseverksemda, men då på andre premisser enn i denne fasen.

Det lokale næringslivet sine bidrag i dette arbeidet kan synast kaotisk og uryddig, og kan i nokon grad tilbakeførast til særeigne einskildpersonar i det lokale næringslivet. Men det som skjedde må også forståast på bakgrunn av den svært usikre situasjonen som rådde om kva oljeaktivitetane ville medføre for Flora. Tidsperspektiva var uklare og det mangla kunnskap om kva baseverksemda ville innebera. Frykten for monopolsituasjon og den lokale kolossen ANVF sin rolle spela inn her. Ut over dette var vel situasjonen som oppstod i Flora ikkje så utypisk for næringslivet i ein småby som brått vert stilt framfor heilt nye utviklingsperspektiv med store innteningsmulegheiter.

5.5 NÆRINGSLIVET OG OLJEUTVIKLINGA

I diskusjonen framafor la eg vekt på at fylkeskommunen hadde ambisjonar om å fylla ein del av dei "tomromma" som fylket opplagt hadde i forhold til oljeaktivitetane. Spesielt var det ei målsetting å fungera som initiativtakar og kontaktformidlar med sikte på oljeretta omstilling i næringslivet. Kring 1980 var det særleg viktig å etablera ein instans i fylket som kunne kopla næringslivet til oljeselskap og andre gjennom industri- og teknologisamarbeid (A. Andersen: Innlegg på seminar i Florø 2.-3.11.79).

Hovudaktørane i desse sakene var på den eine sida fylkeskommunen ved oljeutvalet som la sterk vekt på behovet for omstilling i industrien dersom Sogn og Fjordane skulle få ein plass i oljeaktivitetane. Problemet var at det langt på veg mangla eit mottakarapparat for utspela. Sogn og Fjordane fekk si industriforening i 1977, men denne representerte ikkje noko organisatorisk kraft for næringa i fylket, i alle fall ikkje i forhold til oljeaktivitetane. Tvert om er det grunnlag for å hevda at industrinæringa i fylket var svakt organisert.

Initiativa til oljeretta samarbeid dukka opp i det fylkeskommunale oljeutvalet i februar 1978. Bakgrunnen var krisa som var under oppsegling ved Ankerløggen Verft Florø og forsøka deira på omstilling til oljeretta aktivitet. Oljeutvalet i fylkeskommunen definerte raskt Ankerløggen si verksemd i Flora til den bedrifta som måtte gå i spissen for omstilling til oljeaktivitet og som skulle fungera som døropnar til denne marknaden for industrien i fylket.¹⁶

I 1978 kom det også initiativ frå Sogn og Fjordane industriforening om etablering av eit salskontor for industrien i fylket mot oljeverksemda (Brev frå Sogn og Fjordane industriforening til fylkeskommunen 3.10.78). Initiativet gav ikkje synlege resultat. Fleire slike utspel har kome frå industriforeninga utan at dei har vorte noko meir av. Men industriforeninga gav uttrykk for positiv innstilling til oljeaktivitetane:

"Industrimiljøet i fylket er for lite og svakt. Det er mange gamle verksemdar som jobbar slik dei alltid har gjort. Dei er basert på gode handverkarar og stor eigeninnsats. Få av dei er aktuelle i oljesamanheng. Vi treng oljeutviklinga for å modernisera industrien i fylket." (Intervju med sekretær Olav Ellingsen, Sogn og Fjordane industriforening, 09.04.81.)

I februar 1979 fekk fylkeskommunen tildelt 200.000 kr. frå Kommunal- og arbeidsdepartementet til eit laust skissert prosjekt med sikte på oljeaktivitet i fylket, m.a. omstilling til oljerelatert verksemd i verkstadindustrien. Tildeling av midlar på grunnlag av den diffuse prosjektskissa (brev dagsett 21.09.78 frå fylkeskommunen til Kommunal- og arbeidsdepartementet) tyder på at det ikkje mangla velvilje på sentralt hald til slike initiativ frå Sogn og Fjordane. Våren 1979 drøfta oljeutvalet korleis pengane skulle brukast. Eit notat frå sekretæren i oljeutvalet (dagsett 11.4.79) vitnar om usikkerheit både i målsettingar og verkemiddelbruk. Omstilling i industrien, utvikling av baseverksemd eller tilsetting av ein høgt løna person frå oljemiljøet med sikte på kontaktskapande verksemd var alternativa som blei drøfta.

I 1979- 80 var tiltrua lita til at lokale industriverksemder åleine kunne få til noko på oljesektoren. Eit sitat frå ei innleiing sekretæren i oljeutvalet heldt i Flora 02.11.79 viser at det var dei store verksemdene i fylket og nytt blod utanfrå ein hadde forhåpningar til på fylkeskommunalt hald:

"Mykje tyder på at vårt næringsliv vanskeleg kan møte dei utfordringane som kjem i dei neste 5 åra. (...) Utfordringa (til omstilling og samarbeid, mi tilføyning, TB) går vel i første rekkje til dei større industriselskapa med forankring i fylket - ÅSV, Elkem-Spigerverket, Ankerløkken. Det kan vera grunn til å spørje om selskapa ser det slik, og arbeider med relevante problemstillingar. Gjer dei ikkje det, og ikkje har planar om å halda fram med sine verksemder på anna vis enn før, er det grunn for fylket til å sjå seg om og slå døra opp for nye selskap med relevant kompetanse og innpass på offshore-marknaden. Ei slik policy-utforming bør vere i samråd med og samarbeid med eksisterande industriselskap, men bør likevel ha målsetting og perspektiv som går langt ut over dagens industrilandskap i Sogn og Fjordane. Vi må ikkje stire oss blinde på fylkesgrensene, heller ikkje nasjonale grenser og andre kunstige skiljelinjer i denne samanhengen."

Oljeutvalet prøvde desse første åra ei rekkje framstøyt for å få til oljeretta omstilling i industrien i fylket. Det mangla ikkje vyer eller initiativ. Problemet var realisering av ambisjonane.

Mellom anna inkluderte dette ei rekkje framstøyt mot nasjonale og internasjonale oljeselskap for å få til industrisamarbeid med verksemder i fylket.

Fylkeskommunen hadde i alle fall skriftleg kontakt med 13 oljeselskap med dette som utgangspunkt. Alle selskapa var generelt positive og såg sine mulegheiter i slike kontaktar. Fylkeskommunen oversende kontaktane til dei nemnde storkonserna med røter i fylket, men påviselege resultat av desse initiativa er det ikkje råd å oppdaga. Kanskje vurderte ikkje dei Oslo-styrte konserna med avdelingar i fylket fylkeskommunen i Sogn og Fjordane som noko interessant mellomledd eller samarbeidspartnar. I desember 1980 oppsummerte oljeutvalet desse framstøyt. Konklusjonen var at initiativa ikkje hadde fått tilstrekkeleg oppfølging (OU-sak 21/80).

Eit anna aktivitetsområde var ulike forsøk på å marknadsføra industrien i fylket mot oljeverksemda. I fleire år synest det å ha vore ei klar oppfatning om at dersom ein berre var god nok til å marknadsføra seg, ville industrien i fylket få leveransar til oljeaktivitetane. I desember 1979 oppdaga såleis sekretæren i oljeutvalet at det ikkje var påmeld ein einaste utstillar frå Sogn og Fjordane til den årlege oljemessa i Stavanger, Offshore North Sea. Bergen kommune hadde derimot opsjon på 5-600 kvm til utstillarar derfrå og planla å nytta 1 mill kr. på å visa seg fram på messa. (Notat frå sekretæren i OU, 14.12.79) Oljeutvalet vedtok på møte 18.12.80 å nytta 50.000 kr på eit opplegg for Sogn og Fjordane og dette vart gjennomført. 8 utstillar frå fylket var med på messa i august 1980 (Sunnmørsposten 26.08.80). Året etter var det ingen representasjon frå fylket på utstillinga.

Det mest omfattande framstøytet frå fylkeskommunen si side var ulike forsøk på å skipa eit samarbeidsselskap for industrinæringa. I oktober 1979 tok oljeutvalet kontakt med to konsulentfirma, Bedriftsutvikling A/S og Petcon A/S, for å få

utgreidd oljeretta omstilling i industrien i fylket (Notat frå sekretæren i oljeutvalet til fylkesrådmannen, 17.10.79). På nyåret vart 15 verksemder, hovudsakleg innan mekanisk industri, inviterte til eit møte for å førebu skiping av eit samarbeidsselskap.

ANVF var opplagt tiltenkt ei sentral rolle i dette opplegget og 23.1.80 skreiv oljeutvalet eit brev til konsernet som viser at ein ikkje hadde full tiltru til selskapet sin motivasjon for slikt engasjement:

"Oljeutvalet ser med ei viss uro på den situasjonen vi no står framfor dei neste par åra i Flora, og med tanke på utvikling av oljeretta industriverksemd. Ankerløkken vil binde det meste av sin kapasitet til produksjon av skip. Verftet har sagt frå seg moduloppdrag for oljeindustrien. Økonomisk sett er slike operasjonar forstålege ettersom verksemda har vore i ein tvangs-situasjon. Men dette endrar ikkje dei faktiske tilhøva. Den tidlegare målsettinga for nærmast full overgang til offshore-oppdrag i Florø-verksemda ser ut til å vere omgjort. Ein hadde tidlegare rekna med at det var gjennom Ankerløkken at Flora (og for så vidt heile fylket) skulle kome med i oljeretta mekanisk verksemd. Slik omstilling i Ankerløkken sin regi er no illusorisk dei næraste 2-3 åra, eller så lenge tradisjonell skipsbygging gir lønsemd. Dette er særst uheldig dersom ein vurderer dei komande åra som avgjerande for det mønster av basar og verksemder som vil spela ei nøkkelrolle i utbygging av nye felt frå Statfjord til 62°N. Dermed kjem visse nøkkelspørsmål i fokus: Kan Ankerløkken i denne situasjonen realistisk vente å spele ei avgjerande rolle, t.d. i vedlikehald, modul- og seksjonsbygging? Vi er kjende med selskapet sine intensjonar, men etterlyser konkrete, realistiske planar med utgangspunkt i dagens situasjon."

Noko av den krasse tonen i dette brevet har med det forholdet å gjera at ANVF hadde sagt frå seg eit moduloppdrag for Statoil/Mobil. I eit møte mellom fylkeskommunen og Statoil kom det fram at dette var svært uheldig for Statoil si oppfatning av industrien i fylket. I referat frå møtet heiter det at Statoil hadde "dirigert" dette oppdraget til ANVF. "Dei får ikkje lett ein ny sjanse." (Notat etter møte med Statoil 12.6.80.)

Men frå verftet si side vart det lagt vekt på at oljeverksemda var vanskeleg å leva av:

"Marknaden for modular er for liten og usikker og vi er for små til å få hovudkontraktar. Difor må vi gradvis over mot offshore og det er ikkje lett å få til." (Intervju med disponent Billing, ANVF 6.4.81.)

28.2.80 vart det halde førebuande møte med tanke på å skipa industriselskap. Dei fleste frammøtte var representantar for mekanisk industri med Ankerløkken i spissen. I tillegg var mellom andre Årdal og Sunndal Verk med. Konsulentfirmaet Petcon A/S hadde førebudd møtet. Ut på sommaren same året synte det seg at arbeidet gjekk tregt:

"Interessa er minkande. Fleire relevante verksemder har drege seg ut. Årsaka kan vere: liten interesse generelt, fulle ordrelister på regulære arbeidsfelt, høge årlege kostnader med drifta. Siktemålet no er å få til eit "mini-

mumsselskap" som likevel tilsvarar opphavlege intensjonar. Industrifondet har gitt tilsagt om tilskot." (Referat frå møte i oljeutvalet 13.5.80, sak 12/80.)

Ved sida av at problema i verkstadindustrien no var mindre enn eit par år tidlegare, kan det synast som om ei årsak til den labre interessa var manglande tillit mellom initiativtakarane og næringslivet. På eit møte i Førde i juni 1980 med mellom andre representantar for Norges Industriforbund, skulda representantane for industrien og fylkeskommunen kvarandre for passivitet i forhold til verksemda på kontinentalsokkelen. (Firdaposten 26.06.80.)

12.12.80 vart samarbeidsselskapet Prowest A/S skipa etter opplegg frå konsulentfirmaet Petcon. Prowest sin modell var sterkt påverka av samarbeidsselskapet Oil Industri Service i Kristiansand.¹⁷ 13 verksemder med 1300 tilsette vart med. ANVF var største deltakar med 30% av aksjane. Prowest sine oppgåver skulle vera å knyta kontaktar med oljeselskapa og å marknadsføra verksemdene i fylket.

På nyåret 1981 vart det engasjert eit "headhunting-firma" til å finna rette person til å leia selskapet. Ein person med røymsle frå oljemiljøet vart tilsett og fekk romslege økonomiske vilkår. Med dette synest det som om oljeutvalet rekna med at dei hadde lagt eit grunnlag for oljeretta samarbeid i næringslivet i fylket. Eg kjem attende til saka i neste kapittel.

5.6 STATOIL OG SOGN OG FJORDANE

Som nemnt la oljeutvalet i Sogn og Fjordane sterk vekt på å etablera eit forhold til Statoil. Sommaren 1980 starta eit langt løp med formål å trekkja selskapet til fylket. Av det eg kan sjå, var opptakten eit brev frå fylkesmann Ulveseth dagsett 3.6.80 til adm. dir. Arve Johnsen i Statoil. Framstøyta mot statsoljeselskapet aktiviserte store delar av den fylkeskommunale leiinga.

At Sogn og Fjordane no orienterte seg mot Statoil i forsøka på å trekka oljeselskap til fylket på eit meir forpliktande grunnlag var forståeleg av fleire grunnar. Den mest nærliggjande årsaka var spørsmålet om utbygging av blokk 34/10. Men i tillegg er det klart at mulegheitene for gjennomslag vart vurdert som større hjå staten sitt eige selskap. Ut frå selskapet sine målsettingar og den medvitne politikken om at Statoil skulle fungera som dørøpnar for norsk næringsliv i leveransane til oljeverksemda, var dette eit naturleg val. Fylkesmannen sine særskilde føresetnader for å hevda fylket sine interesser i forhold til Statoil talde sjølvsagt også med.

Men møtet med Arve Johnsen og resten av toppleiinga i Statoil i Stavanger 12. juni 1980 gav i følgje referatet ikkje så svært positive resultat. Frå Sogn og Fjordane var ved sida av fylkesmannen også fylkesrådmann, fylkesordførar og sekretæren i oljeutvalet med. I referat frå møtet heiter det frå Statoil-leiinga:

"I 80-åra vil Statoil ha 4-5 riggar i leiteboring. To av desse opererer frå Bergen, og det er ikkje råd å desentralisere derifrå til Florø. Statoil vil i det

heile ikkje makta nokon etablering i Florø dei næraste åra." (Notat frå møte med Statoil 12.6.80.)

Men på slutten av 1980 kom det til uttrykk heilt andre haldningar til Sogn og Fjordane frå Statoil. I eit avisintervju sa direktør Øksnevand at selskapet generelt var interessert i å spreia verksemda si langs kysten og at Flora var aktuell som forsyningsbase i samband med utbygging av blokk 34/10, den såkalla "Gullblokka" som seinare skifta namn til Gullfaks. (Sunnmørsposten 20.12.80)

Kva var årsakene til denne totale haldningsendringa frå Statoil si side i løpet av eit halvår? Det er ikkje råd å dokumentera kontakt mellom Statoil og fylket denne perioden anna enn at direktør Bekkeheien i Statoil var til stades på ei DU-synfaring i Flora i oktober 1980. Men då uttala Bekkeheien seg kritisk til omfattande baseutbygging i Flora. (Firda Folkeblad 27.10.80.)

Men etter kvart dukka det opp moment som kan forklara endringa. Av referat frå møtet i oljeutvalet 16.12.80 (sak 17/80) går det fram at ei avgjerd om utbygging av blokk 34/10 var under oppsegling. Det var klart at blokka inneheldt dei rikaste oljeforekomstane som var oppdaga sidan Statfjordfeltet og det låg til rette for at dette skulle bli det første oljefeltet der Statoil var sjølvstendig operatør både for utbygging og drift. I løpet av kort tid kom det fram at avgjerdsprosessen i denne saka inneheldt mange kryssande interesser. Hovudspørsmålet galdt utbygging av 34/10 kontra andre blokker. Men saka vart kopla med spørsmålet om kvar gassen frå Statfjordfeltet skulle ilandførast.¹⁸ Totalt vart dette ein tung lokaliseringsstrid om etablering av nokre av dei viktigaste hjørnesteinane i den framtidige oljeverksemda på Vestlandet.

I nytt møte i Stavanger 14.1.81, denne gongen etter innbjuding frå Statoil, fekk representantane frå Sogn og Fjordane meir kjennskap til elementa i saka. Frå Statoil si side vart det gjort klart at det ikkje kunne koma på tale med engasjement i Flora utan at det var eit aktivitetsgrunnlag på den delen av sokkelen som var naturleg å forsyne derfrå; dvs. mellom 61 og 62°N. Leiteverksemd åleine gav ikkje grunnlag for omfattande baseverksemd. Berre forsyning av eit felt i utbyggings- eller driftsfasen var tilstrekkeleg. Og det einaste feltet i dette området som var klart for vedtak om utbygging var 34/10.

Statoil let det ikkje vera tvil om at dei var interessert i eit raskt stortingsvedtak om utbygging av blokka, men fleire ting kunne hindra det. Det eine var ein dragkamp med Oljedirektoratet, som prioriterte utbygging av gassfelt framom oljefelt. Mellom anna av den grunn gjekk direktoratet inn for å byggja ut Sleipner-feltet før 34/10. Dersom dette fekk gjennomslag, ville 34/10 bli skyvd langt ut i tid fordi det ikkje ville koma på tale med utbygging av begge felta samstundes. Politisk motstand mot for rask utvinningstakt (ulike "produksjonstak" i dei politiske partia) og for liten teknologisk kapasitet ville hindra dette. (Brev frå fylkesmannen og sekretæren i oljeutvalet til fylkesrådmannen 6.2.81)

På dette møtet gjorde Statoil det også klart at dersom Stortinget vedtok utbygging av 34/10 i 1981 ville det for det første medføra omfattande Statoil-utbygging i Bergen. For det andre lova dei bruk av Flora til forsyningstenester for 34/10. (Ibid..)

I brevet tilrådde fylkesmann og sekretær i oljeutvalet at fylkeskommunen burde ta sterke initiativ for å påverka Stortinget til å gå inn for utbygging av "Gullblokka". Vidare tilrådde dei allianse med Hordaland på grunnlag av felles interesser i saka.¹⁹

16. februar skreiv fylkesmann Ulveseth brev til olje- og energiminister Arvid Johansen og bad departementet syta føre å fastleggja eit utbyggingsmønster og -tidspunkt for blokk 34/10 som sikra Sogn og Fjordane positive verknader. I brevet heiter det: "Etter fleire drøftingar med Statoil har dette selskapet sagt seg villig til å legge ein del av si baseverksemd i samband med blokk 34/10 til Flora." Ulveseth understreka at Sogn og Fjordane var heilt avhengig av politisk styring for å oppnå positive verknader av verksemda på sokkelen utanfor fylket.

På eit nytt møte med Statoil 18. februar lova selskapet å medverka til å finansiera utbygginga av det tiltenkte baseområdet i Flora, Botnaneset. Men Statoil gjorde det igjen klart at føresetnaden var eit positivt stortingsvedtak om 34/10. Det blei understreka at dette var det einaste som realistisk sett kunne gje Sogn og Fjordane omfattande baseverksemd i 80-åra. Det var ikkje andre utbyggingsaktuelle felt på denne delen av sokkelen før tidlegast i 1990-åra. I eit notat frå møtet heiter det:

"Straks det er gjort stortingsvedtak om utbygging av 34/10, vil utbygginga av Flora som eit større baseområde ta til. Konkret kan Statoil truleg løyve direkte ein større sum (fleire 10-tals millionar.)" (...) "Utan utbyggingsvedtak kan Statoil knapt nok yte ein symbolsk sum til infrastrukturen i Flora. Det vil ikkje vera innteningsgrunnlag for særlege investeringar på Botnaneset. Det vil heller ikkje vere grunnlag for oljeretta servicefirma å drive forretning frå Florø basert på andre aktivitetsområde i Nordsjøen" (Notat frå sekretæren i oljeutvalet 6.2.81).

Av notatet går det fram at Statoil tilbød seg å delta i ei orientering for fylkesutvalet og stortingsrepresentantane frå fylket. Statoil opplyste også at dei saman med tre andre oljeselskap hadde skrive brev til Olje- og energidepartementet og gått inn for å leggja eit planlagt sikkerheitssenter for oljeverksemda til Flora. Også her vart det presisert at føresetnaden var positivt vedtak om utbygging av 34/10. Til sist går det fram at det vart lansert planar om hotellbygging i Flora.

Utover våren 81 kom det stadig nye signal frå Statoil om positive verknader for Flora og Sogn og Fjordane i tilfelle utbygging av 34/10. Til Sunnmørsposten 3. mars sa pressetalsmann Lavik at med utbyggingsvedtak i 1981 ville Statoil etablere seg i Flora alt neste år og bygga seg opp til ca. 100 arbeidsplassar på noko sikt.

I slutten av mars vart det kjent at Olje- og energidepartementet kom til å gå inn for utbygging av 34/10. Saka ville koma til Stortinget før sommarferien. Ordføraren i Flora sa til Sunnmørsposten 27.3.81 at dette var beste nyheita Flora kunne fått. Han gjorde det også klart at Flora på dette tidspunktet hadde munnleg lovnad frå Kommunal- og arbeidsdepartementet om lån og tilskot til utbygging av Botnaneset, men at realisering av Statoil sine lovnader var

avgjerande også her. Få dagar etter løyvde Kommunal- og arbeidsdepartementet 14.2 millionar i lån og tilskot til Botnaneset.

Men utbyggingsvedtaket for blokk 34/10 var endå ikkje i hamn, og Statoil heldt fram sitt løp. I april/mai kom det ei rekkje signal om at dei borgarlege partia ville gå imot eit vedtak om utbygging av blokka no. Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti gjekk imot med tilvising til at vedtak no ville medføra at deira produksjonstak på 60-70 millionar tonn oljeekvivalentar (toe.) i året vart sprengd. Venstre og Sosialistisk Venstreparti opererte med tak på 50 mill. toe og gjekk også imot. Arbeidarpartiet og Høgre hadde ikkje problem med sitt tak på 90 mill. toe, men Høgre kunne tenkja seg å venta med vedtaket av fleire grunnar. Det eine var utvilsamt eit ynskje om å hindra at statsoljeselskapet vaks seg for stort og mektig. Det andre var omsynet til borgarleg samhald framfor det føreståande stortingsvalet. I slutten av mai såg det såleis ut til at Høgre kom til å gå inn for å utsetja vedtaket om 34/10. (Bergens Tidende 26.5.81) I så fall ville Regjeringa sitt framlegg falla.


Men heller ikkje for dei politiske partia var saka enkel. Dei regionale interessene var sterke og vart endå fleire og sterke fordi Regjeringa sitt framlegg var ei pakkeløysing som inkluderte framlegg om at gassen frå Statfjordfeltet skulle ilandførast til Kårstø. Ei slik løysing gav såleis noko både til Rogaland (utbygging på Kårstø), Hordaland (stor Statoil-oppbygging i Bergen i samband med 34/10) og litt til Sogn og Fjordane (forsyningstenester til 34/10). Problemet i denne kabalen var Nordhordland som trass i oppbygginga av raffineriet på Mongstad på 70-talet framleis var eit næringsveikt område som var lova nye industri-etableringar. Norsk Hydro gjekk inn for ilandføring av Statfjord-gassen til Mongstad. For å bøta på dette lanserte Statoil planar om utviding av raffineriet på Mongstad, men dette vart rekna som lite realistisk den gongen. (Bergens Tidende, 26.5.81)

Dei mange og kryssande interessene skapte uro for utbyggingsvedtaket om 34/10 i Sogn og Fjordane. I eit notat til fylkesrådmannen frå sekretæren i oljeutvalet 8. mai går det fram at Statoil igjen hadde pressa på Sogn og Fjordane. Det heiter at all utbygging i Flora er avhengig av 34/10, og ikkje nok med det. Nei til utbygging ville bety at utbygginga av Botnaneset, som no var i gang, vart lagt på is: "Kommunen vil sitja att med skylnader som dei ikkje har økonomisk evne til å bere." Sekretæren i oljeutvalet oppfordra til samarbeid med Hordaland og foreslo orienteringsmøte med stortingsrepresentantane frå begge fylka. I eit notat frå kontorsjef til rådmann i fylkeskommunen 21.5.81 går det fram at det hadde vore kontakt med Hordaland. Men haldninga derfrå var at det ikkje var meir å gjera.

Også på det lokalpolitiske planet skapte saka røre, særleg innan Høgre. Då det vart kjent at Høgre sentralt ville gå inn for utsetjing av utbyggingsvedtaket om 34/10 vedtok fylkespartiet i Sogn og Fjordane ei fråsegn der dei gjekk inn for prinsippavgjerd no (Firdaposten 16.5.81).

Utfallet i saka var uvisst til det siste, også etter at Industrikomiteen la fram ei delt innstilling. Men i Stortinget samla Arbeidarpartiet og Høgre seg om eit vedtak om ilandføring av gass til Kårstø og eit prinsippvedtak om utbygging av blokk 34/10. Vedtaket opna for planlegging av delar av blokka (Delta-strukturen) straks .

FIG. 5.2 LOKALISERINGSSTADER I SAMBAND MED UTBYGGING AV GULLFAKS OG ILANDFØRING AV STATFJORDGASSEN




For Sogn og Fjordane vart dette rekna som eit lukkeleg utfall som innebar at Statoil hadde lova etablering i fylket. I Statoil si melding om verksemda 1.halvår 1981 (St.meld.nr. 29, 1981-82, s.20) var lovnadene om etablering i Flora formulerte. Konkret kva verksemd som kunne koma på tale og kor omfattande ho

ville bli var uklart. Det forblei også uklart ei god tid etterpå, men det kjem eg tilbake til seinare i dette arbeidet. Her er det viktigaste at Sogn og Fjordane hadde oppnådd lovnad om Statoil-etablering og dermed fått eit konkret haldepunkt for arbeidet med oljesakene.

5.7 LUTELANDET OG STATFJORDGASSEN ²⁰

I samband med spørsmålet om eventuell ilandføring og industriell utnytting av gassen frå Statfjordfeltet vart også Lutelandet ytst på sørsida av Dalsfjorden i Sunnfjord aktuelt lokaliseringsområde for petrokjemiske anlegg. Dalsfjordområdet er mellom dei mest næringsveike delane av Sogn og Fjordane, og dei fire kommunane Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Solund som ligg nærast Lutelandet, har stridd med fråflytting dei siste ti-åra.

FIG. 5.3 LUTELANDET



Saka om Statfjord-gassen er eit døme på at oljeverksemda også for sentrale styringsorgan er prega av tidspress og utilfredsstillande avgjerdsgrunnlag. Våren 1980 sette regjeringa i verk eit hektisk utgreiingsarbeid for å førebu Stortinget si avgjerd i spørsmålet om bruk av gassen frå Statfjordfeltet. Stortinget måtte ta standpunkt til kvar denne gassen skulle ilandførast seinast våren 1981 fordi eit mottaksanlegg for gassen måtte vera klart innan 1.1.86. Etter denne tid ville det ikkje vera mogeleg å reinjisera gassen i feltet.²¹

Trass i tidspresset var det frå staten si side lagt opp til lokal deltaking i avgjerdsprosessen. Om deltaking frå lokale styresmakter heiter det såleis i brev dagsett 2.6.80 frå Industridepartementet til fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

"De sentrale myndigheter har forutsatt at berørte fylkeskommuner og kommuner skal trekkes aktivt inn i arbeidet med denne saken" (...) "Videre er det forutsatt at lokale myndigheter gis reell mulighet for å uttale seg om de løsninger som kan være aktuelle før regjeringen fatter sitt standpunkt i saken. Det er lagt opp til at det skal være åpenhet om saksforberedelsene og informasjon til dem som berøres av saken."

Eg skal sjå nærare på korleis dette fungerte i praksis. For to alternativ for ilandføring av gassen, norsk samlerøyrledning til kontinentet og britisk samlerøyrledning til Storbritannia, tok Olje- og energidepartementet seg åleine av utgreiingsarbeidet. Det tredje alternativet, røyrledning til Norge, skulle utgreiast i samarbeid med norsk næringsliv og lokale styresmakter. Det viktige spørsmålet for dei sentrale styresmaktene ved dette tredje alternativet var val av ilandføringsstad. Ingeniørstudiar på 70-talet hadde vist at med den rådande teknologien var det berre Karmøy og Sotra som var aktuelle. Norsk Hydro meinte i tillegg at ilandføring direkte til Mongstad var mogeleg. Av teknisk-økonomiske årsaker vart det også klart at ein del av dei aktuelle industrielle aktivitetane (gass-separasjon, fraksjoneringsanlegg og eventuell industriell verksemd på basis av turrassen) måtte etablerast på ilandføringsstaden (PM frå Industridepartementet 30.4.80).

I tillegg til desse viktige spørsmåla skulle det utgreiast eit utbyggingsalternativ med lokalisering av industri på basis av delar av våtgassen (polyolefin-anlegg og eventuelt etylen-cracker) utanom ilandføringsstaden. Frå sentral synsstad var dette ein mindre viktig del av utgreiingsarbeidet. For det første var dei teknisk-økonomiske hasteargumenta ikkje like sterke for avgjerda om lokalisering av slik industri. For det andre argumenterte korkje røynslene frå Bamble eller dei internasjonale marknadsutsiktene for etablering av fleire slike produksjonsanlegg i Norge. Og dersom eit nytt slikt anlegg skulle bli aktuelt, tala - for det tredje - analysar utførte av NIBR og SINTEF for at anlegga av økonomiske årsaker burde lokaliserast til ilandføringsstaden (Notat frå Industridepartementet 29.5.80).

Det var i samband med denne delen av saka at lokale styresmakter i Sogn og Fjordane vart involverte. Lutelandet vart presentert som aktuell lokaliseringsstad for industri på basis av delar av våtgassen frå Statfjordfeltet, altså i samband med det tredje, oppsplitta alternativet.

Organiseringa av avgjerdsprosessen.

Det er mange interessante sider både ved organiseringa og gjennomføringa av dette utgreiingsarbeidet, som tok til våren 1980 med eit statssekretærutval i spissen, og med Forhandlingsutvalget for industritiltak ("Gøthe-utvalet") som ansvarleg for lokaliseringsspørsmåla.

Her skal eg la det meste liggja. Mi interesse er dei lokale styresmaktene si rolle, men det er først viktig å få fram to sider ved den sentrale organiseringa av saka. Det gjeld næringslivet si sentrale stilling i utgreiingsarbeidet, og det gjeld dei ambisiøse målsetjingane om lokal deltaking i avgjerdsprosessen.

I PM dagsett 30.04.80 vart Dyno, Hydro, Saga og Statoil av Industridepartementet og Olje- og energidepartementet på ulike vis bedne om å engasjera seg i utgreiingsarbeidet. Først og fremst galdt oppmodinga samarbeid om sjølve ilandføringa av gassen og dei industrielle anlegga som måtte til på ilandføringsstaden. Men i tillegg vart dei også bedne om å greia ut eventuelle andre foredlingsanlegg, også eit alternativ med desentralisert lokalisering. Med dette var det klart at staten overlet til eit utval nasjonale storkonsern å utføra oppgåver som det er vanleg at offentlege institusjonar tek seg av.

Som ein kan venta, såg industrigruppa desentraliseringsalternativet for dei petrokjemiske anlegga som ei mindre viktig side av saka. For dei var val av ilandføringsstad det interessante. Å greia ut eit desentralisert lokaliseringalternativ synest å ha vorte oppfatta som eit bedriftsøkonomisk uinteressant pliktløp, pålagt dei av styresmaktene. På vegne av industrigruppa gjennomførde Saga dette pliktløpet sommaren 1980, og handsaminga fortel, som eg kjem attende til, om lag kva interesse saka fortente sett frå deira synsstad.

Ut frå bakgrunnen for saka, premissane for utgreiingsarbeidet og oljeselskapa sine vurderingar, burde lokale styresmakter i Sogn og Fjordane og andre stader på Vestlandet utanom ilandføringsalternativa kunna teke utgreiingsarbeidet om ilandføring av Statfjord-gassen med stor ro. Dei viktige spørsmåla i saka var avgjorde utan lokal medverknad og det var nasjonale storkonsern som hadde hand om utgreiingsarbeidet. Likevel fekk saka relativt stor merksemd og medførde ein god del ekstraarbeid for lokale styresmakter rundt om på Vestlandet midtsommaren 1980. Ambisiøs organisering frå sentralt hald, mange ord om lokal medverknad og mangel på nøktern informasjon lokalt om kva det heile eigentleg dreia seg om er viktige årsaker til det.

Gøthe-utvalet la opp ein ambisiøs og stram timeplan for den lokale deltakinga i avgjerdsprosessen. Det vart lagt opp til at fylkesnivået skulle representera dei lokale interessene. Det vart tilrådd skipa særskilde kontaktutval i kvart av dei fire vestlandsfylka, og dei burde samansettast av fylkesmann, folkevald representant for fylkeskommunen (helst fylkesordførar) og representantar for aktuelle kommunar. Staten ynskte å vera representert i utvalsmøta med observatør frå Industridepartementet (Brev frå Industridepartementet til fylkesmannen 2.6.80).

I same brev vart kontaktutvala sine oppgåver nærare omtala. Ut over mange proklamasjonar om lokal deltaking, gjekk det fram at utvala skulle fungera som mottakar og formidlar av informasjon frå sentralt hald i saka. Utvala skulle gi lokale reaksjonar på initiativa og eventuelt bistå i det sentrale utgreiingsarbeidet. Kort sagt var utvala sine oppgåver diffuse. Den mest konkrete oppgåva gjekk ut på å delta i ein høyringsrunde om industrigruppa sitt lokaliseringframlegg for ilandføring av gassen. Dette skulle liggja føre alt 18 dagar seinare, den 20. juni.

Den lokale handsaminga.

29. april vart det halde eit møte i Askvoll, der fylkesmannen og fylkesrådmannen orienterte representantar for dei aktuelle kommunane om at det var på tale med petrokjemisk industri i distriktet. Dette var før den sentralstyrte sakshandsaminga var komen i gang, og møtet vart prega av at også representantane for fylkesnivået mangla informasjon, mellom anna om at dette var ei hastesak. Konklusjonen på møtet var difor at det skulle utarbeidast konsekvensanalysar for det aktuelle området som grunnlag for kommunane si handsaming av lokaliseringsspørsmålet.²²

Heller ikkje i denne saka vart spørsmålet om kva som skulle vera fylket sitt lokaliseringsalternativ politisk handsama. Det vart avklara på administrativt hald i fylkeskommunen med tilvising til fylkesplanen der det heitte at Dalsfjordområdet må prioriterast i distriktsutbyggings-samanheng og at der er store område som høver for ny industrireiseing (Ibid.).²³

Den 29. mai vart fylkesmennene i dei fire vestlandsfylka innkalla til møte med Gøthe-utvalet i Oslo. Dette var første gongen lokale representantar formelt vart informerte om saka. Trass i dei mange orda om lokal deltaking trong gjestene neppe lang tid for å innsjå realitetane i saka. Den stramme timeplanen, dei teknisk-økonomiske premissane og industrigruppa sin sentrale posisjon i utgreiingsarbeidet tilsa at denne saka ville bli avgjort nokså upåverka av lokale meiningar (Referat frå møte mellom forhandlingsutvalet og fylkesmennene 29.5.80).

Særleg galdt dette for fylkesmann Ulveseth frå Sogn og Fjordane, som representerte eit fylke som ikkje var aktuelt i ilandførings-samanheng. Om det ikkje var klart frå før, var det etter møtet ingen grunn til å rekna med at Statfjordgassen ville medføra industrietableringar i Sogn og Fjordane. Den einaste oppgåva for lokale styresmakter i dette fylket var å delta i høyringsrunden som galdt industrigruppa sitt framlegg, og dei skulle framskaffa nødvendig informasjon og vedtak i samband med utgreiingsarbeidet om eventuell våtgassbasert industri utanom ilandføringsstaden (Ibid.).

At saka til dei grader var ei hastesak, som for Sogn og Fjordane sin del var avgjort for lengst, synest å ha kome noko overraskande også på fylkesmannen. Han bad om grunngeving for at Sogn og Fjordane var uaktuelt ilandføringsområde, og han opplyste at fylket tidlegare hadde tilbode Saga Petrokjemii å undersøka fleire lokaliseringsstader for petro-kjemisk industri i fylket, men selskapet hadde avslege oppmødingane. Ulveseth gjorde det i fleire samanhengar klart overfor både Gøthe-utvalet og Industridepartementet at han meinte Sogn og Fjordane ikkje hadde fått høve til å gjera seg gjeldande i saka, og at fylket ikkje var seriøst vurdert. Han gjorde det også klart at han ikkje såg behovet for eit eige kontaktutval. Det eksisterande fylkeskommunalt oppnemnde oljeutvalet måtte vera tilstrekkeleg (Brev frå Ulveseth til Industridepartementet 9.6.80).

I det fylkeskommunale oljeutvalet fekk saka om Statfjord- gassen aldri nokon sentral plass. Ho er i det heile ikkje nemnd i referat frå møtet 13.mai. Første og

einaste gong utvalet hadde ho på dagsorden, var i møte 23. juli, og då avdi staten hadde pålagt fylket å bistå industri-gruppa i utgreiingsarbeidet.

Den 20. juni la industriselskapa kvar for seg fram framlegg om ilandføring av Statfjordgassen. Som ein kunne venta, var spørsmålet om desentraliserte lokaliseringalternativ for den petrokjemiske industrien ikkje teke opp i det heile. Lokaliseringsframlegga vart sendt fylkeskommunane til høyring med svarfrist 15. august (Brev frå Industridepartementet til fylkesmannen 17.7.80).

For Sogn og Fjordane sin del hadde framlegga frå industriselskapa avgrensa interesse. Fylket var uaktuelt i ilandføringssamanheng. Men av di det annonserte utgreiingsarbeidet om eit desentralisert utbyggingsalternativ for petro-kjemisk industri ikkje var handsama, nytta leiinga i det fylkeskommunale oljeutvalet høvet til å gjera eit forsøk på å markera fylket sine interesser på dette feltet. Midtsommars vart initiativet teke til eit utgreiingsarbeid som skulle gje grunnlag for at fylkeskommunen si fråsegn til ilandføringsframlegga frå industriselskapa kunne bli ei marknadsføring av Lutelandet som lokaliseringsstad for ny industri (Notat frå A. Andersen, 27.6.80).

Med dette som utgangspunkt utarbeidde sekretæren i oljeutvalet eit opplegg for lokal informasjons- innsamling. I notat dagsett 14. juli vart dei fire kommunane bedne om å skaffa fram "harde fakta" om aktuelle lokaliseringalternativ i området pluss klare politiske vedtak om saka i kommunestyra. Analyseopplegget, svært kort og ufullstendig, tok utgangspunkt i ulike petro-kjemiske industrialternativ med investeringsbehov frå 650 til 2000 mill. kr. Behovet for arbeidskraft var antyda til frå 300 til 1200 i anleggsfasen og frå 100 til 200 i drift. Tidsfristen dei fire kommunane fekk må kunna kallast knapp. Fylkesutvalet skulle gi si fråsegn 8. august og materialet frå kommunane måtte difor vera klart innan 1. august. Kommunane hadde såleis om lag to veker på seg.

Med grunnlag i notatet frå oljeutvalet vart det halde møte med dei fire impliserte kommunane i Askvoll 15. juli. Referatet frå møtet tyder på at dette er første gongen sidan 29. april at kommunane er trekte inn i saka. Det heiter i referatet:

"Dei fire kommunane er vitra om at det er aktuelt med lokalisering av oljebasert industri i regionen - ved fylkesrådmann/fylkesmann si deltaking i møte i Askvoll 29.04.80. Konklusjonen frå ovannemnde møte gjekk ut på at det skulle utarbeidast konsekvensanalysar for det området som vert berørt av slik utbygging - som grunnlag for kommunane si handsaming av spørsmålet om slik lokalisering. Det er no lagt opp til ein så stram timeplan i avgjerdsprosessen at slike analysar ikkje kan verta utarbeidde, men det lyt takast avgjerd på anna grunnlag (meir summarisk oppstilling og vurdering av ressursar og følgjer for dei vedrørde kommunane)" (Referat etter møte i Askvoll 15.7.80 mellom kommunane i området).

Av referatet går det fram at kommunane, ved sida av å ta på seg å oppfylla ynskja frå oljeutvalet om informasjonsinnsamling og politiske vedtak, vart stilt i utsikt at dei kanskje kunne få vera representerte med to personar i oljeutvalet sitt møte 23. juli då saka skulle handsamast der.

Dei fire kommunane gjennomførde opplegget til punkt og prikke. Innan fristen var "analysen" gjennomført, og det var gjort vedtak om at ein ynskte petro-kjemisk industri på Lutelandet, med totalt to røyster mot i dei fire kommunestyra. Av avisreferata går det fram at "tru og tvil" prega ordskifta.

Om lag samstundes med det fylkeskommunale utgreiings- initiativet kom det utspel frå sentralt hald om saka. I brev dagsett 16. juli vende Saga Petrokjemi seg til fylkesmannen og opplyste at Industridepartementet hadde bede dei om å innhenta informasjon og undersøka lokaliseringalternativ for våtgassbasert industri. I brev dagsett 17. juli bak departementet om at fylkeskommunen måtte bistå Saga i dette arbeidet.

30. juli fekk fylkesmannen tilsendt spesifikasjonar over kva opplysningar Saga ynskte. I hovudsak var dette om lag det same som kommunane alt hadde samla inn etter opplegg frå det fylkeskommunale oljeutvalet. Saga fekk sin informasjon i midten av august, og i slutten av månaden var det synfaring på Lutelandet. Til "Firdaposten" sa ordføraren i Askvoll den 30. august 1980: "Vi har gjort kva gjerast kan."

På fylkeskommunalt plan vart saka også slutthandsama. Oljeutvalet hadde sitt møte 23. juli med to representantar for dei impliserte kommunane til stades, og gav fråsegn med tilråding om Lutelandet. Det same gjorde fylkesutvalet i sitt møte 8. august. Fylkesmann Ulveseth reiste på eit tidleg tidspunkt innvendingar mot dei vilkåra Sogn og Fjordane hadde hatt til å gjera interessene sine gjeldande. I samband med utarbeidinga av fylkesutvalet si fråsegn til saka vart dette følgd opp av fylkeskommunen. I brev til Olje- og energidepartementet 30. juli stilte fylkesrådmann og fylkesordførar spørsmål ved den sentrale sakshandsaminga. Dei meinte det hadde mangla informasjon om premissane for val av ilandføringsstad og dei tok opp storkonserna si rolle i saka.

"I kva grad har ein i dag visse for at distrikts-politiske innfallsvinklar og at både kortsiktige og langsiktige premiss kjem inn i utgreiingsarbeidet, når industriselskapa synest tildelt utgreiings-oppgåver nær opp til det ein ordinært har sett som oppgåver for forvaltningsapparatet? Korleis kan ein sikra seg at fylke som tradisjonelt ikkje har vore i merksemdsfeltet til desse selskap, får same merksemd som andre?"

I si fråsegn om ilandføring av Statfjord-gassen gav fylkesutvalet full støtte til denne kritikken, og dermed var saka for Sogn og Fjordane sin del avslutta.

I ein artikkelserie i ei lokalavis om kommunal økonomi og lokal styring skreiv dåverande varaordførar i Hyllestad, Finn B. Førstund, om den lokale handsaminga av denne saka: "Ingen anna sak (enn oljeaktivitet, Mi tilføyning, T.B.) kunne tromme saman topp administratorar og politikarar på fylkes- og kommuneplan til ei hektisk saksførebuing, som vart køyrt ekstra i sommarferien." (Sogn Dagblad 22.01.81.)

Våren 1981 vedtok Stortinget ilandføring av Statfjordgassen til Kårstø. Der vart det etablert anlegg for utskiljing av våtgassen og det vart laga planar for bygging av gasskraftverk. Elles medførde ikkje Statfjordgassen ny industri i Norge.

5.8 OPPSUMMERING

Situasjonsdefinisjonen endra.

Sogn og Fjordane vart ikkje deltakar i oljeverksemda desse åra. Dei konkrete verknadene av oljeutviklinga i fylket var små. Likevel oppnådde fylket viktige gjennombrøt og la eit grunnlag for ei utvikling på oljesektoren. Dei viktigaste symbola på det var vedtaket våren 1979 om konsesjonsvilkår knytt til bruk av Flora som forsyningsbase i samband med leiteverksemd på to blokker og grunnlaget som vart lagt i løpet av 1981 dels i Flora og dels som resultat av forhandlingar med statsoljeselskapet i samband med utbyggingsvedtaket om Gullfaks. Begge delar skjedde i form av vedtak i sentrale styringsorgan etter initiativ frå regionale og lokale styresmakter.

Den situasjonsdefinisjonen som var i ferd med å etablera seg i den forrige fasen vart dermed eit stykke på veg broten. Sogn og Fjordane var ikkje lenger heilt på sidelina i forhold til verksemda på sokkelen. Utviklinga på sokkelen utanfor fylket med store petroleumsfunn og dei økonomiske krisetendensane sist på 1970-talet gav konkrete utgangspunkt for meir medvite oljeengasjement.

Men fylket sine problem i forhold til oljeaktivitetane vart ikkje vesentleg endra. Sjølv om behovet for varer og tenester til verksemda auka og tilhøva vart lagt til rette for at ein stadig større del av leveransane kom frå norske verksemdar, makta ikkje næringslivet i fylket å koma inn på oljemarknaden. Dei bedriftene som engasjerte seg var mest prega av at omstillinga skjedde under tvang. Ankerløyken, som det var stilt store forhåpningar til, makta ikkje å omstilla seg. Trass i sterk støtte på lokalt og regionalt hald fekk ikkje verksemda ein plass i det gode selskapet når det galdt leveransar til oljesektoren. Dei politiske initiativa til omstilling og samarbeid førde ikkje fram, heller ikkje storkonserna som er etablert i fylket viste interesse for å bli kopla til oljeengasjement i Sogn og Fjordane. Det byrja bli tydeleg at næringslivet sitt eventuelle oljeengasjement måtte venta til vilkåra låg betre til rette.

Den viktigaste tilpassinga skjedde i Flora der bedrifter som leverte vanlege forbruksvarer gradvis tilpassa seg den mentaliteten som rår i sokkelverksemda. Men også her hadde næringslivet problem med å utnytta dei nye handlingsvilkåra som oljeutviklinga representerte.

Fylket sine strukturelle problem i forhold til oljeaktivitetane vart klart formulerte i dei statlege utgreiingsarbeida. Det gjekk fram at i utgangspunktet gav oljeaktivitetane ei svært ujamn fordeling av aktivitetar mellom sentrale og perifere område. Dersom perifere område og mindre bedrifter skulle bli deltakar i verksemda var det behov for omfattande tilpassingstiltak. Dei sentrale utgreiingane gav klar beskjed om at det var større mulegheiter og meir å henta med omstilling i utkantane enn å endra dei grunnleggjande strukturane i oljeverksemda.

Lokale styresmakter

Det Sogn og Fjordane oppnådde i oljesakene desse åra kom etter initiativ frå regionale og lokale styresmakter. Med fylkeskommunens oljeutval i spissen og etter kvart Flora kommune skjedde det tilpassingar til oljeverksemda sine krav. Fylkeskommunen ved oljeutvalet framstår langt på veg som ein slags "moderniseringsagent" i fylket. Fylkeskommunen tok på seg omfattande oppgåver med å fylla dei mange "tomromma" som kom til syne i fylket sitt møte med oljeverksemda. Ambisjonane var så langt som mogeleg å følgja opp dei sentrale tilrådingane og krava som måtte tilfredsstillast for at fylket skulle oppnå ein plass i oljeverksemda.

Ein avgjerande føresetnad for både sjølve engasjementet og for at lokale styresmakter kunne oppnå noko, var at sentrale styresmakter vart synlege i distrikta sitt møte med oljeverksemda. Innføringa av etableringslova, statlege tiltak for oppdeling av ordrar, Statoil sitt engasjement for å trekka norsk næringsliv inn i verksemda og nye signal til dei utanlandske oljeselskapa om at større engasjement i det norske samfunnet ville betala seg med inngangsbillett til norsk sokkel gav distriktsinteressene nye mulegheiter. Det gav inntak på sentralt hald for lokale og regionale styresmakter og det gav retning for det lokale arbeidet med oljesakene. Som eg også freista få fram gav det dei lokale interessene høve til å delta i dei sentrale utgreiingsarbeida og å vera med å formulera problemstillingane.

Ein verknad av dette var at det kom til syne eit mottakarapparat på sentralt hald for dei lokale interessene. Kommunal- og arbeidsdepartementet og Distriktenes Utbyggingsfond fekk oppgåver i etableringssakene der også fylkeskommunane var deltakarar. Det vart mogeleg å framføra regionale rettferdskrav og distriktspolitiske argument i oljesamanheng. For lokale styresmakter i Sogn og Fjordane var det viktig.

Det statlege engasjementet i den landbaserte oljeutbygginga aktiviserte også i seg sjølv fylkesnivået i oljesakene. Eg viste at det var fylkesnivået som vart fokusert i dei statlege utgreiingane og tilrådingane om korleis distrikta skulle oppføra seg for å få innpass på oljesektoren. I Sogn og Fjordane viste fylkeskommunen vilje til å fylla denne rolla. Og her er det den nye fylkeskommunen me møter, først og fremst som eit administrativt apparat og med medarbeidarar med store ambisjonar om kva rolle det nye styringsnivået skulle spela.

Oljeutvalet sitt nye mandat uttrykte dei meir ambisiøse og handlingsorienterte målsetjingane for utvalet sitt arbeid. Fylkeskommunen hadde ikkje berre ambisjonar om å bidra til tilpassing, men også å vera initiativtakar i oljesakene. Fylkeskommunen tok på seg å fylla ei rolle som kan jamførast med det Galtung (1971) kallar ein "bruhovudfunksjon" med omsyn til å knytta periferien til sentrum. Oppgåva var å få til ei endring og tilpassing som gjorde at fylket kunne bli deltakar i oljeverksemda.

Spørsmålet om å delta i oljeutviklinga eller ikkje vart ikkje formulert som tema for politiske organ i fylket. "Grunneigarstrategien", som ved einskilde høve vart lansert frå kommunar i fylket som ikkje hadde utsikt til å oppnå positive verknader av oljeaktivitetane, vart avvist på fylkeskommunalt hald. I deira

strategi var tilpassing til verksemda sine krav og initiativ i forhold til dei sentrale aktørane dei viktigaste stikkorda.

Etter kvart vart strategien for arbeidet med oljesakene konkretisert. Det første steget var å få til ei samling om Flora som fylket sin oljekommune, noko som vart realisert utan vesentleg motstand. Spørsmålet vart som eg har vist aldri politisert. Dei få innvendingane som kom frå andre kommunar vart tekne hand om av Ulveseth og oljeutvalet.

Det neste steget var å etablere ein allianse mellom fylkeskommunen, Flora kommune og Ankerløkken som kunne fungera som dørøpnar for å bringa større delar av fylket inn i oljeverksemda. Alliansen mellom dei fylkeskommunale oljeinteressene og Flora kommune fungerte utan problem. I Flora rydda kommunen grunnen for ei satsing på å byggja forsyningsbase. Det var den siste lekken i dette trekløveret som var vanskelegast å få på plass. Næringslivet si manglande deltaking og langt på veg interesse for oljeverksemda var hovudproblemet.

Det tredje elementet i hovudstrategien var å krevja deltaking med hjelp av vedtak frå sentrale styresmakter og å kople Statoil til fylket. Lokale styresmakter i Sogn og Fjordane som andre stader oppfatta Statoil som ei forlenging av den politiske styringa med verksemda på sokkelen og dermed som eit selskap som i større grad kunne påverkast gjennom politiske kanalar. I min samanheng er det viktigaste at fylket sine representantar viste evner til å utnytta forhandlingsposisjonen. Statoil sitt behov for å mobilisera regional støtte for å vinna fram i ei sak som var svært viktig for selskapet viste seg også å gi Sogn og Fjordane utteljing i oljesakene.

Kring 1980 resulterte oppfordringar til oljeselskapa om å inngå samarbeid med norsk næringsliv ei rekkje kontaktar med utanlandske oljeselskap også i Sogn og Fjordane. Oljeutvalet freista å kople selskapa til bedrifter i fylket, men utan at det gav synlege resultat. Det gav ny kunnskap og øving i å møte nye aktørar på oljesektoren, men ikkje meir. Oljeutvalet oppsummerte sjølv at ein ikkje makta å følgja opp denne typen framstøyt.

Mitt inntrykk er at forsøka på dette området ikkje var meir enn halvhjarta jamført med dei framstøyta som vart sett inn mot sentrale styresmakter og statsoljeselskapet. Det verkar ikkje som ein heilt trudde på at det var mogeleg å trekkja desse selskapa til fylket på fritt grunnlag, i alle høve makta ein det ikkje. I forhold til sentrale styresmakter og også Statoil var det derimot mogeleg å nytta den typen argumentasjon som fylket var vand med; nemleg krav om politisk styring og regional likefordeling. Ulveseth var arkitekten. Strategien det vart lagt opp til i oljesakene var såleis meir prega av ei "offentleg orientering" med krav om politiske vedtak og styring enn forsøk på å oppnå noko i fri konkurranse.

6

FASE III 1982-87. PÅ VEG TIL OLJEALDEREN?

I kapittel 2 la eg vekt på at større delar det norske samfunnet i løpet av 80-åra vart integrert i oljeutviklinga. Verksemda på sokkelen var ikkje lenger ny og ukjend og i Nordsjøen var det ikkje lenger leiteverksemda som var det primære. Aktivitetsnivået var høgre enn på 70-talet og fleire felt var i utbyggings- eller driftsfase eller dette var under planlegging. Det innebar nye perspektiv både i dei primære aktivitetane, med forsyningstenester og ikkje minst oppgåver i samband med utbygging og drift av nye felt og det gav nye mulegheiter med omsyn til næringslivet sine leveransar til verksemda. I tillegg hadde sentrale styresmakter sett i verk tiltak med sikte på å trekkja større delar av det norske samfunnet med i oljeverksemda og dei norske oljeselskapa med Statoil i spissen hadde fått ansvaret for viktige delar av oppgåvene på sokkelen.

Ved inngangen til denne fasen var Sogn og Fjordane så vidt definert innafor oljeaktivitetane. Grunnlaget som var lagt for å byggja opp ein forsyningsbase i Flora og det rett nok avgrensa gjennombrøtet i forhold til Statoil representerte eit brot i den tidlegare situasjonsdefinisjonen då fylket var ein kvit flekk på oljekartet. I tillegg var det lagt ein strategi for det vidare arbeidet, prega av det eg har kalla ei "offentleg orientering" med oljeutvalet og Ulveseth som arkitekt. Hovudelementa var krav om offentlig styring av verksemd til fylket, vidare satsing på å trekkja Statoil inn i eit forpliktande forhold til fylket og konsentrasjon om oppbygginga av forsyningsbasen i Flora. I forhold til næringslivet si deltaking, var framleis strategien at Ankerløkken si verksemd i Flora skulle vera døropnar for resten av næringslivet, sjølv om tiltrua til at bedrifta kunne fylla ei slik rolle var svekka.

Utfordringa låg for det første i å sikra driftsgrunnlag for basen som var under oppbygging i Flora. Her var oppgåva i første omgang å få mest mogeleg ut av Statoil etter vedtaket om utbygging av Gullfaks. Alt ved inngangen til 1982 syntest det klart at dei næraste åra var det berre verksemd knytt til Gullfaksfeltet som kunne gi aktivitet av noko omfang i Flora.

For det andre var spørsmålet kva fylket kunne oppnå i samband med etablering av dei kompetansetunge funksjonane som etter kvart ville koma i samband med utbygging og drift av nye felt på denne delen av sokkelen. Det var ikkje grunn til å venta særleg mange nye felt i drift der Sogn og Fjordane kunne gjera seg gjeldande, men avgjerdsprosessane kunne koma. Spesielt rekna ein med at det kunne skje noko på Saga sine blokker utanfor fylket. I desse sakene er det eit spørsmål kor langt fylket ville nå med hovudvekt på ein strategi med krav om offentlig styring.

For det tredje var spørsmålet om næringslivet i fylket var i stand til å nytta ut den nye situasjonen. Leveransane i samband med drift av petroleumfelt byr i større grad på "normale" varer og tenester enn utbyggingsfasen.

6.1 EKSTERNE FAKTORAR

Utviklinga på sokkelen

Totalt var det jamn og høg leiteaktivitet på norsk kontinentalsokkel denne perioden. Lokalt var det frykt for redusert aktivitet i 1982-83, då det berre vart utdelt 10 blokker i 7. konsesjonsrunde, dei fleste av desse nord for 62° N. (OU-sak 5/82). Men i 1984 (8. konsesjonsrunde) og 1985 (9. konsesjonsrunde) vart det samla utdelt 30 blokker, og fleire av desse var svært interessante for Sogn og Fjordane. Også konsesjonsrunde 10A i 1985 baud på nye tildelingar utanfor fylket. (Olje- og energi-departementet, 1987.) Talet på utførte boringar var høgt og stigande til det nådde toppen i 1985, då det blei bora heile 50 hol på norsk kontinentalsokkel. (St.meld.nr. 46, 1986-87, s.29.)

Leiteaktivitetane gav som resultat eit betre oversyn over ressursane i Nordsjøen, sjølv om ein del geologiske strukturar særleg utanfor Sogn og Fjordane framleis var uutforska. I st.meld.nr. 79, 1984-85 vart Nordsjøen karakterisert som "en moden leteprovins" (s. 29).

Tidleg i perioden var det klart at dei påviste petroleumsressursane sør for 62°N var store, truleg over 4 mrd. tonn oljeekvivalentar (toe.). (Sogn og Fjordane fylkeskommune, 1983.) Med det utvinningstempoet ein har hatt i 80-åra (50-70 mill toe i året), var det klart at det var reservar for produksjon i mange ti-år framover.

For Sogn og Fjordane sin del var det viktigaste at så mykje som 2/3 av reservane sør for 62°N fanst i "Statfjord-området", dvs. utanfor Hordaland og Sogn og Fjordane. På eit møte i juli 1984 sa såleis direktør Bekkeheien i Statoil: "Florø ligg rett innafor det mest ressursrike området på sokkelen. Det finst ikkje noko tilsvarende lenger sør eller lenger nord - kanskje ikkje i heile verda." (Referat frå møte mellom fylkeskommunale representantar, Olje- og energidepartementet, Statoil og Saga 03.07.84.)

Situasjonen var likevel ikkje så oppmuntrande for Sogn og Fjordane sin del når det galdt å sikra driftsgrunnlaget for basen i Flora. Med omsyn til leiteaktiviteten, vart det ikkje utdelt nye blokker utanfor kysten av fylket på byrjinga av 80-talet. Det skjedde først i 1984-85. Aktiviteten var såleis knytt til Saga, Gulf og Amoco sin aktivitet på blokkene frå den forrige fasen.

Med omsyn til utbygging og drift av felt var det heller ikkje så mykje konkret å halda seg til, ved sida av Statoil sin lovnad i samband med utbygginga av Gullfaks. Rett nok var det plattformer dels under utbygging og dels i drift på Statfjord-feltet, rett vest for Florø. Men forsyning og drift av dette feltet var heilt og fullt teke hand om frå Stavanger og Bergen. Også på dei andre felta ein rekna med ville bli utbygde og sett i drift i løpet av andre halvdel av 80-talet (Oseberg og Veslefrikk) var det klart at Bergensområdet ville sikra seg det alt vesentlege av aktiviteten. 1980-åra ville dermed først og fremst bli Bergens-området sin ekspansjonsperiode i dei primære oljeaktivitetane. Det var ein klar over også i Sogn og Fjordane.

Det dramatiske prisfallet på råolje i 1986 medførte usikkerheit i slutten av perioden. Etter at oljeprisane sidan byrjinga av 1980-talet hadde vore svakt fallande som følgje av internasjonal overproduksjon, fall prisen på kort tid frå nær USD 30 til USD 10 sommaren 1986 (Olje-og energidepartementet, 1987). Først og fremst fekk dette dramatiske følgjer for den nasjonale økonomien.

Leiteaktiviteten vart sterkt redusert i 1986 (St.meld. nr. 46, 1986-87, s. 29). Lønsemda for selskapa vart også dårlegare og utsiktene til nye utbyggingsprosjekt vart usikre. Men statlege mottiltak i form av gunstigare skattereglar for oljeselskapa saman med oljeprisar opp til USD 20 i 1987 medførte at ei rekkje nye felt vart interessante for utbygging.

Fleire felt i driftsfasen.

Røynslene frå dei to første fasane viste at distrikta hadde vondt for å koma med i utbyggingsfasen av verksemda på sokkelen. I forrige kapittel gjekk eg relativt nøye inn på dei problema mindre bedrifter og distrikta generelt hadde med å koma med i verksemda. Trass i ei rekkje tiltak for å trekkje næringslivet i distrikta med i leveransane, vart ikkje desse problema vesentleg mindre i 1980-åra når det gjeld oppdrag i samband med utbygging av petroleumsfelt. I 1985 vart det lagt fram ei utgreiing som fokuserte den regionale fordelinga av dei oljerelaterte konsulent- og ingeniørbedriftene. Det gjekk fram at av 5700 sysselsette i slike bedrifter i 1984, var 3600 tilsette ved verksemder heimehøyrande i Oslo og Akershus. Av dei resterande var dei aller fleste å finna i Rogaland, Hordaland og Vest-Agder. (NOU 1985:25.)

Men i løpet av 1980-åra skjedde det endringar i verksemda på sokkelen som i nokon grad gav nye distrikt og mindre bedrifter mulegheiter. For det første flytta aktiviteten på sokkelen vidare nordover, noko som etter kvart gav vilkår for meir omfattande og stabile forsyningsoppgåver også i Flora. Men vel så viktig var det at ei rekkje nye felt vart ferdig utbygde. Medan det før 1980 berre var felt i Ekofiskområdet og Frigg som var i produksjon, kom i løpet av 1980-åra ei rekkje nye felt frå Valhall i sør til Statfjord i nord over i driftsfasen. Dette opna nye mulegheiter på fleire område.

For det første medførte utviklinga behov for fleire utbyggings- og driftsorganisasjonar. Eg har framafor drøfta dei sterke oppfatningane både i oljeselskapa og hjå sentrale styresmakter om at desse kompetansekreivjande aktivitetane ikkje kunne spreist til mindre stader. I 1984 var då også alle dei 11 utbyggingsorganisasjonane å finna i Oslo eller Stavanger, ofte delt mellom ein av desse byane og operatørselskapet sin internasjonale basisorganisasjon. Av dei 10 driftsorganisasjonane dette året fann ein sju i Stavanger og tre i Bergen. (St.meld. nr. 79, 1984-85.)

Lokalisering av utbyggingsorganisasjonane har i liten grad vore i fokus. Derimot vart etablering av driftsorganisasjonane for dei nye produksjonsklare felte på 1980-talet tunge lokaliseringsskampar. Det følgjer av det forholdet at desse etableringane vert handsama i samsvar med etableringslova, noko som gjorde det mogeleg for regionale interesser å gjera seg gjeldande.²⁴ Flora og Sogn og

Fjordane kasta seg inn i kampen om Saga sin driftsorganisasjon for Snorre. Eg kjem attende til den saka som m.a. reiste spørsmål om kor langt desse viktige delane av oljeaktivitetane kan desentraliserast.

For det andre innebar overgangen til driftsfasen at det vart fleire og eldre installasjonar på norsk sokkel, noko som i sin tur medførde behov for vedlikehald, utskifting av komponentar m.m. Denne marknaden synt seg lettare tilgjengeleg for mindre verkstadbedrifter enn dei store utbyggingsoppdraga. Oppgåvene her føreset ikkje så store omstillingar fordi det i stor grad er behov for varer og tenester som inngår i samfunnet elles. Dessutan byr driftsfasen på meir langsiktige oppdrag.

Også mindre ingeniør- og konsulentbedrifter har betre vilkår i driftsfasen av oljeverksemda. På desse felta er det først og fremst operatørane sine driftsorganisasjonar som etterspør tenester. I den grad desse vert spreidde, opnar det seg nye mulegheiter for slik verksemd fleire stader i landet.

Regjeringsskifte

Regjeringsskiftet hausten 1981 innebar også nokre nye problemstillingar for Sogn og Fjordane. Først og fremst var det usikkerheit til i kva grad den nye høgre-regjeringa ville nytta politiske verkemiddel for å få til desentralisering av oljeaktivitetane. Som eg har vist, var Ulveseth og oljeutvalet sin argumentasjon i den forrige fasen i stor grad bygd på krav om regional fordeling og desentralisering. Vurderinga ved inngangen til perioden var klart at Sogn og Fjordane var avhengig av politisk styring av oljeetableringane for at fylket skulle oppnå noko.

Uvissa til den nye regjeringa vart forsterka då olje- og energiminister Hveding på eit møte i Flora 15.1.82 sa at Flora i åra framover måtte gjera seg gjeldande i oljeverksemda først og fremst på grunnlag av positive lokaliseringsfaktorar. Hveding gav uttrykk for at han ikkje var tilhengjar av å gripa inn i tevlinga mellom basane med konsesjonsvilkår knytt til blokktildelingar eller liknande. (Firdaposten 19.1.82.)

For Sogn og Fjordane sin del synest det som om regjeringsskiftet fekk størst verknader med den nye leiinga i Kommunal- og arbeidsdepartementet. Mykje tyder på at fylkesmann Ulveseth fekk vesentleg større problem med å få gjennomslag for distriktpolitiske synspunkt i Distriktenes Utbyggingsfond med Arne Rettedal som kommunalminister. Saka om lokalisering av dei landbaserte aktivitetane i tilknytning til Snorre-feltet tyder på det.

Men den offisielle politikken når det galdt lokalisering av oljeaktivitetane vart ikkje endra i nemnande grad. I stortingsmeldingar og andre dokument om oljeverksemda vart behovet for desentralisering sterkt understreka. I ei melding om perspektiva for petroleumsverksemda frå 1982 heiter det såleis:

"Regjeringen legger vekt på at olje- og gass- virksomheten gir en geografisk fordeling som vil styrke næringssvake regioner og hindre en for sterk geografisk konsentrasjon av virksomheten." (St.meld. nr. 40, 1982-83. s. 18.)

I meldinga om regional planlegging og distriktpolitikk frå 1985 heiter det mellom anna:

"Det er (...) viktig at en ved aktiv og samordnet bruk av distriktpolitiske og andre virkemidler kan bidra til at vekstimpulsene fra oljevirksomheten kommer næringslivet i distriktene til gode. Oppmerksomheten bør særlig rettes mot de regioner som i dag har en beskjeden andel av slik virksomhet, og tiltak som kan bidra til å øke denne andelen bør vurderes nærmere." (St.meld. nr. 67, 1984-85, s. 115.)

Det var også knytt uvisse til om den nye regjeringa ville halda fast på krava til oljeselskapa om industri- og teknologisamarbeid med norsk næringsliv som vart utforma av sentrale styresmakter på slutten av 70-talet. Etter kvart viste det seg at regjeringsskiftet heller ikkje på dette området innebar vesentlege endringar (Helle, 1984).

Ein siste faktor som betydde noko også for Sogn og Fjordane var den tiltakande arbeidsløysa og den generelt meir negative utviklinga i fylket i 1980-åra enn ti-året før. Folketalsutviklinga var negativ i store delar av fylket. Ei aukande arbeidsløysa ramma først og fremst delar av industrinæringa og hadde mellom anna samanheng med reduksjonar i dei selektive støttetiltaka, som etter kvart også nådde skipsbyggingsindustrien. Då problema kulminerte i 1983-84 var Flora og andre Sunnfjordkommunar hardt råka med over 10% arbeidsløysa i einskilde kommunar (Sogn og Fjordane fylkeskommune, 1987B). I oljesamanheng vart desse tilhøva på nytt eit argument for fylket sine framstøyt mot sentrale styresmakter, men dei betydde likevel ikkje så mykje som nokre år tidlegare. Sogn og Fjordane hadde fått meir handfaste argument for å gjera seg gjeldande i oljesamanheng.

6.2 LOKAL AKTIVITET

Også i denne perioden var det lokale styresmakter representert ved fylkeskommunen og Flora kommune som var hovudaktørane i oljeengasjementet i fylket. Næringslivet spela ikkje noko vesentleg rolle når det galdt å gjera fylket gjeldande i verksemda. Første halvdel av 1980-talet oppnådde bedriftene i fylket små og spreidde oppdrag, vesentleg leveransar av vanlege handelsvarer og industriprodukt. Næringslivet hadde ikkje fått noko som likna på eit "varig innpass" i leveransar til oljeverksemda (Notat frå oljekonsulenten 12.08.82).

Men i forhold til perioden før var den lokale aktiviteten prega av at fylket hadde eit arbeidsgrunnlag i framstøyta mot oljeverksemda. Medan ein tidlegare stilte heller uspesifiserte krav om oljeaktivitet, var det no i større grad tale om å byggja på det ein hadde, og det var verksemd i tilknytning til basen i Flora.

I løpet av perioden vart det bygd fleire nye institusjonar som viser auka merksemd mot oljesektoren. I 1981 vart det skipa lokalavdeling av Norsk Petroleums-forening. Dermed fekk ein eit forum, med forankring i Flora, for diskusjon om oljeutviklinga i fylket. Fylkeskommunen skipa stilling som

oljekonsulent frå nyttår 1982. Basen i Flora var ferdig utbygd i 1985 og frå 1986 tok selskapet Fjord Base A/S over drifta. Bak baseselskapet stod ei blanding av lokale oljeretta verksemdar i Flora og utanbys selskap med røynsle frå basedrift i Stavanger-området. Dermed fekk baseaktivitetane i Flora eit profesjonelt forretningsmessig overbygg. Etter mange tilbakeslag vart det i 1986 også skipa eit samarbeidsselskap for industrien i fylket, Sogn og Fjordane Industrisamarbeid A/S, med føremål å auka leveransane frå næringslivet i fylket til oljeverksemda.

Totalt styrka såleis Sogn og Fjordane engasjementet sitt mot oljeverksemda med ei rekkje nye institusjonar. Dei tala for at fylket var på veg inn i oljealderen.

Men det er på ingen måte grunnlag for å hevda at oljeutviklinga i Sogn og Fjordane gjekk av seg sjølv desse åra. Hjå dei som arbeidde med oljesakene var haldninga at det framleis måtte politisk styring og politisk engasjement til for å få til utvikling på dette området i fylket. Utan politisk styring ville Sogn og Fjordane falla utanfor i oljesamanheng.

For trass i at det vart nedlagt store summar i utbygginga av basen i Flora og dette gjekk etter planen, trass i at det vart gjort svære petroleumsfunn like utanfor kysten av fylket og trass i at fylket sine representantar vart flinkare til å arbeida fram interessene på det politiske planet og også i nokon grad fekk gjennomslag for interessene hjå sentrale styresmakter, trass i alt dette så hadde oljeverksemda heller små verknader i Sogn og Fjordane desse åra. Målt i sysselsetting var fylket framleis blant dei med minst verknader av oljeverksemda.

For oljeverksemda i Sogn og Fjordane var gjennom heile perioden i det vesentlege avgrensa til baseaktivitetane i Flora. Eit talande uttrykk for det finn ein i Statoil si årsmelding frå 1983. Her gjekk det fram at selskapet dette året kjøpte varer og tenester frå norsk næringsliv for 9,3 mrd. kroner. Det vart gjort innkjøp frå bedrifter i alle fylka med unntak for Sogn og Fjordane (Saksutgreiing til OU-sak 5/84).

I næringslivet mangla det aktørar som kunne nytta ut dei mulegheitene som oljeutviklinga gav. Det er freistande å hevda at ringverknadene av oljeverksemda i fylket stort sett stogga i gjerdinga rundt basen på Botnaneset. I 1987-88 auka leveransane til oljeverksemda og spesielt oljeengasjementet i det lokale næringslivet i Flora, men heller ikkje dette glei av seg sjølv. "Det kan sjå ut som bedriftene i fylket må piskast, eller i alle fall lokkast inn på basen" sa adm. dir. Oddgeir Igland i Fjord Base A/S på ei oljemesse i Flora 26.5.88.

Det fylkeskommunale oljeengasjementet.

I løpet av perioden skjedde det viktige endringar i fylkeskommunen sitt engasjement i oljesakene. Kort sagt vart oljesakene viktigare og dermed i større grad tekne hand om av den politiske og administrative eliten i fylkeskommunen. Eg viste at den same tendensen gjorde seg gjeldande i den viktigaste saka i forrige fase; lokaliseringa av dei landbaserte aktivitetane for Gullfaks. I den perioden eg her tek føre meg, er det særleg tilfelle i den klart største saka desse åra, nemleg spørsmålet om lokalisering av driftsorganisasjonen for Snorre-feltet.

I Snorre-saka var det ordførar og rådmann i Flora kommune, den politiske og administrative leiinga i fylkeskommunen og fylket sine stortingsrepresentantar som tok hand om fylket sine interesser. Formann og sekretær i oljeutvalet inngjekk i dette selskapet, medan dei menige medlemene av oljeutvalet i liten grad var deltakarar i saka. Snorre-engasjementet innebar også at større delar av det fylkeskommunale apparatet vart mobilisert i arbeidet og saka fekk betydning for fylkeskommunale tiltak og meiningar på andre område. Snorre-saka gjorde kort sagt oljeutviklinga viktigare i fylkespolitikken.

Stillinga som oljekonsulent i fylkeskommunen var sjølvstøtt også eit bidrag til å gje oljeinteressene ein sterkare posisjon i den fylkeskommunale verksemda. Mellom anna kom det til uttrykk i ein vesentleg breiare framstillinga av oljesektoren i fylkesplansamanheng frå og med plandokumentet for perioden 1984-87. Medan "policy-spørsmåla" tidlegare i stor grad var ei sak for oljeutvalet, vart det etter kvart formulert ein offisiell oljepolitikk i fylkeskommunen. Dette vart vidareutvikla i fylkesplanen for perioden 1988- 91.

Då stillinga som fylkeskommunal oljekonsulent vart skipa i 1982, vart Anders Andersen tilsett. Han gjekk av sommaren 1983 og i 1985 vart stillinga flytta frå fylkeskommunen sin sentraladministrasjon i Leikanger til Fjord Base i Flora. Arbeidsoppgåver og profil på stillinga som oljekonsulent vart drøfta ved fleire høve (m.a. OU-sak 22/82 og 15/84). Spørsmålet var særleg i kor stor grad stillinga skulle vera integrert i den vanlege fylkeskommunale verksemda eller om ho primært skulle vera ei rådgjevarstilling for næringslivet. Problemstillinga gjenspeglar dei nemnde problema med mangelen på aktørar og engasjement i næringslivet og i kva grad direkte engasjement for næringslivet skulle vera ei fylkeskommunal oppgåve.²⁵ Med flyttinga til Flora vart stillinga i stor grad kopla til dei aktuelle sakene i samband med oppbygginga av Fjord Base.

Sjølv om oljeutvalet langt på veg vart sett til sides i den viktigaste saka i perioden, arbeidde utvalet likevel med ei rekkje saker som speglar fylket sitt forhold til verksemda på sokkelen desse åra. Ved sida av gjengangarsaker som oljeretta omstilling i næringslivet, galdt dette nye typar saker som etablering av ingeniørhøgskule og andre oljerelevante utdanningstilbod i fylket, utgreiing om mulegheitene for å rekruttera ulike typar fagfolk til oljeverksemda, registrering av utflytta personar frå fylket med relevant høgare utdanning m.m. Merksemda var primært retta mot å tilføra fylket oljerelevant kompetanse.²⁶

Strategiar og ambisjonar.

Spørsmål om eller i kva grad ein skulle satsa på oljeverksemd vart ikkje gjort til noko problem på fylkeskommunalt hald desse åra heller. I fylkesplanen for perioden 1984-87, sektorbidrag om oljeverksemd, vart oljeutviklinga vurdert slik sett i forhold til fylkesplanen sine overordna målsetjingar:

"Det synest som om fylkeskommunen er innstilt på mest mogeleg oljeverksemd til fylket. Når det gjeld baseverksemda i Florø kan ein vanskeleg sjå at det er kome fram motførestillingar til ei utvikling mot ein stor base" (Sogn og Fjordane fylkeskommune, 1983, s. 5).

Frå byrjinga av perioden var det saker knytt til baseoppbygginga i Flora som var viktigast og ambisjonane om kva som var mogeleg å oppnå auka i løpet av perioden. I 1982 hadde Flora oppnådd status som "avlastningsbase" for aktivitetane i Bergens-området, basert på avgrensa forsyningstenester til leiteaktivitet på nokre få blokker og diffuse lovnader frå Statoil om større oppgåver i samband med utbygging og drift av Gullfaks-feltet. Dersom basen skulle utvikla seg, måtte ein oppnå oppgåver i samband med utbygging og drift av felt i området mellom 61 og 62°N. Hovudstrategien var å knyta oljeselskapa til Fjord Base. I første omgang dreia dette seg om konkrete planar frå Statoil om deira bruk av Flora i samband med Gullfaks. Som eg kjem attende til lukkast dette eit stykke på veg og forholdet til Statoil vart etter kvart det viktigaste haldepunktet i framstøytta mot oljeselskapa.

Medan oljeutvalet sine framstøyt i perioden før også var retta mot utanlandske selskap, vart arbeidet no konsentrert om dei norske oljeselskapa. I 1983 starta såleis eit langsiktig løp for at Saga skulle etablera driftsorganisasjonen for Snorre-feltet i Flora.²⁷ Dette representerer så langt det desidert mest ambisiøse forsøket på å trekkja oljeaktivitet til Sogn og Fjordane. Jamført med dei aktivitetane som det elles hadde vore tale om i Flora, var dette eit kvalitativt sprang. Utkantfylket Sogn og Fjordane gjorde her forsøk på å trekka til seg noko av kjerneaktivitetane i oljeverksemda.

Representantane frå Sogn og Fjordane stod i nokon grad i eit dilemma når det galdt val av strategi i argumentasjonen for baseoppbygginga. På den eine sida synest det klart at dei for lengst hadde innsett at fylket ikkje ville makta å vinna fram i tevlinga om kompetansetunge delar av oljeaktivitetane utan politisk styring. Til det mangla ein for mykje av det som blei definert som føresetnader frå oljeselskap og andre sentrale oljeinteresser. Ved inngangen til perioden heitte det såleis: "I dagens situasjon og i mange år framover kan basen berre utvikle seg i meiningsfylt omfang dersom forsyningstenesta blir styrt dit." (Frå saksframstilling til oljeutvalet si sak 11/82.) Det primære ynskjet var at sentrale styresmakter gjekk inn og dirigerte baseverksemda sør for 62°N på same vis som det var gjort for sokkelen utanfor Midt- og Nord-Norge (Ibid.).

Samstundes var det opplagt behov for å presentera Flora og fylket med positive lokaliseringsfaktorar i forhold til oljeselskapa og sentrale styresmakter. Det siste vart forsterka med den nye regjeringa i 1981 som i utgangspunktet gav signal om at lokalisering av oljeaktivitetane i større grad burde skje i ein fri konkurranse om oppdraga. Difor heitte det også i fleire samanhengar: "Ein er likevel samd i at siktemålet over ei viss tid er å utvikla ein konkurransedyktig forsyningsbase i Flora" (OU-sak 8/83).

Særleg i møtet med Saga og Snorre var det opplagt behov for å framstilla fylket som så attraktivt som mogeleg på oljeselskapa sine premissar. Men elles er hovudinntrykket at fylket sine representantar la hovudvekta på krava om politisk styring og regional likefordeling. Særleg i forholdet til Statoil var det tilfelle. Difor framstår Sogn og Fjordane først og fremst som fylket som i dei fleste oljesakene stiller krav om sterkare politiske styring.

Når det gjeld det andre elementet i det eg i forrige kapittel kalla fylkeskommunen sin hovudstrategi, nemleg arbeidet med oljeretta omstilling i

næringslivet og Ankerløkken Verft, Florø, si rolle i den samanhengen, så skjedde det også endringar desse åra.

Som eg kjem attende til nedanfor, var Ankerløkken framleis ei aktuell verksemd å satsa på ved inngangen til perioden. Men gradvis vart hovudvekta lagt på å etablere samarbeidsorgan for næringslivet og å utvikla eit oljeretta industrimiljø i tilknytning til basen i Flora. I dette arbeidet var det eit spørsmål kor aktiv fylkeskommunen skulle vera i direkte næringsretta verksemd.

I basespørsmåla og i ulike saker om å trekkja oljeselskap og andre eksterne bedrifter til fylket var lokale og regionale styresmakter hovudaktørar. I leveransespørsmåla spela dei derimot ei klart meir tilbaketrekt rolle som tilretteleggjar. Dette er i og for seg ikkje oppsiktsvekkande. Særleg fylkeskommunen hadde vesentleg betre føresetnader for å gjera fylket sine interesser gjeldande i spørsmåla om lokalisering av basesverksemd. Avgjerdene i desse spørsmåla var politiske og lovverket la opp til ei handsaming som gav rimeleg god innflytelse. Dei gav også gode mulegheiter for å nytta ut Ulveseth sitt potensiale. Leveransar av varer og tenester derimot er trass alt primært eit forhold mellom bedrifter. Sentrale styresmakter grip i alle høve ikkje offisielt inn i fordeling av kontraktane mellom norske bedrifter, og lokale og regionale styresmakter har avgrensa med verkemiddel å setja inn i forhold til bedriftene.


I det følgjande skal eg sjå nærare på fire saker frå perioden 1982-88. Dei to første gjeld ulike sider ved forsyningstenestene inkludert utviklinga i forholdet til Statoil og utbygginga av basen i Flora. Den tredje gjeld industrien i fylket sitt forhold til oljeverksemda og følgjer opp forsøka på å få i stand samarbeid og oljeretta omstilling i næringa. Den siste tek føre seg Saga og driftsorganisasjonen for Snorre-feltet.

6.3 STRID OM BASEMØNSTERET

Ei avklaring av basemønsteret for aktiviteten på sokkelen utanfor Hordaland og Sogn og Fjordane var viktig for det som kunne utvikla seg i Flora. Fjord Base i Flora var, med hjelp av "betydelig distriktpolitisk støtte" (St.meld.nr. 67, 1984-85, s. 113), oppbygd slik at det var uråd å koma forbi fylket i denne samanhengen. Men driftsgrunnlaget var usikkert og i byrjinga av perioden sleit Fjord Base framleis med ein merkelapp som "avlastningsbase for Bergensområdet.

I 1981 vart det kjent at det låg føre planar om etablering av fleire forsyningsbasar i Bergensområdet. Med utgangspunkt i regjeringa sine retningslinjer for forsyningstenestene frå 10.8.81, der Bergensområdet var utpeika til det nye ekspansjonsområdet for oljeaktivitetane og Flora som "hensiktsmessig avlastningssted for Bergensområdet" (Distriktenes Utbyggingsfond, 1983, s.4) vart det i mars 1982 nedsett ei arbeidsgruppe med representantar for DU, Olje- og energidepartementet og Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar for å vurdera utvikling og behov for basetenester dei næraste åra for området 60 - 62°N. Utgreiinga vart lagd fram i mars 1983 (Ibid.).

FIG. 6.1 FORSYNINGSBASAR OG PETROLEUMSFELT MELLOM 61 OG 62°N



Utgreiinga konkluderte med at det alt vesentlege av landbasert verksemd for dette området av sokkelen det næraste 10-året ville skje i Bergensområdet. Særleg galdt dette oljeselskapa sine administrative funksjonar og ingeniør- og konstruksjonstenestene. Det heitte med tilvising til fylkesplan for Hordaland, at ein rekna med 3000 nye slike arbeidsplassar i Bergensområdet innan utgangen av 1990 (Ibid.) Sogn og Fjordane vart levna små mulegheiter til å trekkja til seg slike kompetansetunge oppgåver.

Med omsyn til mønsteret for forsyningstenestene var utgreiinga for Sogn og Fjordane sin del meir positiv. Det vart slått fast at det var to basar for

aktivitetane på denne delen av sokkelen; CCB på Sotra og Botnaneset i Flora. I tillegg måtte ein rekna med ein ny base på Mongstad som Norsk Hydro ville byggja opp for å ta seg av utbygging og drift av Oseberg-feltet. Det vart rekna med 200 sysselsette ved basen i Flora i 1992, 800 ved CCB og 165 på Mongstad. I utgreiinga vart det også formulert ei oppgåvedeling mellom basane i Hordaland og Flora som var viktig for Sogn og Fjordane. Det heitte at Flora-basen ville vera mest aktuell for aktivitetane mellom 61 og 62°N, medan CCB-basen og den planlagde basen på Mongstad primært ville dekkja området 60-61°N.

Både i fråsegnene frå oljeutvalet (OU-sak 11/83) og Nærings- og ressursutvalet i fylkeskommunen (NRU-sak 49/83) går det fram at ein var godt nøgd med formuleringane om sjølve forsyningstenestene og ikkje minst med at Fjord base burde ta hand om blokker i området mellom 61 og 62°N, men ein var derimot sterkt misnøgd med gruppa sine formuleringar om lokalisering dei kompetansekravjande funksjonane:

"Vidare synes ein å ha gått ut frå at operatørselskapa sine driftsorganisasjonar, ingeniøreiningar m.m. vert å sjå lausrive frå forsyningstenesta, og at desse for all framtid skal ligge i Bergen eller Stavanger" (NRU si fråsegn i sak 49/83).

Mykje tyder på at Sogn og Fjordane ikkje hadde kome godt ut av denne arbeidsgruppa, som var samansett av ein representant frå kvar av dei to fylka, ein frå Olje- og energidepartementet og ein frå Distriktenes Utbyggingsfond.²⁸

Arbeidsgruppa si innstilling saman med innkomne fråsegner vart handsama av styret i Distriktenes Utbyggingsfond den 22.9.83. Ulveseth var framleis formann der. Vedtaket frå fondsstyret la sterk vekt på at ein måtte få til ei jamnare fordeling av aktivitetane mellom dei to fylka enn arbeidsgruppa hadde lagt opp til. Det vart åtvara mot ei fordeling som gav dei same press-problema i Bergen som ein hadde hatt i Stavanger. Ved sida av at blokkene i området mellom 61 og 62°N burde reserverast Fjord Base heitte det at ein vesentleg del av basetenestene i samband med utbygging og drift av Gullfaks burde hentast frå Fjord Base. Ved ein fase II i utbygginga av dette feltet burde alle tenester hentast frå Fjord Base. Olje- og energidepartementet vart tilrådd å gi klare retningslinjer til Statoil om utnytting av basen i Flora. Om Mongstad-basen heitte det at den ikkje måtte konkurrera med Fjord Base, men vera avlastingsbase for CCB-basen på Sotra (Fondsstyret sitt vedtak, E-sak 117/83).

Styret i Distriktenes Utbyggingsfond sitt vedtak i saka var svært positivt for Sogn og Fjordane. Langt på veg var det ei argumentasjonsrekkje for utbygging av Fjord Base som låg tett opp til dei krava interessene frå Sogn og Fjordane framførde på denne tida.²⁹ No fekk ikkje styret sitt vedtak like sterkt gjennomslag i alle samanhengar, men hovudtrekka i basemønsteret og arbeidsdelinga vart i alle høve slått fast i den såkalla "Leitemeldinga" i 1983 (St.meld. nr. 58, 1982-83.).

Etter mitt skjønn er det klart at utan dei investeringane som kom i gang på Botnaneset i 1981 ville det vore vanskeleg for Sogn og Fjordane å få ein plass i forsyningstenestene. Dersom basen på Mongstad til dømes hadde vore klar før det skjedde noko i Flora, er det grunn til å rekna med at situasjonen hadde vore ein annan. I DU-utgreiinga frå 1983 var det eit hovudargument for Flora at det alt

var sett i verk store investeringar med distriktpolitiske verkemiddel. Slik sett var satsinga på Botnaneset naudsynleg for fylket sin plass i basetenestene. Men med omsyn til å skaffa driftsgrunnlag for basen, var det likevel klart at Flora var tidleg nok ute. Både i DU-utgreiinga og i "Leitemeldinga" frå 1983 går det fram at dei store utbyggings-oppgåvene i 1980-åra ville skje med basis i Bergens-området. Det var stort sett berre i området 60-61°N det ville vera utbyggingsklare felt i denne perioden. Basen i Flora ville først og fremst måtta basera seg på forsyningsoppgåver til Gullfaks (Statoil-lovnaden) og på ulike leiteaktivitetar i området. Først ut på 90-talet kunne større oppgåver i samband med Snorre og Troll koma på tale. Grunnlaget for drifta av basen var dermed helst tynt dei næraste åra og det vart understreka at styresmaktene måtte følgja utviklinga i Flora nøye (Distriktenes Utbyggingsfond, 1983).

Norsk Hydro sine planar om ny forsyningsbase på Mongstad er eit døme på rivalisering mellom dette selskapet og Statoil. Som eigar av basen på Sotra og utbyggjar av raffineri m.m. på Mongstad var Statoil lite interessert i ein forsyningsbase på Mongstad, noko dei gav uttrykk for i mange samanhengar.³⁰

For Sogn og Fjordane sin del kom desse planane ulagleg inn og skapte uro om oppbygginga av basen i Flora. Mongstad-basen vart rekna som ein konkurrent til Flora, og trass i forsikringar frå sentralt hald om at denne basen berre skulle tena Oseberg-feltet og kanskje andre felt mellom 60 og 61°N (St.meld.nr. 58, 1982-83, s.18), protesterte Sogn og Fjordane fylkeskommune og Flora kommune ved ei rekkje høve mot etableringa. Likevel oppnådde fylket også noko positivt i denne samanhengen. I sin argumentasjon for å få etableringsløyve for base på Mongstad heitte det frå Norsk Hydro at Flora-basen ville vera den naturlege for forsyningar til aktivitetane mellom 61 og 62°N. (Ibid.) Sjølv om Norsk Hydro ikkje hadde operatøroppgåver i dette området, vart formuleringa eit utgangspunkt for framstøyt mot det tredje norske oljeselskapet frå Sogn og Fjordane.

Utsiktene til at det kom til å bli tre basar som skulle forsyna verksemda på sokkelen mellom 60 og 62°N innbaud til ein sterkare konkurransesituasjon mellom dei involverte baseselskap, kommunar og fylkeskommunar. Først på 90-talet kunne aktiviteten på denne delen av sokkelen gje tilstrekkeleg grunnlag for alle tre basane. St.meld.nr. 79, 1984-85 understreka dette. Her går det fram at kapasitetsutnyttinga på basane både i dette området og lenger nordover var låg midt på 80-talet. Både på CCB og Fjord Base var utnyttingsgraden berre ca. 50%. Arbeidet med å fremja Sogn og Fjordane sine oljeinteresser bar preg av det.

6.4. UTBYGGINGA AV FJORD BASE

Som eg viste i forrige kapittel var tilhøva lagt til rette for utbygging av base i Flora i løpet av 1981. Flora kommune, med støtte frå fylkeskommunen, hadde overteke initiativet etter at det lokale næringslivet hadde utspelt rolla si. Innstillinga til satsing på oljeverksemda var gjennomgåande positiv hjå det meste av lokale styresmakter og næringsliv i Flora:

"Oljen har gitt Flora ein sterkare posisjon i fylkeskommunen, delvis også i forhold til sentrale styresmakter." (Ordførar Hjertenes, Flora kommune i intervju 06.04.81.)

Oljeutviklinga ser ut til å resultera i eit skilje, nærast i eit A- og B-lag av kommunar. I tider med problem i det tradisjonelle næringsgrunnlaget er det viktig å vera på rett lag." (Rådmann Heir, Flora kommune i intervju 06.04.81.)

"Med den opp-backinga Flora no får frå fylkeskommune og stat er det galskap ikkje å satsa offshore." (Disponent Harald Skår, Florø Fryseri i intervju 10.04.81.)

Gjennom heile perioden var det eigaren, Botnaneset Industriselskap med formannen ordførar Dagfinn Hjertenes, som stod i spissen for utbygginga. I mars 1982 fekk Botnaneset namnet Fjord Base og anlegget vart teke i bruk frå hausten 1984 og offisielt opna eit år seinare.

I 1982-83 hadde basen i Flora berre kommunen, fylkeskommunen og to lokale bankar som støttespelarar i oppbygginga. Dei etablerte basane både i nord og sør hadde ei eller anna ordning som sikra driftsgrunnlaget. I Stavanger-området var det nasjonale storkonsern som stod som eigarar og sytte for drifta. (Akergruppen og Norcem). I CCB-basen på Sotra var Statoil 50% medeigar og planane for ein ny base på Mongstad var det Norsk Hydro som fullt og heilt stod bak. Ved alle dei etablerte basane lenger nord (Kristiansund, Sandnessjøen, Harstad og Hammerfest) stod dei tre norske oljeselskapa for storparten av aksjekapitalen. (St.meld.nr. 79, 1984-85.)

Også for oppbygginga av basen i Flora måtte det koma i stand ei slik ordning, og den ein i første omgang satsa på var Statoil. I tillegg vart det innleia samarbeid med dei store, etablerte baseselskapa frå Stavanger, Aker Norsco (Akergruppen) og Norsesea (Norcem). Utover i 1980-åra såg ein lenger framme enden på dei tradisjonelle forsyningsoppgåvene frå Stavanger, spesielt i samband med leiteaktivitetar. Oljeverksemda på norsk kontinentalsokkel var på veg nordover og baseoperatørane følgde med. Ankomsten deira til Flora var eit uttrykk for "trenden mot nord" i verksemda på norsk sokkel. (Ibid. s.29.)

I løpet av 1981-82 var Botnaneset Industriselskap i kontinuerlege forhandlingar med Norsesea, Statoil og andre oljeselskap om utviding av aksjekapitalen og omstrukturering av selskapet. Våren 1982 utarbeidde Norsesea ein rapport om utviklinga av basen. Konklusjonen var først og fremst at med status som avlastningsbase for basane i Bergensområdet ville Fjord Base vera kommersielt uinteressant. Før ein fekk ei avklaring om Statoil sine planar for bruk av basen var det uråd å seia noko fornuftig om driftsgrunnlaget. Dette trengde ikkje bety noko for den framtidige drifta i Flora, første plattform til Gullfaks skulle etter planane slepast ut til feltet i 1986, men med tanke på mulegheitene for å trekkja andre selskap med i utbygginga og utviding av aksjekapitalen var dette ein opplagt flaskehals. (Saksframstilling til møte i det fylkeskommunale oljeutvalet, sak 11/82.)

Grunnlaget for dei mange og intense framstøytta mot Statoil frå Sogn og Fjordane i denne perioden er såleis ikkje vanskeleg å forstå. Ei avklaring på Statoil sine

planar og nedkjemping av omgrepet "avlastningsbase" stod først på dagsorden. Kravet vart formulert til at Fjord Base måtte bli "hovudforsyningsbase for blokk 34/10. Fylkeskommunen bør om nødvendig øve press på regjeringa for å tvinge fram ei slik avgjerd" (Vedtak i OU-sak 11/82). I det fylkeskommunale oljeutvalet var saka dominerande i ei lang rekkje møte og fylkeskommunen nytta dei fleste høve til å fremja dette kravet. Det gjeld m.a. i fråsegn til feltutbygging for Gullfaks (NRU-sak 30/82), i brev til industrikomiteen i juni 82, i initiativ overfor Stortinget i samband med "leitemeldinga" i 1982 (St.m.nr. 58, 1982-83) og i ei rekkje møte mellom leiinga i Flora kommune, fylkeskommunen og Statoil. Gjennomgangstonen var at Sogn og Fjordane si einaste mulegheit til oljeverksemd låg i oppgåver i samband med utbygging og drift av Gullfaks og at dette også var avgjerande som driftsgrunnlag for basen i Flora, som vart bygd hovudsakleg med statlege midlar.

Fjord Base vart ikkje "hovudforsyningsbase" for Gullfaks-feltet, men ein oppnådde etter kvart at Statoil kom i eit forpliktande forhold til utbygging og drift av basen i Flora og selskapet vart Sogn og Fjordane sin viktigaste kontakt i "oljemiljøet". I desember 1982 var det klart for utviding av aksje-kapitalen i Botnaneset Industriselskap. Fem oljeselskap (Statoil, Hydro, Saga, Elf og Shell) skaut kvar inn 3 mill kr. Mykje tyder på at Statoil sytte for å trekka dei andre selskapa med i finansieringa. Dei to bankane auka sin del til 500.000 kr. kvar. Medrekna Flora kommune og fylkeskommunen sitt tidlegare innskot (100.000 kr. kvar) var dermed samla aksjekapital 16,2 mill. Aksjane vart organisert i A- og B-aksjar slik at kommunen og fylkeskommunen framleis hadde fleirtal i styret for selskapet.

Etter kvart gav Statoil også avklaring på planane sine for Flora. På eit møte mellom representantar for fylkeskommunen, Statoil Saga og Olje- og energi-departementet 3.7.84 sa dir. Bekkeheien i Statoil at selskapet ville gjera sitt for å utvikla ein fullt utbygd base i Flora og påverka andre selskap til det same. Bekkeheien meinte dei andre selskapa var for passive til basen i Flora og han nytta høvet til å seia frå kor sterkt Statoil mislikte Hydro sine planar om forsyningsbase på Mongstad:

"Statoil har heile tida gått mot base på Mongstad og kjem ikkje til å bruka denne basen. Det er ikkje behov for Mongstadbasen og det burde heller vore satsa på Sotra og i Florø. Hadde Statoil og dei andre oljeselskapa fått signal om baseplanane på Mongstad, hadde dei ikkje støtta baseetableringa i Florø slik det no er gjort." (Dir. Bekkeheien, Statoil. Sitert etter referat frå møte 3.7.84.)

I tida som følgde fungerte Statoil i mange tilfelle som rådgjevar i utbygginga av Fjord Base. Hausten 1984 utarbeidde dei modell for drifta av basen og opplegget deira med skiping av eit driftsselskap, uavhengig av eigarselskapet Botnaneset Industriselskap, vart godt motteke i det fylkeskommunale oljeutvalet. (OU-sak 7/84.) Her drøfta ein også eit opplegg med lokale verksemdar som eigarar av driftsselskapet.

Fram til driftsselskapet tok over 1.1.86 engasjerte Statoil og etter kvart Saga, som var komen i eit nytt forhold til Flora med forhandlingane om etablering i samband med Snorre, seg sterkt i basedrifta og sytte føre at aktivitetane ved

Fjord Base kom inn i faste former. Statoil inngjekk også eit samarbeid med arbeidsmarknadsetaten i fylket om opplæring av servicearbeidarar til forpleiing.

I oktober 1984 la Statoil fram konkrete planar. Planane gjekk mellom anna ut på omfattande byggearbeid på basen og ein del enkle leveransar av slam, sement, diesel etc. til Gullfaks for 160 mill. kr. årleg frå Flora. Dessutan skulle Statoil byggja opp støttefunksjonar for å administrera forpleiingsverksemda på Gullfaks. Totalt ville det innebera ca. 40 årsverk ved basen. I tillegg låg det til rette for transport av sokkeltilsette frå Flora når helikopterterminalen var ferdig (Referat frå møte 19.10.84 mellom Statoil, Saga, stortingsrepresentantane frå fylket og representantar frå fylkeskommunen).

Dette var positive tiltak, men dersom ein tek utgangspunkt i eit krav om jamn fordeling mellom Bergen og Flora av verksemd i tilknytning til Gullfaks, mangla det mykje. Mykje av forsyningane til Gullfaks kom frå Bergens-området og då feltet vart sett i drift i 1986 var heile driftsorganisasjonen med om lag 500 tilsette plassert i Bergen. For meir enn halvparten av desse var det krav om høgre utdanning. På førespurnad om mulegheitene for å dela noko av desse funksjonane heitte det i brev frå Statoil til oljeutvalet 3.1.85: "Det er hverken hensiktsmessig eller mulig å splitte opp en driftsorganisasjon på flere geografisk adskilte steder".

Spørsmålet om lokalisering av driftsorganisasjonen for Gullfaks vart reist frå Sogn og Fjordane si side fleire gonger, men utan særleg tyngde. Etter mitt skjønn ser det ut til at aktørane frå fylket først gjennom prosessen med Saga og Snorre fekk tilstrekkeleg informasjon og grunnlag for å fremja ei slik sak med særleg tyngde.

Våren 1985 vart utbygginga av Botnaneset så langt avslutta. 80 da var ferdig utbygd og tilrettelagt med kaiar m.m. Statoil var frå starten desidert største leigetakar og brukar. Baseutbygginga hadde kosta 80 mill. kr. og Botnaneset Industriselskap fekk restfinansieringa til å gå opp med eit lån frå aksjonærane på 13 mill. kr. Kommunen og fylkeskommunen sin andel var framleis beskjeden med 260.000 kr. kvar. Av dei 80 mill. kr. som var investert i Fjord Base var ca. 50 mill. statlege lån og tilskot (NRU-sak 9/85).

I løpet av 1985 vart modellen for eit driftsselskap for basen klar. Fjord Base var på dette tidspunktet komen i ein posisjon då det ikkje lenger var problem med å finna interessantar til drifta. På eit tidspunkt var fire selskap interessert i å vera hovudansvarleg for baseoperatørselskapet, m.a. dei to baseselskapa frå Stavanger, Aker-Norsco og Norseas. Då det fylkeskommunale oljeutvalet drøfta saka i oktober 1985 meinte Ulveseth at ein måtte leggja vekt på kva dei aktuelle selskapa kunne tilføra Flora. Dessutan måtte ein velja eit selskap som ikkje hadde interesser på konkurrerande basar; dvs. i Bergensområdet eller på Møre (OU-sak 12/85).

Frå 1. januar 1986 tok Fjord Base A/S over ansvaret som operatør av basen. I dette selskapet har lokale, oljerelaterte verksemd aksjemajoriteten. I tillegg er det med to utanbys firma med røynsle i basedrift. Arbeidet med helikopterbase skaut fart i 1985. Basen vart teken i bruk året etter og var ferdig utbygd i 1987 (Årsmelding for oljeutvalet 1986, handsama av utvalet 25.06.87).

I 1985-86 vart det arbeidd med fleire saker som tok sikte på å styrka driftsgrunnlaget for Fjord Base, m.a. komande utbygging og drift av Veslefrikk og Troll (OU-sak 6/86) og med krav om utlysing av nye blokker sør for 62°N (OU-sak 24/86).

I løpet av 1988 var alle dei tre norske oljeselskapa etablerte på Fjord Base. Statoil nytta basen til forsyningar både til Gullfaks, Veslefrikk og til dels Statfjord. Saga og Hydro (blokk 34/8) brukte Fjord Base i samband med forsyningar til leiteaktivitet, og det var venta at Saga i samband med Snorre ville etablere vesentleg større aktivitet ut på 90-talet. I tillegg var ca. 30 andre bedrifter etablert ved basen. Dette var ei blanding av lokale verksemdar og dei nasjonale og internasjonale oljeserviceselskapa som ein finn på alle basane langs norskekysten. 70-80 personar var då sysselsette på Fjord Base.

I 1988 såg det ut til at fleire felt under utbygging og produksjon ville bli tilknyttta basen i Flora. I fylkesplanen 1988-91 vart det rekna med at midt på 90-talet ville ni separate produksjonsanlegg på norsk sokkel bli forsynt eller administrert frå Fjord Base. (Sogn og Fjordane fylkeskommune, 1987.) Sogn og Fjordane var på sitt vis på veg inn i oljealderen.

På andre halvdel av 1980-talet var det dermed utsikter til at ein etter kvart kunne sikra eit rimeleg driftsgrunnlaget for Fjord Base. Det ein derimot framleis mangla var meir strategiske funksjonar og generelt oppgåver som sysselset høgt kvalifisert arbeidskraft. Dei mest strategiske funksjonane ved Fjord Base i 1988 var eit Statoil-kontor som administrerte forpleiingstenestene på Gullfaks og Veslefrikk. Ut over det var Fjord Base lagerområde for bulkmateriale, reparasjonsstad for røyr o.l. og forsyningsbase for olje, vatn, vaskeritenester, matvarer og andre vanlege handelsvarer.

Ei undersøking av kva type arbeidskraft Statoil henta frå fylket til sokkelinstallasjonane på Gullfaks forsterkar inntrykket av at Sogn og Fjordane på slutten av 80-talet hadde fått liten del i dei kompetansekravjande oppgåvene i oljeverksemda. Gullfaksfeltet var inntil 1988 det feltet som er sterkast knytta til fylket. Det blei forsynt frå Fjord Base, det var helikoptertransport av personell til feltet frå Flora og forpleiingstenestene vart administrert frå Fjord Base. Men når det galdt rekruttering til verksemda, viser det seg at praktisk talt alle dei tilsette frå fylket var ufaglært arbeidskraft. Tilsette frå Sogn og Fjordane utgjorde 65% av servicearbeidarane i forpleiing og 30% av hjelpearbeidarane i drift. Men i dei faglærde stillingane var fylket sin andel under 3%. Undersøkinga viser også at fylket stod for ein langt større andel av søkjarar enn av tilsette i dei faglærde stillingane. Søkjarane frå fylket nådde med andre ord ikkje opp i den harde tevlinga om desse stillingane. Etter alt å døma har det noko å gjera med kva kvalifikasjonar det er mogeleg å utvikla i næringslivet i fylket (Bjelle og Byrkjeland, 1988).

I tillegg viser det seg at interessa for sokkelarbeid endå ikkje hadde slått særleg inn i Sogn og Fjordane. 70% av dei 82 personane frå fylket som i mars 1988 arbeidde på Gullfaks-plattformene hadde heimstadsadresse i Sunnfjord; dvs. Flora sine nærområde. (Ibid.)

Med utgangspunkt i Fjord Base, som var fylket si viktigaste tilknytning til oljeverksemda, framstod Sogn og Fjordane på andre halvdel av 1980-talet som relativt beskjeden deltakar i dei avhengige og kompetanselette delane av oljeverksemda. På mange måtar var Flora og fylket då deltakar om lag i det omfanget Stavanger-området var tidleg på 1970-talet. Spørsmålet var kva den vidare utviklinga ville innebera. Det var neppe nokon som rekna med ei tilsvarende utvikling som i Stavanger.

Men Sogn og Fjordane hadde trass alt etablert seg på oljekartet i 1988. Det skjedde i ein kombinasjon mellom dristig satsing frå kommunen med ein offensiv ordførar i spissen og gjennom forhandlingar med sentrale styresmakter og Statoil. I dei forhandlingane kunne Flora neppe nådd fram utan sterk støtte frå fylkesnivået og sentrale styresmakter. Oppbygginga av basen hadde gitt nye arbeidsplassar og nye mulegheiter for næringslivet i Flora. For kommunen var det truleg like viktig at ein hadde fått ein plass i merksemdsfeltet. Nye typar bedrifter såg på Flora som ein kommune der ein kunne venta utvikling. Også i fylkeskommunalt perspektiv var Flora blitt ein viktigare kommune.

6.5 NÆRINGSLIVET OG OLJEUTVIKLINGA

Norsk næringsliv leverte varer og tenester til verksemda på sokkelen for ca 24 mrd. kr i 1986. (St. meld. nr. 46, 1986-87) Ei undersøking gjennomført av Sogn og Fjordane fylkeskommune same året (Sogn og Fjordane fylkeskommune, 1987) gav som resultat at totalt 32 bedrifter i fylket hadde levert varer og tenester for 100 mill. kr til oljeverksemda i 1986. 100 mill. utgjør 0,4% av 24 mrd.

Frå fylkeskommunen si side var vurderinga at dei aktuelle verksemdene i fylket kvar for seg var for små og ressursveike til å få innpass på denne spesielle marknaden. Difor var samarbeid i industrinæringa stikkordet når galdt tilpassing til oljemarknaden. Eg viste i forrige kapittel at ved utgangen av 1981 hadde fylkeskommunen ved oljeutvalet teke initiativ til å skipa samarbeidsselskapet Prowest.

Med dette synest det som om oljeutvalet og fylkeskommunen la til sides dette arbeidet. Då ein etter eit års tid merka lite til Prowest si verksemd, bad oljeutvalet om status-rapport frå selskapet. I mai 1982 hadde ein endå ikkje fått nokon rapport, men då kom det melding om at Prowest grunna dårlege marknadsutsikter ei tid framover ville arbeida utan dagleg leiar. Oljeutvalet som hadde teke initiativet til selskapet og sytt for omfattande offentleg støtte, var etter alt å døma ille til mote og bad på nytt om status-rapport. (OU sak 13/82).

I desember 1982 summerte oljeutvalet røynslene med Prowest. Det heiter mellom anna: "Heile prosjektet vart ein fiasko. Personspørsmålet er avgjerande i eit slikt opplegg. (...) Røynslene med Prowest er skremmande." Det går fram at Prowest i 1981 fekk 175.000 kr frå Industrifondet til dekking av 50% av etableringskostnadene og drift i 5 mnd. For 1982 fekk dei 330.000 kr. til dekking av 50% av dei budsjetterte driftskostnadene. Selskapet sat att med ca. 100.000 kr av desse midlane. (OU sak 26/83, saksframlegg) Oljeutvalet drøfta i same saka

skiping av eit nytt selskap, men konklusjonen vart at ein no burde venta og førebu seg betre før ein freista på nytt.

For fylkeskommunen og deira aktivitet var denne saka negativ. Oljeutvalet sin eigen aktivitet synest å ha vore basert på at arbeidet med omstilling i industrien hadde funne ei tenleg form med skiping av Prowest. Av utvalet si møtebok går det fram at slike saker nærast var fráverande i 1981-83, medan dei stod like sentralt som arbeidet med basespørsmål i 1979-80. I 1983 var situasjonen at fylket hadde kome i gang i baseoppbygginga, medan industrien i fylket nærast ikkje hadde kome med i oljeverksemda i det heile. Det var heller ikkje etablert noko organisatorisk uttrykk for fylket sitt engasjement på dette området. Ein måtte starta nærast på bar bakke. Tilhøva medførde omprioriteringar i oljekonsulenten sine arbeidsoppgåver og industrien sine problem i oljeverksemda kom igjen på oljeutvalet sin dagsorden (OU-sak 23/83).

Utan at det er mogeleg å sjå at røynslene med Prowest vart nærare evaluerte, starta eit nytt forsøk i februar 1984 då Nærings- og ressursutvalet i fylkeskommunen gjekk inn for å skipa eit selskap med føremåla rettleiing, informasjon og marknadsføring av industrien i fylket mot oljeaktivitetane. Her var det klart understreka at det ikkje var tale om eit fylkeskommunalt industriselskap. Fylkeskommunen si oppgåve var avgrensa til å dra selskapet i gang for deretter å overlata det til næringslivet sjølv. Skipinga skjedde i samråd med industriforeninga. (NRU sak 15/84). NRU gjekk inn for å skipa eit selskap etter dei retningslinene som vart trekt opp i oljeutvalet. Av ein aksjekapital i starten på 200.000 kr skulle restane av Prowest sine midlar nyttast og fylkeskommunen skulle gå inn med kapital. Tankegangen var elles den same ved planlegginga av dette selskapet. Det skulle på ny tilsetjast ein høgt kompetent person med romslege økonomiske vilkår.

Drifta av dette selskapet var hovudsakleg tenkt finansiert med midlar frå dei såkalla "Vestlandsløyvingane" som Kommunal- og arbeidsdepartementet fordelar etter innstilling frå fylkeskommunane. 500.000 kr pr. år i 2 etableringsår var søknadssummen. I mai 1984 signaliserte Kommunal- og arbeidsdepartementet nei til denne løyvinga, med tilvising til at det nettopp var løyvd midlar til etablering av Norsk Offshore Leverandør Tjeneste (NOLT). Deira formål var likt initiativet frå Sogn og Fjordane, men skulle ha mindre og mellomstore verksemdar i heile landet som kundegruppe og Bergen som arbeidsstad. Kommunal- og arbeidsdepartementet gjorde merksam på at Sogn og Fjordane fylkeskommune alt hadde støtta skipinga av Norsk Offshore Leverandør Tjeneste (Brev frå Kommunal- og arbeidsdepartementet til fylkeskommunen 14.05.84.)

I oljeutvalet sitt møte 02.07.84 (sak 5/84) kom det fram at NRU hadde handsama søknadene om midlar over Vestlandsløyvinga etter at Kommunal- og arbeidsdepartementet si haldning var kjent og halde fast på førsteprioriteringa av sitt eige prosjekt. Det heitte vidare at ein no arbeidde for å skipa A/S Sogn og Fjordane Industrisamarbeid (SOFI) i samarbeid med bankane i fylket og nye verksemdar i tillegg til dei 11 som hadde vore med i Prowest.

I januar 1985 sa oljeutvalet nei til medlemskap i Norsk Offshore Leverandør Tjeneste. (OU-sak 10/84) Oljeutvalet ville ikkje vera med m.a. fordi selskapet skulle etablerast i Bergen og ha heile landet som arbeidsområde. "Vi har til no

hatt dårleg røynsle med tiltak lokalisert til Bergen som skal yta tenester til fylket." Det vart løyvd 100.000 kr. av Vestlandsmidlane og i mars 1985 vart Sogn og Fjordane industrisamarbeid skipa med oljekonsulenten i fylket som sekretær og fylkeskommunen som eigar av 25% av aksjane. Hausten 1986 var selskapet fullfinansiert og kom i gang med dagleg leiar lokalisert til Fjord Base i Flora (Årsmelding 1986 frå oljeutvalet).

I 1982 var det framleis ei viss tiltru til at Ankerløkken si verksemd i Florø kunne spela rolla som dørøpnar for industrien i fylket (OU-sak 12/82). Men det viste seg at verksemda ikkje kom til å spela noko dominerande rolle i oljeutviklinga på 1980-talet. Verksemda hadde spreidde oljeoppdrag ved sida av primæraktivitetane som var skipsbygging fram til 1983. Då var ei ny krise under oppsegling for skipsverfta og forsøka på omstilling til oljeretta verksemd skaut på nytt fart ved ANVF. I 1983-84 var store delar av arbeidsstokken permittert. Våren 1983 vart det lansert gigantiske planar om anlegg for samansveising av 1200 meter lange røyr for oljeverksemda i samarbeid med store amerikanske firma. Prosjektet føresette m.a. oppfylling og samanbinding av fleire spreidde øyar utanfor Florø (Firdaposten 21.5.83). Tiltaket minna ein del om dei storstilte og ofte urealistiske prosjekta som verksemda annonserte i krisetida på slutten av 70-talet, då også som regel i samarbeid med store internasjonale selskap.

Heller ikkje denne gongen vart det noko av planane. Men både verftet i Flora, og konsernet si verksemd i Førde der heile arbeidsstokken var permittert ein perioden i 1982-83, fekk nye skipsbyggingsoppdrag i 1984 og meinte igjen at dei hadde ei framtid som skipsverft. I 1986 gjekk begge verksemdene endeleg konkurs og ein epoke var slutt i industrisoga i Sunnfjord. I 1987 vart det kjent at ANVF gjekk konkurs fordi dei hadde levert for billige tilbod på dei siste kontraktane sine, mellom anna ein til oljeverksemda.

Frå 1986-87 auka oljeengasjementet i delar av næringslivet i fylket. Mellom anna ut av restane frå konkursen ved Ankerløkken, vaks det fram eit oljeretta industrielt miljø i Flora som synest å kunna hevda seg i tevling om leveransane. I tillegg medførde utviklinga ved Fjord Base at kjøparane kom til fylket. Dette innebar betre vilkår for å oppnå leveransar til drifts- og vedlikehaldsmarknaden, som etter kvart vart den dominerande på denne delen av sokkelen. I 1988 gav dette konkrete resultat. Ei verksemd i Flora fekk då eit større vedlikehaldsoppdrag for Statoil. Med Saga si Snorre-etablering auka mulegheitene.

Etter mange år utan teikn til at næringslivet makta å gjera seg gjeldande i verksemda på sokkelen, og med mange tilbakeslag for fylkeskommunale initiativ for å få til samarbeid og oljeretta haldningar, såg det dermed ut til å gå mot ei ny utvikling på andre halvdel av 1980-talet. Ei tolking er at det først var på dette tidspunktet tida var inne til oljeretta satsing med dei føresetnadene næringslivet i fylket hadde. Før det var oljeretta omstilling berre på tale i tvangssituasjonar. Berre utviklinga etter den perioden eg omhandlar kan gi svar på det.

6.6 SNORRE

Som nemnt auka ambisjonane i fylket om kva type oppgåver fylket burde få hand om. Saka om lokalisering av driftsorganisasjonen for Snorre-feltet representerer Sogn og Fjordane sitt første seriøse forsøk på å trekkja til seg strategisk viktige og kompetansetunge funksjonar innan oljeverksemda.


Blokk 34/4, 80 nautiske mil vest av Florø, vart utdelt i 1979 med oljeselskapet Saga som operatør. Saga nytta Flora som forsyningsbase for leiteverksemda på denne blokka. I 1982 var det klart at 34/4 var eit lovande oljefelt, men at dei interessante geologiske strukturane strekte seg inn i naboblokka 34/7. I 1983 signaliserte Saga sterk interesse for å bli operatør også på denne blokka som var utlyst i 8. konsesjonsrunde. Saga søkte berre blokk 34/7 i denne runden (OU-sak 1/83).

Før blokk 34/7 var utdelt i januar 1984 hadde det utvikla seg ein regional konkurranse om å trekkja til seg driftsorganisasjonen for dette som alle rekna med ville bli eitt av dei først utbyggingsklare oljefelta. Det forholdet at blokkene ligg tett opp til 62°N gjorde fleire lokaliseringalternativ aktuelle. Frå første stund var dette ei tevling om driftsorganisasjonen. Ut frå geografisk plassering var det meir eller mindre gitt at forsyningstenestene, også i utbyggings- og driftsfasen, kom til å gå frå Fjord Base i Flora. Oljeselskapet Saga bidrog i utviklinga av denne lokaliseringsstriden med å etablere kontaktar med lokale styresmakter i aktuelle kommunar. Dette kan tolkast slik at selskapet hadde behov for å markera seg i forhold til ulike regionale interesser for å stå sterkast mogleg i kampen om å bli operatør også på blokk 34/7.³¹

Oljeutvalet i Sogn og Fjordane drøfta saka i april 1983 (OU-sak 9/83) og understreka ut frå geografisk plassering at dette var "fylket sine blokker". Dette var Sogn og Fjordane si mulegheit til å nå tak i oljeaktivitet på eit høgare nivå enn ein så langt hadde oppnådd. Fylket si oppfatning vart styrka då styret i Distriktenes Utbyggingsfond drøfta utgreiinga om fordeling av basetenestene mellom Hordaland og Sogn og Fjordane (Distriktenes Utbyggingsfond, 1983). Her vart det lagt vekt på at blokkene 34/4 og 34/7 måtte innebera nye oppgåver for Sogn og Fjordane (Innstilling til styret i Distriktenes Utbyggingsfond, E-sak nr. 117/1983).

Men også andre regionale interesser var snart på bana i denne saka. Olje- og energiminister Kåre Kristiansen hadde uttala seg til Sunnmørsposten på ein måte som klart måtte oppfattast slik at Ålesund var aktuell lokaliseringsstad. Saga understreka dette med å besøka Ålesund i desember 83. På nyåret 1984 kasta Bergen seg for fullt inn i kampen. Herfrå vart det presentert som sjølv sagt at desse blokkene "nord-vest for Bergen" skulle administrerast frå byen. Sidan både Statoil og Norsk Hydro var i ferd med å etablere driftsorganisasjonar for Gullfaks og Oseberg, skulle det berre mangla at ikkje også det tredje norske oljeselskapet bidrog i oppbygginga av oljemiljøet der. Saga hadde også alt skaffa seg tomt i byen (Bergens Tidende, januar 1984).

FIG. 6.2 LOKALISERINGSALTERNATIV I SNORRE-SAKA



I Sogn og Fjordane var ein bekymra for at ein ikkje ville makta å markera seg, særleg i den mediekampen som det på dette tidspunktet først og fremst var tale om. På det området hadde Sogn og Fjordane lite å stilla opp. Fylket sitt første møte med Saga fann stad 20.12.83. Saga sitt føremål med møtet synest å ha vore å markera seg i kampen om operatøransvaret for blokk 34/7. Men frå Sogn og

Fjordane si side var det berre tale om lokaliseringa av dei landbaserte aktivitetane, særleg driftsorganisasjonen. Saga lova å bruka Flora i samband med leiteoperasjonane også på den nye blokka, men vegra seg elles for å bli pressa til ei for tidleg avgjerd når det galdt dei tunge aktivitetane. På dette tidspunktet rekna ein med at driftsorganisasjonen ville innebera 4-600 sysselsette på land (Referat frå møte med Saga Petroleum A/S i Florø 20.12.83).

I januar 1984 vart blokk 34/7 utdelt med Saga som operatør. I konsesjonsvilkåra vart selskapet pålagt å vurdere stader på "nordvestlandet" for lokalisering av driftsorganisasjonen. Normalt vert nordvestlandet oppfatta som Vestlandet nord for Stadt, men etter ei tid var det klart at det i dette tilfelle betydde Vestlandet nord for Bergen (OU-sak 4/84).

I mars 84 kom det signal frå Saga om at selskapet ville nytta Flora som forsyningsbase i leitefasen også på denne blokka (Flora kommune. Formannskapssak 136/84: Notat om drøftingar med Saga Petroleum i Oslo 8.3.84).

I løpet av sommaren 1984 posisjonerte Sogn og Fjordane seg i forhold til den komande lokaliseringsstriden om driftsorganisasjonen for desse blokkene. Og i dette arbeidet kom etter kvart det fylkeskommunale oljeutvalet i bakgrunnen. Det var fylkeskommunen og Flora kommune sine topp-representantar saman med formann og sekretær for oljeutvalet som tok seg av arbeidsoppgåvene. Også fylket sine stortingsrepresentantar vart kopla nært inn i arbeidet med saka.

På eit møte i Oslo i mars 84 med representantar for fylkeskommunen, Flora kommune og stortingsrepresentantane, gjorde Saga greie for lokaliseringskriteria for driftsorganisasjonen. Selskapet ville leggja avgjerande vekt på nærleik til fagleg miljø og breitt oljerelatert rekrutteringsgrunnlag (Ibid.). For fylket sin del innebar det at ein stod framom store problem med å overbevise om at det ville vera mogeleg å etablere eit kunnskapsbasert oljemiljø "på landet".

Dette inntrykket festa seg endå meir etter eit nytt møte med framstående representantar for Saga, Statoil og Olje- og energidepartementet på Leikanger i juli 84. Det var klart at Saga sitt førestående utgreiingsarbeid om lokalisering av driftsorganisasjonen kom til å eksponera alle Flora og Sogn og Fjordane sine manglar og svakheiter i oljesamanheng. Statssekretær Rødland i Olje- og energidepartementet og direktør Utne i Saga ville ikkje lova anna enn forsyningstenester frå Flora, men kommunen skulle vurderast også i samband med driftsorganisasjonen. Sogn og Fjordane sine mulegheiter låg i det faktum at lokaliseringsspørsmåla i samsvar med etableringslova og petroleumsløva skulle avgjerast av sentrale styresmakter. Direktør Bekkeheien frå Statoil opptreidde på dette møtet som fylket sin rådgjevar og formulerte fylket sine oppgåver slik i følgje referatet:

"Sentrale politiske avgjerder bestemmer meir enn noko anna kva som skal skje. Det er derfor viktig å påverke avgjerdene så mykje som mogleg. Påverknaden frå Sogn og Fjordane må bli like stor som frå andre fylke. Det er plass for meir i Florø!
Saga må presses til å inngå langsiktige leigeavtalar og til å nytte Fjord Base ikkje berre i leitefasen, men og i ein eventuell utbyggings- og driftsfase." (Sogn og Fjordane fylkeskommune, plan og utbyggingssjefen 06.07.84. Referat frå

fylkesutvalet, NRU/NSS og oljeutvalet sitt møte 3.juli 1984 med Statoil, Saga og Olje- og energidepartementet.)

I denne perioden vart det gjort tiltak og fordelt oppgåver på ei rekkje felt for å hevda fylket sine interesser. Dels har desse karakter av å vera reine politiske markeringsoppgåver, dels er det tale om oppgåver for å tilpassa seg krava ei etablering av driftsorganisasjonen ville stilla. Etter møtet i Flora i mars 84 vart det skipa ei "styringsgruppe" (heretter kalla styringsgruppa) samansett av ordførar og rådmann i Flora, formannen i oljeutvalet (fylkesmannen) og kontorsjefen i fylkeskommunen. Sekretariat var fylkeskommunen sin oljekonsulent og i byrjinga ein frå Flora kommune (Flora kommune. Formannskapssak 136/84).

Etableringa av denne styringsgruppa må tolkast som eit forsøk på å etablere ei fleksibel gruppe som kunne ta raske initiativ når saka kravde det. Tradisjonell sakshandsaming med avgjerder i dei politiske organa ville bli for omstendelig i denne saka. For fylkeskommunen sin del er det ikkje råd å sjå at representantane hadde noko slags fullmakt til å representere fylkeskommunen i styringsgruppa, i alle høve ikkje frå noko politisk organ. Flora kommune hadde derimot utstyrt ordførar og rådmann med vide fullmakter i saka (Intervju med ordførar Dagfinn Hjertenes, mai 1988).

Etter møtet på Leikanger 3. juli vart ei rekkje nye oppgåver fordelte. Mellom anna skulle fylkeskommunens plan- og utbyggingsavdeling bistå Saga i utgreiingsarbeidet. Arbeidsmarknadsetaten og utdanningssektoren fekk tilpassingsoppgåver på sine felt og det vart planlagt kontakt med nasjonale storbankar (DNC) og fornya framstøyt mot den evige hovudpina; industrien i fylket sitt manglande engasjement i oljeverksemda. Arbeidet med å etablere helikopterbase i Flora vart særleg prioritert.

Frå sommaren 1984 kom vurderingar om kva strategi fylket skulle velja i lokaliseringsspørsmålet i fokus. Dei to blokkene 34/4 og 34/7 fekk på seinsommaren namnet Snorre. Spørsmålet var om fylket skulle stå fast på kravet om heile driftsorganisasjonen til Flora eller om ein skulle signalisera at ein ville vera nøgd med ei deling. Her spela fylkesmann Ulveseth ei heilt sentral rolle og stod hardt på at fylket måtte halda på kravet om heile organisasjonen. Utspel om ei eventuell deling måtte koma frå andre, men fylket måtte ha dette alternativet i bakhand. Sjølv om det var dei som meinte dette var å krevja for mykje, fekk Ulveseth gjennomslag for synet sitt og denne strategien utgjorde fylket si offisielle haldning i Snorre-saka heilt fram til ho vart avgjord i mai 1988 (Referat frå møte 3.7.84). Dette innebar ikkje at alle involverte handla i samsvar med denne strategien. Særleg blant fylkets stortingsrepresentantar var vurderingane delte. Ap-representanten Opseth gjekk alt i oktober 84 offentleg ut og foreslo deling i samarbeid med Bergen. "Noko er betre enn ingenting", var Opseth si haldning (Firdaposten 16.10.84).

Frå hausten 1984 vart det handlingsorienterte arbeidet med Snorre-saka utelukkande teke hand om av topp-representantar for fylkeskommunen, Flora kommune og stortingsrepresentantane. I samband med eit nytt møte med Saga og Statoil i oktober 84, fekk dei menige medlemene i fylkeskommunens oljeutval beskjed frå sekretæren i utvalet at dei ikkje fekk vera med. Grunngevinga var at

det var etablert ei ordning med regelmessige møte mellom fylkesutvalet og fylket sine stortingsrepresentantar. Det føreståande møtet med Saga og Statoil ville bli arrangert innafor denne ramma (Brev frå sekretæren i oljeutvalet til medlemene dagsett 18.09.84). Det må karakteriserast som påfallande at sekretæren for utvalet gav medlemene ein slik beskjed. Sekretæren sitt grunnlag for beskjeden var at "administrasjonen i samråd med fylkesordførar" hadde kome til dette.

Etter dette var ikkje oljeutvalet inne i biletet i Snorre-saka anna enn som fråsegnorgan og i samband med spørsmål om tilskot frå utvalet sitt budsjett til ulike tiltak for å marknadsføra Flora i samband med Snorre. Formann og sekretær i oljeutvalet deltok derimot aktivt i saka. Hovudutvalet på sektoren, nærings- og ressursutvalet, lei delvis same lagnad som oljeutvalet.

Etter fleire år på sidelina reagerte oljeutvalet sine medlemmer i mars 1987 på den rolla fylkesutvalet og sentraladministrasjonen spela i Snorre-saka. I sak 2/87 hevda representanten Sandal at fylkesutvalet i denne saka hadde teke initiativ utan å konsultere hovud- og underutval. Han presiserte oljeutvalet si rolle som fagutval og sentral premissleverandør i oljesakene (Referat frå møte i oljeutvalet 19.3.87).

I desember 1984 inviterte Saga kommunane Trondheim, Ålesund, Flora, Bergen og Stavanger til å skaffa informasjon som underlag for selskapet sitt arbeid med lokaliseringsspørsmålet (Brev frå Saga til Flora kommune, 21.12.84). Her vart lokaliseringskriteria presenterte. Igjen vart det lagt avgjerande vekt på eit breitt oljerelatert rekrutteringsgrunnlag. Seinare vart også Kristiansund kommune bedt om å bidra med informasjon. Den nemnde styringsgruppa for Snorre tok hand om dette arbeidet for Flora sin del, og leverte sitt bidrag i mai 85 (Lokaliseringsanalyse. Driftsorganisasjonen for Snorre-feltet. Styringsgruppa, 13.mai 1985).

På dette tidspunktet var såleis Sogn og Fjordane i merksemdsfeltet hjå operatørselskapet Saga, men det som skapte større bekymring var haldninga i dei to avgjerande departementa, Olje- og energidepartementet og Kommunal- og arbeidsdepartementet. Det var kjent at korkje olje- og energiminister Kåre Kristansen eller kommunal- og arbeidsminister Arne Rittedal var tilhengjarar av for sterk spreining av dei strategisk viktige oljeaktivitetane ("oljemiljøet"). I løpet av 1985 gjorde Sogn og Fjordane ei rekkje framstøyt mot desse to departementa, men fekk først og fremst stadfesta at det rådde skepsis på sentralt hald til desentralisering av driftsorganisasjonen.

Olje- og energiministeren demonstrerte dette på eit møte med fylkets representantar i Flora 1. februar 1985. Trass i at høgre-ordføraren i Flora lokka med at lokalisering av driftsorganisasjonen til Flora ville vera "distriktpolitisk innerblink", var ministeren mest oppteken av å åtvare mot for mange og små oljemiljø i Norge. Han meinte ein no var i ferd med å gå for langt i retning av politisk styring av oljeverksemda og åtvare særskilt mot at regionale styresmakter no pressa det vesle og sårbare oljeselskapet Saga til å velja lokaliseringssløysingar som selskapet på lengre sikt ikkje ville vera tent med. Ulveseth på si side la vekt på næringsbalanse og regional fordeling og kravde at Flora burde få heile driftsorganisasjonen. Det fylket oppnådde på dette møtet var ein lovnad om hjelp frå sentralt hald til å finansiera utbygging av helikopterterminal

i Flora (Referat frå møte mellom statsråd Kristiansen og lokale styresmakter i Florø, 1.februar 1985).

Sommaren 1985 gjekk det ei rekkje brev frå fylket til sentrale styresmakter med krav om lokalisering til Flora, men i oktober let dei to departementa synet sitt siva ut. I eit foredrag i Bergen, som kommunal- og arbeidsminister Rittedal sjølv skulle ha halde, åtvvara underdirektør Kveine sterkt mot oppsplitting av oljemiljøa (Bergens Tidende 17.10.85). Same dag sa statssekretæren i Kommunal- og arbeidsdepartementet, Kjell Stahl, at nye driftsorganisasjonar måtte lokaliserast til eksisterande miljø (Stavanger Aftenblad 17.10.85). Olje- og energiministeren følgde opp på eit oljeseminar for pressefolk 22.oktober. Her gjekk Kristiansen inn for ei pakkeløysing med fordeling av drifts- og basefunksjonane mellom Bergen, Ålesund og Flora. I denne pakken var det berre tale om forsyningsbase i Flora (Bergens Tidende 23.10.85).

18.november offentleggjorde Saga sitt framlegg til lokalisering. Det gjekk ut på at heile driftsorganisasjonen skulle leggjast til Stavanger og at forsyningstenestene skulle gå frå Flora. Samstundes søkte Saga om etableringsløyve i Stavanger og Flora i samsvar med denne oppgåvefordelinga (Saga Petroleum A/S, nov. 1985: Lokalisering av driftsorganisasjon for Snorre). Storleiken på den landbaserte driftsorganisasjonen var på dette tidspunktet redusert til totalt 3-400 personar, mellom anna fordi lønsemda i feltet ikkje var så god som først medrekna.

Om Flora som lokaliseringalternativ vart det for det første innvendt at rekrutteringspotensialet var for dårleg. Det meste av nøkkelpersonalet til driftsorganisasjonen måtte importerast og selskapet stilte seg tvilande til om dette ville la seg gjera. Vidare vart det lagt vekt på at fylket ikkje kunne tilby breitt nok spekter av ingeniør- og konsulenttenester og at kommunikasjonane var for dårlege (Ibid.).

For Flora og Sogn og Fjordane var framlegget ikkje tilfredsstillande. Det ville innebera utviding av verksemda på Fjord Base med ca. 30 nye arbeidsplassar og ein del større lokale innkjøp, men ikkje behov for arbeidskraft med høgre utdanning eller andre kompetansekrevjande ringverknader. Fylkesutvalet drøfta Saga sitt framlegg 20.november og i tida som følgde vart det på fylkeskommunalt hald bygd opp ein ny argumentasjon for Flora med utgangspunkt i Saga sitt framlegg. Den nye argumentasjonen sikta i første rekkje mot å få lokalisert dei delane av driftsorganisasjonen til Flora som hadde med innkjøp, lagerhald og vedlikehald å gjera (Notat frå oljekonsulenten 30.12.85).

På nyåret 1986 tok stortingsrepresentantane frå fylket initiativ i saka som ikkje synest å ha vore klarert med fylkeskommunen og som i alle høve ikkje var i samsvar med fylkeskommunen sin offisielle strategi i saka (Intervju med oljekonsulent Petter Wiberg, april 1988). 16. februar møtte dei fem stortingsrepresentantane frå fylket representantar for Saga. Etter det skreiv dei i fellesskap brev til selskapet dagsett 22. februar. Her vart det understreka at Saga sin lokaliseringsmodell for driftsorganisasjonen for Snorre ikkje var i samsvar med Stortingets "eintydige signal". Det heiter vidare:

"Selskapet bør legge fram eit forslag til lokaliseringsmodell som er meir i samsvar med Stortinget sine intensjonar. Dette kan ein oppnå ved å legge

fleire arbeidsplassar til Florø, sjølv om ein slik modell vil vera den nestbeste sett frå selskapet sin synsstad. Slik vi ser det, må det minst vere 100 Sagatilsette i Florø for å innfri dei distriktpolitiske målsettingar." (Brev frå stortingsrepresentantane frå Sogn og Fjordane til Saga Petroleum a.s., 22.02.1986).

Stortingsrepresentantane frå fylket tok altså kontakt med Saga for å få i stand eit delingsforslag som var gunstigare for Flora, og dei fekk positiv respons. I svarbrevet frå adm. dir. i Saga heitte det at Saga hadde vurdert arbeidsdelinga mellom Stavanger og Flora på nytt og kome til at "Aktiviteten i forbindelse med anskaffelser og forsyninger til feltet og landbasert vedlikehold av utstyr fra feltet kan ivaretas av Sagas organisasjon i Florø. Forutsatt at Stortinget gir samtykke til etablering i Stavanger vil Saga legge dette til grunn for oppbyggingen av driftsorganisasjonen for Snorre." (Brev frå adm. dir. Asbjørn Larsen i Saga Petroleum a.s til stortingsrepresentantane frå Sogn og Fjordane, 12.03.86).

I brevet vart tilbodet konkretisert til å innebera 70-100 Saga-tilsett i Flora, eller 25% av den landbaserte driftsorganisasjonen. Funksjonane i Flora ville innebera behov for noko høgt utdanna arbeidskraft. I tillegg ville forslaget innebera behov for å knytta til seg kontraktørar ved basen i Flora (årleg ca. 30 årsverk) og vedlikehaldsaktivitetane ville krevja minst 50 eksterne årsverk. Vidare ville det lokale næringslivet ha fordelar i konkurransen om årlege leveransar til feltet for om lag 200 mill. kr.

Kva var årsaka til Saga sitt relativt positive svar? Ein del tyder på at selskapet såg seg tent med initiativet frå den tverrpolitiske stortingsgruppa frå Sogn og Fjordane. Saga sitt primære ynskje i lokaliseringsstriden hadde opplagt vore at driftsorganisasjonen skulle hamna i Stavanger. Selskapet hadde teknisk-økonomiske motiv for det, men like viktig var det kanskje at selskapet sine tilsette i Stavanger ikkje var interessert i å flytta. I initiativet frå stortingsrepresentantane såg Saga ei mulegheit til å innfri dette ynsket. Dersom dei kunne koma fram til ei semje med Sogn og Fjordane om ei fordeling som likevel medførde at dei tyngste delane av driftsorganisasjonen vart lagt til Stavanger, ville det samstundes bli svært vanskeleg å skulda selskapet for ikkje å ta distriktpolitiske omsyn. Det kan også vera at Saga såg ei samla stortingsgruppe som vel så interessant representant for fylket som fylkeskommunen. Det var trass alt Stortinget som til sist skulle avgjera saka. Adm. dir. Asbjørn Larsen si avslutning av brevet til stortingsrepresentantane peikar i ei slik retning:

"Dersom det ikke blir gitt samtykke til etablering i Stavanger, må Saga vurdere hele sin organisasjons-modell inkludert aktivitetene i Florø på fritt grunnlag." (Ibid.)

19. mars 1986 sende Saga det nye framlegget til arbeidsdeling mellom Stavanger og Flora over til Distriktenes Utbyggingsfond (Saga Petroleum a.s.: Lokalisering av driftsorganisasjonen for Snorre. Tillegg 1: Arbeidsfordeling mellom Florø og Stavanger. Mars 1986). Det nye framlegget skulle inngå i søknaden om etableringsløyve og vart grunngitt med "mer detaljerte studier av organisasjonsmodellen" og "ny og mer detaljert informasjon om næringsvirksomheten i Flora-distriktet" (Brev frå Saga Petroleum a.s. til Distriktenes Utbyggingsfond 19.3.86).

Det nye lokaliseringsframlegget, som langt på veg må kunna tolkast som ein invitasjon til ein allianse med Sogn og Fjordane vart drøfta på eit møte mellom selskapet og dei sentrale representantane for fylket på møte 14. mars 86. Her gjekk det fram at Saga særleg var oppteken av å unngå tvangsetablering av driftsorganisasjonen til Ålesund. Saga hevda at Ålesund og Flora var likeverdige alternativ og dermed ikkje tilfredsstillande for dei strategisk viktigaste og mest kompetansekreivjande delane av driftsorganisasjonen (Referat dagsett 24.3.86 frå møte i fylkesutvalet 14.3.86).

Trass i at Saga sitt framlegg heller innebar ei utviding av basefunksjonane i Flora enn ei deling av driftsorganisasjonen, gjekk dei fleste representantane både frå fylkesutvalet og Stortinget inn for å akseptera Saga sitt tilbod. Dei meinte at Saga ikkje kunne pressast lenger utan at det slo tilbake på fylket. Men Ulveseth stod på at ein skulle krevja meir. Hans standpunkt var at dersom Saga skulle etablere ein ny driftsorganisasjon for Snorre, måtte heile organisasjonen leggjast til Flora. Dersom det var tale om å byggja ut selskapet sin eksisterande organisasjon i Stavanger, kunne Sogn og Fjordane akseptera Saga sitt framlegg som forhandlingsgrunnlag. Ulveseth sitt syn var det som kom fram i pressemeldinga etter møtet (Ibid.).

Dermed hadde Sogn og Fjordane gjennom direkte forhandlingar med Saga manøvrert seg fram til ein ny og betre posisjon i lokaliseringsspørsmålet. Samstundes var det andre tilhøve som svekka fylket sine mulegheiter til å pressa Saga. Det var dei internasjonale oljeprisane som var på full fart nedover våren 1986 og nådde botnen ut på sommaren. I takt med prisfallet vart Saga sine planar for utbygging og drift av Snorre slankare og billegare. Planane for den landbaserte delen av driftsorganisasjonen kom i løpet av 1986 ned mot 200 personar og dei låge oljeprisane gjorde at det etter kvart vart stilt spørsmålsteikn ved om Snorre i det heile burde byggjast ut. Oljedirektoratet signaliserte i sin tur at dei meinte utbygginga burde venta. Sogn og Fjordane sine krav, som i følgje Saga ville fordyra utbygginga kraftig, vart svekka.

På eit anna område vart fylket sin posisjon betre. Regjeringsskiftet våren 1986 innebar nye personar i dei to avgjerande departementa, Olje- og energidepartementet og Kommunal- og arbeidsdepartementet. For Sogn og Fjordane sin del var det positive først og fremst at ein representant frå fylket, Astrid Nistad, vart statssekretær i Olje- og energidepartementet. Dette viste seg å gi betre inntak til arbeidet i dette departementet.

I mai 1986 vart Saga sitt nye framlegg drøfta i lokaliseringsutvalet i Distriktenes Utbyggingsfond og i juli bad DU Saga om å vurdera to spørsmål nøyare. For det første galdt dette om driftsorganisasjonen som Saga hadde planlagt i Stavanger heller kunne lokalisrast til Nord-Vestlandet. For det andre var spørsmålet om det var råd å splitta opp driftsorganisasjonen meir enn det som var foreslått frå Saga si side (Brev frå Distriktenes Utbyggingsfond til Kommunal- og arbeidsdepartementet, u.d. feb.87.).

På bakgrunn av Distriktenes Utbyggingsfond sitt utspel vart det etablert ei arbeidsgruppe med representantar frå Saga, Olje- og energidepartementet, Kommunal- og arbeidsdepartementet og Distriktenes Utbyggingsfond. Arbeidsgruppa la fram sin rapport i januar 1987 og konkluderte først og fremst

med at Saga ikkje burde pressast til ytterlegare desentralisering enn dei alt hadde gjort framlegg om. I rapporten heitte det at etablering i Ålesund ville vera eit klart dårlegare og mykje meir kostbart alternativ enn Stavanger. Om ytterlegare oppdeling av driftsorganisasjonen heitte det at dette ville innebera svært store meirkostnader og tungvinte rutinar for selskapet. Rapporten la avgjerande vekt på at Saga var eit lite oljeselskap som stod på terskelen til å byggja opp sin første driftsorganisasjon (Lokaliseringsstudie. Snorre driftsorganisasjon. Januar 1987). Formuleringane i rapporten bar preg av dei meir usikre økonomiske utsiktene for Snorre-feltet etter oljeprisfallet.

Lokaliseringsutvalet i Distriktenes Utbyggingsfond drøfta rapporten 16. februar 1987 og gav ei fire-delt innstilling. Alternativet Stavanger/Flora fekk fire stemmer, medan alternativa Ålesund/Flora, Bergen/Flora og berre Flora fekk to stemmer kvar (Brev frå Distriktenes Utbyggingsfond til Kommunal- og arbeidsdepartementet, op.cit).

Ut over våren 1987 førde "styringsgruppa for Snorre" i Sogn og Fjordane vidare forhandlingar med Saga om kva oppgåver som skulle lokaliserast til Flora. Saga sitt endelege "tilbod" til fylket vart presentert på møte i oljeutvalet 4 mai (OU-sak 20/87).³² Under dei rådande tilhøva var representantane for Sogn og Fjordane etter alt å døma nøgde med Saga sitt framlegg sjølv om ein framleis heldt på kravet om heile driftsorganisasjonen til Flora.

Samstundes førebudde Saga i nært samarbeid med sentrale og regionale styresmakter planen for utbygging og drift av Snorre og dei konsekvensutgreiingane selskapet etter petroleumslova var pålagd å utføra. Saga overleverte desse dokumenta til olje- og energidepartementet 1. september 1987. Då gjekk konsekvensutgreiingane til høyring i dei berørte fylkeskommunane og departementa (Oversendingsskriv frå Olje- og energidepartementet til Sogn og Fjordane fylkeskommune 1.9.87). Saga sine planar og konsekvensutgreiingar ville saman med fråsegnene danna grunnlag for Olje- og energidepartementet sitt arbeid med stortingsproposisjonen for utbygginga.

Fylkeskommunen si oppgåve i saka hadde til denne tid utelukkande vore å arbeida for etablering av landbasert verksemd i tilknytning til Snorre. I samband med konsekvensutgreiinga fekk fylkeskommunen også andre oppgåver, nemleg å ivareta interesser som måtte bli skadelidande av utbygginga. Oljekonsulenten drøfta dette i eit notat 5.3.87. Han skisserte fylkeskommunen sine to oppgåver med tilvising til fylkesplanen der det heitte at fylkeskommunen både måtte greia ut konsekvensar av Snorre-utbygginga og stå for tilpassingstiltak med sikte på ein problemfri integrasjon av Snorre-organisasjonen i fylket (Sogn og Fjordane fylkeskommune, 1987, s.131).

Fiskerisjefen i fylket si fråsegn til konsekvensutgreiinga tyder på at ivaretakinga av desse interessene ikkje hadde stått like sentralt i det fylkeskommunale engasjementet som arbeidet med å tilpassa seg oljeselskapa sine krav. Såleis klaga fiskerisjefen over at han ikkje var trekt inn i saka på eit tidlegare tidspunkt. Han forlanga at fylkeskommunen skulle krevja kompensasjon for tapte fiskefelt og han forlanga at fylkeskommunen tok initiativ til at det vart etablert stillingar som oljevernkonsulentar i kystfylka (NRU-sak 28/1987).

Oppgåvefordelinga mellom Stavanger og Flora innebar i røynda at det meste av dei kompetansekreivjande delane av driftsorganisasjonen ville bli lokalisert til Stavanger. Det galdt alle leiande og koordinerande funksjonar og alle ingeniør- og administrative tenester. I tillegg skulle oppgåvene med prosjektering av nye anlegg og utvinningsplanlegging koordinerast frå Saga sitt hovudkontor i Bærum. Funksjonane som skulle lokaliserast til Flora var slike som innkjøp, transport, lagerhald, kontroll og vedlikehald av utstyr og kostnadsoppfølging av aktivitetane i Flora. Samla ville det innebera behov for ca. 20 personar med høgare utdanning.

Men totalt innebar framlegget ein god del ny aktivitet ved Fjord Base og i Flora. I tillegg til 55 Sagatilsette var det rekna med 25 årsverk frå lokale kontraktørar til drift av lager, kontor og base. Ut over dette ville det lokale næringslivet ha vesentlege konkurransefordelar i samband med Saga sine innkjøp og vedlikehaldsoppdrag. Konsekvensutgreiinga antyda at det her kunne liggja kring 100 nye årsverk dersom det lokale næringslivet viste evne til å tevla om leveransane (Saga Petroleum a.s.: Snorre-feltet. Plan for utbygging og drift. Vedlegg 6 - Konsekvensutredningen).

I si fråsegn heldt fylkeskommunen fast på sitt primære krav om heile driftsorganisasjonen til Flora. Men det heitte også at dersom dette ikkje vart aktuelt, var Saga sitt framlegg akseptabelt som ei minimumsløysing (NRU-sak 28/1987).

Etter at arbeidet med konsekvensutgreiinga var avslutta, gjennomførde styringsgruppa "Snorrekampanjen". Denne innebar systematisk påverking i alle ledd av sakshandsaminga fram til Stortinget sitt vedtak i mai 1988.³³

Då handsaminga tok til i dei to departementa (Olje- og energidepartementet og Kommunal- og arbeidsdepartementet) i november, møtte representantar frå fylket statssekretær Nistad og sakshandsamarane i Olje- og energidepartementet. I løpet av hausten var det to møte med olje- og energiminister Arne Øien. Etter at departementa sitt arbeid var avslutta og stortingsproposisjonen (St. prp. 56, 1987-88) var framlagt, vart merksemda retta mot dei to involverte komiteane, energi- og industrikomiteen og kommunalkomiteen. Begge komiteane vart inviterte til Flora og delar av dei kom. På våraparten 1988 var også kommunalminister Engseth og leiinga elles i departementet i Flora. Inn i mellom vart det produsert pressemeldingar og brosjyremateriell om Flora og Snorre. Det einaste punktet i Snorrekampanjen som ikkje vart gjennomført var premieutdelinga etter ein slagord-konkurranse om Flora og Snorre. Den skulle etter planen vore avvikla i stortingskantina like før avgjerda i Stortinget.

Olje- og energidepartementet sin proposisjon var i det alt vesentlege i samsvar med Saga sitt lokaliseringsframlegg. Men i energi- og industrikomiteen si innstilling (Innstilling S nr. 218, 1987-88), var det med nokre formuleringar som gjekk i favør av Flora. I fleirtalsframlegget heitte det at helikoptertransporten skulle gå frå Flora og at Saga sine utdannings- og opplæringsfunksjonar skulle lokaliserast dit. Det heitte også at selskapet burde vurdera flytting av fleire funksjonar til Flora når tilhøva låg til rette for det. Eit mindretal i komiteen gjekk inn for lokalisering til Ålesund og ein representant foreslo Bergen, begge i ei tilsvarande deling med Flora.

27. mai 1988 vedtok Stortinget utbygging av 1. fase av Snorre. Lokaliseringa av dei landbaserte funksjonane var i samsvar med komitefleirtalet si innstilling.

6.7 OPPSUMMERING

Ved utgangen av den perioden eg har sett på, var delar av Sogn og Fjordane på veg inn i oljealderen. I Flora-distriktet sette oljeaktivitetane i aukande grad preg på både offentlege institusjonar, næringsliv og folk flest sin kvardag.

På eiga hand makta ikkje næringslivet i nemnande grad å koma med i verksemda desse åra heller. Det skjedde først då ein fekk fordelar med forsyningsbase i Flora og stor aktivitetsauke med felt under utbygging og drift like utanfor kysten av fylket.

Det grunnlaget som vart lagt i den forrige fasen for utbygging av base i Flora og oppkopling av Statoil til verksemda der, var det viktigaste arbeidsgrunnlaget for oljeinteressene i fylket. I ettertid framstår satsinga på baseoppbygginga i Flora som heilt avgjerande for det som skjedde seinare på 1980-talet. Oppbygginga skjedde på svært spinkelt grunnlag og delvis i strid med tilrådingar frå sentralt hald. Likevel var det mogeleg for kommunen med støtte frå fylkeskommunen å oppnå nærast "norges-rekord" i offentleg støtte til utbygginga. Det skjedde med støtte frå distriktsorienterte delar av det sentrale styringsapparatet.

Med Snorre-saka hadde Sogn og Fjordane på mange måtar prøvd ut kva som var mogeleg deltaking i oljeverksemda på andre halvdel av 1980-talet. Status var at fylket var kome med i verksemda, men deltakinga var primært avgrensa til relativt enkle og avhengige funksjonar. Snorre-saka viste likevel at det var mogeleg å mjuka opp noko av dei bastante oppfatningane i "oljemiljøet" om kvar verksemda deira skal lokaliserast. Gjennom forhandlingar der saka i siste omgang skulle avgjerast av sentrale styresmakter, var det mogeleg for interessene frå eit utkantområde å koma i dialog også om lokalisering av driftsorganisasjonen. Sjølv om representantane frå fylket freista å presentera Flora så attraktivt som mogeleg på oljeselskapet sine kriteriar, er det ingen tvil om at ein primært satsa på å oppnå noko gjennom politiske vedtak. Heile forhandlingsopplegget i forhold til Saga var basert på at selskapet til slutt måtte presentera eit lokaliseringsframlegg som kunne oppnå politisk oppslutning.

7

OPPSUMMERING OG KONKLUSJONAR

Eg skal no venda tilbake til problemstillingane som vart formulert i innleiingskapitlet og kommentera dei viktigaste funna mine på det grunnlaget.

7.1 SOGN OG FJORDANE SITT MØTE MED OLJEVERKSEMMA

Eg gjorde det til eit utgangspunkt for avhandlinga at Sogn og Fjordane har ein sosio-økonomisk struktur som gjer møtet med oljeverksemda problematisk. Det er grunnlag for å konkludera med at dette var, og langt på veg er tilfelle. "Karakterskilnadene" mellom oljeaktivitetane og fylket, som det heitte i samband med dei sentrale utgreiingsarbeida om fordelinga av dei landbaserte oljeaktivitetane kring 1980, formulerte dette poenget i klartekst. Som økonomisk aktivitet representerer oljeverksemda krav om endring og tilpassing i eit utkantområde som vil blir deltakar. I tilfellet Sogn og Fjordane var dette krav som ein i utgangspunktet ikkje tilfredsstilte.

Den sosio-økonomiske organiseringa i fylket framstår som eit problem i møtet med oljeaktivitetane. Det er fylket sine manglar i forhold til den sosio-økonomiske organiseringa i sentrum som kjem i fokus. Fylket har ikkje større befolkningskonsentrasjonar, bedrifter, kompetanse eller generelt den infrastrukturen som verksemda i utgangspunktet etterspør. Dei løpande forsøka på tilpassing var utilstrekkelege.

Fram til langt inn på 1980-talet var det ikkje teikn til at næringslivet i fylket makta å nytta ut dei nye handlingsvilkåra som oljeverksemda representerte. Det trass i mange forsøk frå lokale styresmakter på å få til oljeretta omstilling og trass i at leveransar til oljeaktivitetane i løpet av desse åra vart lettare oppnåelege også for næringslivet i Sogn og Fjordane. Dei mange tiltaka frå sentralt hald for å gjera inngangsporten til oljeleveransar breiare også for mindre bedrifter, var ikkje tilstrekkelege. Bedriftene i fylket vegra seg langt på veg mot å satsa på leveransar til dei store utbyggingsprosjekta på sokkelen. Haldninga var stort sett at desse leveransane var for usikre og for vanskeleg tilgjengelege. Så langt som mogeleg prøvde ein å sikra seg anna levegrunnlag. Omstillingsforsøka dukka stort sett opp i tvangssituasjonar.

Først heilt på slutten av den perioden eg har sett på var det teikn til at næringslivet i fylket greidde å få innpass i oljeaktivitetane. Ein nærliggjande slutning å trekkja er at det var først då handlingsvilkåra var tilstrekkelege. Då var verksemda komen til fylket med basen i Flora og fleire felt utanfor fylket var komne over i driftsfasen. Så lenge fylkets næringsliv ikkje hadde slike fordelar var problema for store og leveransane vurdert til å vera eit for usikkert arbeidsgrunnlag. Bedriftene i fylket var kvar for seg for små til at dei på eiga hand makta å koma inn på oljemarknaden og forsøka på samarbeid etter mønster frå andre regionar lukkast ikkje.

I mi framstilling er problema i næringslivet nært knytta til Ankerløkken som skulle vera lokomotivet i fylket si oljeretta satsing. Sjølv om Ankerløkken ikkje høyrde til det absolutte A-laget av den mekaniske industrien i landet, var det heller ikkje tale om ei desidert småbedrift i det nasjonale selskapet. I omstillingsforsøka på slutten av 1970-talet fekk bedrifta dessutan all mogleg støtte frå regionale styresmaktene. Ja, meir enn det. Dei vart nærast tvinga til å omstilla seg.

I denne drøftinga er det grunn til å minna om situasjonen på nasjonalt plan i den første fasen av oljeverksemda. Også det nasjonale næringslivet hadde vanskar med å koma inn i leveransane. Dei trengde ei aktiv statsmakt som støtte for å oppnå ein tilfredsstillande posisjon i forhold til dei internasjonale oljeselskapa. "Fornorsking" av leveransane var ei heilt sentral arbeidsoppgåve for styresmaktene. Det var primært ein allianse av nasjonale storforetak og sentrale styresmakter som stod i brodden for denne prosessen. Det er all grunn til å rekna med at dette førde med seg nærare band mellom storforetaka og styresmaktene med utvikling av eit nasjonalt "A-lag" av bedrifter på oljesektoren (Berrefjord og Hernes, 1978). Eit bilete av korleis dette fungerer gav saka om Lutelandet som lokaliseringsalternativ i samband med ilandføring av Statfjordgassen. Dei nasjonale storkonserna hadde ein heilt sentral posisjon i utgreiingsprosessen. I den politiske avgjerdsprosessen var storforetaka svært aktive.

Ankerløkken, eller den regionale alliansen av bedrifta og regionale og lokale styresmakter, makta ikkje å etablera seg i dette selskapet. Det som nærast synest som ein uvilje mot å satsa på oljeleveransar kan også forklarast i lys av den skjerna posisjonen Ankerløkken var vand med å ha. Som skipsbyggingsverft og hjørnesteinsverksemd i Flora hadde Ankerløkken mange fordelar, både som følge av statlege støtteordningar og at eit heilt samfunn var avhengig av dei. Frå den første fasen såg me at verksemda markerte seg sterkast med å hindra at konkurrerande verksemdar etablerte seg i nærområda. Ankerløkken og truleg store delar av næringslivet i fylket mangla vesentlege føresetnader for å engasjera seg i oljeleveransane.

I utgangspunktet er det lite tvil om at oljeverksemda representerer ein type økonomisk aktivitet som gir ei svært ujamn regional fordeling av aktivitetane. Dei strategisk viktige og kompetansetunge funksjonane er sentrumsorienterte. Sameleis er dei store leveransane oppgåver for dei nasjonale storforetaka. For periferien ligg det i utgangspunktet an til å oppnå enkle arbeidsoppgåver som gir avgrensa vekstmulegheiter og som ikkje byggjer opp lokal kompetanse av særleg betydning. I den grad dette er tilfelle, må ein også rekna med at oljeutviklinga forsterkar ubalansen mellom sentrum og periferi. I den grad utkantområde blir deltakar i verksemda, synest det å vera ei oppkopling til enkle og avhengige funksjonar som forsterkar avhengigheita av sentrum.

Min gjennomgang viser svært bastante oppfatningar hjå oljeselskapa om at dei strategiske funksjonane berre kan etablerast i sentrale område. I nokre tilfelle blir det grunngitt med mulegheitene for å rekruttera kvalifisert personale, særleg dei med høgare utdanning. I andre tilfelle er det meir diffuse behov for å vera i "oljemiljøet" og generelt ha tilgang til moderne tenester det blir lagt vekt på.

Det var desse oppfatningane representantane frå Sogn og Fjordane utfordra i Snorre-saka. Då stilte dei krav som klart braut med det etablerte sentrum/periferi-mønsteret i oljeaktivitetane. Med utgangspunkt i dei primære målsettingane representantane frå Sogn og Fjordane stilte opp, så tapte dei den saka. Langt på veg var det Flora og fylket sine manglar og svakheiter som kom i fokus då. Resultatet i Snorre-saka var at fylket og Flora vart vegen og funnen for lett til å vera lokaliseringsområde for strategisk viktige og kompetansetunge funksjonar i oljeverksemda. Det vart resultatet trass i at fylket gjorde det meste både med å framstilla seg så positivt og veileigna for etablering som mogeleg og å nytta ut dei forhandlingsmulegheitene som baud seg.

Snorre-saka markerte på mange måtar kor langt Sogn og Fjordane i 1988 hadde nådd når det galdt deltaking i oljeverksemda. Flora var på det tidspunktet deltakar på om lag same nivå som Stavanger-området var kring 1970-talet. Forsyningsbasen i Flora var etablert og hadde fått eit arbeidsgrunnlag, men næringslivet elles oppnådde relativt små leveransar og fylket rekrutterte primært ufaglært arbeidskraft til sokkelinstallasjonane utanfor fylket.

Men trass i dette så var situasjonen på slutten av 1980-talet at det var etablert ein base i Flora og resultatet i Snorre-saka innebar at basen hadde fått eit arbeidsgrunnlag som peika mot vidare deltaking i oljeaktivitetane. Det var ikkje sjølv sagt. Berre nokre få år tidlegare var utsiktene til ei slik utvikling svært dårlege. Med Fjord Base i Flora var det etablert eit slags senter i periferien for utvida oljedeltaking. Spørsmålet var i kva grad dette ville gi bølger inn i fylket som etter kvart kunne gi grunnlag for nye former for deltaking. Det gir ikkje mitt arbeid svar på.

7.2 LOKALE OG REGIONALE STYRESMAKTER I OLJESAKENE

Eg har så langt konkludert med at oljeverksemda som økonomisk aktivitet synest å gi eit lokaliseringsmønster som gjer det vanskeleg for utkantområde å bli deltakar. I tilfellet Sogn og Fjordane var den økonomiske strukturen i utgangspunktet ei hindring og næringslivet makta åleine ikkje å nytta ut dei nye handlingsvilkåra. Likevel syntest fylket på andre halvdel av 1980-talet å vera på veg inn i oljealderen. Kva var det som bringa fylket innafor?

Kvifor kom fylket med?

Ein del "eksterne" faktorar må først med som forklaringsvariablar. Krisa i skipsbyggingsindustrien på slutten av 1970-talet gav fylket nye og tvingande grunnar for å interessera seg for oljeverksemda og starta ein prosess i regi av lokale styresmakter. Utover 1980-talet gav utviklinga i verksemda på sokkelen utanfor fylket, med mange nye funn og etter kvart felt som vart klare for utbygging og drift fordelar til Flora i forsyningstenestene. Det forholdet at Snorre-feltet vart klarert for utbygging var like eins gunstig for Flora og Sogn og Fjordane. For det vesle norske selskapet Saga var Snorre det første oljefeltet der

selskapet skulle vera operatør for utbygging og drift. I tillegg til at Saga hadde henta forsyningar frå Flora i leitefasen, hadde Flora klare fordelar i geografisk plassering.

Men desse eksterne faktorane var etter mi vurdering ikkje meir enn naudsynlege føresetnader for at Sogn og Fjordane skulle bli deltakar i verksemda. Sjølv om ei rekkje forhold ved utviklinga på 1980-talet tilsa at tida var moden for deltaking også frå dette fylket si side, held eg fast på at det ikkje var tilstrekkeleg for å trekkja fylket med i verksemda. Sjølv i lokaliseringssaka om Snorre, der fylket hadde uvanleg mange fordelar, er inntrykket at Saga såg det som ei belastning å bli pressa til å lokalisera oppgåver av noko betydning til Flora. Kva hadde situasjonen vore dersom ikkje etableringa av Fjord Base hadde vorte pressa fram av lokale og regionale styresmakter? Min konklusjon på siste halvdel av 1980-talet er dermed at forklaringa på at fylket var blitt deltakar i oljeverksemda må søkjast i politiske forhold, spesielt i lokale og regionale styresmakter sine handlingar.

Til forskjell frå næringslivet makta lokale styresmakter, representert ved fylkeskommune og Flora kommune, til ein viss grad å nytta ut dei nye handlingsvilkåra som oljeutviklinga gav. Det kan konkluderast med at det Sogn og Fjordane så langt hadde oppnådd av oljedeltaking var initiert og langt på veg pressa fram av lokale og regionale styresmakter.

Interesser og rolledefinisjon

Representantane for oljesakene i Sogn og Fjordane, som har vore mitt utgangspunkt, stilte aldri på alvor spørsmål ved om fylket burde delta i verksemda på sokkelen. Problemstillinga vart reist av meir perifere kommunar og interesser med jamne mellomrom, men vart alltid avvist. Det fylkeskommunale oljeutvalet og dei andre deltakarane definerte fylket si interesse til å bli deltakar. Problemet var korleis dette skulle realiserast.

Dette er ikkje noko særsyn. Granskingar frå andre stader syner at det er arbeidsplassar og ny næringsverksemd som er hovudinteressa når lokale styresmakter engasjerer seg i oljesakene (Peersen, 1984). Som eg freista få fram innleiingsvis i dette arbeidet, er det også den problemstillinga dei fleste oljenasjonar har stått framom i møtet med dei multinasjonale oljeselskapa. Det var også det som var problemstillinga på nasjonalt nivå på 1960- og 70-talet: Korleis kunne Norge oppnå inntekter, arbeidsplassar, ny næringsverksemd og kunnskap som følgje av det som skjedde på kontinentalsokkelen?

Dei lokale oljerepresentantane definerte oppgåvene sine til å tilpassa fylket til oljeaktivitetane sine krav så langt det let seg gjera. Eg gjekk relativt nøye inn på dette i samband med dei sentrale utgreiingsarbeida om fordelinga av dei landbaserte oljeaktivitetane kring 1980. Det fylkeskommunale oljeutvalet gjekk svært langt i å følgja opp dei sentrale tilrådingane om tilpassing. Me kan såleis slå fast at det vart lagt stor vekt på å følgja opp dei sentrale krava, på normoppfølging.

Men det er ikkje berre tale om normoppfølging. Deltaking i oljesektoren føreset i endå større grad initiativ og handlingsevne. Særleg fylkeskommunen påtok seg ei ambisiøs rolle med å fylla dei omtala "tomromma" i fylket. Dette innebar omfattande aktivitet mot alle dei sentrale aktørane på oljesektoren og det lokale næringslivet. Etablering av ein fylkesallianse saman med Ankerløyken og Flora kommune var ein strategi godt i samsvar med dei sentrale tilrådingane.

Det at det vart etablert ein fylkesallianse, utan vesentlege konflikhtar, var ein viktig føresetnad for arbeidet. Det står i klar kontrast til situasjonen tidleg på 1970-talet då det ikkje var mogeleg å finna fram til ein stad som kunne vera aktuell for plattformbygging. I striden om basemønsteret mellom 61 og 62°N på første halvdel av 1980-talet, var det utan tvil ein klar fordel for Sogn og Fjordane at ein hadde Flora som einaste alternativ. Fylkesalliansen stod sterkt i den konkurransen og oppnådde politiske vedtak til sin fordel.

Utviklinga i Flora frå byrjinga av 80-talet og den dristige satsinga i kommunal regi, med sterk støtte frå fylkeskommune og sentrale styresmakter, på utbygginga av base var ein annan føresetnad for fylket si deltaking. Utbygginga skjedde tidleg i forhold til aktiviteten på sokkelen i det aktuelle området, men i ettertid er det ikkje vanskeleg å slå fast at dette var ein føresetnad for at fylket kom inn i verksemda midt på 1980-talet.

Innleiingsvis trekte eg opp eit perspektiv på lokale styresmakter der eg fokuserte oppgåvene deira i spenningsfeltet mellom det å hevda lokale interesser og det å fungera som ledd i utøvinga av ein sentral politikk. Implisitt låg det her ei mulegheit for at det kunne oppstå konflikhtar mellom sentrale og lokale interesser i oljesakene.

Med fylkeskommunen og oljekommunen Flora som representantar for fylkets interesser, kan det ikkje registrerast alvorlege konflikhtar i forhold til sentralt nivå. Årsaka til det er at fylkets interesser til dei grader vart definert til å tilpassa seg dei sentrale krava. Delvis som resultat av lokale og regionale interesser si påverking i utgreiingsarbeid m.m. vart det definert ei slags sams forståing av problema på sentralt og lokalt hald. Formuleringar om distrikta sine problem i oljeverksemda og behova for å trekkja mindre bedrifter og generelt større delar av det norske samfunnet med i oljeaktivitetane var resultat av møtet mellom sentrale og lokale interesser i det politiske systemet. Så lenge problema blei oppfatta likt på lokalt og sentralt nivå oppstod det ikkje reelle konflikhtar, men ein konkurranse om å vinna fram og om å nytta ut forhandlingsmulegheiter. Med mitt utgangspunkt i det fylkeskommunale oljeutvalet er det karakteristiske dermed at sentrale og lokale styresmakter i tilfellet Sogn og Fjordane først og fremst framstår som partnarar for gjennomføring av ein felles politikk (Strand, 1985).

Innafor eit partnarperspektiv er spørsmålet om ein er i stand til å nytta ut handlingsvilkåra, ikkje minst om ein har kompetanse til å kommunisera effektivt med sentrum. Det viste spesielt fylkesnivået at ein hadde. I Ingvald Ulveseth hadde Sogn og Fjordane ei bru til sentrale aktørar, spesielt styresmakter og Statoil. Med sin bakgrunn frå sentrale politiske arenaer hadde Ulveseth heilt spesielle føresetnader for å gjera fylket sine interesser gjeldande. Ulveseth si rolle kan slik sett gjerne karakteriserast som moderniseringsagent og "bruhovud" for

sentrum sine interesser. Men kanskje er det like relevant å karakterisera rolla hans som bruhovud for periferien sine interesser i sentrale vedtaksorgan. Det er lite tvil om at Ulveseth nytta posisjonen sin i til dømes Distriktenes Utbyggingsfond til å arbeida fram dei lokale interessene.

Ein føresetnad for å fremja fylket sine interesser på ein effektiv måte var at fylket stod samla i oljespørsmåla. Ei viktig oppgåve var dermed å hindra eller redusera interne konfliktrar i fylket i samband med oljeutviklinga. Det gjeld i første rekkje spørsmålet om å satsa på Flora som fylket sin oljekommune og å få til naudsynleg utbygging av infrastrukturen der. Dei spede protestane og ynskja frå andre delar av fylket om å delta tok oljeutvalet, først og fremst Ulveseth, hand om. Strategien var å ikkje politisera spørsmåla. Dei sentrale aktørane visste kor vanskeleg det vanlegvis er å oppnå semje om å satsa på ein stad i fylket, eller prioritera ein type utbygging. Ingen av det eg oppfattar som viktige spørsmål i oljesamanheng vart nokon gong handsama av breitt samansette folkevalde organ i fylket. Dei var det Bachrach og Baratz (1970) kallar ikkje-avgjerder. Dei sentrale aktørane nytta sin posisjon til å unngå at spørsmåla kom på dagsorden. Det gjeld spørsmålet om ein skulle satsa på oljeengasjement, utpeikinga av Flora som fylket sin oljekommune og fleire utbyggingsoppgåver i tilknytning til utbygginga der.

Ei følgje av det var at andre kommunar som prøvde å fanga oljeutvalet og Ulveseth si interesse ikkje lukkast. I oljesakene var det ikkje mogeleg å representera alle. For utkantkommunane var oljesakene ein bratt motbakke. På dette grunnlaget kan spørsmålet om interessemotsetningar og partnerskap ta seg annaleis ut når ein ser på forholda internt i fylket. Truleg vil ein ikkje koma ut med dei same konklusjonane dersom ein analyserer oljeutviklinga med utgangspunkt i ein av dei perifere kystkommunane. Men mi analyse, med primært utgangspunkt i fylkesnivået og oljekommunen Flora, gir grunnlag for å konkludera med at lokale og regionale styresmakter har bidrege til å motverka det grunnleggjande sentrum/periferi-mønsteret i oljeaktivitetane.

Relasjonane til sentrale styresmakter

Sogn og Fjordane si deltaking i oljeaktivitetane er så og seia fullt og heilt resultat av vedtak eller forhandlingar med sentrale styresmakter eller dei er resultat av initiativ som byggjer på at staten spelar ei aktiv rolle i oljesakene. For meg synest det klart at ei aktiv og synleg statsmakt i oljesakene gav dei lokale aktørane betre handlingsvilkår. Det er grunn til å konkludera med at aksess til sentrale styresmakter var ein føresetnad for at lokale og regionale styresmakter kunne spela ei slik rolle i oljesakene.

Ser ein dei tre fasane under eitt, blir dette poenget svært klart. I den første fasen var sentrale styresmakter langt på veg usynlege i oljesakene i fylket. I dette perspektivet var det oljeaktivitet i reindyrka, umodifisert variant som rådde med dei multinasjonale oljeselskapa og store entreprenørgrupper som premissleverandørar. Det typiske då var småkommunar som tevla seg imellom. Småkommunane møtte utbyggingsinteressene i ein svært veik forhandlingsposisjon.

I den andre fasen vart sentrale styresmakter synlege i fylket sitt møte med oljeverksemda. Den regionale fordelinga av den landbaserte oljeutbygginga kom på dagsorden både fordi verksemda på sokkelen auka sterkt og at det vart større interesse for å delta i verksemda frå distrikt som blei ramma av lågkonjunkturen. I denne fasen kom dei lokale interessene i dialog med primært distriktsorienterte delar av det sentrale statsapparatet og oppnådde gjennom deltaking i utgreiingsarbeid å påverka formulering av problemstillingane i oljesektoren.

Også i den siste fasen var aksess til sentrale styresmakter det avgjerande for interessene frå Sogn og Fjordane. Både i arbeidet med å etablere basen i Flora og i Snorre-saka var fylket sin strategi basert på at sakene skulle avgjerast av sentrale styresmakter.

Ut frå mitt materiale er det dermed grunn til å trekkja den konklusjonen at det politiske systemet til ein viss grad motverkar den regionale ubalansen i fordelinga av aktivitet i samband med oljeverksemda. Ein føresetnad for det er at dei lokale interessene har aksess til sentrale vedtaksorgan og generelt maktar å nytta ut dei mulegheitene det politiske systemet gir.

Eg har lagt stor vekt på å få fram at særleg fylkesnivået sin strategi i oljesakene var prega av det eg har kalla ei "offentleg orientering". Sogn og Fjordane markerte seg i oljesakene først og fremst med krav om politisk styring. I dei aller fleste samanhengar var det viktigare enn forsøk på å nå fram i fri konkurranse, altså på marknaden. I ein skilde tilfelle kom representantane for fylket i den posisjonen at dei forlanga meir styring og meir stat enn det sentrale styresmakter var villig til. Dette er eit poeng som samsvarar godt med noko av det Hernes (1978) legg vekt på i forklaringa av den aktive statsmakta og i beskrivelsen av korleis dei moderne styringssystema fungerer. I oljesakene kjem sentrale styresmakter også i ei rolle som "ankeinstans" for dei interessene som ikkje når fram på marknaden. Lokale styresmakter bidreg også til å aktivisera den sentrale statsmakta.

Den offentlege orienteringa fungerte godt inn til eit visst nivå og på visse føresetnader. Ein føresetnad for å nå fram var gunstige politiske konstallasjonar på sentralt nivå og til ein viss grad, kan det synast, at Ulveseth sjølv hadde sentrale posisjonar. Ein annan føresetnad var at krava om deltaking ikkje vart for ambisiøse. Det var denne grensa ein etter alt å døma nådde i Snorre-saka. Ulveseth var sjølv representanten for den mest offensive lina i spørsmålet om Snorre-etableringa. Ulveseth avviste kategorisk at Sogn og Fjordane skulle vera ueigna for dei strategisk viktige delane av driftsorganisasjonen for dette feltet. Det kravet nådde ein ikkje fram med då.

Ingvald Ulveseth har stått sentralt i oljesakene i fylket, og eg har alt nemnt fleire grunnar til det. Dersom ein trekkjer linene attende til byrjinga av 1970-talet, då Ulveseth var ein sentral aktør i utforminga av den nasjonale oljepolitikken, er det ikkje vanskeleg å finna parallellar i den strategien han la opp til i Sogn og Fjordane. Ulveseth sine framstøyt var heile tida basert på ein aktiv stat i oljesektoren. Tidleg på 70-talet, mellom anna med "Oljemeldinga" i 1973, var det dei negative sidene ved "petroliseringa" av samfunnet som stod i fokus. Motvekta skulle vera ei aktiv statsmakt. Det har også vore det viktigaste stikkordet i Sogn og Fjordane sine forsøk på å bli deltakar. Kravet om regional rettferd og fordeling

har gått igjen i alle sakene. Men det er også mogeleg å registrera ei endring frå å definera seg som "klient" i oljesakene, det vil seia å oppsøka sentrale styresmakter med ankesaker og krav om særhandsaming, til å visa seg så eigna for etablering og aktivitet som mogeleg.

Berrefjord og Hernes (1978) peikar på at utbygging av organ og sterkare industripolitisk styring på fylkesplan kan føra med seg fleire konflikhtar mellom fylke og stat. I alliansen mellom Ankerløykken og lokale og regionale styresmakter sine problem med å etablere seg innafør oljesektoren låg det eit grunnlag for denne typen konflikhtar.

Relasjonane til oljeselskap og utbyggingsinteresser

Det forholdet at interessene frå Sogn og Fjordane oppnådde noko i møtet med oljeselskapa kan også langt på veg knytast til den aktive staten. Kring 1980 resulterte staten sine konsesjonsvilkår i at lokale styresmakter kom i ein forhandlingsposisjon til dei utanlandske oljeselskapa. Dei visste at samarbeid med norske interesser ville løna seg i tevlinga om å oppnå konsesjonar på norsk sokkel. No gav forholdet til dei utanlandske selskapa få konkrete resultat i Sogn og Fjordane, noko som eit stykke på veg kan knytast til problema i næringslivet. Oljeutvalet oppsummerte at ein ikkje makta å følgja opp denne typen framstøyt.

Men også forhandlingane med Statoil og Saga var bygd på at dei viktige avgjerdene blir fatta av sentrale styresmakter. Det var medvitet om at oljeselskapa hadde behov for å opptre som politiske aktørar og å samla oppslutning om sine interesser som var grunnlaget for den lokale strategien. I forhold til Statoil var det ein ekstra dimensjon. Statoil vart, ikkje utan grunn, oppfatta som ein "halvoffentleg" aktør i oljesektoren, som ei forlenging av den politiske styringa med verksemda på sokkelen og dermed som eit selskap som både hadde politiske forpliktelsar og i større grad kunne påverkast på politisk grunnlag.

Dette var ingen ukjend situasjon for selskapet. Statoil har heile tida vore avhengig av det politiske klima i Norge. Satsing på politisk støtte har difor vore ein rasjonell strategi for selskapet (Berrefjord og Heum, 1983). Statoil har dessutan betre føresetnader enn dei utanlandske selskapa for å bevega seg i det politiske landskapet. Dei kjenner skiljeliner og interessedimensjonar i norsk politikk. Dei svære utbyggingssakene om ilandføring av Statfjord-gassen og utbygging av Gullfaks i 1981 viste statsoljeselskapet som ein røynd aktør på den politiske arenaen. Ingenting tyder på at dei var uvande med å driva kjøp og sal også med lokale og regionale styresmakter for å realisera interessene sine.

I min samanheng er det viktigaste at fylket sine representantar viste evner til å utnytta forhandlingsposisjonen. Statoil sitt behov for å mobilisera regional støtte for å vinna fram med sine interesser viste seg også å gi Sogn og Fjordane mulegheiter i oljesakene. For fylket sine representantane vart forholdet til Statoil kanskje det viktigaste inntaket til oljealderen. I den siste fasen vart forholdet til Statoil utvikla vidare og resulterte etter kvart i at selskapet framstod som ein slags rådgjevar for fylket innanfor oljemiljøet. Statoil kom med utgangspunkt i

Gullfaks-saka i eit forpliktande forhold til Fjord Base og fekk ei eigeninteresse i at fleire selskap brukte basen.

Også forhandlingane med Saga om Snorre-etableringa var basert på at selskapet hadde behov for politisk støtte. Dei lokale representantane makta eit stykke på veg å utnytta det forholdet at Snorre-saka til sist skulle avgjerast av Stortinget. Fylket kom i forhandlingsposisjon med Saga og selskapet såg seg tent med å inngå ein avtale med representantane frå fylket. Avtalen gav kanskje ikkje det optimale resultatet for selskapet, men han realiserte Saga sine primære mål i saka. Det politiske systemet viste seg igjen å gi mulegheiter for regionale interesser.

No skal det leggjast til at både i saka om Gullfaks og Snorre hadde dei aktuelle oljeselskapa eit uvanleg sterkt behov for å mobilisera støtte for interessene sine. Både Statoil og Saga var i den situasjonen at det galdt det første prosjektet der dei sjølve skulle bli operatør for utbygging og drift av eit oljefelt. Det var tale om sjølve "dåpen" deira som sjølvhjelpne oljeselskap.

På denne bakgrunnen er det stor skilnad mellom einskildkommunane som vart overrumpla av entreprenørgrupper på leit etter høvelege anleggsområde i utkantane tidleg på 1970-talet og dei forhandlingane og den systematiske påverkinga dei lokale representantane gjennomførde i forhold til oljeselskap og sentrale styresmakter i Snorre-saka på 1980-talet. I begge tilfella spelte lokale styresmakter rolla som tilretteleggjarar for oljeutbygging, men medan dei i den første fasen berre framstod som passive mottakarar av det utbyggingsinteressene fann det for godt å tilby, var dei i den siste fasen i stand til å spela rolla som pågåande og krevjande forhandlarar i spørsmål om den territorielle fordelinga av oljeaktivitetane.

Relasjonane til lokalt næringsliv

Oljesakene gir ei rekkje døme på nye relasjonar mellom styresmakter og næringsliv i fylket, altså det ein kallar korporative utviklingstrekk også på dei lokale nivåa.

Fenomenet lokal korporativisme er kjent, men det ein vanlegvis har vore oppteken av er korleis lokale politiske institusjonar blir mobilisert til forsvar for lokalt næringsliv (Hernes og Selvik, 1978). Det er nok av døme på dette i min gjennomgang, mellom anna i forsøka på å redde Ankerløkken ut av krise på slutten av 1970-talet og delegasjonane frå Rauma som reiste til Oslo for å krevja auka utvinningstakt på norsk sokkel for å halda liv i plattformbygginga på Åndalsnes. Det typiske i dei sakene var at dei hadde bakgrunn i akutte krisesituasjonar.

Det viktigaste funnet i mitt arbeid er at forsøka på mobilisering for å rusta seg til oljedeltaking i så stor grad har gått frå styresmakter til næringslivet. Ei av hovudoppgåvene til det fylkeskommunale oljeutvalet var nettopp å mobilisera næringslivet til oljeretta omstilling. Dei mange initiativa og direkte press for å få det til er blant dei sakene som slår ein sterkast. Det galdt særleg i Ankerløkken

sin omstillingsperiode på slutten av 1970-talet og i forsøka på å byggja ein paraply-organisasjon for oljeretta omstilling i industrien.

Forsøka på å mobilisera næringslivet og generelt den aukande korporative utviklinga i fylket er heller ikkje reine reaksjonar på krisetiltak. Dei er i større grad å forstå som politiske utviklingstrekk. Behova for nære samband mellom næringsliv og styresmakter i distrikta er opplagde med tanke på dei utfordringane dei står framfor i økonomiske endringsprosessar av det slaget oljeutviklinga representerer. Dei er også forståelege tilpassingar til det forholdet at særleg fylkesnivået er blitt tillagt viktige oppgåver i forvaltninga av lovverket, som m.a. etableringslova og petroleumslova. Men det spesielle i Sogn og Fjordane er at tilnærminga til dei grader gjekk den eine retninga.

7.3 LOKALPOLITISKE VERKNADER AV OLJEUTVIKLINGA

Det er ein konklusjon frå gjennomgangen at fylkeskommunen står fram som eit meir høveleg fordelingsnivå i oljesakene enn primærkommunane. Fylkesnivået er meir i samsvar med dei svære dimensjonane og dei få landbaserte einingane som skal fordelast. Dette vart utvetydig understreka i dei sentrale utgreiingane kring 1980 og er gjennomgåande i alle dei sakene me har sett på. Frå sentrale styresmakter si side er det fylkesnivået det blir fokusert på i oljesakene. Oljeutviklinga representerer ei tyngdeforskyving frå primærkommunane til fylkeskommunen.

Den beskrivelsen eg gav i kapittel 3 av dei politiske kjenneteikna ved fylket er ikkje dekkande for fylket sitt med møte med oljeverksemda. Det er ei klar utvikling gjennom den perioden eg har sett på i retning av utoverretta orientering og meir positiv innstilling til å tilpassa seg sentrale krav om endring og modernisering. I stor grad kan desse endringane knyttast til utviklinga av fylkesnivået.

I det meste av den perioden eg har sett på, vart oljesakene tekne hand om og engasjerte eit relativt snevert miljø dominert av topp-politikarar og byråkratar, mest på fylkesnivå. Primært er alle dei sakene eg har sett på ulike typar forhandlingsspel mellom på den eine sida dei sentrale aktørane på oljesektoren og på den andre sida sentrale, men små miljø på fylkesnivå og i oljekommunen Flora. Etter mi vurdering er det også ein illustrasjon på korleis fylkesnivået fungerer som politisk-administrativt styringsnivå. Fylkesnivået er meir topp-tungt og det skjer lettare at sakene unngår handsaming i dei breitt samansette folkevalde organa. Det er grunnlag for å trekkja den slutninga at oljeutviklinga fører med seg konsentrasjon og eliteutvikling i lokalpolitikken.

Kvifor er det slik? I utgangspunktet var oljeverksemda noko stort, fjernt og utilgjengeleg for fylket. I tillegg var oljespørsmåla kompliserte, både teknisk og forretningsmessig og det var krevjande å vera informert. Det gjorde at oljesakene i utgangspunktet vart overlatne til dei få. Det var også mogeleg avdi fylket hadde ein representant i Ulveseth som utan tvil hadde kompetanse til å ta hand om sakene. I tillegg til dette hadde Ulveseth autoritet og tillit i kommunane. Difor

var det mogeleg for det fylkeskommunale oljeutvalet å halda oljesakene innafør relativt avgrensa og lukka fora. Få andre kunne uttala seg med særleg tyngde. Etter mi vurdering er det også ei forklaring på dei få motsetnadene og opne konfliktane i oljesakene. Tendensar til ein annan situasjon ser ein først i Snorre-saka, då talet på deltakarar og interesser auka sterkt.

Ei anna forklaring er at oljesakene krev tempo og handling som gjer dei tradisjonelle lokalpolitiske arbeidsmåtane ueigna. I alle oljesakene er det tale om å hevda seg i ei tevling med andre regionale eller lokale interesser. I slike samanhengar kan det synast å vera aksept for at "folkestyret" vert sett til sides. Me såg at då oljesakene vart verkeleg viktige ut på 1980-talet vart også dei menige medlemene i det fylkeskommunale oljeutvalet kutta ut. Reaksjonane frå politikarane var relativt beskjedne.

Deltaking i ein ny, ekspanderande sektor som oljeverksemnda skapar skilnader mellom dei som blir med og dei som står utanfor. I Sogn og Fjordane definerte det fylkeskommunale oljeutvalet langt på veg deltaking til å vera ein avgjerande føresetnad for at fylket skulle bli med i den nasjonale moderniseringsprosessen. Det same galdt Flora kommune som såg mulegheitene for å gi kommunen ein meir sentral og privilegert posisjon med oljeutviklinga. I min gjennomgang er det mange døme på at deltaking i verksemnda gir verknader i form av betre infrastruktur og spesiell merksemd i fordelinga av offentleg utbygging. Både fylkeskommunen og Flora kommune var medvitne om det.

Først langt inn på 1980-talet fekk oljesakene betydning i fleire samanhengar og for andre interesser i fylket. Dei engasjerte større delar av den politiske og administrative eliten i fylket og oljesakene fekk betydning også på andre samfunnsområde. Oljeutviklinga gav som eg har vist retning til meiningar og tiltak innan samferdsle, utdanning m.m. Oljeutviklinga var i ferd med å prega fylket på fleire område. Det tok meir tid i dette fylket enn dei fleste andre stader.

NOTAR

1. Når eg nyttar dei upresise omgrepa "oljeverksemd", "oljeaktivitet" eller "oljeutvikling" meiner eg all verksemd på kontinentalsokkelen med tilknytt aktivitetar på land. "Petroleumsverksemd", som dekkar aktivitet både i samband med olje og gass er meir dekkande og vil også bli nytta.
2. Registreringa inkluderer både "primære" og "sekundære" oljeaktivitetar; dvs. all sysselsetting i tilknytning til verksemda på sokkelen, også næringslivet sine leveransar av varer og tenester. Arbeidstakarane er registrert i det fylket arbeidsgjevaren er heimehøyrande. Eg kjem attende med ei nærare utdjuping av primære og sekundære oljeaktivitetar i kapittel 2.
3. Normalt vil ei blokk på norsk sokkel bli tildelt ei gruppe av oljeselskap. Olje- og energidepartementet utpeikar eitt av selskapa som operatør. Dette selskapet får ansvaret for den daglege leiinga av aktiviteten på blokka, også for utbygging og drift dersom det blir aktuelt. Eit oljeselskap utan operatøransvar på norsk sokkel vil berre ha behov for ein liten administrasjon i Norge.
4. Nettodelen av leveransane gir uttrykk for kor stor del av dei inngåtte kontraktane som er norsk verdiskaping. Denne storleiken kjem fram ved at kontraktane som operatørane inngår med norsk næringsliv vert korrigererte for direkte import. Omgrepet gir likevel ikkje uttrykk for rein norsk verdiskaping. I dei fleste norske underleveransar vil det vera ein viss importdel. (St.meld. nr. 53, 1979-80.)
5. I følgje Hanisch og Nerheim (1992) ville oljesakene normalt blitt plassert i Industridepartementet. Dei knyter plasseringa i Utanriksdepartementet til Kings Bay-ulukka.
6. I følgje Hanisch og Nerheim (1992) viste det seg vanskeleg å gjennomføra dette skiljet konsekvent. Det galdt Oljedirektoratet i skiljet mellom politikk og forvaltning og ikkje minst Statoil når det galdt forholdet mellom politikk og forretning.
7. Også på andre måtar blir Statoil favorisert på norsk sokkel. Det gjeld regelen om "bæringsbetingelse" som inneber at utanlandske oljeselskap med eigarinteresser i eit felt må bera Statoil sin del av kostnadene i leitefasen fram til utbyggingsplan ligg føre. Regelen om "glideskala" inneber at Statoil kan auka sin del i eit utvinningsløyve opp til eit visst nivå avhengig av topp-produksjonen på feltet. Ut på 1980-talet vart glideskalaen erstatta med ein statleg opsjon på ein fast produksjonsandel uavhengig av produksjonsnivå (Olje- og enrgidepartementet, 1988).
8. Skippinga av Statoil og selskapet sin voldsomme ekspansjon midt på 1970-talet medførde også press særleg frå dei borgarlege partia om å styrka den politiske styringa av oljesakene med skiping av eit eige departement (Hanisch og Nerheim, 1992).
9. I summeringa er det med alle selskap, også dotter- og dotter-dotterselskap, som var med i dei fem selskapa sine konsernrekneskap for 1979 (Norsk Hydro 1979/80). At eit selskap kjem med i konsernrekneskapen vil i dei fleste tilfelle seia at konsernet direkte eller indirekte eig meir enn 50% av selskapet, eller at konsernet på anna vis har avgjerande innverknad. Med det er det også klart at ei rekkje selskap der desse konserna har større eigardelar eller ulike samarbeidsavtalar ikkje er med i oversynet. Utrekninga er gjort på grunnlag av Arbeidsdirektoratet sin sysselsettingsstatistikk på bedriftsnivå 1980 samanhalde med årsmelding 1979 for dei aktuelle konserna (Norsk Hydro 1979/80).

10. Opplysningane baserer seg på intervju med tidlegare ordførar i Flora, Ludvik Botnen 10.4.1981.

11. Framstillinga baserer seg på intervju gjennomført 16.-17.8.1978 med arbeidskontorbestyrar Alf Hanekamhaug og ordføraren i Rauma i den aktuelle perioden, Lars Ramstad. Arbeidskontorbestyraren var ein av ordføraren sine næraste medarbeidarar i forhandlingane med entreprenørselskapa. Intervjua er supplert med gjennomgang av Åndalsnes Avis og Sunnmørsposten for den aktuelle perioden. Heggen (1980) gir ei meir omfattande framstilling av saka.

12. Det gjaldt mellom anna Mobil i samband med at selskapet fekk tildelt ein andel i den lovande "sølvblokka", blokk 30/6 (Helle, 1984).

13. Intervju med formannskapsmedlem Jostein Bjørnset og tidlegare ordførar Ludvik Botnen, begge Flora kommune, april 1981. I følge Botnen satsa Ulveset alltid på dei store. "Han var skeptisk til små kranglefantar."

14. NORSEA som vart introdusert som samarbeidspartner for Ankerløkken vart etablert i 1965 og var det første selskapet i Norge som satsa på forsyningstenester til verksemda på sokkelen. Dei har hatt tilhald i Stavanger sidan 1966 (Hanisch og Nerheim, 1992). NORSEA var også inne i biletet som samarbeidspartner for Ankerløkken i 1978. (Aftenposten 7.7.78.) Me møter igjen selskapet på eit seinare tidspunkt i baseoppbygginga i Flora.

15. Intervju med formannskapsmedlem Jostein Bjørnset, 9.4.1981.

16. Mellom anna i brev frå formann og sekretær i oljeutvalet til fylkesutvalet, u.d. feb. 1978, i OU-sak 4 i møte 16.2.78 og i brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til Olje- og energidepartementet, Industridepartementet og Distriktenes Utbyggingsfond, dagsett 7.9.1978.

17. OIS, som vart skipa på Sørlandet med utgangspunkt i Kristiansand Mek. Verksted i 1972, var det første vellukka dømet på samanslåing av mindre verksemdar som orienterte seg mot oljeleveransar (Hanisch og Nerheim, 1992).

18. Det var spørsmålet om ilandføring av Statfjord-gassen som gjorde at sommaren 1981 var siste frist for avgjerd i saka. Dette kjem eg attende til i neste avsnitt.

19. I brevet heitte det også at fylkeskommunen burde ta opp forhandlingar med Kyrkje- og undervisningsdepartementet og Hordaland fylkeskommune om å leggja eit planlagt senter for sikkerheitsopplæring for oljeverksemda til Flora. Senteret var opprinneleg tenkt lokalisert til Sotra, men dersom Sogn og Fjordane lovde Hordaland støtte til ilandføring av gass til Mongstad, meinte dei at dette kunne la seg gjera. Statoil engasjerte seg for å få senteret lokalisert til Flora, men i mars 1981 var det klart at Sotra vart lokaliseringsstad.

20. Framstillinga baserer seg på offentlege dokument som vedkjem spørsmålet om ilandføring av Statfjord-gassen, gjennomgang av referat frå møta i det fylkeskommunale oljeutvalet og anna fylkeskommunalt materiale om saka, gjennomgang av lokalaviser og samtalar med sekretæren i det fylkeskommunale oljeutvalet.

21. Referat frå møte mellom Forhandlingsutvalget for Statfjordgassen og fylkesmennene 29.5.80. I det følgjande vert dette utvalet kalla forhandlingsutvalet.

22. Det har ikkje vore mogeleg å finna referat frå sjølve møtet, men det er omtala i eit referat frå eit nytt møte i Askvoll 15.7.1980 mellom kommunane i området.

23. Det kan også nemnast at det på fylkeskommunalt hald i fleire år hadde vore stelt med relativt luftige planar for det same området om tilverking av anorthositt til aluminiumsoksyd for aluminiumsindustrien. Dette som erstatning for importert bauxitt. Det synest som om kommunane hadde dårleg kjennskap også til desse planane.
24. På andre halvdel av 1980-talet kom nokre operatørselskap i den situasjonen at dei hadde felt nummer to eller tre klart for produksjon. I første omgang galdt det Statoil sitt felt Veslefrikk som ligg tett opp til Gullfaks. I den samanhengen søkte Statoil om at etableringslova ikkje måtte omfatta slike felt der det ville vera tale om å integrera dei nye driftsoppgåvene i eksisterande organisasjon. Statoil ynskte å driva med basis i Gullfaks-organisasjonen i Bergen. Sogn og Fjordane fylkeskommune protesterte på dette fordi det ville redusera mulegheitene for styring av oljeverksemda. Dei kravde konsekvent praktisering av lova (Fylkesutvalssak 262/1987).
25. I tillegg låg det her ein konflikt som galdt den fylkeskommunale leiinga sin råderett over stillinga.
26. Arbeidet med å etablera ingeniørhøgskule i fylket vart etter kvart ei sak som involverte større delar av den fylkeskommunale organisasjonen. Utdanninga vart sett i verk i Førde i 1989 med fylkeskommunal finansiering, noko som er heller uvanleg innan høgre utdanning. Oljeutviklinga var ei grunngeving for det.
27. Terje Erstad (1986) legg vekt på at kommunal deltaking i slike avgjerdsprosessar ikkje minst er eit spørsmål om evne til å halda ut.
28. Intervju med Ulveseth må tolkast slik.
29. Også andre av Sogn og Fjordane sine viktigaste krav i oljesakene på denne tida fekk tilslutning frå styret i DU. Det galdt m.a. behovet for helikopterbase i Flora og at Norsk Hydro hadde lova å bruka Fjord Base ved oppgåver mellom 61 og 62°N.
30. Mongstad-basen skulle etablerast for å ta seg av forsyningsoppgåver i samband med Oseberg-feltet, også kalla sølvblokka. Tildelinga av operatør-ansvaret for denne blokka var ei stridssak mellom Statoil og Norsk Hydro. Slike finst det mange av. Sjå mellom anna Berrefjord og Heum (1983), Helle (1984).
31. Framstillinga baserer seg på gjennomgang av avisene Bergens Tidende og Sunnmørsposten i den aktuelle perioden.
32. Oljeutvalet vart på dette tidspunktet igjen orientert om utviklinga i Snorre-saka etter at tilsidesettinga av utvalet var teke opp. (OU-sak 2/87.). Men dette innebar ikkje noko sentral rolle i det handlingsretta arbeidet med saka.
33. Andre aktuelle lokaliseringsstader som Ålesund stod ikkje tilbake for Flora når det galdt moderne marknadsføring (Olsen, 1989).

VEDLEGG 1 OVERSYN OVER DATAKJELDER

Møtebøker og sakspapir:

- Møtebok for Oljeutvalet i Sogn og Fjordane 1972-88.
- Tilgjengeleg delar av oljeutvalet sine notat og korrespondanse i same periode.
- Møtebok for Nærings- og ressursutvalet i Sogn og Fjordane 1981-87. Sakspapir i utvalde periodar.
- Referat frå utvalde møte i fylkesutval og fylkesting.
- Referat frå møte i formannskap og bystyre i Flora kommune.

Aviser:

- Sunnmørsposten 1973-81
- Åndalsnes Avis 1973-77
- Firdaposten 1978-88
- Firda Folkeblad 1978-81
- Bergens Tidende 1974-88 (utvalde periodar)

Intervju Rauma:

- Tidlegare ordførar Lars Ramstad, august 1978
- Arbeidskontorbestyrar Alf Hanekamhaug, august 1978

Intervju Sogn og Fjordane fylkeskommune:

- Sekretær i oljeutvalet Anders Andersen, mars 1981)
- Sekretær i oljeutvalet Petter Wiberg, mars og april 1988
- Leiar i oljeutvalet, fylkesmann Ingvald Ulveseth, juni 1988

Intervju Flora:

- Rådmann Heir, Flora kommune, april 1981
- Tidlegare ordførar Botnen, Flora kommune, april 1981
- Formannskapsmedlem Bjørnevik, Flora kommune, april 1981
- Disponent Skår, Flora Fryseri, april 1981
- Disponent Bie, Florø Stål, april 1981
- Basesjef Ødven, Amoco, april 1981
- Dir. Billing, Ankerløkken Nye Verft Florø, april 1981
- Nestleiar i "Klubben" ved ANVF, Sandøy, april 1981
- Fiskar Oddvar Karstensen, april 1981
- Ordførar Hjertenes, Flora kommune, mai 1988

Intervju næringslivet i Sogn og Fjordane elles:

- Sekretær i Sogn og Fjordane industriforening Olaf Ellingsen, april 1981
- Sekretær i Sogn og Fjordane industriforening Eivind Hjellum, mars 1988

Anna:

- Årsmeldingar frå aktuelle bedrifter
- Fylkesmann Ingvald Ulveseth og ordførar Dagfinn Hjertenes har lese gjennom delar av den empiriske framstillinga. Dei vart spurde om å sjå til at det ikkje var faktiske feil i framstillinga.

VEDLEGG 2

OVERSYN OVER FIGURAR

Fig. 1.1 Sysselsettingsutviklinga i oljeverksemda i fire fylke.

Fig. 1.2 Analyseramme.

Fig. 2.1 Viktige petroleumsfelt, transportsystem og forsyningsbasar sør for 62 N.

Fig. 2.2 Sysselsetting i oljeaktivitetane.

Fig. 3.1 Kart over Sogn og Fjordane.

Fig. 4.1 Aktuelle kommunar i etableringssakene.

Fig. 5.1 Fem fylke sin andel av oljesyssselsettinga.

Fig. 5.2 Lokaliseringsstader i samband med utbygging av Gullfaks og ilandføring av Statfjord-gassen.

Fig. 5.3 Lutelandet.

Fig. 6.1 Forsyningsbasar og petroleumsfelt mellom 61 og 62°N.

Fig. 6.2 Lokaliseringsalternativ i Snorre-saka.

REFERANSAR

LITTERATUR:

Allardt, E. & Littunen, Y. (red) (1964). Cleavages, Ideologies and Party Systems. Helsinki: Westmark Society.

Bachrach, P. og Baratz, M.S. (1970), Power and Poverty. London: Oxford University Press.

Baldersheim, H. (1987), "Frå statstenar til stifinnar" i Næss m.fl.(red.): Folkestyre i by og bygd, Oslo: Universitetsforlaget.

Baldersheim, H., Offerdal, A., Strand, T. (1979), Lokalmakt og sentralstyring. Bergen: Universitetsforlaget.

Bergersen, A. A. (1980), Norges 1000 største bedrifter 1979. Oslo: A/S Økonomisk Litteratur.

Berrefjord, O. og Heum, P. (1983) Oljepolitikk. Bergen: FAFO/Tiden.

Berrefjord, O. og Hernes, G. (1978), "Markedsforvitring og statsbygging" i Hernes, G. (red) (1978).

Bjelland, A. K. og Bjelle, T. (1975), Sogn og Fjordane og oljeverksemd. Oslo: Arkitekthøgskulen i Oslo.

Bjelle, T. (1982), "Sogn og Fjordane møter oljealderen" i Søkelys på Sogn og Fjordane 1982:3.

Bjelle, T. og Naustdalslid, J. (1986), Oljeutvikling og lokalt sjølvstyre i Naustdalslid, J. (red.) (1988).

Bjelle, T. og Byrkjeland, M. (1988), Oljearbeidarar frå Sogn og Fjordane. Sogndal: Vestlandsforskning. Prosjektrapport nr. 1/88.

Brox, O. (1966), Hva skjer i Nord-Norge? Oslo: Pax Forlag.

Bukve, O. (1985), Organisasjonsformer i kommunalt tiltaksarbeid. Resultat frå ei kartlegging. Alta: NIBR-notat 1985:158.

Bukve, O. (1988), "Fornyelse fra utkanten? Kommunalt tiltaksarbeid i Norge" i NORDREFO 1988:2.

Danielsen, R. (1987), "Frihet og likhet" i Næss m.fl. (red.): Folkestyre i by og bygd. Oslo: Universitetsforlaget.

Eisenstadt, S.N. (1970), Readings in Social Evolution and Development. Oxford: Pergamon.

Engesæter, Aa. og Thue, J.B. (1988), Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennom 150 år. Oslo: Det norske samlaget.

- Egeland, K. E. (1984), Myndighetenes møte med oljevirkksomheten. Stavanger: Universitetsforlaget.
- Erstad, T. (1986), Kommunale strategier på oljesektoren. Hovedoppgave, Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap, Universitetet i Bergen.
- Eskedal, L. (red.) (1978), Industri og fylke. Momenter og diskusjon om industriutvikling i Sogn og Fjordane. Bergen: Industriøkonomisk Institutt, Rapport nr. 11.
- Fevolden, T. (1982), Politikere på fylkesplan. Oslo: Institutt for statsvitenskap/RFSP.
- Frank, A.G. (1971) Capitalism and Underdevelopment in Latin America. Harmondsworth: Penguin.
- From, J. og Stava, P. (1984), Næringsfond. Kvar dei finst og kva dei nyttast til. NIBR-notat 1984:149.
- Galtung, J. (1971), "A Structural Theory of Imperialism" i Journal of Peace Research, no. 2.
- Gøthe, O. C. (1988), Ærlig talt! Oslo: Tiden.
- Haarr, A. (1982), I oljens tegn. Norsk økonomi i oljealderens første fase. Oslo: Tanum-Norli.
- Hanisch, T. J. og Lange, E. (1986), Veien til velstand. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hanisch, T. J. og Nerheim, G. (1992), Norsk oljehistorie. Bind 1. Oslo: Norsk Petroleumsforening/Leseselskapet.
- Heggen, K. (1980), Plattformbygging - mobil arbeidskraft. Volda: Møre og Romsdal distriktshøgskule.
- Helle, E. (1984), Norges olje - de første 20 årene. Oslo: Tiden.
- Hellevik, O. (1980), Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hernes, G. (1975), Makt og avmakt. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hernes, G. og Selvik, A. (1978), Local Corporatism. Bergen: IØI. Notat nr. 17/78.
- Hernes, G. (1978), Forhandlingsøkonomi og blandingsadministrasjon. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hernes, G. (1985), Økonomisk organisering. Bergen: Universitetsforlaget.
- Hoselitz, B. (1960), Sociological Aspects of Economic Growth. Glencoe, Ill.: Free Press.
- Hulme, D. and Turner, T.T. (1990), Sociology and Development. Hertfordshire: Harvester Wheatsheaf.
- Høyer, K.G. (1976), Ilandføring av Statfjordoljen til Sotra. Oslo: Arkitekthøgskolen.
- Kjellberg, F. (1980), Den kommunale virksomhet, Oslo: Universitetsforlaget.

- Kjellberg, F., Hansen, T. (1979), Det kommunale hamskifte. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Langholm, S. (1971), "On the Concept of Center and Periphery" i Journal of Peace Research, no. 3-4.
- Leivestad, R. (1986), Oljesektorens møte med den korporative kanal. Hovedoppgåve ved inst. for administrasjon og organisasjonsvitenskap, Universitetet i Bergen.
- Merton, R. K. (1968), Social theory and social structure. Glencoe: The Free Press.
- Naustdalslid, J. (1974), Interessedimensjonar i norsk distriktsutbygging. Oslo: Institutt for statsvitenskap, Universitetet i Oslo.
- Naustdalslid, J. (1975), Oljesaka i statlege komitear og utval, i Wyller og Wyller (red.), Motforestillinger I: Norsk oljepolitikk. Oslo: Gyldendal.
- Naustdalslid, J. (1977), "A Multi-Level Approach to the Study of Center-Periphery Systems and Sosio-Economic Change" i Journal of Peace Research, no. 3.
- Naustdalslid, J. (1980), Oljeutvikling, monopolisering og territoriell politisk analyse. Sogndal: Sogn og Fjordane distriktshøgskule. Skrifter 1980:3.
- Naustdalslid, J. (1983), Olje og demokrati - om lokalsamfunn og styringsmuligheter. Sogndal: Sogn og Fjordane distriktshøgskule.
- Naustdalslid, J. (1983A), "Center-Pheriphery Models and Theories: Some introductory Notes", i Naustdalslid, Hansen og Sewel (1983), Center-Pheriphery: Theory and Practice. Sogndal: Sogn og Fjordane Regional College/University of Aberdeen.
- Naustdalslid, J. (1988), Kommunal styring. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Nordberg, T. (red.) (1985), Storting og regjering 1945-85. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Noreng, Ø. (1987), Den norske utfordringen. Oslo: Tano.
- Olsen, J.P. (red.) (1978), Politisk organisering. Oslo: Universitetsforlaget.
- Olsen, J. P (1989), Petroleum og politikk. Oslo: Tano.
- Parsons, T. (1951), The Social System. Chicago: Free Press.
- Peersen, H. (1984), Bergen kommune og petroleumsutviklinga. Bergen: Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap, Universitetet i bergen. Hovedoppgave.
- Petcon A/S (1979), Forstudie vedrørende etablering av forsyningsbase/baseselskap. Stavanger: Petcon A/S.
- Ramsdal, H. (1977), Politisk styring og lokal deltakelse. Bergen: Universitetet i Bergen. Hovedoppgåve ved Institutt for offentlig administrasjon og organisasjonskunnskap.
- Reve, T. (red) (1983), Leveranser til oljevirkomheten. Oslo: Universitetsforlaget.
- Rokkan, S. og Valen, H. (1964), "Regional Contrast in Norwegian Politics" i Allardt & Littunen (1964).

Rokkan, S. (1966), "Numerical Democracy and corporal Pluralism" i Dahl (ed.) Political Opposition in Western Democracies. New Haven and Yale University Press.

Selvik, A. og Hernes, G. (1977), Dynamikk i borehullene. Oslo: Universitetsforlaget.

Shils, E. (1961), "Center and Periphery" i The Logic of Personal Knowledge: Essays Presented to Michael Polanyi. London: Routledge and Kegan Paul.

Skymoene, T. (1986), Petroleumpolitikk og målstyring. Hovedoppgåve ved inst. for administrasjon og organisasjonsvitenskap. Universitetet i Bergen.

Stangeland, P. (1977), Condeep - En arbeidsplass i Stavanger. Stavanger: Rogalandforskning.

Steen, S. (1968), Lokalt selvstyre i Norges bygder. Oslo: J.W.Cappelens Forlag.

Strand, T. (1973), Modellar av sentrum/periferi og studiet av regionale ulikefordelinger. Bergen: Sosiologisk Institutt, Universitetet i Bergen.

Strand, T. (1978), "Staten og kommunane: standardisering, hjelp og sjølvhjelp" i Olsen, J.P. (red.) (1978).

Strand, T. (1985), Utkant og sentrum i det norske styringsverket. Bergen: Universitetsforlaget.

Sveen, I. (1979), Sjuehusstriden i Sogn og Fjordane. Hovedoppgåve i historie. Universitetet i Oslo.

Utviklingsselskapet for næringsliv på Vestlandet (1975), Perspektivanalyse for oljeaktivitetenes utvikling i Hordaland og Sogn og Fjordane 1974-1990. Bergen: UNV.

Veggeland, N. (1976), Regional ubalanse? Oslo: Universitetsforlaget.

Whyte, W. F. (1955), Street Corner Society: The Structure of an Italian Slum. Chicago: University of Chicago Press.

Yergin, D (1991), The price. The Epic Quest for Oil, Money and Power. New York.

Yin, R.K. (1984), Case Study Research. Beverly Hills: Sage Publications. Applied social research series; vol.5.

Østerud, Ø. (1973), Samfunnsplanlegging og politisk system. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

Østerud, Ø. (1978), Utviklingsteori og historisk endring. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

Østerud, Ø. (1979), Det planlagte samfunn. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

OFFENTLEGE DOKUMENT:

Arbeidsdirektoratet (1981, 1988), Sysselsetting ved oljeaktivitetene. Oslo: Arbeidsdirektoratet.

Distriktenes Utbyggingsfond (1978), Kartlegging av lokaliseringsbetingelser for ulike oljeaktiviteter. Rapport fra en arbeidsgruppe 8.8.78.

Distriktenes Utbyggingsfond (1983), Rapport fra en arbeidsgruppe som har kartlagt behovet for basetjenester mellom 60-62°N og fordeling av disse mellom Hordaland og Sogn og Fjordane.

Kommunal- og arbeidsdepartementet (1981), Håndbok for tiltaksarbeidere. Oslo: Dep.

NOU 1974:53, Mål og retningslinjer for reformer i lokalforvaltningen.

NOU 1978:4, Skipsbyggingsindustrien. Del II av "Skipsbyggingsutvalgets innstilling.

NOU 1979:35, Strukturproblemer og vekstmuligheter i norsk industri.

NOU 1980:1, Varer og tjenester til oljevirksomheten.

NOU 1980:39, Lokaliseringsmønster for oljetilknyttet virksomhet sør for 62°N.

NOU 1982:3, Maktutredningen. Sluttrapport.

NOU 1985: 25, Regional fordeling av oljerelatert konsulentvirksomhet.

Olje- og energidepartementet (1987 og 1988), Fact sheet. The Norwegian Continental Shelf. Oslo: Olje- og energidep.

Olje- og energidepartementet. (1992), Faktaheftet. Den norske koninentalsokkel. Oslo: Olje- og energidep.

Oljeutvalet i Sogn og Fjordane (1973), Byggestader for betongplattformer i Sogn og Fjordane.

Sogn og Fjordane fylkeskommune (1973), Årsmelding for Utbyggingsavdelinga. Hermansverk: Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Sogn og Fjordane fylkeskommune (1974), Fylkestingsforhandlingane 1974.

Sogn og Fjordane fylkeskommune (1976), Fylkestingsforhandlingane 1976.

Sogn og Fjordane fylkeskommune (1977A), Fylkesplan for Sogn og Fjordane 1978-81. Leikanger.

Sogn og Fjordane fylkeskommune (1977B), Fylkestingsforhandlingane 1977.

Sogn og Fjordane fylkeskommune (1983), Fylkesplan 1984-87 Sogn og Fjordane. Sektorbidrag om petroleumsverksemd.

Sogn og Fjordane fylkeskommune (1987A), Framlegg til fylkesplan 1988-91. Sektorbidrag om petroleumsverksemd.

Sogn og Fjordane fylkeskommune (1987B), Fylkesplan 1987-91.

Sogn og Fjordane fylkeskommune (1992), Fylkesplan 1993-96.

Statistisk Sentralbyrå (1991), Arbeidsmarkedsstatistikk 1990.

Statistisk Sentralbyrå (1992), Folke- og bustadteljing 1990. Sogn og Fjordane.

Statistisk Sentralbyrå (1993), Statistisk årbok 1993.

Statoil (1974), Årsberetning og regnskap 1974.

St.meld. nr. 27 (1971-72), Om regionalpolitikken og lands- og landsdelsplanleggingen.

St.meld. nr. 25, 1973-74, Petroleumsvirksomhetens plass i det norske samfunnet.

St.meld. nr. 30, 1973-74, Virksomheten på den norske kontinentalsokkel m.v.

St.meld. nr. 77, 1973-74, Ilandføring av gass fra Frigg-området.

St.meld. nr. 96, 1977-78, Om virksomheten til Distriktenes Utbyggingsfond.

St.meld. nr. 57, 1978-79, Petroleumsundersøkelser nord for 62°N.

St.meld. nr. 63, 1978-79, Om energi- og industrisamarbeid.

St.meld. nr. 46, 1979-80, Petroleumsundersøkelser nord for 62°N.

St.meld. nr. 53, 1979-80, Om virksomheten på den norske kontinentalsokkel.

St.meld. nr. 58, 1979-80, Ilandføring av olje fra Statfjordfeltet og status for en samlerørledning for gass.

St.meld.nr. 54, 1980-81, Industripolitiske retningslinjer for de nærmeste år fremover.

St.meld. nr. 29, 1981-82, Den norske stats oljeselskap a.s. Selskapets plan for virksomheten i 1982. Årsberetning og regnskap for 1980. Melding om virksomheten i 1. halvår 1981.j

St.meld. nr. 38, 1982-83, Om utvidelse av leteområdene på kontinentalsokkelen m.v.

St.meld. nr. 40, 1982-83, Om perspektivene ved petroleumsvirksomheten de nærmeste årene.

St.meld. nr. 58, 1982-83, Om utvidelse av leteområdene på kontinentalsokkelen m.v.

St.meld. nr. 73, 1983-84, Om organiseringen av statens deltagelse i petroleumsvirksomheten.

St.meld. nr. 9, 1984-85, Om erfaringene fra og justeringer av retningslinjene for teknologi- og industrisamarbeid.

St.meld. nr. 32, 1984-85, Om petroleumsvirksomhetens framtid.

St.meld. nr. 67, 1984-85, Regional planlegging og distriktpolitikk.

St.meld. nr. 79, 1984-85, Om lete- og basevirksomhet m.v.

St.meld. nr. 46, 1986-87, Om petroleumsvirksomheten på mellomlang sikt.

St.prp. nr. 56, 1987-88, Innfasing av feltutbygginger i årene fremover. Utbygging og ilandføring av olje og gass fra Snorrefeltet.

LOVER:

Lov av 21. juni 1963, nr. 12 om utforskning etter og utnyttelse av undersjøiske naturforekomster (Kontinentalsokkellova).

Lov av 20. februar 1976, nr. 5 om samtykke til utbygging av næringsverksemd og om rettleiing om stadval (Etableringslova).

Lov av 22. mars 1985, nr. 11 om petroleumsvirksomhet (Petroleumslova).